

# Masteroppgåve

## **Dei norske folkebiblioteka – språkpolitiske aktørar?**

Ei gransking av språkpolitisk praksis i folkebiblioteka,  
med vekt på nynorsk

Fredrik Hope

60 studiepoeng  
Nynorsk skriftkultur  
Mai 2022

## **Samandrag**

Folkebiblioteka er mellom kulturinstitusjonane i Noreg som har flest brukarar, og arbeidet deira har ein vesentleg språkpolitisk dimensjon. Denne oppgåva undersøkjer dei norske folkebiblioteka som språkpolitiske aktørar, med vekt på språkpolitikken kring nynorsk.

Problemstillinga er:

*I kva grad opererer dei norske folkebiblioteka som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk, kva tiltak tek dei i bruk, og kva styrer vala deira?*

Eg svarar på problemstillinga gjennom fire forskingsspørsmål:

- Kva språkpolitiske føringer legg sentrale og eit utval regionale og lokale styresmakter på folkebiblioteka?
- I kva grad ser folkebiblioteka på seg sjølve som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk?
- Kva språkpolitiske val og tiltak for å fremja eller ikkje fremja nynorsk finn me i norske folkebibliotek?
- Kva motiverer desse vala i norske folkebibliotek?

Metodane er ei kvantitativ spørjeundersøking som 187 folkebibliotek svara på, og ein retorisk argumentasjonsanalyse av åtte bibliotek-, kultur- og språkpolitiske dokument. For å gjera utvalet har eg gått gjennom 129 dokument frå kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter og sett på i kva grad dei tematiserer språkpolitikk, nynorsk og folkebibliotek i samanheng.

Resultata tyder på at folkebiblioteka i relativt stor grad har ein språkpolitisk aktørskap, og at dei heller er normsetjarar som opprettar språkpolitikk, enn aktørar som tolkar og approprierer språkpolitikk utforma av andre. Dokumenta eg har granska, har mange overordna føringer om språkpolitikk og nynorsk, men sjeldan konkrete mål og tiltak for nynorsk i folkebiblioteka.

Mange folkebibliotek svarar at dei gjer tiltak for å fremja nynorsk. Døme på tiltak som kan karakteriserast som språkpolitiske dult, er vektlegging av nynorsk i litteraturformidlinga til unge, samarbeid med nynorskinstitusjonar om arrangement, nynorskprosjekt som nynorske utebibliotek og å oppmoda skeptiske lånarar til å lesa nynorskbøker. Merking av nynorskbøker og eigne nynorskhyller er utbreidde tiltak som har potensial for å vera nynorskfremjande, men dei er omstridde.

Den lokale språkstoda har stor innverknad på i kva grad folkebiblioteka svarar at dei prioritærer og fremjar nynorsk. Folkebiblioteka meiner at gulrøter som tilskotsordningar og meir tilgjengeleg materiell på nynorsk kan bidra til høgare prioritering av nynorskfremjande

tiltak. Andre funn tyder på at folkebiblioteka vert påverka av politiske dokument som tematiserer nynorsk og folkebibliotek i samanheng, til dømes kommunale språkplanar. Men mykje tyder på at dagens språkpolitikk for nynorsk i folkebiblioteka kjem nedanfrå og opp, og ikkje ovanfrå og ned.

## **Abstract**

The public libraries are among the cultural institutions with the most users in Norway. Consequently, the language policy dimension of the libraries is substantial. This thesis examines Norwegian public libraries as language policy agents, with an emphasis on language policies tied to Norwegian Nynorsk.

The thesis questions are:

To what extent do Norwegian public libraries act as language policy agents to strengthen or limit Nynorsk, how is this done, and what informs their language policy decisions?

I address these thesis questions by analyzing four research questions:

- What language policy guidelines are implemented on the public libraries by centralized and a selection of regional and local governments?
- To what extent do public libraries consider themselves agents to strengthen or limit Nynorsk?
- What language policy decisions and measures are made in Norwegian public libraries to strengthen or limit Nynorsk?
- What are the motivations behind these decisions and measures?

A combination of quantitative and qualitative methods are used to answer these research questions: 187 public libraries replied to a quantitative survey, and I have qualitatively analyzed a selection of eight official documents. This selection was made by sifting through 129 documents from municipalities, counties and federal governments to locate where they address the connection between language policies, Nynorsk and public libraries.

The results suggest that public libraries have a relatively high degree of language policy agency. Rather than interpreting and appropriating policies as indicated by other institutions and governments, public libraries are arbiters that develop their own language policies. The official documents provide language policy guidelines, but they rarely offer concrete objectives and procedures about Nynorsk in public libraries.

Many public libraries claim they work to strengthen Nynorsk by measures that are forms of language policy nudging. These include emphasizing Nynorsk when promoting literature to children and young people, collaborating with institutions that work specifically with Nynorsk, outdoor libraries with books in Nynorsk, and encouraging reluctant users to choose books in Nynorsk. Labeling books and making separate sections for books in Nynorsk can potentially strengthen Nynorsk, though these measures are debated.

The local language context is a major factor that influences the language policies of public libraries. The libraries believe economical support and better access to material in Nynorsk are important to enable them to work to strengthen Nynorsk. Political documents that focus on the connection between Nynorsk and public libraries, as well as municipal language plans, also inform the language policy decisions in public libraries. Nonetheless, my findings suggest that the Nynorsk language policies in Norwegian public libraries are mainly initiated from the bottom up.

## Føreord

Ein ting er sikkert: *Dette* skal eg aldri gjera igjen. Men eg håpar nokon andre gjer det.

For folkebiblioteka er ein skatt. Ein stad der alle kan finna noko å lesa, ein stad å berre vera, ny kunnskap og meir underhaldning – heilt gratis. Ein stad der ein litt pussig unge i ei lita bygd kunne finna det han leita etter då han ein dag vakna og bestemte seg for at «No vil eg læra alt om buddhisme!», og bibliotekdag etter bibliotekdag kom heim med posar fulle av bøker. Ein stad der unge som ikkje kjenner seg heilt innanfor, kan treffa ein vaksen å snakka med, dei dagane i veka biblioteket er ope.

Dessutan er folkebiblioteka studerte for lite, og rolla deira i språkpolitikken kring nynorsk mest ikkje i det heile. Det er mange fleire spørsmål enn dei eg har kome på og klart å seia noko om, som er interessante og relevante og kan gje oss ny kunnskap. Slik er det med mange sider av kulturpolitikken og andre relevante, viktige, språkpolitiske område. Meir forsking trengst!

Det får koma til si tid. No er det tida for å takka. Takk til

- alle respondentane på folkebiblioteka som tok seg tida til å svara på spørjeundersøkinga i ein hektisk arbeidskvardag
- rettleiaren min, Anders Aanes, for ærlege kommentarar, sindige råd og ikkje so reint få dult i rett retning
- Språkrådet og Møre og Romsdal fylkeskommune for stipend, som mellom anna har gjeve rom for at eg kunne ta ut permisjon for å arbeida med oppgåva hausten 2021
- arbeidsgjeverane mine, Norsk Målungdom, Det Norske Samlaget og særleg Nynorsk kultursentrum, som har lagt til rette for at eg kunne gjennomføra denne mastergraden dels ved sida av jobben og dels i arbeidstida. Ei ekstra takk til bibliotekar Siri Beate Gjerde for romslege lånetider og litteratursøk som det burde gå gjetord om.
- Ole Jan Borgund for korrekturlesing
- Ragnfrid Trohaug for ein triveleg kaffikopp som resulterte i ideen om språkpolitiske dult og valarkitektur, Jorunn Simonsen Thingnes som opna augo mine for språkpolitikkforsking og språkpolitisk aktørskap, Ragnhild Hope Birkeland for engelsk innspurtshjelp, Øyvind Eiksund for avgjerande hjelp med det mystiske programmet SPSS og statistiske utrekningar – og alle gode hjelparar som har lese delar av teksten og kome med gode innspel

- Dei dyktige bibliotekarane i mitt liv – særleg Inger Anne, Ann-Kristin x 2 og Torill på Gloppen folkebibliotek
- Familien min, som i denne masterperioden har halde ut med ein stadig meir surrete son, bror, svigerson, svigerbror og onkel
- Min beste ven Geir Egil, som held ut med meg og held meg oppe. Utan deg hadde ikkje denne masteroppgåva vorte ferdig, og med deg er kvarldagen grenselaust mykje betre. Til sumaren skal klokkene kima!

Volda, 10. mai 2022

Fredrik Hope

*«Lat Ungdomen paa ein billig Maate faa lesa Maalbøker! – Maalmenn i By og Bygd, – freista aa faa Gutar og Gjentur med Dykk og skip Boksamlingar. De betalar ei elder two krunur um Aaret kvar, og for dei kjøper de Maalbøker. Det er aldri aa ræddast, um det berre er ein femseks i Fyrstningi. De skal nok sjaa, at med Tidi vert det fleire.»*

*Mons Litleré i innlegget «Maalvenerne kringum!», Fedraheimen 25. februar 1886.  
Sitert i Gatland (2018, s. 26).*

*«Her er nynorsk ein sjølvsagt ting, kvalitet avgjer kva som vert satsa på uavhengig av målform. Likevel har vi stor kjærleik til nynorsk, så dei gode nynorskbøkene er lett å elska litt ekstra <3.»*

*Svar på spørjeundersøkinga, respondent 14277201*

*«Vi gjer ikkje spesielle tiltak for å formidla materiale på nynorsk framfor bokmål, eller omvendt. Begge målformene er viktige her i området og for skuleelevane (dei fleste grunnskulane har nynorsk som opplæringsmål), vi må vere opptatt av begge.»*

*Svar på spørjeundersøkinga, respondent 13967457*

*«Anser det ikke som en prioritert oppgave for biblioteket mitt (som hører til i en bokmåls-kommune) å formidle nynorsk litteratur. Vi forsøker derimot å formidle litteraturen uavhengig av målformen den er skrevet på.»*

*Svar på spørjeundersøkinga, respondent 15140499*

# Innhold

<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>I</b>
<b>ABSTRACT .....</b>	<b>III</b>
<b>FØREORD .....</b>	<b>V</b>
<b>INNHOLD .....</b>	<b>VIII</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
1.1 Presentasjon .....	1
1.2 Problemstillinga og forskingsspørsmåla .....	2
1.3 Etiske problemstillingar og ståstadens min .....	2
1.3.1 Korleis gjennomføra spørjeundersøkinga på ein forskingsetisk forsvarleg måte? .....	3
1.3.2 Etiske vurderingar kring tekstanalysane .....	3
1.3.3 Å vera nynorskforkjempar og forska på språkpolitikk .....	3
1.4 Korleis er oppgåva bygd opp? .....	4
<b>2. BAKGRUNN.....</b>	<b>6</b>
2.1 Om folkebiblioteka i Noreg, norsk bibliotekpolitikk og språkpolitikk .....	6
2.1.1 Folkebiblioteka i Noreg .....	6
2.1.2 Den nynorske litteraturen og spreiainga av han: målrørsla og folkebiblioteka .....	7
2.1.3. Bibliotekpolitikken nasjonalt, regionalt og lokalt .....	9
2.1.4 Den norske språkpolitikken og folkebiblioteka .....	10
2.2 Tidlegare forsking .....	14
2.2.1 Forsking på språkpolitikk og bibliotek .....	14
2.2.2 Forsking på språkpolitikk .....	16
2.2.3 Forsking på bibliotekplanar og språkpolitikk i kommunalt planarbeid .....	17
2.3 Omgrepsavklaringar: nynorsk, kommunal språkbruk, folkebibliotek .....	18
<b>3. TEORI.....</b>	<b>20</b>
3.1 Språkpolitikk og forskingstradisjonen .....	20
3.2 Aktørskap .....	22
3.3 Språkpolitisk dulting i biblioteka? .....	24
<b>4. METODE .....</b>	<b>25</b>
4.1 Generelt om metode .....	25
4.2 Dokumentanalysane .....	26
4.2.1 Val av metode .....	26
4.2.2 Val av materiale .....	27
4.2.3 Metodekritikk .....	27
4.3. Spørjeundersøkinga .....	28
4.3.1 Val av metode .....	28
4.3.2 Utforming av spørjeskjemaet .....	29
4.3.3 Utval og populasjon .....	30
4.3.4 Gjennomføring av spørjeundersøkinga og metodekritikk .....	33
4.3.5 Analysen av funna: spørsmål med faste svaralternativ .....	35

4.3.6 Analysen av funna: spørsmåla med opne svaralternativ .....	37
<b>5. KVALITATIV, RETORISK ANALYSE AV POLITISKE STYRINGSDOKUMENT .....</b>	<b>39</b>
<i>5.1 Gjennomgang av dokumenta .....</i>	<i>39</i>
5.1.1 Kommunale og fylkeskommunale planar .....	39
5.1.2 Gjennomgang av kommunale og fylkeskommunale språkpolitiske dokument .....	41
5.1.3 Gjennomgang av kommunale og fylkeskommunale bibliotekpolitiske dokument .....	42
5.1.4 Gjennomgang av statlege bibliotekpolitiske og språkpolitiske dokument.....	43
5.1.5 Utvalet av dokument.....	44
<i>5.2 Analysen av dokumenta .....</i>	<i>45</i>
5.2.1 Generelt om dokumenta.....	45
5.2.2 Målbruksplan Kvinnherad kommune (2016).....	46
5.2.3 Språkbruksplan for Herøy kommune (2017) .....	48
5.2.4 Målbruksplan for Ål kommune (2019).....	50
5.2.5 Sula kommune. Vedtatt handlingsplan 2021 .....	54
5.2.6 Bibliotekplan for Askvoll kommune 2021–2024 .....	55
5.2.7 Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 .....	57
5.2.8 Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027 .....	61
5.2.9 Vestland fylkeskommune. Handlingsplan 2021. Avdeling kultur, idrett og inkludering .....	65
<i>5.3 Oppsummering: analysen av dokumenta.....</i>	<i>66</i>
<b>6. KVANTITATIV ANALYSE MED DATA FRÅ SPØRJESKJEMA .....</b>	<b>68</b>
<i>6.1 Respondentane og svara deira .....</i>	<i>68</i>
6.1.1 Kort om svara .....	68
6.1.2 Personvern .....	68
6.1.3 Kva kjenneteiknar biblioteka og kommunane dei ligg i .....	69
6.1.4 Kva kjenneteiknar dei som svarar på vegner av biblioteka .....	75
<i>6.2 Funn frå spørjeundersøkinga .....</i>	<i>76</i>
6.2.1 Skal nynorsk prioriterast i folkebiblioteka? Påstandar og signifikante skilnadar .....	76
6.2.2 Fremjar folkebiblioteka nynorsk? Grunnar, tiltak og dult?.....	85
6.2.3 Kva språkbruk finn me i folkebiblioteka? Ulike lokale språksituasjonar .....	96
6.2.4 Kva motiverer vala til folkebiblioteka? Mål, meininger og motivasjonar .....	101
<b>7. DRØFTING: SVAR PÅ FORSKINGSSPØRSMÅLA OG OPPSUMMERING .....</b>	<b>107</b>
<i>7.1 Svar på forskingsspørsmåla .....</i>	<i>107</i>
7.1.1 Forskingsspørsmål 1 (F1): Kva språkpolitiske føringar legg sentrale og eit utval regionale og lokale styresmakter på folkebiblioteka? .....	107
7.1.2 Forskingsspørsmål 2 (F2).: I kva grad ser folkebiblioteka på seg sjølv som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk?.....	110
7.1.3 Forskingsspørsmål 3 (F3): Kva språkpolitiske val og tiltak for å fremja eller ikkje fremja nynorsk finn me i norske folkebibliotek? .....	112
7.1.4 Forskingsspørsmål 4 (F4): Kva motiverer desse vala i norske folkebibliotek? .....	114
<i>7.2 Oppsummering .....</i>	<i>118</i>
7.2.1 Oppsummering .....	118
7.2.2 Innvendingar og etterhald .....	119
7.2.3 Vidare forsking .....	119
<b>8. LITTERATURLISTE FOR MASTEROPPGÅVA OG VEDLEGG C .....</b>	<b>122</b>
<b>9. FIGURAR .....</b>	<b>130</b>

<b>11. VEDLEGG TIL MASTEROPPGÅVA .....</b>	<b>I</b>
Vedlegg A. Spørjeskjema om språk og språkval i folkebiblioteka.....	i
Vedlegg B. Oversyn over dokument.....	xi
Vedlegg B.1 Oversyn over språkbruksplanar .....	xi
Vedlegg B.2 Oversyn over språkprofilar .....	xii
Vedlegg B.3 Oversyn over avtalar mellom kommunar, fylkeskommunar og Sametinget.....	xiii
Vedlegg B.4 Oversyn over kommunale bibliotekplanar og kulturplanar .....	xiv
Vedlegg B.5 Oversyn over fylkeskommunale bibliotekplanar og kulturplanar.....	xvi
Vedlegg B.6 Oversyn over fylkeskommunale bibliotekplanar og kulturplanar.....	xvii
Vedlegg C. Gjennomgang av svar på Spørjeskjema om språk og språkval i folkebiblioteka.....	xviii
Innleiing: Bakgrunn, tal svar og fritekstsvar .....	xviii
Spørsmål 1 til 5: Ta stilling til påstandane .....	xviii
Spørsmål 6 til 7: Avkryssing på påstandar om språkpolitiske meiningar og mål .....	xxi
Spørsmål 8 til 12: Å fremja nynorsk eller ikkje.....	xxii
Spørsmål 13 til 14: Kva motivasjonar finst? .....	xxiv
Spørsmål 15 til 18: Biblioteka sin eigen språkbruk .....	xxv
Spørsmål 19 til 28.: Fylket, kommunen, skulane, biblioteket og språka .....	xxvii
Spørsmål 29 til 32: Dei som har svara på vegner av biblioteket sitt.....	xxxix
Spørsmål 33 til 38: Personvern.....	xliii
Svartida.....	xlvi
Vedlegg D. Ymse e-postar og meldingar til biblioteka i samband med spørjeundersøkinga .....	xlvii
Vedlegg D.1 E-post sendt 4. mai 2021 med informasjon om spørjeundersøkinga.....	xlvii
Vedlegg D.2 Påminningsmelding sendt frå nettskjema.no 29. juni og 2. august 2021.....	xlvii
Vedlegg D.3 E-post sendt til Deichmanbiblioteka i Oslo 18. juni 2021.....	xlviii
Vedlegg D.4 E-post send til alle fylkesbiblioteka 30. mars 2021, om bibliotekplanar.....	xlviii
Vedlegg D.5 Døme på e-post til respondentar om å få bruka svar 1. april 2022 .....	xlix

## **1. Innleiing**

### 1.1 Presentasjon

Frå 2014 til 2016 hadde eg summarjobb på Gloppen folkebibliotek. Utanom at det var ein stas jobb med dei beste bibliotekarane og trivelege lånarar i feriemodus, var det éin ting som gledde ein språkpolitisk orientert type som meg: Biblioteket i heimkommunen min hadde mål om meir utlån av litteratur på nynorsk.

Eit synleg tiltak var at dei nynorske biletbøkene fekk stå framme i den finaste hylla som tilfeldigvis var lettast tilgjengeleg for travle småbarnsforeldre og viltre ungar. Ikkje slik å forstå at biblioteket gjøymde vekk bokmålsbøkene eller ikkje formidla dei. Men å gje ein liten dult til å velja nynorsk litteratur var vel ein del av jobben til eit bibliotek i ein nynorskkommune? I alle fall fekk det resultat: Det var 23 nynorskbøker mellom dei 25 mest lånte barnebøkene på folkebiblioteket i 2015 (Heggheim, 2016).

På den tida og seinare var eg tillitsvald i Norsk Målungdom. Ein del av den geskjeften var å farta land og strand rundt for å ha undervisingsopplegg for elevar om nynorsk. Og det er rart med det når ein fer rundt omkring i meir eller mindre nynorske distrikts- og bykommunar: Eg hamna ofte på biblioteket. Medan eg gjekk og trakka mellom hyllereolane, spekulerte eg på: Gjer dei det som i Gloppen her, tru? Kva språk er hyllesignaturane skrivne på? Står nynorskbøkene framme? Vert nynorskbøker formidla til liks med bokmålsbøker i bokmålskommunar? Har biblioteka ein språkpolitikk, eller er det aktualitet og kvalitet dei einaste kriteria på vektskåla?

Slike spørsmål har kverna rundt i hovudet mitt gjennom mange unge år med verv i nynorskorganisasjonar, som nynorskbrukande bibliotekarstudent i Oslo og no som tilsett i Nynorsk kultursentrum og masterstudent i nynorsk skriftkultur. Har det eigentleg noko å seia kva skriftspråk biblioteket brukar der nynorsk er under press? Er det eigentleg meir lesing av nynorsk litteratur som skal få fleire til å omfamna – eller i alle fall ikkje avsky – nynorsk?

Desse spørsmåla har eg *ikkje* prøvd å svara på i denne masteroppgåva. Men dei har lege der og gjort at eg har tenkt meir enn vanleg er på hylleplassering, språkval på sosiale medium, kva språk folkebiblioteka brukar når dei lagar oppslaga på lokalbutikken, og so bortetter. For kven veit, kanskje det kunne gjera det litt lettare å vera nynorskbrukaren i mindretal, og føra til at det jamstilte mindretalsspråket nynorsk stod litt sterkare?

## 1.2 Problemstillinga og forskingsspørsmåla

Det overordna temaet for oppgåva er dei norske folkebiblioteka som språkpolitiske aktørar, med vekt på språkpolitikken kring nynorsk.

Problemstillinga mi er:

*I kva grad opererer dei norske folkebiblioteka som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk, kva tiltak tek dei i bruk, og kva styrer vala deira?*

Denne problemstillinga vil eg svara på gjennom fire forskingsspørsmål:

- F1: Kva språkpolitiske føringer legg sentrale og eit utval regionale og lokale styresmakter på folkebiblioteka?
- F2: I kva grad ser folkebiblioteka på seg sjølve som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk?
- F3: Kva språkpolitiske val og tiltak for å fremja eller ikkje fremja nynorsk finn me i norske folkebibliotek?
- F4: Kva motiverer desse vala i norske folkebibliotek?

Gjennom desse spørsmåla ynskjer eg å finna ut meir om *korleis* ein eventuell språkpolitikk ved norske folkebibliotek ser ut, kor utbreidd og omfattande han eventuelt er, og kva som motiverer han. Eg legg vekt på aktøromgrepene og håpar på den måten å teikna eit bilet av språkpolitikken kring og i folkebiblioteka. Eit sentralt tema er om det kjem tydelege føringer frå sentrale, regionale og nasjonale styresmakter. Om ja, korleis vert desse føringane tolka og realiserte på biblioteka? Og om nei, finst det likevel praksisar og politikk som har vakse fram på biblioteka?

Med andre ord: Eit bilet av kva folkebiblioteka vert *venta* å gjera språkpolitisk, og kva dei *faktisk* gjer som er eksplisitt språkpolitisk for nynorsk og andre språk.

Metodane er ei kvantitativ spørjeundersøking som 187 folkebibliotek svara på, og ein retorisk analyse med utgangspunkt i Stephen Toulmins teori for praktisk argumentasjon av åtte bibliotek-, kultur- og språkpolitiske dokument. For å gjera utvalet har eg gått gjennom 129 dokument frå kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter og sett på i kva grad dei tematiserer språkpolitikk, nynorsk og folkebibliotek i samanheng.

## 1.3 Etiske problemstillingar og ståstadens min

Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora har sett opp retningslinjer som eg som forskar må leggja til grunn for alt arbeid eg legg ned i denne

oppgåva (NESH, 2016). Høgskulen i Volda har òg sett opp sine eigne forskingsetiske retningsliner (u.å.). I denne granskinga måtte eg ta særleg omsyn til etiske problemstillingar kring spørjeundersøkingar, tekstarbeid og eigen ståstad.

### *1.3.1 Korleis gjennomføra spørjeundersøkinga på ein forskingsetisk forsvarleg måte?*

I spørjeundersøkingane kjem eg nærmast enkeltpersonar, og i arbeidet med dette har eg freista å sikra menneskeverdet og personvernet til informantane mine (NESH, 2016, s. 12).

Forskningsobjektet mitt er i utgangspunktet folkebiblioteka som offentlege institusjonar, og i retningslinene får offentleg forvaltning få etterhald mot å verta forska på samanlikna med private verksemder (sst., s. 24). Samstundes er det dei tilsette på biblioteka som svarar på spørsmåla. Eg har difor freista å unngå å samla inn fleire personlege opplysingar enn eg treng, og handsamar opplysingane eg treng til forskinga mi, på ein etisk forsvarleg måte (sst., s. 18). Det har vore eit mål å gje informantane informasjonen dei treng for å kunna avgjera på eige grunnlag om dei vil samtykkja til å delta, og eg skal henta inn samtykke som ein del av spørjeundersøkinga (sst., s. 13–14).

Alle biblioteka som svara på spørjeundersøkinga, fekk tilbod om å få den ferdige masteroppgåva tilsend, i tråd med kravet i retningslinene om å gje informantane informasjon om resultata av forskinga (NESH, 2016, s. 39). Då eg gjekk gjennom svara, fjerna eg denne informasjonen og annan informasjon (til dømes bibliotekplanar) som direkte kunne kopla svar og svarar. Eg freista elles å gjera det vanskelegare å finna attende til informantane mine, ved til dømes å ikkje spørja om kva kommune biblioteka ligg i.

Eg sende søknad om å få gjennomføra prosjektet i starten av februar 2021, og etter mindre justeringar for å sikra anonymiteten til respondentane vart prosjektet godkjent av NSD i april same år.

### *1.3.2 Etiske vurderingar kring tekstanalysane*

Etiske vurderingar stiller seg annleis for dei delane av oppgåva der eg analyserer tekst. Denne delen av oppgåva er ikkje direkte knytt til dei etiske spørsmåla som handlar om personar. Likevel har eg i denne delen av arbeidet eit like stort ansvar for å vera reieleg. Det er viktig å handsama andre sin tekst på ein etisk og rettvis måte og å gjera vurderingar for å unngå utilsikta konsekvensar (NESH, 2016, s. 11).

### *1.3.3 Å vera nynorskforkjempar og forska på språkpolitikk*

Å vera open om eigen bakgrunn og eigne roller er viktig både overfor lesarane og for meg som forskar, særleg når eg forskar på den norske språkstoda, som er både omdiskutert,

personleg og politisk. Omgrepet *refleksivitet* handlar om at kunnskap som vert produsert i samfunnsvitskapen, alltid vert prega av forskarens bakgrunn, røynsler, referanseramme og metode (Grønmo, 2004, s. 443).

Bakgrunnen til ein forskar vil alltid påverka forskinga, kva val hen tek undervegs, og korleis forskaren analyserer funna hen finn, og som forskar har eg eit ansvar for å vera open om alle bindingar som kan påverka forskinga mi, medvite og umedvite (NESH, 2016, s. 30) Fog skriv at «[f]orskerens person er en forskningsbetingelse, som man må forholde sig rationelt til: man må inndrage denne betingelse, undersøge den og derved finde ud af, hvordan den har haft indflydelse» (1996, s. 203). Gjennom å gjera greie for bakgrunnen min, og dessutan vera open om metodiske og analytiske val seinare i oppgåva, vonar eg at lesarane sjølve kan vurdera om ståstaden min har påverka forskinga på ein uheldig måte.

Eg hatt ei rekkje verv og vore tilsett i nynorskorganisasjonar heile perioden eg har arbeidd med denne mastergraden. Det inneber at eg har arbeidd politisk for å påverka nokre av dokumenta eg granskjer i oppgåva, og har hatt arbeidsgjevarar som kan tena på at nynorsk vert vektlagt i bibliotekpolitikken. Dessutan er eg frå eit nynorskområde og har onkelungar som er eller skal bli nynorskelevar, som eg jo ynskjer skal få tilgang til mest mogleg materiale på språket sitt.

Eg har med andre ord både personlege og profesjonelle grunnar til å vera nynorskpositiv, og eg har mange meningar om språkpolitikk. Det er viktig at eg er open om bindingane mine, og freistar som best eg kan å unngå at meningar eg har frå før av, og undermedvitne vurderingar, vert styrande for forskinga mi (NESH, 2016, s. 30).

Ei positiv side er at eg kan ha med meg røynsler som kan vera nyttig bakgrunnskunnskap for forskinga mi. Målet mitt har vore å utnytta dei røynslebygde kunnskapane eg har frå den språkpolitiske praksisen min, til å samla best mogleg forskingsbygd kunnskap. Ikkje best mogleg for dei organisasjonane eg har eller har hatt koplingar til, men best mogleg i tydinga sannferdig og god, slik at alle aktørar i det språkpolitiske feltet får meir kunnskap om den delen av det norske samfunnet som eg forskar på.

#### 1.4 Korleis er oppgåva bygd opp?

Det er sju kapittel i denne masteroppgåva. I dette innleiingskapittelet skriv eg om problemstillinga, forskingsspørsmåla, eigen ståstad og etiske problemstillingar. Kapittel 2 er bakgrunnskapittelet, der eg presenterer studieobjektet dei norske folkebiblioteka, den

historiske bakgrunnen, bibliotek- og språkpolitikk, tidlegare forsking og nokre vesentlege omgrepssavklaringar. Kapittel 3 er teorikapittelet, der eg presenterer relevant teori som ligg til grunn for det vidare arbeidet med oppgåva. I kapittel 4 tek føre seg metodane eg har nytta meg av i oppgåva. Kapittel 5 handlar om dokumenta og analysen av dei, medan eg i kapittel 6 går gjennom kven som har svara på spørjeundersøkinga, og kva dei har svara. Eg drøftar funna mine opp mot teorien, og svarar på den måten på forskingsspørsmåla i kapittel 7. Der kjem eg òg med ei oppsummering av funna, drøftar innvendingar og etterhald, og kjem med innspel til emne for vidare forsking.

## **2. Bakgrunn**

I dette kapittelet vert bakgrunnen for oppgåva presentert. Fyrst vert folkebibliotek, språkpolitikk og bibliotekpolitikk etablert, so vert tidlegare forsking gjennomgått før kapittelet vert avslutta med nokre omgrepssavklaringar.

### 2.1 Om folkebiblioteka i Noreg, norsk bibliotekpolitikk og språkpolitikk

Dette underkapittelet handlar om kva folkebibliotek er, koplinga mellom målrørsla si spreiling av litteratur og folkebibliotek, kva den norske bibliotekpolitikken er, og kva tilknyting han har til den norske språkpolitikken.

#### *2.1.1 Folkebiblioteka i Noreg*

Folkebiblioteka er av dei kulturinstitusjonane med flest brukarar i Noreg (Nasjonalbiblioteket, 2021a). Dei treffer alle borgarar, frå barnehagen til aldersheimen, og har i fleire år på rad vorte kåra til ein av institusjonane med mest tillit i folket (Difi, 2019, s. 12). Folkebiblioteka har alltid hatt mange roller i lokalmiljøa dei held til i. Med den nye biblioteklova frå 2014 vart det lovfesta at folkebiblioteka skulle vera sosiale møteplassar og arenaar for debatt, attåt å låna ut bøker og andre medium (1985, § 1-2). Mange bibliotek driv med integreringsarbeid, mange har politiske debattar før val, nokre formidlar dataspel, og dei fleste skipar til føredrag og andre arrangement. Nokre stadar er folkebiblioteket samlokalisert med til dømes skulebiblioteket<sup>1</sup> eller fylkesbiblioteket<sup>2</sup>.

Me skil ofte mellom tre typar bibliotek: folkebibliotek, skulebibliotek og fag- og forskingsbibliotek.<sup>3</sup> Skulebiblioteka er knytte til enkeltskular, har skulelevar som målgruppe og er regulerte i opplæringslova (1998, § 9-2). Fag- og forskingsbiblioteka er knytte til akademiske institusjonar, har studentar og forskrarar som målgruppe og er i nokon grad heimla i universitets- og høgskulelova (2005, § 1-2). The International Federation of Library Associations and Institutions (IFLA) melder i oppslagsverket *IFLA Library Map of the World* at det i 2015 var 3356 bibliotek av ulike typar i Noreg (2022).

---

<sup>1</sup> Eit døme er Gloppen folkebibliotek, som fungerer som skulebibliotek for Firda vidaregåande skule (Firda vidaregåande skule, u.å.).

<sup>2</sup> Eit døme er Vadsø folkebibliotek, som er samlokalisert med Troms og Finnmark fylkesbibliotek, øst (Vadsø bibliotek, u.å.).

<sup>3</sup> I nokre samanhengar, mellom anna i bibliotekstatistikken, vert fylkesbiblioteka, fengselsbibliotek og mobile bibliotekeiningar (bokbuss, bokbåt m.m.) òg nemnde (Nasjonalbiblioteket, 2021c). Desse er ofte knytte til fylkesbiblioteka. Det finst òg private bibliotek (Sælen, 1993a, s. 50). Som ei avgrensing legg eg ikkje vekt på desse i det fylgjande.

Dei biblioteka eg vel å sjå på i denne oppgåva, er som sagt folkebiblioteka i Noreg. IFLA og SN-organet UNESCO definerer *public library* som «the local centre of information, making all kinds of knowledge and information readily» (1994, s. 1). Det er viktige prinsipp at desse i hovudsak er gratis for brukarane, og at lokale og statlege styresmakter har ansvar for desse biblioteka. (sst., s. 2). Sagt på norsk: Eit folkebibliotek er eit bibliotek for ålmenta som er finansiert av offentlege midlar (Moseid, Redse & Gjersdal, 2018).<sup>4</sup>

Dei norske folkebiblioteka er regulerte i folkebiblioteklova, som mellom anna seier at alle dei 356 kommunane skal ha eit folkebibliotek (1985, § 4). Men mange kommunar har meir enn éi bibliotekavdeling. I 2020 var det 647 bibliotekavdelingar.<sup>5</sup> I denne oppgåva veksler eg mellom å skriva folkebibliotek og bibliotek, men folkebibliotek er temaet so sant eg ikkje skriv det fulle namnet på dei andre bibliotektypane.

Eit folkebibliotek er meir enn eit boklager, men boka i ulike former er framleis kjernen i verksemda til mangt eit bibliotek. Biblioteka får bøkene som Norsk kulturråd kjøper gjennom innkjøpsordningane for skjønnlitteratur og sakprosa for born og vaksne. I 2018 hadde folkebiblioteka over 14 000 000 bøker, over 750 000 lånarar, 9 500 000 utlån av papirbøker og over 950 000 nedlastingar av e-bøker (Nasjonalbiblioteket, 2021b).<sup>6</sup> Folkebiblioteka er soleis sentrale verkemiddel i den statlege litteraturpolitikken.

### *2.1.2 Den nynorske litteraturen og spreininga av han: målrørsla og folkebiblioteka*

Grunnlaget for at det i det heile har noko føre seg å skriva ei oppgåve om kva biblioteka skal gjera for nynorsk, er at det vert skrive og gjeve ut litteratur på skriftspråket. I min samanheng er det ikkje litteraturen i seg sjølv, men om og eventuelt korleis han vert spreidd ut til lesarane gjennom folkebiblioteka, som er hovudemnet.

Kort tid etter at Ivar Aasen la grunnlaget for nynorsken med arbeidet sitt frå midten av 1800-talet, og etter at Bernhardine Catharine Brun gav ut den første skjønnlitterære boka på nynorsk i 1857, var det ei viktig oppgåve å få skrive fram ein litteratur på det nye språket med dei lange røtene (Grepstad, 2016, s. 35). Og so skulle bøkene ut til folket. Eit døme er Det

---

<sup>4</sup> Sælen legg meir vekt på kommunane i sin definisjon av folkebibliotek: «bibliotek som drives av kommunene som et ledd i det allmenne kultur- og folkeopplysningsarbeidet» (1993b, s. 113).

<sup>5</sup> Talet er henta frå 2020 *Rådata* på Nasjonalbibliotekets statistikkssider og er det totale talet på faste bibliotekeiningar (filialar, hovudbibliotek, mobile einingar) i folkebiblioteka dette året (Nasjonalbiblioteket, 2021b).

<sup>6</sup> Tala er henta frå 2020 *Rådata* på Nasjonalbibliotekets statistikkssider. Tala er runda ned og rekna saman.

Norske Samlaget som vart skipa i 1868 og i starten fungerte som ein bokklubb som spreidde bøkene dei gav ut, til medlemane (Sørbø, 2018, s. 30).

Den seinare forleggjaren og bokhandlaren Mons Litleré sukkar i 1886 over at sjølv om det er «Allmuebibliotheker» i mest kvart eit kyrkjesokn, tek dei nesten aldri inn målbøker, og han oppmodar ungdomen om å skipa eigne boksamlingar (Gatland, 2018, s. 26). Når han seinare same år starta Norskmalets bokhandel og sidan Mons Litlerés forlag, søker han i avisene etter ungdom som er viljuge til å gå med «bokskreppa» og selja bøker på bygdene. Han skal tidvis ha hatt 15–20 slike bokseljarar i sving, og kallar dei talande nok «apostlar for nynorsken» (sst., s. 57–58).

Målrørsla har lenge arbeidd for å fremja folkeopplysing, lesing og biblioteksaka, ofte utan at det vart sett på som eit spørsmål om å fremja litteratur på nynorsk. Men snarare meinte dei at folkeopplysing og tilgang på litteratur var eit gode i seg sjølv, i tillegg til at innbyggjarane i nynorskområda og på bygdene skulle ha gode kulturtilbod.

Før nynorsk i stor grad var etablert som opplærings- og administrasjonsspråk, arbeidde ungdomslag og mållag for bibliotek i bygdene. På sett og vis slik Litleré såg føre seg. Nokre døme frå Gloppen kommune kan tena som illustrasjon på korleis ungdomslag arbeidde med denne saka. I tida etter at Nordstrands ungdomslag vart skipa i 1893, var den viktigaste kampsaka å få meir verdsleg opplysningslitteratur inn i Gloppen folkebibliotek. Gjerne om aktuelle tema som «målsak, fråhaldssak og arbeidet for politisk frigjering» (Sandal, 1990, s. 23). I 1903 oppmoda Bukta ungdomslag til at kommunen måtte oppretta fleire utlånsstadar kring Gloppefjorden. Då dei fekk avslag, søkte dei like godt statstilskot for å oppretta boksamlinga i Bukta – rett nok med kommunalt oppnemnt styre (sst., s. 52). I nabobygda Hyen var reisa til bygdesenteret Straume lang for dei som budde lengst oppe i dalane. I 1934 søkte difor ungdomslaget i Vestredalen i Hyen om å få «ein lut» av boksamlinga til denne delen av bygda (sst., s. 68).<sup>7</sup> Tifella frå Gloppen tener som døme på at lokalledda i målrørsla har bibliotek og litteratur som viktige arbeidsoppgåver før andre verdskrigen.

I *Målreising 1967* skriv målideologen Berge Furre og dei andre i nemnda om kor viktig det er å få til betre kulturtilbod på bygdene, og trekkjer fram biblioteka som eit døme:

Enno er det svært vanskeleg for mykle bygdefolk å nå i kulturgode som for folk på sentrale stader er heilt sjølvsagde. Å få tak i bøker t.d. Boksamlingane er altfor få og altfor små, og altfor lite

<sup>7</sup> Sandal dokumenterer elles korleis fråhaldsrørsla, ei anna motkulturell rørsle, var viktig for litteraturformidling i bygdene. I Breim hadde losjen Vora ei boksamling og studiering heilt frå starten i 1915 til kring 1950 (Sandal, 1990, s. 33–37).

tilgjengelege. Her må det takast monaleg i så kvart herad får minst eit skikkeleg bibliotek. (Noregs Mållag, 1967, s. 136)

Seinare år har koplinga mellom biblioteka og spreiinga av nynorsk litteratur vore tydelegare framme. I *Rapport om kommunereforma – frå Askvoll til Åseral* frå 2014 vert både utbreiinga av bibliotek i seg sjølv og kva dette vil seia for spreiinga av nynorsk litteratur, peika på som ein mogleg konsekvens av omfattande kommunesamanslåingar:

Folkebiblioteklova slår fast at alle norske kommunar skal ha eit folkebibliotek. Dersom talet på kommunar går frå 428 til om lag 100, og lova ikkje blir endra, kan det innebere ein massiv bibliotekdaude over heile landet. Biblioteka er i dag dei mest brukte kulturinstitusjonane i Noreg, og er ikkje minst avgjerande i spreiinga av nynorsk litteratur. [...] For lokalpolitikarar med tronge rammer vil det vere ei enkel løysing å kutte ut ikkje-lovpålagde filialar i staden for å kutte i dei lovpålagde oppgåvene som barnevern og eldreomsorg. (Lilleholt og Kihl, 2014, s. 28)

Ein annan innfallsinkel frå målrørsla har vore å samarbeida med folkebiblioteka om arrangement og andre tiltak for å fremja nynorsk litteratur. Nokre lokale mållag samarbeider fast med sitt lokale bibliotek om møte og tilskipingar, slik Bærum Mållag samarbeider med Bekkestua bibliotek om «møte om språk, litteratur og kultur» (Bærum Mållag, u.å.).

Andre nynorskinstitusjonar har sett i verk større tiltak for å fremja nynorsk litteratur gjennom biblioteka. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) har i fleire år samarbeidd med fleire fylkesbiblioteka på Vestlandet om ordninga nynorske lesegledarar. Ordninga går kort sagt ut på at dei skulerer formidlarar i å presentera nynorsk barne- og ungdomslitteratur og tilbyr lesegledarane til barnehagar og skular (Nynorsksenteret, u.å.). Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, har fleire prosjekt der dei freistar å samarbeida med folkebiblioteka om arrangement om litteratur og kultur på nynorsk. Mellom anna prosjektet Litteraturhus i Møre og Romsdal, der dei saman med Bjørnsonfestivalen mellom anna brukar biblioteka til å formidla litteratur i fylket (Nynorsk kultursentrum, 2021a). Stiftinga har òg valt ut fem nynorske pilotbibliotek i Rogaland, Viken, Innlandet og Agder som dei skal samarbeida med i perioden 2021–2023 for å styrkja kunnskapen om nynorskformidling i skule- og folkebiblioteka (Nynorsk kultursentrum, 2021b).

### *2.1.3. Bibliotekpolitikken nasjonalt, regionalt og lokalt*

Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for kulturpolitikken og med det bibliotekpolitikken i Noreg. Ansvaret for bibliotekutviklinga er delegert til Nasjonalbiblioteket (Kulturdepartementet, 2017). Den siste stortingsmeldinga om bibliotek, *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* (St.meld. nr. 23 (2008–2009)), vart handsama av Stortinget i 2008. Dei siste åra har bibliotekpolitikken vore styrt og konkretisert gjennom to strategiar. Den fyrste var *Nasjonal bibliotekstrategi 2015–*

2018, som vart avløyst av *Rom for demokrati og dannelses – Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023*. Biblioteka er elles ofte omtala i utdanningspolitiske og kulturpolitiske dokument.

Det er likevel kommunane som har ansvaret for å ha eit bibliotektilbod gjennom folkebiblioteklova. Dessutan skal fylkeskommunane «ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling» (Folkebiblioteklova, 1985, § 6). Denne oppgåva vert ofte lagd til fylkesbiblioteka. Ansvaret for bibliotektilbod og bibliotekutvikling er lagt på fylkeskommunane og kommunane gjennom lov. Altso har Stortinget vedteke at fylka og kommunane skal oppfylla desse oppgåvene, og slik sagt at dette er viktig nok til å innskrenka den kommunale sjølvråderetten. Det å få på plass biblioteknester regionalt og lokalt er med andre ord ei viktig politisk målsetjing for staten.

I Noreg finst det ikkje noko lovkrav om at kommunar og fylkeskommunar skal ha bibliotekplanar, slik som det er for kommunar og regionar i Sverige (Bibliotekslag, § 17). I den siste stortingsmeldinga om bibliotek var eit av framlegga å skipa til ei ordning med friviljuge samarbeidsavtalar om bibliotekutvikling mellom staten og fylkeskommunane, og på den måten stimulera til fleire bibliotekplanar i fylkeskommunane og kommunane (St.meld. nr. 23 (2008–2009), s. 23). Då Stortinget handsama meldinga, uttrykte familie- og kulturkomiteen støtte til at kommunar og fylkeskommunar laga bibliotekplanar, og at slike planar vart kopla til utviklingsmidlar (Innst. S. nr. 320 (2008–2009), s. 14).

#### *2.1.4 Den norske språkpolitikken og folkebiblioteka*

Kvifor skal den norske staten tvinga kommunane til å ha folkebibliotek, ha omfattande litteraturpolitikk og bruka store midlar på innkjøpsordningar, momsfriftak og ei rekke andre tiltak? Litteraturpolitikken er ein del av kulturpolitikken, og her finn me grunngjevingar for litteraturpolitikken. I stortingsmeldinga *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida* (Meld. St. 8 (2018–2019)) kan me lesa dei ni overordna kulturpolitiske måla som styrer kulturpolitikken og kva mål «[e]it fritt og uavhengig kulturliv» skal vera med på å oppnå. Eit av desse er å styrkja «norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar» (Meld. St. 8 (2018–2019), s. 37).

Meldinga er i liten grad spesifikk når det gjeld dei ulike kultursektorane, og litteraturpolitikken er i liten grad tematisert direkte. Når litteratur vert omtala i meldinga, er rett nok språk ofte ein del av grunngjevinga. Departementet peikar mellom anna på at å sikra norsk språk var ein viktig del av bakgrunnen for at Norsk kulturråd vart skipa i 1965 (sst., s. 30). Departementet slår vidare fast at det er «ein rikdom å ha to norske skriftkulturar –

nynorsk og bokmål», og at «[d]et er behov for ein overordna og aktiv språkpolitikk som balanserer maktforholda mellom ulike språklege hegemoni» (sst., s. 41–42). Då familie- og kulturkomiteen på Stortinget handsama meldinga våren 2019, understreka fleirtalet i komiteen ynsket om «målrettede tiltak som bedrer situasjonen for nynorsk og nynorskbrukerne, som er i mindretall» (Innst. 258 S (2018–2019), s. 9).

I *Kulturens kraft* varsla regjeringa at det skulle koma ei stortingsmelding om språkpolitikk med ein lovproposisjon til ny språklov. Denne vart lagd fram 12. mai 2020, og språklova vart vedteken på Stortinget 23. mars 2021. Noko av det viktigaste for nynorsk i den nye språklova er at det kom inn i føremålet at offentlege organ har «eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukta norske skriftspråket» (§ 1).

I meldingsdelen av lovproposisjonen skil Kulturdepartementet mellom kulturpolitiske tiltak dei kallar «eksplisitt språkpolitiske», som tilskot til språkorganisasjonar og ordboksarbeid, og kulturpolitiske tiltak som har «ein vesentleg språkpolitisk dimensjon» (Prop. 108 L (2019–2020), s. 13). Mellom dei kulturpolitiske tiltaka som *ikkje* er eksplisitt språkpolitiske, finn me litteratur og bibliotek. Departementet dreg som i kulturmeldinga linene attende til oppstarten av innkjøpsordningane for norsk litteratur og seier rett ut at «all satsing på norsk litteratur samtidig er ei satsing på norsk språk, og at all bibliotekutvikling også er ei sikring av norsk språk» (sst., s. 26). Vidare heiter det at sidan Noreg er eit nokso lite språkområde, må «omsynet til språkpolitikken veg[e] tungt i litteratur- og bibliotekpolitikken» (sst., s. 34–36).

Omsynet til språkpolitikken i litteraturpolitikken og bibliotekpolitikken er konkretisert gjennom fleire tiltak. Det er mål om å stø opp om forfattarstipend, innkjøpsordningane, unntak frå konferanselovgjeving, momsfritak og heile den litterære verdikjeda frå lesaren attende til forfattaren (sst.). Alt dette er det me kan kalla språknøytrale tiltak. Dei skil ikkje mellom nynorsk og bokmål og vedkjem knappast dei samiske språka, teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka som har få forfattarar og små bookmarknadars.

Sidan kjem det tiltak som skal fremja samisk (m.a. Sametingets bibliotek og ei støtteordning for å omsetja samisk litteratur til norsk), nasjonale minoritetsspråk (Norsk kulturfonds tilskotsordning for desse språka) og nynorsk (statsstøtta til Det Norske Samlaget og dei nynorske nettavisene framtida.no og framtidajunior.no) (sst.). Dei legg vekt på den avgrensa barnebokutgjevinga på nynorsk og på samisk, og legitimerer slik at det kan koma støtte til tiltak som børter på desse problema i framtida.

Når det gjeld bibliotekutvikling, vert satsinga oppsummert slik: «Folkebiblioteka og skulebiblioteka er særskilt viktige for å formidle og spreie norsk litteratur og å bidra til leselyst og lesekompetanse» (sst., s. 35). Dette er òg det me kan kalla eit språknøytralt tiltak, som ikkje skil mellom nynorsk og bokmål. Vidare peikar Kulturdepartementet attende på dei to bibliotekstrategiane som har kome sidan 2015, og desse to tematiserer heller ikkje nokon språkpolitikk kring nynorsk.

Stortingsmeldinga *Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge* (Meld. St. 18 (2020–2021)) tek føre seg kultur for born og ungdom og tematiserer språkpolitikk på fleire område. Meldinga peikar attende på kravet om å fremja nynorsk i føremålsparagrafen i språklova, og seier konkret at den nye vekta på mindretalsomsyn gjer at «det skal utviklast tiltak særleg for nynorsken» (Meld. St. 18 (2020–2021), s. 107). Ogso denne stortingsmeldinga problematiserer at det finst mykje mindre barne- og ungdomslitteratur på nynorsk og samiske språk enn på bokmål, og legg dessutan vekt på at det finst få dataspel på nynorsk, bokmål og samisk. Eit mål i meldinga er at alle institusjonar og organisasjonar som får statleg tilskot til produsera, tilgjengeleggjera og formidla kunst- og kulturuttrykk, «skal arbeide aktivt for å fremje alle dei offisielle språka» (sst., s. 108–109). Når det gjeld nynorsk, vil regjeringa «vurdere korleis det kan leggjast til rette for at det blir produsert og formidla meir litteratur på nynorsk» (sst., s. 120). Dette er eit av få eksplisitt nynorskfremjande tiltak i meldinga.

Spørjeundersøkinga mi vart gjennomført rett etter at språklova vart vedteken, og dei fleste regionale og lokale dokumenta i granskninga er frå før språklova kom. Difor har eg kasta eit blikk attende på nokre av dei tidlegare stortingsmeldingane om språk og kultur for å sjå kva dei seier om sambandet mellom språkpolitikk og bibliotekpolitikk.

Den førre heilskaplege kulturmeldinga var *Kulturpolitikk fram mot 2014* (St.meld. nr. 48 (2002–2003)). I denne vert det opna for ei viss positiv diskriminering av nynorsk, grunngjeve i at dei to norske skriftspråka er formelt likestilte, men at nynorsk reelt har vanskelegare vilkår (St.meld. nr. 48 (2002–2003), s. 193). Når det gjeld litteratur, er det statsstøtta til Det Norske Samlaget og ei innkjøpsordning for generell litteratur på nynorsk som vert trekt fram av nynorsktiltak. I bibliotekpolitikken er språkpolitikk lite tematisert og nynorsk ikkje i det heile.

Den førre språkmeldinga, *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (St.meld. nr. 35 (2007–2008)), tek føre seg mykje litteratur- og bibliotekpolitikk. I meldinga er det uttrykt

eit mål om «i større grad å integrera språkpolitiske omsyn» innan dei ulike delane av kulturpolitikken (St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 26). Det er eit eige kapittel om bibliotek som språkpolitisk verkemiddel i meldinga, som eksplisitt tek føre seg rolla folkebiblioteka kan spela for å spreia litteratur på samisk og framand- og minoritetsspråk, og rolla til institusjonane Det fleirspråklege bibliotek og Sametinget (sst., s. 149). Når det gjeld nynorsk, er det innkjøpsordningane og andre støtteordningar som vert vektlagde, særleg den dåverande produksjonsstøtta for nynorsk litteratur (sst., s. 146). Elles er det i litteratur- og bibliotekpolitikken i stor mon snakk om ordningar og tiltak som har til føremål å stø opp om norsk språk generelt.

I denne meldinga vert det sokalla *prinsippet nynorsk* lansert som offisiell norsk språkpolitikk:

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. Det normale vil då vera at nynorsken blir rekna med. (sst., s. 82)

Dette kan reknast som ein førelaupar til paragrafen i språklova om at det offentlege skal fremja nynorsk.

I bibliotekmeldinga *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* (St.meld. nr. 23 (2008–2009)) vert det teke opp ein god del eksplisitt språkpolitikk. Meldinga lyftar fram ti viktige satsingar, til dømes kompetanseutvikling, frikjøp av verna materiale, nasjonalt leseår 2010. Det vert slege fast at «[b]åde det samiske og det nynorske perspektivet skal inkluderast i satsingane» både i meldinga og seinare (St.meld. nr. 23 (2008–2009), s. 12). Prinsippet om at nynorsk skal tematiserast, er soleis til stades.

Det er ein talande skilnad at nynorsk er nemnt fire gongar i meldinga, medan samisk er nemnt 171 gongar. Nynorsk er eksplisitt tematisert når det gjeld litteraturstøtteordningane, omsetjing av biblioteksystemet Koha og at Nynorsk kultursentrum er ein av fleire samarbeidspartnarar for biblioteka (sst., s. 37, s. 53 og s. 130).<sup>8</sup>

Gjennomføringa av språkpolitikken har altso vore, og er, eit av dei viktigaste måla med kulturpolitikken. Det er rett nok ikkje alltid eksplisitt uttala og ikkje alltid konkretisert. Det er råd å argumentera for at det språkpolitiske perspektivet, særleg når det gjeld nynorsk, er vorte tydelegare i dei seinare kulturpolitiske dokumenta. Det er sjølv sagt andre hovudmål som veg

---

<sup>8</sup> I meldinga står det Nynorsk litteratursentrum, men ut frå samanhengen verkar det som det er meint Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur (St.meld. nr. 23 (2008–2009), s. 130).

tungt i litteratur- og bibliotekpolitikken, slik som kvalitet, breidde og tilgang (Prop. 108 L (2019–2020), s. 34).

På same vis som med resten av litteraturpolitikken har det å oppfylla den nasjonale språkpolitikken vore eit mål i bibliotekpolitikken. Det vert også her noko tvetydig ved at språkpolitikken ikkje alltid er eksplisitt og konkret. Me skal seinare sjå på i kva grad den nasjonale politikken har vore tolka i dei dokumenta som styrer bibliotekpolitikken lokalt og regionalt. Sameleis kva folkebiblioteka meiner og gjer lokalt.

## 2.2 Tidlegare forsking

### *2.2.1 Forsking på språkpolitikk og bibliotek*

Det er forska lite på språkpolitikken kring folkebiblioteka og lite på nynorsk i biblioteka. Når eg har granska tidlegare forsking, har eg ikkje funne noko som har teke føre seg biblioteka si rolle i språkpolitikken for nynorsk.<sup>9</sup>

Ei oppgåve som er innom ein tilgrensande tematikk, er Eiksund (2010). I oppgåva *Med nynorsk på leselista* undersøkjer han kva 400 ungdomar på Sunnmøre og i Trondheim les på fritida. Som ein del av dette har han sett på kva bøker ungdomane les, og han går gjennom både kva elevane sjølv rapporterer, og utlånsstatistikken frå skulebiblioteket ved Volda ungdomsskule (sst., s. 60–61). Eit av funna er at elevane i undersøkinga i særstak liten grad las nynorsk (sst., s.107).

Nokre undersøkingar som ser på nynorskopplæring i skulane og i barnehagane, kjem innom biblioteka si rolle. Eit døme er Vadstein (2018), som har granska skriftspråksstimulering i eit utval barnehagar i område der nynorsk er opplæringsspråket i grunnskulen. I oppgåva ser ho mellom anna på samarbeidet mellom biblioteka og barnehagane: om og eventuelt korleis borna vert presenterte for biblioteket som literacyinstitusjon. Ingen av dei fem barnehagane har formelt samarbeid med biblioteka, gjennom til dømes bokkassar, men fleire av dei brukar biblioteket i større eller mindre grad (sst., s. 47).

Det finst nokre rapportar frå aktuelle prosjekt kring nynorskbruk i biblioteksektoren. Volda ungdomsskule med støtte av Nynorsksenteret gjennomførte prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk* i perioden hausten 2007 til våren 2010. Prosjektet vart evaluert i ein rapport frå Møreforsking (Bergem & Båtevik, 2010). Prosjektet hadde som føremål å laga ein modell for

<sup>9</sup> Eg har vore i kontakt med Senter for bibliotekutvikling hjå Nasjonalbiblioteket. Språkrådet, Nynorsksenteret og forskarar ved Institutt for arkiv-, bibliotek- og informasjonsvitenskap ved OsloMet – Storbyuniversitetet. Kontaktpersonane mine deler oppfatninga mi om at denne tematikken er lite forska på.

undervising i norsk med vekt på nynorsk (sst., s. 2). Eit viktig middel for å nå måla i prosjektet var skulebiblioteket ved ungdomsskulen, og gjennom prosjektmidlane vart det mogleg å kjøpa inn fleire nynorskbøker (sst., s. 25).<sup>10</sup>

Det har vore gjort nokre journalistiske undersøkingar kring tematikken. Tidsskriftet *Bok og bibliotek* hadde ei sak på prent om kva biblioteka gjer for å formidla bøker på både nynorsk og bokmål, og kva språkhaldninga til nynorsk dei møter hjå lånarane (Svåsand, 2019). I samband med saka gjennomførte dei «ei svært uhøgtideleg undersøking blant sju av dei største biblioteka i landet» (sst.). Biblioteka svara at dei ikkje tek spesielt omsyn til skriftspråk når dei stiller ut bøker, at det er nokre få, eldre lånarar som ikkje vil lesa nynorsk og fleire enn før som låner bøker på nynorsk. Dette trur dei kjem av mange gode nynorskforfattarar og at populære forfattarar som Elena Ferrante vert omsett til nynorsk.

Framtida og Pirion gjennomførte i 2019 to spørjeundersøkingar om nynorsk i biblioteka: ei om skulebiblioteka (Langåker, 2019, 30. september) og ei om folkebiblioteka (Langåker, 2019, 10. desember). Mellom folkebiblioteka var det 27 prosent som opplever meir positive haldningar til nynorsk mellom lånarane, 22 prosent har auka innkjøpet av nynorske bøker og over helvta har innkjøp av nynorskbøker som eit viktig mål. På det siste punktet var det ein stor skilnad mellom folkebibliotek med skilting på nynorsk, der 70 prosent var «svært einig» i at dette var eit viktig mål, og folkebibliotek med skilting på bokmål, der berre åtte prosent meinte det same (sst.).

Om me tek eit steg attende frå nynorsk og ser på språkpolitikk i biblioteka i stort, finn me fleire aktuelle granskinger. Nes (2009) har forska på dei norske folkebiblioteka og tilbodet/tilhøvet til dei nasjonale minoritetane rom og romani. Ho sende ut ei spørjeundersøking til alle folkebibliotek i landet og gjennomførte intervju med eit utval personar frå gruppene og eit utval bibliotekarar. Berre nokre få av folkebiblioteka gjennomførte tiltak for rom og romani, og gruppene opplever folkebiblioteka som lite relevante (sst., s. 2).

Ei anna oppgåve som granskar folkebiblioteka sitt tilbod til konkrete språkgrupper, er Jamnes masteroppgåve om russisk og polsk i norske folkebibliotek (2017). Gjennom ei spørjeundersøking til 120 folkebibliotek undersøkjer han kva tilbod som finst på desse språka,

---

<sup>10</sup> Eit tilsvarande tiltak var *Nye tider – nynorsk! Prosjekt for å fremje lesing av nynorsk litteratur i Nordhordlands-kommunane* som dei åtte biblioteka i Nordhordland og Landssamanslutninga av nynorskkommunar gjennomførte i perioden 2008 til 2011 (2012, s. 2).

og kva språkkompetanse biblioteka sit med. Funna hans, meiner han, talar for at det bør byggjast opp nokre lokale samlingar på språka der det trengst mest, og at biblioteka har stor trøng for Det fleirspråklege bibliotek for å kunna innfri behova til desse gruppene (sst., s. 43–45).

Roos (2015) har sett på korleis fag- og forskingsbibliotek i dei nordiske og baltiske landa marknadsfører seg sjølve på Facebook. Ho har plukka ut eit bibliotek ved eit «ålment» universitet og eit ved eit teknisk-vitskapleg universitet i kvart av landa. I Noreg har ho granska bibliotek ved Universitetet i Oslo og NTNU. Om lag 76 prosent av Facebook-postane var på biblioteket sitt *native language*, og eit mindretal er på engelsk. (sst., s. 76).

### 2.2.2 Forsking på språkpolitikk

Det finst ein god del nyare nynorskforsking og mykje språkplanleggingsforsking retta mot statusplanlegging og opplæringsplanlegging.

Gjennomgangen av norsk offentleg språkpolitikk i perioden 1885–2005 i doktorgradsavhandlinga til Bjørhusdal (2014) er viktig for å forstå bakgrunnen for dagens språkpolitikk. Mellom hovudfunna er at språkpolitikken kring nynorsk og bokmål har vore prega av ein språkleg nøytralitetspolitikk der det viktige var formell likehandsaming av språka (sst., s. 477–488). Tendensen heldt seg lengre på opplæringsfeltet, men på 1980–1990-talet vart nøytralitetspolitikken delvis avløyst av ein språksikringspolitikk på kulturfeltet der den kulturelle verdien til nynorsk får relevans. Men den gamle nøytralitetspolitikken legg framleis føringar for den nye, noko som gjer at språkpolitikken i den seinare perioden «[...] står ein stad mellom nøytralitet og språksikring.» (sst., s. 486).

Thingnes si masteroppgåve om Universitetet i Oslo si (manglande) oppfylging av retten til eksamen på eige skriftspråk er på mange måtar eit førebilete for denne oppgåva: Ho går inn på eit domene i samfunnet og granskar kva språkpolitikk som er vedteken, og korleis han vert praktisert (Thingnes, 2015).

Doktorgradsavhandlinga til Thingnes (2020) er relevant på fleire måtar. I avhandlinga ser ho på utarbeidninga av språkpolitiske retningsliner ved Høgskulen på Vestlandet, korleis og kvifor det vert argumentert for nynorsk der, og språkpolitikken ved Sámi allaskuvla. Thingnes legg stor vekt på språkpolitisk aktørskap, legitimering av språkval og utvikling av språkpolitiske dokument. Eit viktig bidrag er å sjå på samiske språk og nynorsk som *minoritiserte*: At det er tilhøvet mellom ulike språka som gjer at eit språk har ein mindretalsstatus, ikkje eigenskapar ved språket i seg sjølve (Thingnes, 2020, s. 80). Eit av dei mange funna hennar er at bruken

av nynorsk som hovudmålform ved Høgskulen på Vestlandet vert legitimert ved tradisjon og tradisjonsargument, og ho peikar på at dette kan få negative konsekvensar ved at nynorsk vert sett på som ein identitetsberar og at den instrumentelle verdien av språket kan verta avgrensa (sst., s. 79).

### *2.2.3 Forsking på bibliotekplanar og språkpolitikk i kommunalt planarbeid*

Det er fleire som har skrive om bibliotekplanar og korleis biblioteka vert styrte av mellom andre leiinga i kommunane. Ei relevant granskning er Berge (2015) si granskning av korleis fire biblioteksjefar i Hordaland kommuniserer med dei nærmaste politiske leiarane i kommunen. Dette har ho gjort gjennom å gjennomføra semistrukturerte intervju med biblioteksjefane, dei nærmaste leiarane og nokre politikarar. Sams for desse fire er at kommunestyra sjeldan handsamar biblioteksaker, dei fleste avgjerdene vert tekne administrativt – og i berre éin av kommunane har administrasjonen og biblioteket laga bibliotekpolitiske mål for verksemda. Eit interessant funn for oppgåva mi er at berre éin av dei fire kommunane har ein bibliotekplan, og at fleire av biblioteksjefane som ikkje har ein bibliotekplan, gjerne skulle ha det, men har fått nei (sst., s. 44–45).<sup>11</sup>

I boka *Nynorsk med dei minste* er det fleire tekstar som tek føre seg korleis kommunale planar påverkar språkarbeidet i barnehagar (Bjørhusdal og Budal (red.), 2017). I ein av artiklane presenterte forfattarane ein dokumentanalyse av eit utval av årsplanar ved offentlege og private barnehagar. Desse låg i nynorskdistrikt i vestlandsfylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Målet var å sjå på korleis årsplanane til dei 62 barnehagane speglar dagleg verksemnd, prioriteringar og tilpassingar til lokale tilhøve som språk (Bjørhusdal og Budal, s. 41–65).

Årsplanen er eit dokument som styrer den pedagogiske verksemda ved ein barnehage. Bjørhusdal og Budal såg mellom anna på kva som sto om arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst i rammeplanen, om tidleg innsats med skriving og skriftspråk generelt og nynorsk spesielt og i kva grad lokal språkkultur vart tematisert (sst., s. 52). 52 av 62 årsplanar tok føre seg arbeid med kommunikasjon, språk og tekst (sst., s. 53). Berre åtte av barnehagane tematiserte nynorsk språkstimulering, og det var berre fire som skreiv om lokal språkkultur (sst., s. 57–58).

---

<sup>11</sup> Ettersom det var eit stort fleirtal av nynorskkommunar i Hordaland i 2015, heldt truleg fleire av biblioteka til i nynorskkommunar. Dette er ikkje tematisert i oppgåva.

## 2.3 Omgrepsavklaringar: nynorsk, kommunal språkbruk, folkebibliotek

I denne oppgåva kallar eg bokmål og nynorsk for språk eller skriftspråk, og eg brukar ikkje omgrepet målform. Dette valet er i tråd med statens offisielle språkpolitikk i den nye språklova. I lova og lovpropositionen vert nynorsk og bokmål gjennomgåande omtala som språk eller skriftspråk, men det var understreka at «det å rekne bokmål og nynorsk som to separate skriftspråk ikkje står i vegen for å omtale norsk som eitt språk» (Prop. 108 L (2019–2020), s. 84). Omgrepet målform er ikkje forbode, og departementet skriv at det framleis kan vera brukande i nokre samanhengar. Departementet vel å bruka omgrepa skriftspråk og språk for å fremja jamstillinga mellom skriftspråka og for å gjera det «tydeleg at nynorsk er eit språk på line med bokmål, både som språksystem og som politisk realitet» (sst.).

Dessutan peika dei på at omgrepet målform kan skapa mistydingar. Det vert ikkje sagt i propositionen, men det er ei kjend sak at målform ofte vert forveksla med omgrepet *målfore*, som tyder dialekt.<sup>12</sup> Eit talande teikn, er at Stortinget fjerna omgrepet målform frå opplæringslova og anna lovverk då det vedtok språklova (sst., 158).

Vikør argumenterte for å halda på omgrepet målform nokre år før språklova kom (2014, s. 181–188). Han la mellom anna vekt på at Noreg er *eitt* språksamfunn med både nynorsk og bokmål, at det finst parallelle språksituasjonar som den norske der nærskyldne språkvariantar ikkje vert rekna som ulike språk (t.d. flamsk andsynes nederlandsk og finlandssvensk andsynes svensk), at omgrepet språk bør brukast om tydeleg åtskilde (nasjonal)språk som gjerne kan ha fleire variantar, og i norsk samanheng bør reserverast til norsk språk som heilskap.

Når eg vel å ikkje bruka omgrepet målform, er det primært fordi departementet i si utgreiing peikar på at skriftspråk og språk kan medverka til å styrkja og klargjera statusen til dei to språkvariantane. At målform er eit særnorsk omgrep og har vore knytt til samnorskpolitikken som vart offisielt avslutta i 2002, er andre argument for at det mest klarspråklege og korrekte er å nytta språk og skriftspråk.

---

<sup>12</sup> Eit interessant sidespor er kva omgrep respondentane i spørjeundersøkinga mi brukar når dei snakkar om den norske språksituasjonen. Ei lita oppteljing syner at 27 respondentar brukar omgrepet målform, ti brukar skriftsspråk eller språk, og seks brukar omgrepet *målfore* (i tydinga målform, ikkje den rette tydinga dialekt). Når det gjeld mindre brukar omgrep, er det seks respondentar som brukar former som skriftform eller språkform. Omrepa formene, nynorsk mål, nynorskspråkleg, opplæringsform og skriftkultur vert ogso brukta. Slett ikkje alle brukar desse orda. Mange skriv gjerne «nynorsk og bokmål» når det er snakk om språka i fellesskap. Eit interessant omgrep eg ikkje har sett i bruk før, vert nytta av ein respondent i grunngjevinga for at vedkomande har svara ja på spørsmålet om å fremja nynorsk: «Me er i nynorskbeltet på Vestlandet» (15125922).

Folkebiblioteka er i stor mon eit kommunalt ansvar. Difor er kommunane sin språkpolitikk og språkbruk tema som er ein del av bakgrunnen for oppgåva. Nokre sentrale omgrep som går att gjennom oppgåva og ofte vert forveksla, er kommunalt administrasjonsspråk og statleg tenestespråk.<sup>13</sup> Omgrepet tenestespråk vert ofte bruka om det skriftspråket ein kommune eller ein fylkeskommune har vedteke at staten skal bruka i deira område, i tråd med paragraf 11 i språklova. Dette er altso språket staten skal bruka i ein kommune eller i eit område. Administrasjonsspråk vert ofte bruka om det skriftspråket kommunen har vedteke å bruka i eigen administrasjon, og dette er ikkje regulert i lov eller forskrift (Grepstad, 2019). Det er ofte, men ikkje alltid, samanfall mellom administrasjonsspråket og tenestespråket til ein kommune.

Desse omgropa vert ofte forveksla, på same vis som med målform og målføre. Grepstad føreslår omgropa *statleg skriftspråk* for tenestespråk og *kommunalt administrasjonsspråk* for å skilja tydeleg mellom statleg og kommunal språkbruk (2020b, s. 271). Som han freistar eg å gjera dette i størst mogleg utstrekning, men i praksis vert det likevel ein del veksling mellom desse omgropa og dei gamle kortformene. Når eg til dømes skriv nynorskkommune, er det snakk om ein kommune som har vedteke nynorsk som statleg skriftsspråk.

Som me såg i underkapittel 2.1.1, er det mange slags bibliotek. I denne oppgåva handlar det primært om *folkebiblioteka*, og eg vekslar av stilistiske grunnar mellom omgropa folkebibliotek og bibliotek. Skriv eg om andre typar bibliotek, freistar eg å gjera det tydeleg gjennom å bruka langformene *skulebibliotek, fag- og forskingsbibliotek, fylkesbibliotek* og so bortetter.

---

<sup>13</sup> Etterleiken -mål vert ofte brukt, som i *administrasjonsmål* og *tenestemål*.

### **3. Teori**

I dette kapittelet set eg opp det teoretiske rammeverket som vert nytta til å svara på forskingsspørsmåla, og som låg til grunn for arbeidet i denne oppgåva.

#### 3.1 Språkpolitikk og forskingstradisjonen

Språkpolitikk kan definerast som politiske mekanismar som påverkar strukturane kring, funksjonen til, bruken av og tilgangen på språk (Johnson, 2013, s. 9). Denne definisjonen inkluderer fire underkategoriar:

1. offentlege reguleringar, ofte i skrivne tekstar som har til mål å endra språkpolitikk, som kan påverka utdanningsmøgleheter, økonomiske eller politiske vilkår
2. uoffisielle, skjulte og implisiske mekanismar kopla til meininger om språk og språkpraksis, som regulerer språkbruk og samhandling innan fellesskapar, arbeidsplassar og skular
3. prosessen fram til ein politikk, og ikkje berre produktet språkpolitikk, som vert driven fram av ymse språkpolitiske agentar gjennom politikkskapning, tolking, tileigning og innstifting
4. politiske tekstar og diskursar på tvers av ulike kontekstar og politiske aktivitetar, påverka av kontekstavhengige ideologiar og diskursar (sst.)

I denne oppgåva var eg innom fleire av desse underkategoriane. Då eg undersøkte dokumenta i kapittel 5 såg eg for det meste på dei skrivne tekstane som høyrer heime i den fyrste kategorien. I spørjeundersøkinga har eg hatt som mål å få tak i kva den faktiske praksisen til og meiningsane i folkebiblioteka er, noko som høyrer heime i kategori to og tre.

Forskingstradisjonen er språkplanleggingsvitenskap (på engelsk *language policy and planning*, LPP), som er ein del av sosiolingvistikken (Goundar, 2017) eller språksosiologien (Vikør, 2007, s. 45). Språkplanlegging skil seg samstundes frå hovuddraga ved den sistnemnde når det gjeld val av forskingsemne: Medan sosiolingvistikken legg vekt på språkleg lagdeling og etnisk språkkløyving i vestlege land, voks språkplanlegging fram frå 1960-talet som ein studie av språkproblema i land i den tredje verda som ikkje hadde skriftspråk basert på eigne talemål (sst.).

Språkplanlegging vert ofte delt i tre underkategoriar: Statusplanlegging er tiltak som har til mål å påverka kva bruksområde eit språk skal ha innan eit språksamfunn, medan korpusplanlegging tek føre seg tiltak retta mot forma eller strukturen til eit språk. Dessutan har me opplæringsplanlegging (*acquisition planning*) som legg vekt på språkopplæring – tiltak som har som mål å skapa møgleheter eller insentiv til å læra eit språk (Hornberger, 2005, s. 28). Kortare sagt handlar statusplanlegging om bruken av språket, opplæringsplanlegging handlar om brukarane av språket, og korpusplanlegging handlar om språket i seg sjølv (sst., s. 29).

I denne oppgåva er studieobjektet primært statusplanlegginga eg finn i språk-, kultur- og bibliotekpolitiske dokument og i svara eg har fått frå respondentane mine. I nokre tilfelle vil eg nok koma inn på opplæringsplanlegging, i og med at folkebiblioteka og litteraturen dei formidlar, er viktige bidragsytarar til språklæringa for born, unge og vaksne.

Når me kjem til drøftinga og oppsummeringa, er det interessant å gå nærmare inn på kva type språkpolitikk eg finn i biblioteksektoren – og korleis denne kan delast opp etter fire motsetjingspar (Johnson, 2013, s. 10): Kva opphav har politikken, er han ein makronivåpolitikk utvikla på toppen av eit styrande organ, eller er han utvikla på grasrota? Er politikken ope uttrykt i politiske tekstar, eller er det ein politikk skjult med vilje? Er politikken eksplisitt dokumentert i politiske tekstar, eller har han oppstått utan å stå i eller trass i det som står i offisielle politiske tekstar? Er det ein politikk i lova eller offisielt uttrykt i skift, eller er det ein de facto-politikk som førekjem i praksis utan å stå i slike dokument? (Johnson, 2013, s. 9–11).

TABELL 1: JOHNSONS OPPSUMMERING AV ULIKE TYPAR SPRÅKPOLITIKK

<b>Opphavet</b>	<i>Frå toppen og ned</i> Makronivåpolitikk utvikla av eit styrande eller autoritativt organ eller ein person	<i>Nedanfrå og opp</i> Mikronivåpolitikk eller grasrotutvikla politikk av og for lokalsamfunnet det påverkar
<b>Middelet og målet</b>	<i>Open</i> Ope uttrykt politikk i skrivne eller uttala politiske tekstar	<i>Skjult</i> Politikk som er skjult med vilje på makro- eller mikronivået
<b>Dokumentasjon</b>	<i>Eksplisitt</i> Offisielt dokumentert i skrivne eller uttala politiske tekstar	<i>Implisitt</i> Førekjem utan at det står i eller trass i det som står i offisielle politiske tekstar
<b>I lova og i praksis</b>	<i>De jure</i> Politikk som finst «i lova» – offisielt uttrykt i skrift	<i>De facto</i> Politikk «i praksis» – kan brukast både om politikk som er lokalt produsert og veks fram utan at det står i lova, eller trass i det som står i lova, og om lokale praksisar som skil seg frå kva som er uttrykt i skrift
<i>Tabellen er henta frå Johnson (2013, s. 10). Han har der namnet tabell 1.1. Language policy types. Mi omsetjing.</i>		

I oppgåva mi er det særleg opphavet, dokumentasjonen og språkpolitikk i lova og i praksis det er råd å seia noko om. Ettersom eg ser på dokument og svara frå ei spørjeundersøking, er det å sjå på open eller skjult politikk vanskelegare enn å granska dei andre motsetjingspara.

### 3.2 Aktørskap

Språklæring og språkpolitikk for opplæringssektoren er sentrale forskingstema for mange forskarar innan språkplanlegging (Goundar, 2017). Sjølv om språkpolitikk ofte har vore sett på som noko som vert *uftorma* sentralt og berre *utøvd* lokalt, kan me i forsking på språk i skulen finna døme på at denne oppfatninga er i utvikling. Då Hornberger granska lærarar og skular i Sør-Afrika og Bolivia, fann ho fleire døme på at den relativt nyutvikla fleirspråkspolitikken i desse landa opna opp rom slik at desse kunne påverka (sjå t.d. 2002, s. 24–25). Her kjem me inn på eit sentralt tema i statusforsking: i kva grad ulike personar, grupper, organisasjonar og institusjonar er språkpolitiske aktørar og med det har språkpolitisk aktørskap.

Ein open definisjon av aktørskap finn me hjå antropologen Laura M. Ahearn, som definerer aktørskap som «the sociocultural mediated capacity to act» (2001, s. 112). Ahearn opponerer mot den kjende sosiologen Pierre Bourdieu og vektlegginga av korleis sosiale strukturar styrer handlingane til individua. Ahearn meiner at Bourdieu og meiningsfellane hans går for langt vekk frå førestillinga om fri vilje, og at dei har eit forklaringsproblem når det gjeld korleis «social reproduction becomes social transformation» (sst., s. 118).

Ogso i språkplanleggingsforsking har det vore eit spenn mellom forsking som legg vekt på strukturar, ofte i form av det som er vedteke i politiske dokument, og dei tilnærmingane som legg meir vekt på aktørskap, gjerne gjennom å granska kva makt lærarar og andre språkpolitiske aktørar utøver (Johnson & Johnson, 2015, s. 223). Strukturar kan definerast som «a set of regulative systems that provides the raw materials for and range of potential agentive actions, and specifies the material and objective costs and benefits of those actions» (Bouchard & Glasgow, 2018, s. 31). Strukturar er altså ikkje berre noko som hindrar eller avgrensar aktørar og handlingane deira, men noko som ligg til grunn for at dei kan handla, og kva dei kan handla ut frå.

Det er eit utbreidd konsept at språkpolitikk har mange lag (på engelsk *multi-leveled* eller *multi-layered*) (Johnson & Johnson, 2015, s. 223). Ein slitesterk metafor er å sjå på språkpolitikk som ein lauk, slik at eit viktig mål med språkpolitikkforskinga er å skjera gjennom laga for å sjå kva koplingar det er mellom dei ulike laga (t.d. Ricento & Hornberger, 1996, Hornberger & Johnson, 2007).

Laga i den språkpolitiske lauken kan me skildra som gjennom prosessane «creation, interpretation, and appropriation» (Johnson & Johnson, 2015, s. 223). Fyrst vert altso ein språkpolitikk *oppretta*, so vert han *tolka*, før han i siste omgang vert *appropriert* (omsetjingar frå Thingnes, 2020, s. 27). Kvar av desse tre prosessane kan gå føre seg på alle nivå i eit samfunn, men den vanlege førestillinga er at språkpolitikk vert utarbeidd nasjonalt, tolka regionalt og appropriert lokalt.

Skiljet mellom tolking og appropriering peikar på at språkpolitikk ikkje berre kjem ovanifrå og vert tolka passivt, slik ein i eldre språkpolitikkforsking tidvis såg føre seg (Johnson, 2013, s. 96–97). Ei utøving av språkpolitikk handlar *både* om tolking og appropriering – som inneber ei tileigning av språkpolitikken der aktørane lenger nede i eit hierarki kan ha aktørskap til å påverka korleis politikken utfaldar seg i praksis (sst.).

Johnson & Johnson peikar på at «not all individuals in all levels exhibit the same amount of power» (s. 223, 2015). Dei skil mellom *arbiters* (normsetjarar) og *implementers* (tolkarar) som to ulike typar språkpolitiske aktørar, og ser på «language policy arbiters as individuals who have a disproportionate amount of impact on language policy and educational programs» (sst., s. 222). Det er normsetjarane som sit med mest makt i dei språkpolitiske prosessane. Thingnes er samd i at det varierer kor mykje makt ulike språkpolitiske aktørar har, men meiner ingen aktørar berre «implementerer politikk utan å tolke og appropriera han» (2020, s. 72). For å få fram at alle språkpolitiske aktørar har ein aktørskap, føreslår ho å heller skilja mellom normsetjarar og aktørar.

I oppgåva mi granskar eg i hovudsak folkebiblioteka som institusjonar, ikkje bibliotekarane som personar. Ricento & Hornberger definerer institusjonar som «relatively permanent socially constituted systems by which and through which individuals and communities gain identity, transmit cultural values, and attend to primary social needs» (1996, s. 415–416). Dei nemner bibliotek som døme på ein slik institusjon. At institusjonar kan ha stor makt i språkpolitikken, syner forfattarane med å peika på engelsk sin status i til dømes USA. Det er aldri vedteke at engelsk skal vera nasjonalSpråk i USA, men språket har i praksis ein slik status mellom anna fordi det er innbygd i nær alle offentlege og private institusjonar (sst.).

For denne oppgåva er det eit mål å sjå på om og korleis biblioteka har evne til å handla språkpolitisk. Dette peikar attende på kva type språkpolitikk eg finn kring folkebiblioteka, altso kva strukturar dei har med å gjera, og om strukturane opnar opp rom for ein språkpolitikk lokalt. Om det er ein politikk som er nedanfrå og opp, kan det vera eit teikn på

at biblioteka har eit større rom for språkpolitisk aktørskap enn om han berre kjem frå toppen og ned. Eit spørsmål er i kva grad folkebiblioteka er *normsetjarar* som er med på å utarbeida politikk, eller om dei primært er *aktørar* som tolkar og approprierer politikk som kjem frå andre nivå. Eit anna spørsmål er om og korleis folkebiblioteka opererer som språkpolitiske aktørar, eller om det er den individuelle aktørskapen hjå den enkelte bibliotekaren som kjem klarast til overflata.

### 3.3 Språkpolitisk dulting i biblioteka?

I kva grad folkebiblioteka brukar ein eventuell språkpolitisk aktørskap til å dulta lånarane i ei eller anna retning, er eit tema som er ein del av utgangspunktet for oppgåva mi. *Nudges*, eller *dultar* som det har vorte kalla på norsk (Nylenne, 2017), «er ethvert aspekt ved valgarkitektur som endrer folks adferd på en forutsigbar måte uten å forby noen muligheter eller gjøre vesentlige endringer i deres økonomiske insentiver» (Sunstein & Thaler, 2008/2019, s. 16). Ein dult er berre ein dult om inngrepet er enkelt og mogleg å unngå, det er ikkje ein ordre.

Dette prinsippet vert kalla libertariansk paternalisme. Målet er å påverka vala folk gjer, utan å ta frå dei moglegheita til å velja noko anna, som eit alternativ til tvang, regulering eller økonomiske insentiv (Nylenne, 2017). Sunstein og Thaler set dette opp som ein måte å få folk til å gjera betre val på, val «som vil gjøre livene deres bedre» (2008/2019, s. 16). Dei lanserer korleis dulting kan brukast innan helsepolitikk, privatøkonomi og klimapolitikk. Sjølv om det nok ikkje er semje om at det å lesa meir litteratur på det eine eller andre språket gjer livet til innbyggjarane betre, er dulting og valarkitektur ei interessant ramme å tolka ein eventuell språkpolitikk i biblioteka inn i.

Folkebiblioteka kan fungere som valarkitektar ved at dei «har ansvar for å organisere rammene folk treffer beslutninger innenfor» (sst., s. 13). At Gloppen folkebibliotek vel å setja nynorske barnebøker lett tilgjengeleg på ei innbydande hylle, kan tolkast som eit meir eller mindre medvite språkpolitisk dult for å få foreldre til å låna og lesa nynorsk litteratur for borna sine.

I oppgåva skal eg undersøkja om det finst fleire tiltak som kan karakteriserast som språkpolitiske dult i norske folkebibliotek, eller om det finst valarkitektur frå styresmaktene eller andre aktørar retta mot folkebiblioteka for å få dei til prioritera nynorsk.

## **4. Metode**

Dette kapittelet går gjennom metodane eg har nytta for å handsama og analysera datamaterialet. Målet med kapittelet er å presentera metodane og metodevala mine både for spørjeundersøkinga og for dokumentanalysane.

### 4.1 Generelt om metode

For å svara på forskingsspørsmåla har eg nytta både kvantitative og kvalitative metodar. Grønmo er oppteken av at skilnadane mellom desse to metodetypane helst handlar om skilnaden på kva data som vert samla inn, og skildrar dette på ein treffande måte: «Grovt og enkelt skissert kan data karakteriseres som kvantitative dersom de uttrykkes i form av rene tall eller andre mengdeterminer [...]. Data som ikke uttrykkes på den måten, er kvalitative» (1996, s. 73–74).

Metodane vert kvalitative om problemstillinga er analytisk skildrande, det metodiske opplegget er prega av fleksibilitet, tilhøvet til kjeldene er nært og sensitivt og hovudføremålet er å koma fram til ei relevant tolking. Sameleis kan desse metodane vera kvantitative om problemstillinga har som føremål å koma fram til ei statistisk generalisering, det metodiske opplegget er prega av struktur, tilhøvet til kjeldene er selektivt og på avstand og hovudføremålet er å koma fram til ei presis tolking (sst., ss. 80–84). Grønmo minner samstundes om at kvantitative og kvalitative metodar meir er to ytterpunkt på ein skala enn to diametrale motsetjingar (sst., s. 74). Dei utfyller kvarandre, og Grønmo går langt i å tilrå å kombinera dei to metodetypane.

Jacobsen trekkjer fram nokre gode argument for å kombinera kvalitative og kvantitative tilnærmingar:

Vi sier at vi bruker de to metodene til å *validere*, å teste gyldigheten til funn. Samtidig kan kvalitative og kvantitative data berike hverandre og gi en bredere og rikere forståelse av et fenomen eller en case. (2015, s. 139)

Fenomenet eller fenomena eg har undersøkt, sambandet mellom dei norske folkebiblioteka og norsk språkpolitikk, er som tidlegare nemnt lite granska. Målet mitt har vore å bruka dei to ulike metodane til å utfylla kvarandre, og vonleg finna fram til samanhengar som elles ikkje ville kome til overflata. Meir konkret har eg nytta meg av ein kvalitativ innhaldsanalyse av eit utval statlege, regionale og kommunale språk- og bibliotekpolitiske dokument og ei i hovudsak kvantitativ spørjeundersøking til folkebiblioteka. I spørjeundersøkinga har eg dessutan dels spurt etter og dels opna for svar med kvalitative data, med mål om at det skal gje meg meir kunnskap og eit betre utgangspunkt for å tolka dei kvantitative dataa.

I samband med oppgåva samla eg inn både sekundærdata og primærdata. Primærdata er opplysingar ein samla inn direkte frå personar eller grupper av personar (Jacobsen, 2015, s. 139–140). Data eg har fått inn frå spørjeundersøkinga, var primærdata for denne oppgåva. Sekundærdata er ei samlenemning for data som er samla inn eller fanst for eit anna føremål (sst.). Eit døme på slike data er tekstane eg har analysert.

## 4.2 Dokumentanalysane

Dataa eg har samla inn gjennom den kvalitative innhaltsanalyesen av dokumenta, har eg bruka til å gje svar på det fyrste forskingsspørsmålet.<sup>14</sup> Eg har nytta den engelske argumentasjonsforskaren Stephen Toulmins teori for praktisk argumentasjon til å gå gjennom ei rekke bibliotek- og språkpolitiske dokument. Målet med granskinga har vore å leita fram språkpolitikk i og for folkebiblioteka og grunngjevingane for den.

### *4.2.1 Val av metode*

Modellen til Toulmin er av dei mest bruka i retorikken for å undersøkja praktisk argumentasjon. Han er utvikla for å fanga den argumentasjonen me nyttar for å overtyda andre (Kjeldsen, 2006, s. 177–179). Modellen er ofte jamført med logikken. Eit døme på det er at dei tre hovudomgropa påstand, belegg og heimlar kan samanliknast med logikkens konklusjon, understetning og premiss.

Ein påstand er noko som me påstår om verda, og som me freistar å få andre til å verta samde i. Eit døme frå Toulmin er «Harry er britisk statsborgar» (Toulmin, 1958, s. 92). Eit belegg er informasjon eller opplysingar me kan bruka til å stø opp om påstanden. Toulmins døme er «Harry er fødd på Bermuda». Endeleg er ein heimel ein regel eller eit prinsipp som ein treng for at sambandet mellom belegg og påstand skal vera gyldig. «Ein person som er fødd på Bermuda, er vanlegvis britisk statsborgar» vert heimelen me treng i dømet vårt. Heimlar er oftast ikkje eksplisitt uttrykte, og dei er difor noko me ofte må rekonstruera.

Toulmin nyttar seg dessutan av dei tre andre omgropa restriksjonar, etterhald og heimelstøtte (sst., s. 97). Desse omgropa har eg ikkje nytta i denne oppgåva. Når eg har gjennomført både ein slik innhaltsanalyse av ei rekke dokument og ei spørjeundersøking, meiner eg dette er ei rimeleg avgrensing. Dette er dessutan i tråd med korleis Bjørhusdal tek utgangspunkt i Toulmin når ho granskar tilsvarande språkpolitiske dokument i doktorgradsavhandlinga si (2014, s. 80–105).

---

<sup>14</sup> F1: Kva språkpolitiske føringer legg sentrale og eit utval regionale og lokale styresmakter på folkebiblioteka?

Bjørhusdal går òg nøyne gjennom korleis påstandar, belegg og heimlar kan rekonstruerast gjennom seks prosessar (sst., s. 97–105), noko eg har eg nytta meg av so langt det høver. Ein av hennar prosessane er å kategorisera heimlane i dei fylgjande tre kategoriane.

Eigenverdiheimlar er heimlar som «referer til eller uttrykkjer ein ibuande kulturell, identitetsmessig eller ikkje-grunngjeven verdi ved språk(et)» (sst., s. 102).

Konsekvensialistiske heimlar er heimlar som har eit anna mål enn språket eller språksamfunnet i seg sjølv, og som heller ikkje er retta inn mot prosess (sst.). Prosedurale heimlar er heimlar som handlar om prosess, ikkje resultat. Eit typisk døme i norsk samanheng er ordningar som er heimla i prinsippet om jamstilling mellom nynorsk og bokmål (sst., s. 103–104).

I dette arbeidet nytta eg meg av måten Bjørhusdal går fram på: Eg har teke utgangspunkt i dei tekstdelane som gjeld temaet eg undersøkte, gav ei kort innleiing som presenterte samanhengen tekstane og tekstdelane står i, og analyserte so dei aktuelle tekstdelane (sjå til dømes sst., s. 274–284). Eg kunne ikkje gå i djupna på alle sider ved dokumenta, og måtte konsentrera meg om tekstdelane som vedkjem eksplisitt språk- og bibliotekpolitikk.

#### *4.2.2 Val av materiale*

I samband med den kvalitative innhaldsanalysen har eg òg gjort ei kartlegging av kva som finst av aktuelle dokument, slik at eg kunne gjere eit utval. Gjennomgangen gav meg større oversyn over kva som finst av bibliotekplanar, språkbruksplanar, kulturplanar og liknande ute i fylka og kommunane. Medan statlege dokument stort sett ligg tilgjengelege gjennom kanalane til regjeringa og Stortinget, har det vore verre å få tilgang til regionale og kommunale dokument. Eg har difor nytta meg av spørjeskjemaet for å få biblioteka til å senda meg aktuelle planar, og har elles leita på Oria, nettsidene til bibliotek og kommunar og spurt fylkesbiblioteka og Nasjonalbibliotekets seksjon for bibliotekutvikling om hjelp.

Kva dokument eg såg på å i kartleggingsfasen, kva dokument eg valde ut og kvifor eg valde desse er gjort nøyne greie for i underkapittel 5.1.

#### *4.2.3 Metodekritikk*

Mange i utgangspunktet aktuelle språk-, bibliotek- og kulturpolitiske tekstar nemner ikkje denne tematikken i særleg grad. Eg har halde meg til dokumenta som nemner folkebibliotek og nynorsk i samanheng. Det er både ein veikskap og ein styrke. Det er ein styrke ved at mengda tekstar og tekstdelar vert avgrensa, medan det er ein veikskap ved at mange viktige bibliotek- og språkpolitiske dokument ikkje vert analyserte.

Gjennomgangen av dokumenta og utvalet vert presentert i underkapittel 5.1. Som me skal sjå der, vart omfanget stort. Eg valde difor vekk å gjera argumentasjonsanalyse av statlege dokument. Sidan eg både i kapittel 2 og 5 går nøyne gjennom statleg språk-, bibliotek- og kulturpolitikk kan eg likevel seia noko om i kva grad nynorsk og folkebiblioteka vert tematisert i statlege dokument, og slik svara på forskingsspørsmålet sjølv om eg ikkje kan seia noko om heimlar.

Dette synleggjer ei innvending mot metodevalet mitt: Det er ikkje sikkert denne forma for argumentasjonsanalyse er den som kan gje mest kunnskap om politikken og dokumenta eg granskar. Trass i dei utfordringane metoden fører med seg, meiner eg likevel at han gjev noko som andre alternativ ikkje gjev, ved at han opnar for samlikning med tidlegare forsking på feltet.

#### 4.3. Spørjeundersøkinga

Tre av forskingsspørsmåla har eg freista å svara på gjennom spørjeundersøkinga.<sup>15</sup> Spørsmåla har som mål å kartleggja generelle haldningar og kunnskap om språkpolitikk hjå dei tilsette ved biblioteka, og språkpolitikken kring nynorsk spesielt. Dessutan vil eg gjennom nokre konkrete spørsmål om praksisar undersøkja om biblioteka utøver ein språkpolitisk aktørskap gjennom til dømes innkjøp, eigen språkbruk, formidling og valarkitektur.

##### *4.3.1 Val av metode*

Målet med spørjeundersøkinga var å samla inn både kvantitative og kvalitative data. For å få til dette hadde eg både opne og lukka spørsmål, slik at respondentane laut svara på både spørsmål med ferdige svaralternativa og nokre spørsmål der dei kunne svara fritt (Larsen, 2008, s. 44–45). Ved lukka spørsmål er ei ulempe at det kan oppstå misforståingar, og at respondentane kan verta pressa inn i ei tankebane som gjev skeivt inntrykk. Dette kan ein unngå med opne spørsmål, men ei ulempe her er at det krev meir å svara på dei enn på lukka spørsmål, og det kan vera krevjande å samanlikna svara om respondentane har svara veldig ulikt. Eg heldt meg til Larsen (sst.) sitt råd om å blanda opne og lukka spørsmål, men avgrensa talet på opne spørsmål.

---

<sup>15</sup> F2: I kva grad ser folkebiblioteka på seg sjølve som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk?

F3: Kva språkpolitiske val og tiltak for å fremja eller ikkje fremja nynorsk finn me i norske folkebibliotek?  
F4: Kva motiverer desse vala i norske folkebibliotek?

#### *4.3.2 Utforming av spørjeskjemaet*

Eg laga eit spørjeskjema med 38 spørsmål der nokre var obligatoriske og andre var valfrie å svara på (sjå vedlegg A). Det siste var i hovudsak opne spørsmål. Nokre få spørsmål fekk respondentane berre om dei svara ja eller nei på det føregåande spørsmålet. Her ynskte eg å få utfyllande kommentarar til ja-et eller nei-et. Dels for å få meir informasjon frå respondentane, men òg for å avdekkja om eg og dei forstod spørsmåla likt.

Haraldsen skil mellom tre hovudtypar av spørsmål: faktaspørsmål, haldningsspørsmål og åtferdsspørsmål (1999, s. 163). Eg hadde nokre faktaspørsmål for å freista å skilja ut ulike rammevilkår for biblioteka og samfunnet kring dei. Til dømes var det nyttig å kunne skilja ut bibliotek etter innbyggjartalet i kommunen, språkvedtak, opplæringsspråk i skulen og fylkestilhørsle.

Nokre av desse spørsmåla var lette å svara på, andre var vanskelegare. Når ein formar ut faktaspørsmål, er ofte hovudproblema at tilhøva ein spør om, kan vera ukjende for respondentane og at svaralternativa kanskje må avgrensast i samband med spørsmålet (Haraldsens, 1999, s. 200). Eit døme er at somme respondentar var usikre på om det var nynorskelever i kommunen.

For å gjera slike spørsmål lettare freista eg å bruka kategoriar andre har nytta. Eg har til dømes bruka Statistisk sentralbyrå si klassifisering av kommunar etter innbyggjartal (2016, sjå vedlegg A, spørsmål 26). Eit tilleggsSpoeng er at dette kan gjera funna mine lettare å sjå i samanheng med annan statistikk og forsking. Når det gjeld nynorskspesifikke spørsmål, har eg ofte formulert spørsmåla meir overordna enn detaljert. Til dømes har eg spurt om det finst nynorskelever i kommunane, ikkje om dei er i fleirtal eller mindretal (sjå vedlegg A, spørsmål 20).

For å finna ut kva biblioteka gjer eller ikkje gjer, brukar eg åtferdsspørsmål. Til dømes når eg spør kva tiltak dei gjer eller ikkje gjer for å fremja nynorsk, eller kva språk dei brukar på sosiale medium. Her kan hovudproblema vera at respondentane gjev generelle svar sjølv om spørjeskjemaet spør etter konkrete hendingar (Haraldsen, 1999, s. 200). Sidan eg ikkje er ute etter konkrete enkelhendingar (t.d. kor ofte dei tilrår nynorskbøker til lånarar, eller kva boka dei snakka om på førra litterære arrangement), kan denne tendensen vera til min fordel. Eg har freista å synleggjera kva eg meiner med omgrep som tiltak, og gjeve respondentane høve til å kommentera i opne felt om svaralternativa ikkje passar, i tråd med Haraldsens råd (1999, s. 170).

Haldningsspørsmåla skulle seia noko om kvifor biblioteka gjer som dei gjer. I skjemaet mitt bad eg respondentane om å ta stilling til påstandar om kor viktig det er med nynorsk litteratur i biblioteka, og kva som eventuelt ville fått dei til å gjera meir nynorsk litteratur tilgjengeleg. Svara eg får, kan vera med å syna kva som kan motivera vala biblioteka gjer – som igjen kan seia noko om kva aktørskap biblioteka opplever at dei har. Eg har utforma påstand-spørsmåla ved å bruke ein intensitetsskala der respondentane må ta stilling til å i kva grad dei er samde i påstandane. Slik prøvde eg å finna ut kor djupt meiningsane sat, og i kva grad dette er ein sentral verdi for dei som svarar (sst., s. 181).

Då eg skulle forma ut spørjeskjemaet, hadde eg i bakhovudet at eg ynskte å kartleggja stoda for nynorsk i folkebiblioteka sidan det ikkje er gjort nokon vitskaplege granskingar av dette før. Eg prøvde òg å vera medviten om at eg gjekk inn med nokre fordomar om kva eg kunne venta meg av svar, og kva bibliotekstilsette kunne meina, men at det kunne vera mangt og mykje eg ikkje visste om feltet og eventuelle språkpolitiske diskusjonar i biblioteksektoren. Difor valde eg å ha fleire opne spørsmål for å gje rom for innspel og tilbakemeldingar eg ikkje hadde tenkt på at eg kunne spørja om.

#### *4.3.3 Utval og populasjon*

Då eg arbeidde med spørjeundersøkinga, var målet at svara eg fekk inn skulle gje eit bilet av stoda i folkebiblioteka. Samstundes måtte eg gjera nokre val om kven eg skulle senda spørjeskjemaet til, og kven eg skulle velja vekk.

Når det gjeld andre variablar, gjorde eg ein del viktige avgrensingar når eg valde temaet, problemstillinga og forskingsspørsmåla. Eg avgjorde at eg skulle granska biblioteka som institusjonar og ikkje dei tilsette personleg.<sup>16</sup> Allereie her er ei kraftig avgrensing, frå alle 2460 tilsette<sup>17</sup> i biblioteka til folkebiblioteka i dei 356 kommunane i Noreg.<sup>18</sup>

Eg skulle granska folkebibliotek og ikkje bibliotek generelt. Det medførte at alt frå Nasjonalbiblioteket, fylkesbiblioteka, mobile bibliotekeiningar som bokbuss eller bokbåt, fag- og forskingsbiblioteka, skulebiblioteka på grunnskular og vidaregåande skular og

---

<sup>16</sup> I innleiinga til spørjeskjemaet skriv eg til dømes: «Eg vil gjerne at du svarar på vegner av biblioteket ditt. Det er fint om du drøftar spørsmåla med andre tilsette på biblioteket om du har tid og høve til det» (sjå vedlegg A).

<sup>17</sup> Talet er henta frå 2020 Rådata på Nasjonalbibliotekets statistikk sider og er det totale talet på tilsette i folkebiblioteka dette året (Nasjonalbiblioteket, 2021b).

<sup>18</sup> Eit anna fråfall er at det ikkje er slik at alle kommunar har bibliotek, trass i paragraf 4 i folkebiblioteklova. Flakstad kommune og Moskenes kommune hadde i 2020 ikkje eigne folkebibliotek (Hopland, 2021, s. 42).

institusjonsbibliotek ved sjukehus og fengsel ikkje var aktuelle, so sant dei ikkje òg var folkebibliotek.

Jacobsen skildrar vegen frå alle me er interesserte i å seia noko om, altso den teoretiske populasjonen for spørjeundersøkinga, til det endelege utvalet av einingar (det faktiske utvalet) og det endelege talet på svar, som ein serie av fråfall (2015, s. 290–291).

Det første fråfallet, frå den teoretiske til den faktiske populasjonen, kjem av at det er vanskeleg å få oversyn over og finna kontaktinformasjonen til alle teoretiske respondentar. Det andre fråfallet, frå faktisk populasjon til teoretisk utval, handlar i stort om kva utvalsmetodar me brukar om me ikkje kan eller vil spørje alle i ein populasjon. Det tredje og fjerde fråfallet, frå teoretisk til faktisk utval og sidan til dei faktiske svara, kjem av ulike former for ikkje-svar. Alt frå at spørjeskjemaet ikkje kjem fram, at respondentane ikkje orkar å svara, at dei ikkje ynskjer å svara, eller at dei ikkje klarar å svara, til at dei ikkje svarar på alle spørsmåla (Jacobsen, 2015, s. 307–308).

Avgrensingane startar eigentleg tidlegare enn dette. Før fråfalla definerte eg kven eg ville seia noko om, og avgrensa slik populasjonen og avgjorde då kva gruppe eg ville at granskinga skulle vera gyldig for. Jacobsen sorterer dette som avgrensingar i *rom, tid og andre variablar* (2015, s. 291–292). Når det gjeld rom, er det ei avgrensing at eg ville granska bibliotek i Noreg, og ikkje i andre land. Eg ville dessutan sjå på bibliotek i heile landet, og ikkje berre ein del av landet, til dømes nynorskområda. Når det gjeld tid, ville eg sjå på bibliotek i dag og ikkje på nedlagde bibliotekavdelingar eller bibliotek som er planlagde i framtida.

Då eg valde ut kva folkebibliotek eg ynskte å senda spørjeundersøkinga til, hadde eg eit vrient spørsmål føre meg: Var målet å nå alle bibliotekavdelingar, eller skulle eg rekna alle avdelingane i ein kommune som eitt bibliotek?

Det var gode grunnar til å halda seg på kommunenivået. Det er enkelt, oversynleg og ryddig. Samstundes er det slik at mange kommunar har mange bibliotekavdelingar som er opne dei fleste dagane i veka, som har fleire tilsette, og som held til i ganske ulike lokalmiljø, og som kan ha ein eigen profil. Dersom spørjeundersøkinga berre vart sendt til ei e-postadresse i Oslo, risikerte eg å gå glipp av interessant informasjon om korleis praksisen ymsar mellom ulike avdelingar. Dessutan er sjansen for at eg i alle fall får eitt svar frå ein kommunen, større om eg sende til fleire bibliotekavdelingar.

Nokre kommunar har mange små avdelingar med korte opningstider. Til dømes har Suldal fem bibliotekavdelingar som berre er opne éin dag i veka (Ryfylkebiblioteket, u.å.). Det er ikkje urimeleg å gå ut frå at desse avdelingane er so små at dei vert drifta av ein eller nokre få tilsette, og at dei ikkje er so ulike at det har noko føre seg å senda til kvar einskild avdeling. Annleis er det i Sandnes, som har fire filialar som alle er opne fleire dagar i veka. Her kjem me inn på ein annan grunn til å ha med avdelingane til biblioteka. Ei av desse avdelingane, Forsand, låg fram til 2020 i ein sjølvstendig nynorskkommune (Askheim, Thorsnæs & Helleve, 2022), og ei anna, Høle, ligg knytt til ein nynorsk skulekrins (Hjalmarsson, 2017). Her hadde det vore interessant å senda spørjeundersøkinga til alle avdelingane, for å freista å få fram eventuelle skilnadar mellom dei.

Målet mitt var å få svar frå flest mogleg ulike typar folkebibliotek med ulik profil, praksis og politikk. Det enda med at eg gjekk gjennom nettsidene til alle folkebiblioteka i landet og valde ut biblioteka på grunnlag av desse kriteria:

- Minst eitt bibliotek per kommune
- Er bibliotekavdelingane opne ein eller fleire dagar i veka?
- Ligg bibliotekavdelingane i kommunar som har vore samanslegne som ein del av kommunereforma frå 2014 til 2020 (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2020)?
- Er det spesielle språkpolitiske realitetar knytte til delen av kommunen bibliotekavdelinga ligg i (til dømes nynorsk skulekrins i ein språknøytral kommune)?

Nokre bibliotekavdelingar som berre var opne éin dag i veka kom med, til dømes om dei før 2014 låg i ein sjølvstendig kommune eller var i ein spesiell språkpolitisk situasjon.

Eg sende i utgangspunktet spørjeundersøkinga ut til e-postadressene til 469 folkebibliotek.<sup>19</sup> Dette er bibliotek i dei 356 kommunane me har i dag. I mange av dei er det, som tala viser, fleire bibliotek eller bibliotekavdelingar.<sup>20</sup>

Vegen frå den teoretiske populasjonen *alle folkebiblioteka i Noreg anno 2021* til den faktiske populasjonen eg kan uttala meg om, handla i stort om kva kontaktinformasjon eg fekk tak i. Sandnes er eit døme på fråfall 1: at manglande tilgang til kontaktinformasjon på nettet gjorde det for vanskeleg å senda ut til alle avdelingane, sidan e-postadressa til avdelingane i Sandnes

---

<sup>19</sup> Det totale talet på e-postadresser vart til slutt 480. Det kjem av at nokre e-postadresser ikkje fungerte, og at eg fekk tilbakemelding frå nokre respondentar om at dei ikkje hadde fått spørjeundersøkinga og fekk andre e-postadresser frå desse.

<sup>20</sup> Ofte kalla bibliotekfilialar.

ikkje låg ute på nettsida i januar 2021. Vurderinga mi var at det ville ta for lang tid å kontakta kommunane om kontaktinformasjonen til filialane som mangla.<sup>21</sup>

Når det gjeld fråfall 2, frå faktisk populasjon til teoretisk utval, går det an å gjera eit sannsynsutval eller eit ikkje-sannsynsutval, eller ein kan gjera fråfallet irrelevant ved å spørja alle i populasjonen. Det går an å diskutera kva type utval eg har valt. Eg har ikkje gjort eit sannsynsutval: eit utval som er trekt ut tilfeldig (Jacobsen, 2015, s. 298). På ein måte går det an å seia at utvalet mitt vippar mellom å spørja (nesten) heile populasjonen og å gjere eit ikkje-sannsynsutval, eit utval som byggjer på skjønn. Hadde eg valt å sende ut berre til kvar kommune, og sende ut til alle 356, ville derimot fråfallet frå faktisk populasjon til teoretisk utval vore uvesentleg.

#### *4.3.4 Gjennomføring av spørjeundersøkinga og metodekritikk*

Fråfall 3 og 4, frå teoretisk til faktisk utval og sidan til dei faktiske svara, skjer som ein del av gjennomføringa av spørjeundersøkinga. Det eine fråfallet kjem av dei respondentane som ikkje kan eller vil svare undersøkinga i det heile, og det andre av dei som fell frå på enkelspørsmål (Jacobsen, 2015, s. 306–308). For å minska desse fråfalla kan ein personalisera spørjeskjema, purre, tilby anonymitet, understreka kor nyttig spørjeskjemaet er, tilby premiar og ikkje ha for lange eller kompliserte spørjeskjema (Jacobsen, 2015, s. 309–310).

Eg nytta tenesta nettskjema.no til å laga og gjennomføra spørjeundersøkinga på nett.<sup>22</sup> Invitasjon til å svara på spørjeundersøkinga vart send ut frå nettskjema.no 4. mai 2021. Eg sende ut purringar via nettskjema 29. juni og 2. august. Det siste svaret kom 13. september 2021.

Nokre av biblioteka fall frå av di dei av tekniske grunnar ikkje fekk tilsendt spørjeundersøkinga. Eg fekk fleire feilmeldingar på e-posten eg sende ut med informasjon om spørjeundersøkinga. Etter kvart som svara tikka inn, vart det tydeleg at innbydinga frå nettskjema.no ikkje kom fram til alle e-postadressene. Dette stadfesta e-postmeldingar eg fekk frå bibliotek som ikkje hadde fått innbydinga frå nettskjema. I slike tilfelle bad eg dei senda meg den personlege jobb-e-postadressa si.

---

<sup>21</sup> Sidan det ikkje finst nokon offentleg tilgjengeleg liste med e-postadresser til biblioteka i Noreg, laut eg som sagt laga denne sjølv. Her kan eg sjølv sagt ha gjort feil, slik at e-postadresser som var tilgjengelege, ikkje vart fanga opp.

<sup>22</sup> Tenesta er utvikla av Universitetet i Oslo (2021). Eg testa ut tenesta i ei semesteroppgåve tidlegare i masterstudiet.

Særleg påfallande var det at eg lenge ikkje fekk svar frå biblioteka i Oslo. Difor valde eg å senda ei ekstra oppmading til desse om å få tilsendt dei personlege jobb-e-postadressene til avdelingsleiarane på biblioteka. Dette resulterte i at eg fekk fleire svar på spørjeskjemaet.

Det var fire som svara på purre-e-postane og sa at dei ikkje ynskte å svara på spørjeundersøkinga. Sett vekk frå biblioteket på Svalbard, som meinte at undersøkinga ikkje høvde for dei,<sup>23</sup> var det to bibliotekavdelingar som rekna med at hovudbiblioteket i kommunen svara på undersøkinga. Kanskje fordi dei rekna seg som *eitt* bibliotek og ikkje fleire. Ein biblioteksjef svara at han ikkje hadde tida til å svara på skjemaet, sidan det var so langt og omfattande. Vedkomande gav meg i staden nokre korte refleksjonar om temaet per e-post.

Her kjem me inn på ein mogleg grunn til at svarprosenten ikkje var høgare enn 40,9 prosent. Det er ikkje utenkylog at fleire tykte at skjemaet var for langt. Med 30 obligatoriske spørsmål, i tillegg til friviljuge utgreiingsspørsmål, var skjemaet relativt langt. To av dei obligatoriske spørsmåla kravde at respondentane skreiv med eigne ord. Haraldsen meiner det er mykje som talar for at opne svaralternativ er noko meir krevjande enn lukka spørsmål (1999, s. 91). Eg ville truleg fått fleire svar med færre spørsmål og færre opne spørsmål.

Dette sneiar òg innom ein annan måte å motverka fråfall på som eg ikkje har nytta meg av. Eg kunne ha personifisert spørjeskjema og hatt færre spørsmål gjennom å tilpassa skjema til ulike typar kommunar. Til dømes etter kva tenestespråk kommunane hadde. Eg såg det som for tidkrevjande å gjera slike tilpassingar, noko som kan ha ført til færre svar.

Tre råd frå Jacobsen som eg fylgde, var å senda purringar, å tilby anonymitet og å understreka nytten til spørjeskjemaet<sup>24</sup> (2015, s. 309–310). Eg har inntrykk av at dette har ført til fleire svar, mellom anna ved at fleire av dei eg har vore i kontakt med per e-post, har gjeve uttrykk for at tematikken er viktig og interessant.

Når det gjeld fråfall frå enkeltpørsmål, fråfall 4, har eg i stor mon sikra meg mot dette ved å gjera spørsmåla obligatoriske i nettskjema.no. Det negative her er at respondentar som kanskje ville ha svara på nokre av spørsmåla, fall frå heile spørjeundersøkinga.

---

<sup>23</sup> Biblioteket i Longyearbyen på Svalbard grunngav avgjerda med at dei ikkje er ein kommune og ikkje høyrer heime i eit fylke. Dette kunne eg teke omsyn til ved å ha eit ekstra svaralternativ, til dømes ein open kategori som «anna». På den andre sida gjeld dette få, og opnar for at andre kunne ha kryssa av feil eller misforstått.

<sup>24</sup> Dette gjorde eg ved å skriva at «Å få svar frå biblioteket dykkar vil vera til stor hjelpe for forskinga mi og gje meg eit meir fullstendig bilet av situasjonen ved norske folkebibliotek» (sjå vedlegg D.2).

#### *4.3.5 Analysen av funna: spørsmål med faste svaralternativ*

Dei kvantitative dataa eg har samla inn frå spørsmåla med faste svaralternativ, har eg granska på fleire måtar. Ein *univariat* analyse er den enklaste forma for statistisk analyse. Då ser eg på fordelinga av ein variabel, og gjennom ei frekvensfordeling: Kor mange einingar som har dei ulike verdiane til ein variabel (Larsen, 2008, s. 60). Eit døme på data som kan framstilla gjennom ein slik analyse, er kor mange av biblioteka som meiner at det er viktig å formidla nynorsk litteratur til born og unge.

Om me skal sjå på samanhengar mellom to variablar, må me nytta oss av *bivariate* analysar gjennom til dømes krysstabellar (Larsen, 2008, s. 64). Bivariat analyse kan me bruka til å få fram samvariasjonen mellom to variablar, altso om «en verdi på én variabel går systematisk sammen med en verdi på en annen variabel» (Jacobsen, 2015, s. 331). I prosjektet var det interessant å sjå på skilnadar mellom korleis folkebibliotek i nynorskkommunar, bokmålskommunar og språknøytrale kommunar svarar på dei ulike spørsmåla. Eit anna døme er om det var skilnadar mellom folkebibliotek i kommunar med og utan nynorskelevar.

Sidan eg i hovudsak spør etter informasjon om folkebiblioteka som institusjonar, og ikkje dei enkelte bibliotektilsette, vil det truleg ikkje vera veldig mange ulike variablar som må jamførast. Difor har eg ikkje gjort analysar med fleire variablar enn to, sokalla *multivariate* analysar (Larsen, 2008, s. 66).

Kva analysar eg kan gjera, kjem mykje an på kva typar svaralternativ eg har lagt opp til. Jacobsen skil mellom tre ulike typar svaralternativ eller målnivå (2015, s. 314). Kategoriske svaralternativ finn du i spørsmål me brukar til å få fram likskapar og ulikskapar. I slike spørsmål kan du berre krysse av for eitt alternativ, og dette er ulikt dei andre alternativa. Nominalt målnivå er eit anna ord på dette målenivået (sst.).

Rangordna svaralternativ liknar dei kategoriske svaralternativa ved at dei ulike alternativa skil seg frå kvarandre. Kategoriane skal i tillegg rangerast, anten i stigande eller dalande rekjkjefylge. Dette vert òg kalla ordinalt målenivå (sst.).

Metriske svaralternativ brukar me når einingar har kryssa av i to ulike kategoriar, er ulike og kan sorterast etter rang. Kategoriane kan dessutan rangerast nøyaktig etter kvarandre. Desse svaralternativa vert ogso kalla forholdstalsnivå.

Føremålet med målenivåa er at dei skal vera til rettleiande hjelp når me skal velja kva statistiske mål og rekneoperasjonar me skal gjera. Men dette er ikkje noko me skal fylgja

slavisk i alle høve (Larsen, 2017, s. 45). Ringdal seier det slik: «En variabel har ikke nødvendigvis ett fastlagt målenivå, men det avhenger av hva en variabel er ment å måle. Hvis lønnsnivået brukes som indikator på en persons levestandard, er ikke variabelen nødvendigvis på forholdstallsnivå.» (Ringdal, 2018, s. 97–98)

Det kjem med andre ord an på kva me vil freista å finna ut av ved å granska dei ulike variablane. Eit døme er at rangordna variablar med mange kategoriar ofte vert nytta i statistiske analyseteknikkar som i regelen krev variablar på intervallnivå.

I spørjeskjemaet er det totalt tjue ordinære spørsmål som har svaralternativ, tolv ordinære spørsmål med fritekstsvar eller tilsvarande i tillegg til seks personvernspørsmål som er ja/nei-spørsmål. Eg meiner at spørsmåla passar mest heime i rangordning og kategorisk målenivå, og at ingen av dei er i intervall eller metriske målnivå.

Men om me ser på dei tjue ordinære spørsmåla med svaralternativ, er ikkje alle like enkle å dele inn i målenivå. I spørsmål 1 til 4 er det rangordna: Her ber eg svararane om å ta stilling til ein påstand i kvart spørsmål, som dei skal seia om dei er heilt samde, delvis samde, korkje samde eller usamde, delvis usamde eller heilt usamde. Tipset frå Jacobsen er at di meir positivt lada eit svaralternativ er, dess høgare rangert skal det vera (2015, s. 315). Når eg rekna på signifikante skilnadar mellom ulike typar respondentar, brukte eg påstandane i spørsmål 1 til 4.

Ellev spørsmål høyrer heime på kategorisk målenivå. Spørsmåla har det til felles at dei handlar om kategoriar som ikkje beint fram kan rangerast. Eit døme på dette er spørsmål 15, som handla om kva språk biblioteka brukar på mellom anna hyllesignaturar, med alternativa *berre bokmål, berre nynorsk, vekslar mellom nynorsk og bokmål* og *andre språk (engelsk, samisk, anna)*. Desse kategoriane gjev det ikkje mening å rangere etter stigande eller dalande storleik, positivitet eller andre rekkrer. Eg har òg valt å ha dikotomiane, ja/nei-spørsmåla, i denne kategorien, sjølv om det stundom går an å seie at ja er meir «positivt», og dei difor kunne reknast som rangordna.

For å finna fram til eventuelle signifikante skilnadar har eg brukt programmet SPSS til å gjennomføra anova-testar (One-Way ANOVA) og t-testar (Independent Samples T Test). Her brukte eg påstandane i spørsmål 1 til 4 og rekna på kor positive svar eg fekk frå dei ulike gruppene.

Av dei to hovudtypane statistisk generalisering nytta eg ikkje estimering, som går ut på å rekna frå ein eigenskap ved eit sannsynsutval og korleis denne står seg til den tilsvarende eigenskapen ved populasjonen, men hypotesetesting (Grønmo, 2004, s. 435). Hypotesetesting er å avklara om ein samanheng i eit utval er sterkt nok til at samanhengen kan gjelda også for populasjonen (sst., s. 437). I oppgåva vert dei to hypotesestestane anova-test og t-test nytta.

For å gjera ei hypotesetesting må eg setja opp ein hypotese som føreset ein samanheng mellom to variablar. Til dømes «Det er samanheng mellom folketalet i kommunen og om folkebiblioteket meiner at nynorsktiltak skal prioriterast» (H1). Opp mot denne må me setja ein nullhypotese, som føreset at det *ikkje* er samanheng mellom dei to variablane. Dømet vert då «Det er ikkje samanheng mellom folketalet i kommunen og om folkebiblioteket meiner at nynorsktiltak skal prioriterast» (H0). I hypotesestesten er det nullhypotesen som vert testa, sidan det er lettare å forkasta ein hypotese enn å stadfesta han (Grønmo, 2004, s. 346). I denne oppgåva er nullhypotesen at det ikkje er samanheng mellom variabelen eg ser på, og kor positive respondentane i gruppa er til påstandane i spørsmål 1 til 4. Signifikansnivået (P-verdien) seier oss kor stort sannsyn det er for å ta feil når me forkastar nullhypotesen, og det er 0,050 eller lægre (sst., s. 444).

Anova er forkorting av det engelske omgrepene *analysis of variance*, og vert på norsk ofte kalla variansanalyse eller F-test (Grønmo, 2004, s. 352). Ein anova-test er ei generalisering av t-testen for to utval som gjer det mogleg å testa hypotesar om skilnadar mellom fleire enn to gruppejennomsnitt samstundes (Ringdal, 2018, s. 532).

Ein t-test er ein statistisk metode som kan nyttast til å sjå om ein skilnad mellom to grupper i utvalet også vil vera til stades mellom dei same gruppene i ein populasjon (Jacobsen, 2015, s. 370). Om gjennomsnittet i dei to gruppene er ulike nok til at dei truleg er ulike i populasjonen. Eg har teke utgangspunkt i at signifikansnivået P=0,050.

Med unntak av der eg har rekna på signifikans, har eg stort sett nytta meg av Excel til å gjera undersøkingane mine. Det meste av det eg gjer, kan kategoriserast som deskriptiv statistikk: «[s]tatistiske metoder som brukes til å identifisere, beskrive og karakterisere faktiske mønstre i datamateriale» (Grønmo, 2004, s. 434).

#### *4.3.6 Analysen av funna: spørsmåla med opne svaralternativ*

I spørjeskjemaet er det totalt ti opne spørsmål, og nokre av dei dukkar berre opp om ein kryssar av på spesifikke svaralternativ på det førre spørsmålet. Anten respondenten svara ja

eller nei på spørsmål 8, om biblioteket fremjar nynorsk eller ikkje, fekk hen to obligatoriske oppfylgingsspørsmål om kva tiltak biblioteket gjer, og kva som ligg til grunn for vala deira.

Svara eg har fått på desse spørsmåla har eg gått gjennom, klassifisert og sidan talt opp for å finne ut kor mange svar som hamnar i dei ulike kategoriane. Fritekstsvara er òg bruka som utdjuping og forklaring til desse oppteljingane og svara eg har fått på spørsmåla med faste svaralternativ.

I innhaldsanalysen har eg freista å fylgja framgangsmåten Larsen føreslår før ein tek til med koding og klassifisering av tekstar: å lesa gjennom alle tekstane for å få eit heilskapleg inntrykk, so lesa på nytt medan du tek notat, og til sist lesa gjennom for å planleggja kodinga og klassifiseringa (Larsen, 2017, s. 114–115). Starten på klassifiseringa var å gruppera sitat etter likskap og på ein måte som er relevant for problemstillinga. Eg har so koda materialet ved å sortera svar med liknande meiningsinnhald. Grønmo kallar dette ei open koding, der dei empiriske dataa eg hadde føre meg var styrande for kva kodar eg valde (2016, s. 267–268).

Kodar kan vera anten deskriptive, fortolkande eller forklarande (sst.). Deskriptive kodar skal skildre karakteristikkar av det faktiske og eksplisitte innhaldet i teksten, i mitt tilfelle fritekstsvara. Fortolkande kodar gjev uttrykk for mi tolking av innhaldet i svara. Forklarande kodar er mi forklaring av tilhøva som er omtala i svara.

Eg har hatt som mål å gje deskriptive kodar. Dette målet har vorte utfordra av eit ynske om å samla like og liknande svar i store nok kategoriar til at dei kan gje mening.

I oppgåva mi har eg valt å sortera fritekstsvara etter kva dei svara på spørsmål 8. Svara frå respondentane som har svara ja, er sett inn i eitt Excel-skjema for tiltak dei gjer for å fremja nynorsk, og eitt for kvifor dei har valt å fremja nynorsk. Sameleis er fritekstsvara frå respondentane som svara nei, sett inn i eitt skjema der eg tek føre meg dei tiltaka dei likevel gjer, og eitt for grunngjevingane deira.

## **5. Kvalitativ, retorisk analyse av politiske styringsdokument**

Eit utval bibliotekpolitiske dokument er fyrste del av datamaterialet i denne granskinga. I dette kapittelet går eg først gjennom kva type dokument som vert handsama, og kva utval eg har gjort, før eg går gjennom analysane.

### 5.1 Gjennomgang av dokumenta

For å kunne ta fatt på analysen av dokumenta seinare, må eg først gå gjennom kva type dokument som er aktuelle, og kva som kjenneteiknar desse. I samband med dette går eg gjennom ulike typar statlege, regionale og kommunale bibliotekpolitiske dokument, nokre aktuelle språkpolitiske dokument og ser på i kva grad desse seier noko om koplinga mellom bibliotek og språkpolitikk. Til sist skal eg gå gjennom kva dokument eg valde ut til analysen min.

#### *5.1.1 Kommunale og fylkeskommunale planar*

Norske kommunar og fylkeskommunar skal ha visse planar som styrer arbeidet på forvaltningsnivået og i området.

Etter plan- og bygningslova skal alle kommunar ha ein kommunal planstrategi som regulerer kva planar ein kommune skal ha, og denne skal rullerast minst kvart fjerde år (2008, § 11-1). Det er i den kommunale planstrategien ein kommune vedtek om han eventuelt skal ha bibliotekplan, kulturplan, språkbruksplan eller språkprofil.<sup>25</sup> Ingen av desse dokumenta er lovpålagde i Noreg, og difor varierer det mykje om kommunane har slike planar, og eventuelt korleis planane på kulturfeltet er organiserte.

Kvart fjerde år legg regjeringa fram dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging og vedtek dei ved kongeleg resolusjon (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2019). Førre gong dette vart gjort, var i 2019, og då la regjeringa Solberg fram ei eksplisitt språkpolitisk forventing som gjeld dei samiske urfolksspråka: «Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for å styrke samiske språk, samisk kultur og samisk næringsgrunnlag i planlegginga, når det er relevant» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019, s. 11). Elles stiller skrivet ingen krav til planverk som gjeld kultur, språk eller bibliotek.

I plan- og bygningslova er det eit krav at alle kommunar skal ha ein kommuneplan (2008, § 11-1). Denne planen skal ha ein arealdel og ein samfunnsdel. Samfunnsdelen skal ha ein

---

<sup>25</sup> Språkprofilar vert ofte vedtekne i administrasjonen og ikkje av politikarane.

handlingsdel som vert rullert kvart år, og den fortel kva kommunen har som mål å gjera i året som kjem. Nokre kommunar, som Sula kommune, har språkpolitiske formuleringar som gjeld bibliotek i handlingsdelen sin (Sula kommune, 2020, s. 5).

På lokalt og regionalt nivå varierer det frå region til region om det finst lokale eller regionale bibliotekplanar. Då eg leita etter kva dokument som styrer regionale og kommunale bibliotek, leita eg difor både etter dokument som primært var språkpolitiske, og dokument som var kultur- eller bibliotekpolitiske. Nokre av dokumenta fekk eg tilsende gjennom spørjeskjemaet, nokre fekk eg tilsende på e-post etter spørsmål 30. mars 2021 til fylkesbiblioteka, og mange fann eg gjennom å leita meg gjennom nettsidene til bibliotek, kommunar og fylkeskommunar.

Den mest systematiske gjennomgangen hadde eg i starten av 2021. For å få tak i e-postadressene eg trengde til spørjeundersøkinga, gjekk eg då gjennom so godt som alle nettsidene til folkebiblioteka og mange av kommunane i Noreg. Då undersøkte eg òg om folkebiblioteka og kommunane hadde tilgjengeleg slike dokument på nettsidene sine.<sup>26</sup>

Mellom dei regionale og kommunale *språkpolitiske* dokumenta var det to hovudtypar – språkbruksplanar og språkprofilar. Eg har ikkje funne nokon fullgode definisjonar på dei to ulike dokumenttypane. I gjennomgangen fann eg ut at språkbruksplanar legg hovudvekta på språkpolitikken til eit fylke eller ein kommune, det me kan kalla statusplanlegging, medan språkprofilar handlar mest om klarspråkarbeidet i fylkes- eller kommuneadministrasjonen, det me kan kalla korpusplanlegging. Men skriveråd som minner om klarspråk har ein sentral plass i språkbruksplanane, og som regel er det nokre overordna språkpolitiske formuleringar i språkprofilane.

Eg har ikkje funne noka fullgod dokumentasjon på utbreiinga av språkbruksplanar. I overgangen mellom 2010 og 2011 freista Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Nynorsk kultursentrum å kartleggja bruken av nynorsk i nynorskkommunar ved å senda ut ei spørjeundersøking til 114 nynorskkommunar og 11 språknøytrale kommunar der nynorsk var i utbreidd bruk. Ingen av spørsmåla handla direkte om språkbruksplanar, men eitt av spørsmåla gjaldt om språkpolitiske tiltak var ein del av planverket i kommunen. I spørjeundersøkinga vart språkpolitiske tiltak definert som «ordningar som skal fremje kunnskap og medvit om språk» (2011, s. 10).

---

<sup>26</sup> Mange av dei hadde ikkje det, og eg har nok ikkje har fått med meg alle slike planar. Målet var heller ikkje å finna alle, men å få tak i nok til å gjera eit utval. Eg valde likevel å gå breitt ut for å få veta mest mogleg om kva som fanst, og slik minska sjansen for å gå glipp av særleg interessante dokument.

Mellom dei 83 kommunane som svara på undersøkinga, var det 19 prosent som svara at dei hadde slike tiltak som ein del av planverket i kommunen, og 81 prosent som svara nei.

Mellom kommunane som svara at dei var nynorskkommunar, var det 23 prosent som svara ja, og 77 prosent som svara nei (sst.).

LNK opplyste i 2016 at 30 av medlemskommunane deira hadde språkbruksplan (2016, 1. avsnitt). Der kjem det fram at desse planane ofte byggjer på ein mal LNK har utarbeidd, og det ligg ope ute språkbruksplanmalar for både nynorskkommunar og språknøytrale kommunar. Bibliotek er ikkje nemnt i malane. I LNKs handlingsplanen for 2020–2022 er det eit mål for organisasjonen å «arbeida for at kommunane vedtek språkplanar og integrerer desse i kommunale planverk» (2021). Talet på kommunar med språkbruksplanar kan ha gått noko ned, sidan talet på medlemskommunar i LNK har gått ned. I samband med kommunesamslåingane på slutten av 2010-talet, gjekk LNK frå å ha 104 medlemskommunar i 2019 til å ha 84 medlemskommunar i 2021 (LNK, 2020, s. 14).<sup>27</sup>

Materialet mitt tyder på at språkbruksplanar er eit fenomen i nynorskkommunar og språknøytrale kommunar der nynorsk har ei viss utbreiing, medan språkprofilar finst i både bokmåls- og nynorskkommunar og i språknøytrale kommunar (sjå vedlegg B.1 og B.2). Difor var det eit poeng å gå gjennom det eg har fått tak i av begge typene språkplanar.

### *5.1.2 Gjennomgang av kommunale og fylkeskommunale språkpolitiske dokument*

Eg har gått gjennom 20 språkbruksplanar, vedtekne i perioden frå 1998 til 2021, frå nynorske og språknøytrale kommunar og fylkeskommunar (sjå vedlegg B.1). Mellom desse var det seks språkbruksplanar som nemnde bibliotek (30 prosent). Fire<sup>28</sup> av desse har enkle formuleringar som liknar på den me finn i Herøy kommune sin språkbruksplan: «Biblioteket skal syte for å ha eit variert og godt tilbod av litteratur på nynorsk» (2017, s. 2). To av kommunane, Kvinnherad kommune og Sogndal kommune, har fleire formuleringar som direkte og indirekte handlar om bibliotek, i språkbruksplanen sin.

Eg har gått gjennom 28 språkprofilar, vedtekne i perioden frå 2012 til 2022, frå nynorskkommunar, bokmålskommunar og språknøytrale kommunar (sjå vedlegg B.2). 23 av dei tek føre seg språkpolitikk kring nynorsk og bokmål på eit overordna nivå, men ingen av dei tek føre seg bibliotekpolitikk.

---

<sup>27</sup> Organisasjonen har i skrivande stund ikkje fått oppdaterte tal på kor mange kommunar som har språkbruksplanar (S.O. Langåker, personleg kommunikasjon, 18. mars 2022).

<sup>28</sup> Radøy (no del av Alver), Herøy, Ål og Gloppen kommunar.

For å sjå på dokument utanfor den norskspråklege samanhengen har eg òg gått gjennom dei ti samarbeidsavtalane Sametinget har inngått med fire bykommunar og fem fylkeskommunar (sjå vedlegg B.3). Av desse ti avtalane er det ni som tematiserer bibliotekpolitikk og språkpolitikk i samanheng (90 prosent). Berre samarbeidserklæringa mellom Sametinget og Oslo kommune tek ikkje eksplisitt føre seg litteratur- og bibliotekpolitikk (2016).

Det er sjølv sagt store skilnadar mellom samarbeidsavtalane, språkbruksplanane og språkprofilane. Medan plandokumenta er interne dokument, vedtekne av anten politikarane eller administrasjonen, er samarbeidsavtalane dokument Sametinget og fylkeskommunen eller kommunen har forhandla seg fram til semje om. Likevel er det nokre tydelege mønster som går att. Bibliotek og språkpolitikk er nemnde i 90 prosent av samarbeidsavtalene, 30 prosent av språkbruksplanane og ingen av språkprofilane. Det er altso nesten obligatorisk å skriva om den språkpolitiske rolla til biblioteka i ein samisk samanheng, medan det er uvanleg i ein nynorsk samanheng. Sjansen for språkpolitiske tiltak som handlar om bibliotek, er vesentleg høgare om den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen vedtek ein språkbruksplan, enn om dei vedtek ein språkprofil. Språkprofilane handlar nesten berre om korpusplanlegging, medan språkbruksplanane oftast handlar både om statusplanlegging, opplæringsplanlegging og korpusplanlegging.

#### *5.1.3 Gjennomgang av kommunale og fylkeskommunale bibliotekpolitiske dokument*

Når det gjeld dei reint kulturpolitiske eller bibliotekpolitiske dokumenta til kommunane og fylkeskommunane, er bibliotekplanane ein særleg interessant dokumenttype. Sidan eg har funne so få «reine» bibliotekplanar, var det interessant å sjå på fleire typar dokument. Eg har difor sett på kulturplanar, som ofte har bibliotek som eitt av fleire tema.

Eg har gått gjennom 41 kommunale bibliotek- og kulturplanar (sjå vedlegg B.4.). Av desse er 27 bibliotekpolitiske dokument, medan 14 er kulturpolitiske dokument. Eitt av bibliotekdokumenta er eit bibliotekreglement, som på eit anna vis regulerer folkebiblioteka. To av bibliotekdokumenta er handlingsplanar eller måldokument knytte til budsjettprosessen i den aktuelle kommunen.

Av dei 41 kommunale bibliotek- og kulturdokumenta er det tre (7 prosent) som tematiserer nynorsk, eitt som tematiserer samiske språk (2 prosent), og 20 som tematiserer språklæring for innvandrarar og/eller nyare minoritetsspråk (49 prosent). 19 dokument tematiserer ingen eksplisitte språkpolitiske tema. Fleire av desse er innom tema som kan ha ei språkpolitisk side, som leselyst og lesekampanjar. Det er ingen av dokumenta som eksplisitt tek opp

bokmål, målform/skriftspråk meir overordna, norsk teiknspråk eller dei nasjonale minoritetsspråka.

Fleire av dei som ikkje skriv direkte om nynorsk, er likevel nær å omtala språket eksplisitt. Time kommune har fleire tiltak for å forvalta arven etter nynorskforfattaren Arne Garborg i sin bibliotekplan (Time kommune, 2019). Mellom anna skipar dei til litteraturfestivalen Garborgfestivalen og fyrtårnprosjektet Haugtussaveka (sst., s. 16) og er vertskap for museet Nasjonalt Garborgsenter, som er samlokalisert med folkebiblioteket i kommunen (sst., s. 5). Stord folkebibliotek konkretiserer samarbeidet sitt barnelitteraturfestivalen Falturiltu<sup>29</sup> i sin bibliotekplan (Stord kommune, 2020, m.a. s. 14).

Eg har gått gjennom 17 fylkeskommunale bibliotek- og kulturplanar (sjå vedlegg B.5).<sup>30</sup> Av desse er ti bibliotekpolitiske dokument, medan sju er kulturpolitiske dokument. Nokre av bibliotekdokumenta ser ut til å vera måldokument knytte til budsjettprosessen i den aktuelle fylkeskommunen.

Av dei 17 fylkeskommunale bibliotek- og kulturdokumenta er det seks som tematiserer nynorsk (35 prosent), seks som tematiserer samiske språk (35 prosent), seks som tematiserer norsk språk meir overordna (35 prosent), 11 som tematiserer språklæring for innvandrarar / på nyare minoritetsspråk (65 prosent), to som tematiserer bokmål<sup>31</sup> (12 prosent), og to som tematiserer dei nasjonale minoritetsspråka, nærmere bestemt kvensk (12 prosent). To dokument tematiserer ingen eksplisitte språkpolitiske tema. Alle dokumenta er innom tema som kan ha ei språkpolitisk side, som leselyst og lesekampanjar. Ingen dokument tek eksplisitt føre seg norsk teiknspråk, romanes eller romani.

#### *5.1.4 Gjennomgang av statlege bibliotekpolitiske og språkpolitiske dokument*

Eg har gått gjennom 13 statlege bibliotekpolitiske, kulturpolitiske og språkpolitiske dokument (sjå vedlegg B.6). Av desse er seks bibliotekpolitiske dokument, fem er kulturpolitiske dokument og to er språkpolitiske dokument. Det er to utgreiingar, to strategiar, fem stortingsmeldingar, tre lovproposisjonar og ein lovproposisjon med ein meldingsdel.<sup>32</sup>

---

<sup>29</sup> Falturiltu er ein nynorsk barnelitteraturfestival som vert driven av Stord kommune og får stønad frå Vestland fylkeskommune (Falturiltu, u.å.).

<sup>30</sup> Dokumentet frå Oslo kommune er handsama mellom dei kommunale dokumenta, sjølv om Oslo har både kommunale og fylkeskommunale oppgåver.

<sup>31</sup> Begge i tekstdelar som handlar om nynorsk.

<sup>32</sup> Av tidsomsyn kunne eg ikkje sjå på NOU-ar, innstillingar frå komiteane på Stortinget, høyringssvar, dokument som i hovudsak handlar om utdanningspolitikk, og andre dokument som kunne kasta ljós over den

Av dei 13 statlege dokumenta er det sju som tematiserer nynorsk (54 prosent), elleve som tematiserer samiske språk (85 prosent), ti som tematiserer norsk språk meir overordna (77 prosent), ti som tematiserer språklæring for innvandrarar / på nyare minoritetsspråk (77 prosent), sju som tematiserer bokmål (54 prosent), sju som tematiserer norsk teiknspråk (54 prosent), og ni som tematiserer dei nasjonale minoritetsspråka, oftast kvensk, men i noko mindre grad romani og romaness (69 prosent). Eitt dokument tematiserer ingen eksplisitte språkpolitiske tema.

#### *5.1.5 Utvalet av dokument*

Desse åtte dokumenta tek eg føre meg i kapittel 5.2:

- Språkbruksplan for Herøy kommune (2017)
- Målbruksplan Kvinnherad kommune (2016)
- Målbruksplan Ål kommune (2019)
- Sula kommune. Vedtatt handlingsplan 2021
- Bibliotekplan for Askvoll kommune 2021–2024
- Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025
- Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027
- Vestland fylkeskommune. Handlingsplan 2021. Avdeling kultur, idrett og inkludering

Desse kriteria legg eg til grunn for utvalet mitt:

- Dokumentet må handla om språkpolitikk, primært statusplanlegging
- Dokumentet må handla om bibliotekpolitikk, primært folkebibliotek
- Dokumentet må vera eit gjeldande eller nyleg gjeldande politisk dokument
- Dokumentet skal ikkje ha vore granska i tilsvarande undersøkingar
- Det er eit mål at det skal vera ei viss geografisk spreiing i utvalet

Eg har lagt vekt på dokument som eksplisitt tek føre seg nynorsk, språkpolitikk og bibliotekpolitikk i samanheng. Det er mange av dokumenta som omtalar tiltak som tvillaust har ei språkpolitiske side, slik som lesekampanjar, men som ikkje er eksplisitt tematiserte som språkpolitiske tiltak. Sameleis kan det vera mange tiltak som implisitt fremjar nynorsk, men som ikkje vert omtala som eller er eksplisitte nynorsktiltak. Sidan oppgåva mi handlar om den uttala språkpolitikken til og frå folkebiblioteka, lyt eg gjera denne avgrensinga.

Seks av språkbruksplanane tek føre seg bibliotekpolitikk. Eg valde ut tre språkbruksplanar: planane til Herøy, Ål og Kvinnherad kommunar. Språkbruksplanen til Herøy kommune er eit døme på ein kort språkbruksplan som nemner bibliotek, medan Kvinnherad kommune og Ål kommune har lengre språkbruksplanar.

---

statlege bibliotek- og språkpolitikken. Og av same grunn kunne eg ikkje ta føre meg dokument lenger attende i tid.

Ingen av språkprofilane tek føre seg bibliotek og nynorsk, og difor er ingen av dei aktuelle. Det same gjeld avtalene mellom Sametinget og kommunar eller fylkeskommunar.

Når det gjeld dei kommunale kultur- og bibliotekplanane, er det berre dokumenta frå Sula kommune og Askvoll kommune som tek føre seg nynorsk. Dei to er dessutan døme på to ulike typar dokument. Dokumentet til Sula kommune er ein handlingsplan, knytt til budsjettprosessen i kommunen. Dokumentet til Askvoll kommune er ein fleirårig bibliotekplan.

Fem fylkeskommunale kultur- og bibliotekplanar tek føre seg nynorsk: to frå Rogaland fylkeskommune og ein frå kvar av dei noverande eller tidlegare fylka Vestland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Vestfold og Telemark fylkeskommunar. Alle desse gjeld våren 2022, medan denne oppgåva vert skriven. Eg valde planane frå Vestland, Sogn og Fjordane og Hordaland.

*Regional bibliotekplan for Rogaland 2014–2017* var aktuell, sidan han nemnde nynorsk i samanheng med bibliotek. Heilt konkret vart nynorsk nemnt som eit av fleire potensielle ansvarsområde som kunne plasserast ved eit ansvarsbibliotek om biblioteka i fylket samarbeida meir og om samarbeidskonstellasjonane mellom biblioteka vart meir forpliktande (Rogaland fylkeskommune, 2013, s. 2–3). Sidan dette tiltaket ikkje var aktuelt med dagens bibliotekstruktur, valde eg vekk planen.

*Vestfold og Telemark – der menneske møtest. Kulturstrategi 2021–2024* nemner nynorsk i overordna ordelag: «Når det gjeld kunnskap om norsk språk som kulturerbar, har fylkeskommunen eit særleg ansvar for å ivareta nynorsktradisjonane i fylket» (Vestfold og Telemark fylkeskommune, 2021, s. 23). Eg valde vekk planen sidan målet ikkje vert sett i konkret samanheng med folkebiblioteka.

## 5.2 Analysen av dokumenta

Dette underkapittelet handlar om analysen av dokumenta og funna frå analysen.

### *5.2.1 Generelt om dokumenta*

I dokumentanalysen nytta eg som tidlegare nemnt av Toulmins argumentasjonsmodell for å setja opp påstand, heimel og belegg. Påstandane og belegga finn me ofte i teksten, medan heimlane og stundom belegga må rekonstruerast.

Då Bjørhusdal (2014) skulle rekonstruera påstanden i argumentasjonsmodellane ho sette opp, valde ho å ta utgangspunkt i framlegg til vedtak som ho fann i dei ulike stortingsdokumenta

ho granska, og sette det opp som påstand. Sjølv om eg ser på kommunale og fylkeskommunale planar der eit slikt klårt framlegg til vedtak vanta, freistar eg å gjera dette på om lag same måte. Det lèt seg ikkje alltid gjera. I desse dokumenta er ofte ei mindre konkret grunngjeving som gjerne skal legitimera fleire tiltak eller dokumentet i sin heilskap.

Eg freista difor setja opp påstandane ut frå tiltaka som handlar eksplisitt om nynorsk og bibliotek, so konkret eg klarte ut frå teksten. I nokre tekstar er det få slike tiltak, og eg laut bruka det eg fann. I andre er det so mange at eg ikkje kan setja opp argumentasjonsrekkefølge for alle. Belegga freistar eg å henta i argumentasjonen som finst elles i teksten eller konkret knytt til det enkelte tiltaket. I nokre tilfelle må eg gå til andre dokument som det er synt til i planane, eller til fakta om kommunane. Ut frå desse freistar eg å rekonstruera heimlane og setja opp argumentasjonsrekkefølge.

#### *5.2.2 Målbruksplan Kvinnherad kommune (2016)*

Målbruksplanen til Kvinnherad kommune vart vedteken av kommunestyret i mai 2016 (Kvinnherad kommune, 2016, s. 3). Kommunestyret hadde i 2015 vedteke at det ville ha ein slik plan, mellom anna som ei markering av at det var 130 år sidan tidlegare Fjelberg kommune vedtok at nynorsk skulle brukast «ved all Brev- og Bokføring i Heradsstyrets Tenesta» (Kydland, 2015). Det vart då den fyrste nynorskkommunen i landet.

I målbruksplanen er det to tiltak biblioteket har eksplisitt ansvar for å fylgja opp:

«Biblioteket skal til kvar tid ha eit godt og variert utval i skjønnlitteratur, tidsskrifter og faglitteratur på nynorsk» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 5)

«Saman med biblioteket og mållaga i kommunen vert det lagt til rette for skrivekurs og andre skrivestimulerande tiltak» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 5)

Dessutan er det fire tiltak som handlar om litteratur og kultur på nynorsk retta mot skulane og barnehagane i kommunen. Desse kan implisitt koma til å involvera folkebiblioteket:

«Tilsette i skular og barnehagar bør årleg få kunnskap og inspirasjon i høve til god nynorsk litteratur i skulen» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 4)

«Skular og barnehagar skal så langt det let seg gjera, bruka bøker, songar, rim og reglar på nynorsk i leik og opplæring» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 5)

«Tilsette i skular og barnehagar skal oppmoda borna til å lesa bøker på nynorsk og foreldra til å lesa nynorskbøker for borna sine» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 5)

«Bornar skal med jamne mellomrom få oppleva nynorske forfattarar og få tilbod om å delta i nynorske litteraturprosjekta» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 5)

Til argumentasjonsrekjkjene vel eg å bruka det fyrste tiltaket som påstand. Det er ikkje argumentert eksplisitt for kvart enkelt tiltak, og difor må eg gå til dei innleiande tekstane for å kunna rekonstruera heimlar og belegg.

Eit av dei tre språkpolitiske måla til Kvinnherad kommune handlar om dialekta i området: «Det er ei viktig oppgåve å vera om kvinnhersmålet ved bruk av nynorsk skriftspråk» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 3). Dette kan me bruka som eit belegg for argumentasjon for tiltaket:

#### Argument 1

Belegg: Det er ei viktig oppgåve å vera om kvinnhersmålet ved bruk av nynorsk skriftspråk.

Heimel: (Dersom) å bruka nynorsk styrker den lokale dialekta,

Påstand: (so) må biblioteket til kvar tid ha eit godt og variert utval i skjønnlitteratur, tidsskrift og faglitteratur på nynorsk.

Heimelen er dialektkonsekvensialistisk. Det er kvinnheradsdialekta som skal styrkjast, og gjennom å gjera nynorsk synleg skal kommunen vera om den lokale dialekta. Dette argumentet er ikkje sett direkte i samanheng med bibliotektiltaka i språkbruksplanen, men er snarare argument for at kommunen skal bruka nynorsk. Samstundes er det ein del av den samla argumentasjonen for alle tiltaka.

At nynorsk har tradisjon i kommunen heilt attende til 1885, vert teke opp fleire stadar. Under overskrifta «Kvinnherad kommune og tenestespråket» vert linene dregne attende til jamstillingsvedtaket på Stortinget 12. mai 1885, og at tidlegare Fjelberg kommune gjorde vedtak om å bruka nynorsk allereie i desember same år. Nynorsk vart skulespråk i delar av kommunen allereie i 1905, og dei fyrste vedtaka om nynorsk i kyrkjene i området kom tidleg på 1900-talet (Kvinnherad kommune, 2016, s. 3).

Under overskrifta «Målform» vert det slege fast kor lenge dagens utgåve av kommunen har hatt nynorsk som administrasjonsspråk: «Kvinnherad kommune vedtok i møte 15.01.1922 at det offisielle styringsmålet i kommunen skal vera nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ har sidan vore plikta til å nytta nynorsk i tenesta» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 3).

Den lange tradisjonen som nynorsk har i kommunen, kan brukast som belegg i ei argumentasjonsrekjkje:

#### Argument 2

Belegg: Nynorsk har lang tradisjon som administrasjonss-, skule- og kyrkjespråk i Kvinnherad, heilt attende til 1885.

Heimel: (Dersom) det er viktig å ta vare på lokale språk med lang tradisjon,

Påstand: (so) må biblioteket til kvar tid ha eit godt og variert utval i skjønnlitteratur, tidsskrift og faglitteratur på nynorsk.

Dette er ein eigenverdiheimel. Nynorsk har eigenverdi gjennom at det har lang tradisjon i området. Men det går an å sjå dette som ein styringskonsekvensalistisk heimel, at språket i seg sjølv ikkje har ein verdi, men ein konservativ verdi som inneber at ein ikkje bør endra på språkpolitiske vedtak som har stått lenge.

At nynorsk er administrasjonsspråket til kommunen, kan også brukast som eit belegg:

#### Argument 3

Belegg: Nynorsk er administrasjonsspråket i Kvinnherad kommune.

Heimel: (Dersom) kommunar skal fremja språket dei brukar,

Påstand: (so) må biblioteket til kvar tid ha eit godt og variert utval i skjønnlitteratur, tidsskrift og faglitteratur på nynorsk.

Dette er ein styringskonsekvensalistisk heimel. Kommunen skal gjennomføra andre statusplanleggjande tiltak for nynorsk, sidan han har eit administrativt vedtak om å bruka skriftspråket.

I gjennomgangen av historiske språkvedtak i Kvinnherad kommune vert det lagt vekt på at tenestemålet sist vart drøfta, og då stadfesta, i 1932. «Seinare har det ikkje vore sak å ta opp dette spørsmålet. Kvinnherad har med andre ord vore ein trufast nynorskkommune» (Kvinnherad kommune, 2016, s. 3). Det at nynorskvedtaket ikkje har vore drøfta, kan brukast som eit belegg i ei argumentasjonsrekke:

#### Argument 4

Belegg: Det har vore lite diskusjon om nynorsk i Kvinnherad kommune

Heimel: (Dersom) ein skal stø opp om nynorsk der språket står sterkt,

Påstand: (so) må biblioteket til kvar tid ha eit godt og variert utval i skjønnlitteratur, tidsskrift og faglitteratur på nynorsk.

Dette er ein eigenverdiheimel som peikar på oppslutninga om nynorsk i det lokale språksamfunnet.

#### *5.2.3 Språkbruksplan for Herøy kommune (2017)*

Språkbruksplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret i 2017.

I språkbruksplanen for Herøy kommune er det berre eit mål som eksplisitt gjeld biblioteket:

«Biblioteket skal syte for å ha eit variert og godt tilbod av litteratur på nynorsk.» (Herøy kommune, 2017, s. 2)

Dette er påstanden i rekonstruksjonen av argumentasjonsrekjkja.

Det er dessutan nokre mål som handlar om lesing i barnehagane og skulane. Mellom anna heiter det at «[n]ynorsk og dialekt må nyttast i størst mogleg utstrekning i songar og lesing med meir» (sst., s. 2).

Det er ikkje argumentert eksplisitt for tiltaket biblioteket har ansvar for i språkbruksplanen. Dette skil seg frå måla som finst for barnehagane og skulane, der det i framkant av måla vert argumentert for at desse arenaane er særleg viktige for språkutviklinga til borna i kommunen: «Grunnlaget for talemålet og skriftspråket til borna vert i dag lagt i barnehagane og i skulane. Difor er det viktig at vi har språkmedvitne medarbeidarar der» (sst., s. 2).

Skal me rekonstruera belegget og heimelen til bibliotekmålet, kan me gå til den overordna argumentasjonen i språkbruksplanen. Denne finn me i innleiinga, som har tittelen «1. Skriftspråk». Her vert det slege fast at nynorsk er administrasjonsspråket i kommunen, og korleis administrasjonsspråket skal brukast: «Nynorsk er administrasjonsspråket i Herøy kommune.» (sst., s. 2).

At nynorsk er administrasjonsspråket til kommunen kan også brukast som eit belegg:

#### Argument 1

Belegg: Nynorsk er administrasjonsspråket i Herøy kommune

Heimel: (Dersom) kommunar skal fremja språket dei brukar,

Påstand: (so) må biblioteket i Herøy syte for å ha eit variert og godt tilbod av litteratur på nynorsk.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Mykje av argumentasjonen under «2. Språkpolitiske mål» handlar om dialekta i kommunen: «Dialekten (målføret) er ein svært viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt styrkjer identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor som viktig å verne om språket vårt» (sst., s. 2). Dette går an å bruka som belegg i ei argumentasjonsrekjkje:

#### Argument 2

Belegg: Dialekta er ein viktig del av den lokale kulturarven, og kommunen skal verna om dialekta.

Heimel: (Dersom) å bruka nynorsk vernar den lokale dialekta,

Påstand: (so) må biblioteket og andre nytta nynorsk og dialekt i størst mogleg utstrekning i songar og lesing med meir.

Heimelen er dialektkonsekvensialistisk. På sett og vis argumenterer kommunen for eigenverdien til dialekta, men i ein nynorsksamanheng er det konsekvensen styrkt dialekt som er hovudpoenget.

Ei anna meinings Herøy kommune trekkjer fram i det dei skriv om dialekt, er at om innbyggjarane får eit «godt feste i ein dialekt styrkjer [det] identitet og sjølvkjensle» (Herøy kommune, 2017, s. 2). Dette identitetsargumentet kan brukast som eit belegg i dokumentet:

#### Argument 3

Belegg: Innbyggjarar som har eit godt feste i ei dialekt, får styrkt identitet og sjølvkjensle.

Heimel: (Dersom) ein skal gje innbyggjarane sterk identitet og sjølvkjensle,

Påstand: (so) må biblioteket og andre nytta nynorsk og dialekt i størst mogleg utstrekning i songar og lesing med meir.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk, ved at han peikar på konsekvensen av dialekt- og nynorskbruk, som er at identiteten og sjølvkjensla til innbyggjarane vert sterkeare.

#### 5.2.4 Målbruksplan for Ål kommune (2019)

Målbruksplanen til Ål kommune vart vedteken av kommunestyret i 2019. Kommunen hadde ein eldre målbruksplan frå 1998, og i framkant av arbeidet med den nye planen vedtok kommunestyret i desember 2018 at nynorsk framleis skulle vera tenestemål, administrasjonsmål og skulemål i Ål, men at bokmål skulle halde fram som opplæringsspråk i vaksenopplæringa (Ål kommune, 2019, s. 3).

I målbruksplanen for Ål kommune er det to tiltak biblioteket har ansvar for å fylgja opp:

«3.1 Kommunal administrasjon [...] Tiltak [...] Oppdatert oversikt over digitale språklege hjelpemiddel [...] Ansvarleg [...] Ål bibliotek» (sst., s. 5)

«3.2 Barnehage og skule [...] Tiltak [...] Kommunen skal sikre at born og unge har eit godt utval av nynorsk litteratur [...] Ansvarleg [...] Ål bibliotek, barnehagane og skulane» (sst., s. 6)

Dette vert soleis påstandane i rekonstruksjonen av argumentasjonsrekker.

Det er ikkje argumentert eksplisitt for desse tiltaka i planen. Dette skil seg frå tiltaka under «3.3 Lokalt næringsliv og kulturliv», der det er argument i framkant av tiltaka:

Ål kommune oppmodar lokalt næringsliv og kulturliv om å nytte nynorsk og hallingmål. Å skilje seg ut språkleg gjev ein styrka identitet og kan vere eit konkurransefortrinn. [...] Ål mållag gjennomfører konkrete tiltak for å fremje god nynorsk språkbruk i det lokale næringslivet. Døme på slike tiltak kan vere gratis språkhjelp, språkbrukskurs for næringsdrivande og prisar for god språkbruk. (sst., s. 6)

Her er det ein eksplisitt argumentasjon for tiltaka som kjem rett etter i planen.

Skal me rekonstruera belegget og heimelen til bibliotektiltaka, kan me gå til den overordna argumentasjonen i språkbruksplanen. Den finn me under «1 Bakgrunn og mandat», «2 Målform» og kanskje særleg «3 Tiltak for Ål».

Under «1 Bakgrunn og mandat» er det fleire formuleringar me kan bruka for å rekonstruera heimlar og belegg. Vedtaka kommunestyret gjorde i 2018, er nokre av desse utgangspunkta.

Eitt av desse handlar om administrasjonsspråket i kommunen:

«2. Ål kommunestyre vedtek å halde fram med nynorsk som administrasjonsmål i Ål.» (Ål kommune, 2019, s. 3)

Ut frå dette kan me setja opp denne argumentasjonsrekka for bibliotektiltaket under overskrifta «3.1 Kommunal administrasjon»:

#### Argument 1

Belegg: Nynorsk skal framleis vera administrasjonsspråket i Ål kommune.

Heimel: (Dersom) dei tilsette treng tilgang på hjelpemiddel for å bruka administrasjonsspråket,

Påstand: (so) må Ål bibliotek ha ei oppdatert oversikt over digitale språklege hjelpemiddel.

Dette er ein styringskonsekvensialistisk heimel som peikar på kva konsekvensar språkvedtaket har.

Eit anna av vedtaka kommunestyret gjorde i 2018, handlar om opplæringsspråket i kommunen:

«3. Ål kommunestyre vedtek å halde fram med nynorsk som skulemål i Ål.» (Ål kommune, 2019, s. 3)

Ut frå dette kan me setja opp denne argumentasjonsrekka for bibliotektiltaket under overskrifta «3.2 Barnehage og skule»:

#### Argument 2

Belegg: Nynorsk skal framleis vera opplæringsspråket i Ål kommune.

Heimel: (Dersom) elevane treng nynorsk litteratur for å ha nynorsk som opplæringsspråk,

Påstand: (so) skal Ål bibliotek, skulane og barnehagane sikre at born og unge har eit godt utval av nynorsk litteratur.

Dette er ein pedagogisk-konsekvensialistisk heimel. Kommunen har gjort eit pedagogisk vedtak, og biblioteket må ta konsekvensen av dette.

Etter vedtaka frå kommunestyret kjem to korte avsnitt med meir bakgrunnsinformasjon om planen. I det siste av dei kjem det nokre påstandar det går an å byggja ut heimlar og belegg frå: «I kommunal forvaltning har det vorte eit auka fokus på klart språk og god språkføring.

Målform er ikkje eit privat val; politikarane vedtek målforma i kommunen og alle tilsette rettar seg etter dette vedtaket» (Ål kommune, 2019, s. 3).

Ut frå dette kan me setja opp denne argumentasjonsrekka for bibliotektiltaket under overskrifta «3.1 Kommunal administrasjon»:

#### Argument 3

Belegg: Klart språk og god språkføring får merksemd i heile kommunesektoren.

Heimel: (Dersom) god og effektiv kommunikasjon er viktig,

Påstand: (so) må Ål bibliotek ha ei oppdatert oversikt over digitale språklege hjelpe middel.

Dette er ein deliberasjonskonsekvensalistisk heimel som peikar på kva konsekvens tiltaket kan få for kommunikasjonen mellom kommunen og borgar.

Me kan òg setja opp ei argumentasjonsrekke med argumentet om at skriftspråkbruken i kommuneadministrasjonen er eit politisk val, som belegg:

#### Argument 4

Belegg: Kva skriftspråk dei tilsette nyttar på jobb, er eit politisk spørsmål for kommunestyret og ikkje eit privat spørsmål for dei tilsette.

Heimel: (Dersom) kommuneadministrasjonen skal fylgja politiske vedtak i kommunestyret,

Påstand: (so) må Ål bibliotek ha ei oppdatert oversikt over digitale språklege hjelpe middel.

Dette er ein styringskonsekvensalistisk heimel.

Under «3 Tiltak for Ål» er det eit avsnitt med ein annan argumentasjon for språkpolitikken i kommunen:

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg. Brukarane av språket er i mindretal nasjonalt og er difor meir utsette for ikkje å få oppfylt dei språklege rettane sine. Kommunen vil ta ansvar for at nynorsken har ein tydeleg plass i Ål. Det skal ikkje vera vanskeleg å vera nynorskbrukar i kommunen. I kommunal administrasjon skal alle dei tilsette kjenne seg trygge på å skrive nynorsk (sst., s. 5).

I dette avsnittet kan me utleia fleire belegg og heimlar. Det fyrste belegget er at nynorsk er eit mindre brukta språk:

#### Argument 5

Belegg: Nynorsk er eit mindre brukta språk i Noreg.

Heimel: (Dersom) mindretalsspråk skal ha rett til vern,

Påstand: (so) skal Ål bibliotek, skulane og barnehagane sikre at born og unge har eit godt utval av nynorsk litteratur.

Dette er ein prosedural heimel. Det er ikkje noko som handla rom nynorsk i seg sjølv, men at nynorsk er eit mindre brukta språk.

Me kan òg setja opp eit belegg som handlar om nynorskbrukarane som mindretalsgruppe og ikkje nynorsk som mindre bruka språk:

#### Argument 6

Belegg: Nynorskbrukarane er i mindretal og meir utsette for ikkje å få oppfylt dei språklege rettane sine.

Heimel: (Dersom) ein skal bidra til å oppfylla dei språklege rettane til mindretalsgrupper,

Påstand: (so) skal Ål bibliotek, skulane og barnehagane sikre at born og unge har eit godt utval av nynorsk litteratur.

Dette er ein prosedural heimel. Dette kunne òg ha vore grunngjeve ut frå eigenverdien til språkgruppa. Men sidan teksten peikar på posisjonen til språkgruppa og utfordringane dei møter, og ikkje verdien til språkgruppa i seg sjølv, vert heimelen prosedural.

Me kan òg bruka målet om at nynorsk skal ha ein synleg plass i Ål, som eit belegg:

#### Argument 7

Belegg: Kommunen vil ta ansvar for at nynorsken skal ha ein tydeleg plass i Ål.

Heimel: (Dersom) nynorsk er so viktig at det fortener ein synleg plass,

Påstand: (so) skal Ål bibliotek, skulane og barnehagane sikre at born og unge har eit godt utval av nynorsk litteratur.

Dette er ein eigenverdiheimel.

Eit anna belegg er ynsket om at det ikkje skal vera vanskeleg å vera nynorskbrukar i Ål:

#### Argument 8

Belegg: Det skal ikkje vera vanskeleg å vera nynorskbrukar i Ål.

Heimel: (Dersom) nynorskbrukarane er viktige,

Påstand: (so) skal Ål bibliotek, skulane og barnehagane sikre at born og unge har eit godt utval av nynorsk litteratur.

Dette er ein eigenverdiheimel, men kunne ha vore ein prosedural heimel om det vart sett opp mot tilhøva til bokmålsbrukarane: at det skal vera like lett å vera nynorskbrukar som å vera bokmålsbrukar. Då hadde det handla om jamstilling mellom språkgruppene.

Til sist er målet om at dei tilsette skal kjenna seg trygge på å skriva nynorsk, eit belegg:

#### Argument 9

Belegg: Dei tilsette skal kjenna seg trygge på å skriva nynorsk.

Heimel: (Dersom) det er kommunen si oppgåve å sikra dei tilsette sin nynorskkompetanse,

Påstand: (so) må Ål bibliotek ha ei oppdatert oversikt over digitale språklege hjelpemiddel.

Dette er ein styringskonsekvensialistisk heimel.

### *5.2.5 Sula kommune. Vedtatt handlingsplan 2021*

Sula kommune sin handlingsplan for 2021 vart godkjend i kommunestyret i desember 2020. Dette er ein del av budsjettprosessen i kommunen. I planen er det 15 tiltak knytte til arbeidet på Sula bibliotek, og eit av måla nemner eksplisitt nynorsk:

«Formidle nynorsk barnelitteratur, m.a. vidareføring av tilbod om utebibliotek og forfattarbesøk» (Sula kommune, 2020, s. 5).

I planen er det lista opp ei rekke tiltak, korleis dei skal finansierast, og korleis det går med tiltaka. Det er ingen eksplisitte argument for nynorsktiltaket. Det finst det heller ikkje i kulturplanen eller i språkbruksplanen til Sula kommune. I kulturplanen er språk eller nynorsk berre nemnde i omtala av dette tiltaket og eit anna tiltak (språkkafé) (Sula kommune, 2017b, s. 2). I språkbruksplanen er det fleire argument for kvifor Sula kommune skal gjera tiltak som sikrar at «nynorsk språk er godt synleg i kommunen» (Sula kommune, 2017a, s. 2).

Under overskrifta «Bakgrunn» vert det sagt at nynorsk har vore administrasjonsspråk i kommunen sidan Sula kommune vart eigen kommune i 1977. Dette kan setjast opp som argumentasjonsrekker med to ulike heimeltypar.

#### Argument 1a

Belegg: Nynorsk har vore administrasjonsspråket i Sula kommune sidan starten.

Heimel: (Dersom) kommunar skal fremja språket dei brukar,

Påstand: (so) skal Sula bibliotek formidla nynorsk barnelitteratur.

Denne heimelen er styringskonsekvensialistisk.

#### Argument 1b

Belegg: Nynorsk har vore administrasjonsspråket i Sula kommune sidan starten.

Heimel: (Dersom) det er viktig å ta vare på lokale språk med lang tradisjon,

Påstand: (so) skal Sula bibliotek formidla nynorsk barnelitteratur.

Dette er ein eigenverdiheimel.

Under overskrifta «Målform» vert stoda for nynorsk skildra slik: «Sidan nynorskbrukarar er i eit mindretal nasjonalt, er desse meir utsette for å ikkje få oppfylt språkrettane sine. Derfor vil kommunen ta eit særleg ansvar for at nynorsk språk er godt synleg i kommunen, og gjennomføre konkrete tiltak for at innbyggjarane i kommunen får møte språket sitt i det daglege. Dette er særleg viktig med omsyn til unge nynorskbrukarar, for å motverke målbyte frå nynorsk til bokmål» (Sula kommune, 2017a, s. 2).

Ut frå dette kan me utleia fleire argumentasjonsrekker.

### Argument 2

Belegg: Sidan nynorskbrukarar er i eit mindretal nasjonalt, er desse meir utsette for å ikkje få oppfylt språkrettane sine.

Heimel: (Dersom) ein skal bidra til å oppfylla dei språklege rettane til mindretalsgrupper,

Påstand: (so) skal Sula bibliotek formidla nynorsk barnelitteratur.

Denne heimelen er prosedural.

Under overskrifta «Språkpolitiske mål» trekkjer kommunen fram språkmangfaldet i Noreg som noko han vil ta vare på: «Det språklege mangfaldet i Norge er ein nasjonal verdi, og Sula kommune er medviten sitt ansvar for å dyrke og ta vare på sin unike bit av dette mangfaldet.» Eit interessant poeng er at etter denne innleiande setninga, nemner dei ikkje nynorsk eksplisitt, men trekkjer fram «dei lokale talemåla», «den lokale stadnamntradisjonen» og «[m]angfaldet av talemål som har kome til kommunen som resultat av innvandring og tilflytting» (sst., s. 2). Ettersom dei fleste av måla i planen handlar om nynorsk, kan me nok rekna med at nynorsk er rekna inn i den delen av språkmangfaldet i Noreg som kommunen har eit ansvar for.

### Argument 3

Belegg: Sula kommune er medviten sitt ansvar for å dyrke og ta vare på sin unike bit av språkmangfaldet i Noreg.

Heimel: (Dersom) ein skal ta vare på og dyrke språkmangfald,

Påstand: (so) skal Sula bibliotek formidla nynorsk barnelitteratur.

Denne heimelen er mangfaldskonsekvensialistisk. Nynorsk og dei lokale talemåla vert ikkje gjevne ein eigenverdi, men har verdi gjennom å vera ein del av eit større mangfald.

#### 5.2.6 Bibliotekplan for Askvoll kommune 2021–2024

Askvoll kommune sin bibliotekplan er ein temaplan som vart vedteken av kommunestyret i november 2020, på grunnlag av planstrategien til kommunen frå 2017. Planen skildrar historikken og stoda for Askvoll bibliotek, kva statlege og lokale føringar som gjeld for drifta, ei utgreiing om drifta av og samfunnsoppdraget til biblioteket og kva satsingsområde som er prioriterte i planperioden. Askvoll kommune skil seg ut ved å ha den einaste kommunale bibliotekplanen eg har funne som eksplisitt tematiserer språkpolitiske tiltak for å fremja nynorsk.<sup>33</sup>

---

<sup>33</sup> Vinje kommune er eit døme på ein kommune som har ein *kulturplan* som nemner nynorsk, rett nok mest i omtala av samarbeid med Nynorsk kultursentrums mellom anna Vinjesenteret (2012, s. 26).

Nynorsk er nemnt to gongar. Ei av oppgåvene som vert lista opp under overskrifta «3. Drift», har eit eksplisitt språkpolitisk føremål:

«Folkebibliotektenesta har ansvar for nynorsk boksamling i dagsturhytta (bokpleie, katalogisering, plassering og kassering)» (Askvoll kommune, 2020, s. 5).

Under overskrifta «4. Samfunnsoppdrag» og «4.3 Kvalitet og allsidigheit» er kjøp av nynorsk litteratur ei av få prioriterte innkjøpsoppgåver:

«Kjøp av kvalitetslitteratur på nynorsk har høgste prioritet, og det vert gjerne kjøpt inn meir enn eitt eksemplar av nye barne- og ungdomsbøker på nynorsk» (sst., s. 7).

Det vert ikkje argumentert eksplisitt for desse to nynorsktiltaka i bibliotekplanen. Planen syner heller ikkje til nasjonale, fylkeskommunale eller kommunale språkpolitiske dokument i gjennomgangen av dokument (sst., s. 4).

Den manglande nynorsklegitimeringa *kan* koma av at Askvoll kommune er ein nynorskkommune, med nynorskskular, i eit nynorskfylke og at nynorsk slik sett er so sjølv sagt at bibliotekplanen ikkje må ha argumentasjon for tiltaka.

I planen peikar kommunen på ei rekke politiske dokument som ligg til grunn for bibliotekplanen. Eitt av desse er samfunnssdelen av kommuneplanen. Frå den er det henta eit overordna mål for kulturarbeidet i kommunen: «Gjennom felles kulturopplevelingar og gjennom eit allsidig aktivitetstilbod skapar vi trivsel, nettverk, samhald, positivitet, engasjement og identitet til bygda og kommunen» (Askvoll kommune, 2020, s. 4). I vår samanheng er kanskje særleg identiteten til bygda og kommunen sentralt.

Under mellomoverskrifta «5.1 Lesestimulering» vert det gjort greie for nasjonale og lokale mål for språkutvikling, inkludering, danning og tilhøyrslle til lokalsamfunnet. Eit faktum som vert nemnt, er at «[i] Askvoll kommune har det dei siste åra vore satsa mykje på barn og unge si språkutvikling og på inkludering. Askvoll bibliotek bør verte ein viktigare arena på området» (sst., s. 4). Det vert ikkje sagt eksplisitt, men nynorsk er opplæringsspråket elevane skal få språkutvikling og utvikling på.

Same stad syner bibliotekplanen nok ein gong til samfunnssdelen av kommuneplanen, der Askvoll kommune legg dette grunnlaget for born og unge:

«Dei unge skal vekse opp i eit trygt miljø, få utvikle seg sjølv og evnene sine og bli sterke, samfunnsengasjerte menneske. Dei som flyttar ut, må ha med seg ei positiv oppleveling av oppveksten og plassen dei bur på, og kan formidle dette ut til verda. Gode minne frå oppveksten er det beste grunnlag for å busette seg i kommunen som voksen» (sst., s. 8).

Her er det òg tilhøyrsla til kommunen det vert lagt vekt på.

Dette er det mest konkrete me kan ta utgangspunkt i for å for rekonstruera heimlar og belegg.

#### Argument 1

Belegg: Askvoll skal bruka felles kulturopplevingar og gjennom eit allsidig aktivitetstilbod skapa identitet til bygda og kommunen.

Heimel: (Dersom) nynorsk er ein del av den lokale identiteten,

Påstand: (so) skal Askvoll bibliotek ha ansvar for den nynorsk boksamlinga i dagsturhytta.

Heimelen er anten ein eigenverdiheimel eller ein integrasjonskonsekvensialistisk heimel. På den eine sida peikar han på ein eigenverdi ved nynorsk, men på den andre sida er det eigenskapane nynorsk vert tillagd, og konsekvensane ved at dei er ein del av den lokale ideniteteten, som er viktige. Det er ikkje nynorsken eller nynorskbrukarane i seg sjølve som er det viktige.

#### Argument 2

Belegg: Askvoll kommune satsar på språkutviklinga til barn og unge.

Heimel: (Dersom) opplæringsspråket til elevane i Askvoll er nynorsk,

Påstand: (so) skal Askvoll kommune gje innkjøp av kvalitetslitteratur på nynorsk høgste prioritet og kjøpa meir enn eitt eksemplar av nye barne- og ungdomsbøker på nynorsk.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk. Det er ikkje nynorsken eller nynorskbrukarane som er det avgjerande, men at nynorsk er opplæringsspråket til elevane i Askvoll.

#### Argument 3

Belegg: Born og unge som veks opp i Askvoll kommune, skal få eit godt inntrykk av og vera knytte til området, slik at dei flyttar tilbake.

Heimel: (Dersom) nynorsk er ein del av identiteten til kommunen,

Påstand: (so) skal Askvoll kommune gje innkjøp av kvalitetslitteratur på nynorsk høgste prioritet og kjøpa meir enn eitt eksemplar av nye barne- og ungdomsbøker på nynorsk.

Heimelen er anten ein eigenverdiheimel eller ein integrasjonskonsekvensialistisk heimel. Det går an å sjå det slik at det ikkje er nynorsk eller nynorskbrukarane som er det viktige, men at språket er ein del av identiteten til kommunen.

#### 5.2.7 Premiss: kultur. *Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025*

Den regionale kulturplanen til Hordaland fylkeskommune vart vedteken av fylkestinget i desember 2014. Dei konkrete tiltaka var i dei fireårige handlingsprogramma som vart handsama kvart år under budsjettprosessen i fylkestinget (Hordaland fylkeskommune, 2014, s. 7). Planen gjer greie for føremålet med planen, arbeidsdelinga på kulturfeltet, statusen for kulturarbeidet i fylket, aktuelle kulturpolitiske utfordringar og kva innsatsområde fylkeskommunen legg vekt på. Denne planen i området til tidlegare Hordaland

fylkeskommune gjeld fram til nye Vestland fylkeskommune har vedteke sin nye kulturplan. Etter planen skal den vedtakast i 2022 og gjelde frå 2023 til 2035 (Vestland fylkeskommune, u.å.).

Nynorsk er nemnt 30 gongar i kulturplanen. Underkapittelet «6. Nynorsk kulturstrategi» handlar om korleis fylkeskommunen skal styrkja nynorsk, og målet er å «[a]uke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk» (Hordaland fylkeskommune, 2014, s. 61). Dei trekkjer fram ungdom som den viktigaste målgruppa for dette arbeidet. Mellom dei konkrete tiltaka er å vurdera fleire nynorskproduksjonar i Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane, å gjera Bergen til ein viktigare by for nynorske institusjonar som Hordaland teater, og å trekkja fram andre institusjonar som arbeider med nynorsk skriftkultur i fylket.

Som grunngjeving for satsinga trekkjer fylkeskommunen fram at «[n]ynorsk skriftkultur er under press, men i Hordaland dominerer nynorsk mange stader, både i skule, kyrkje, næringsliv og frivillig organisasjonsliv» (sst., s. 61). Ut frå dette kan me setja opp argumentasjonsrekker:

#### Argument 1a

Belegg: Nynorsk skriftkultur er under press i Hordaland.

Heimel: (Dersom) ein skal styrkje skriftkulturar som er under press,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimelen er prosedural. Det er stoda for nynorsk skriftkultur som avgjer om han skal fremjast eller ikkje. Men det går òg an å formulera det annleis, slik som fleire av denne typen:

#### Argument 1b

Belegg: Nynorsk skriftkultur er under press i Hordaland.

Heimel: (Dersom) nynorsk skriftkultur er viktig,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimelen er ein eigenverdiheimel: Det er det som gjer at me skal fremja skriftkulturen, trass i at han er under press.

Når det gjeld det andre, når sagt motsette, argumentet kan det setjast opp slik:

#### Argument 2a

Belegg: Nynorsk dominerer mange stadar i Hordaland, både i skule, kyrkje, næringsliv og frivillig organisasjonsliv.

Heimel: (Dersom) ein skal stø opp om nynorsk der språket står sterkt,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Dette er ein eigenverdiheimel som peikar på oppslutninga om nynorsk i fylket. Her òg kan me formulera det annleis:

#### Argument 2b

Belegg: Nynorsk dominerer mange stadar i Hordaland, både i skule, kyrkje, næringsliv og frivillig organisasjonsliv.

Heimel: (Dersom) nynorsk er eit viktig språk,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimelen er ein eigenverdiheimel.

Tidlegare i vert det gjort greie for statusen til nynorsk i det tidlegare fylket Hordaland ved starten av planperioden:

Nesten alle kommunane i Hordaland har, som Hordaland fylkeskommune, nynorsk som tenestemål og administrasjonsspråk. Utanom bergensdialekten, ligg talemåla i Hordaland nærmast det nynorske skriftspråket. Dei viktige nasjonale nynorskarenaene ligg andre stader enn i Hordaland, men i Hordaland bur mange av dei forfattarane og kunstnarane som brukar nynorsk i si skapande verksemد. (sst., s. 38)

Her finst det fleire argument for satsinga fylkeskommunen har på nynorsk: Nynorsk er eit utbreidd kommunalt skriftspråk i fylket, fylkeskommunen har nynorsk som administrasjons- og tenestespråk, dei fleste talemåla i Hordaland ligg nærmast nynorsk, det er få nasjonale nynorskinstitusjonar i Hordaland, og mange viktige nynorskbrukande kunstnarar har tilknyting til Hordaland.

#### Argument 3a

Belegg: Nesten alle kommunane og Hordaland fylkeskommune har nynorsk som tenestespråk og administrasjonsspråk.

Heimel: (Dersom) ein skal stø opp om nynorsk der språket er mykje brukt i kommunane,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimelen er ein prosedural, men kan som dei tidlegare formulerast annleis:

#### Argument 3b

Belegg: Nesten alle kommunane og Hordaland fylkeskommune har nynorsk som tenestespråk og administrasjonsspråk.

Heimel: (Dersom) nynorsk er viktig,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Dette er ein eigenverdiheimel.

#### Argument 4

Belegg: Dei fleste talemåla i Hordaland ligg nærest nynorsk.

Heimel: (Dersom) ein skal bruka og stø eit skriftspråk som liknar på talemåla i området,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimelen her kan vera både dialektkonsekvensialistisk, ved at valet av skriftspråk avheng av dialektstoda i eit område, eller prosedural, ved at det ikkje er skriftspråket i seg sjølv som er viktig, men at ein skal velja det skriftspråket som liknar mest på talemåla, eller det kan vera ein eigenverdiheimel som seier at nynorsk er viktig fordi det er talemålsnært.

#### Argument 5

Belegg: Det burde vera fleire nasjonale nynorskinstitusjonar i Hordaland.

Heimel: (Dersom) eit språk skal ha institusjonar der det er i utbreidd bruk,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimelen er prosedural: Det er utbreiinga av språket som avgjer om det er viktig eller ikkje.

#### Argument 6

Belegg: Mange viktige nynorskbrukande forfattarar og kunstnarar har budd eller bur i Hordaland.

Heimel: (Dersom) eit språk skal brukast der mange viktige forfattarar og kunstnarar hører til,

Påstand: (so) skal Hordaland fylkeskommune auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimelen er prosedural, i og med at det er dei viktige språkbrukarane som gjev språket verdi.

Trass i relativt høge ambisjonar for nynorsk både i kultursektoren og i kvardagen, er det få stadar der nynorsk og bibliotek vert sette i samanheng. Bibliotek er ikkje nemnt i underkapittelet om nynorsk, og nynorsk er berre nemnt éin gong i dei to underkapitla om bibliotek. Det er i kapittelet «4. Kulturpolitiske utfordringar», nærmare bestemt underkapittelet som tek føre seg utfordringane biblioteka har. Her vert merksemda biblioteka bør gje nynorsk litteratur, trekt fram som ei utfordring biblioteka vanskeleg kan greia med den låge veksten i løyvingane deira. «Det er ei utfordring å styrke folke- og skulebiblioteka som sentrale stader med kompetanse på lesing og litteraturformidling, og ha fokus på nynorsk litteratur» (Hordaland fylkeskommune, 2014, s. 48). Implisitt i dette ligg det at folke- og skulebiblioteka burde styrkjast, både med auka løyvingar og med samarbeid mellom biblioteka.

## Argument 7

Belegg: Hordaland fylkeskommune skal auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimel: (Dersom) biblioteka skal bidra til å nå dei språkpolitiske måla til fylkeskommunen,

Påstand: (so) burde biblioteka i Hordaland bruka eventuelle betra rammevilkår til mellom anna å leggje vekt på nynorsk.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### *5.2.8 Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027*

Den regionale kulturplanen til Sogn og Fjordane fylkeskommune vart vedteken av fylkestinget i oktober 2018, og det vart utarbeidd fireårige handlingsprogram og årlege handlingsplanar som vart handsama kvart år under budsjettprosessen i fylkestinget (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. 4). Planen gjer greie for føremålet med planen, bakgrunnen for arbeidet,<sup>34</sup> statusen for kulturarbeidet i fylket, måla og plantemaa fylkeskommune legg vekt på. Denne planen for området til tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune gjeld fram til nye Vestland fylkeskommune har vedteke sin nye kulturplan. Som nemnt før skal etter planen vedtakast i 2022 og gjelde frå 2023 til 2035 (Vestland fylkeskommune, u. å.).

Nynorsk er nemnt 83 gongar i kulturplanen. Omsynet til nynorsk finn me gjennom store delar

av planen, og tidleg i planen kjem fylkeskommunen med denne programerklæringa:

«Nynorsksatsinga må inngå som ein integrert del av alt arbeid vi gjer innan kultur» (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. 14). Grunngjevinga er at språk er ein del av den immaterielle kulturarven, og at nynorsk bruksspråk er under press.

## Argument 1

Belegg: Nynorsk er ein del av den immaterielle kulturarven.

Heimel: (Dersom) ein skal ta vare på den immaterielle kulturarven,

Påstand: (so) må nynorsksatsinga inngå som ein integrert del av alt arbeid Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer innan kultur.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk. Det går an å argumentera for at heimelen er prosedural, at det er det at nynorsk er ein del av kulturarven, som gjer nynorsk viktig.

## Argument 2

Belegg: Nynorsk er under press.

---

<sup>34</sup> Kulturplanen til Sogn og Fjordane er den einaste fylkeskommunale kulturplanen som syner til språkmeldinga *Mål og mening. Ein heiskapeleg norsk språkpolitikk* (St.meld. nr. 35 (2007–2008)) (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. iii), trass i at det står mykje om kultur- og bibliotekpolitikk der.

Heimel: (Dersom) ein skal styrke språk som er under press,

Påstand: (so) må nynorsksatsinga inngå som ein integrert del av alt arbeid Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer innan kultur.

Heimelen er ein prosedural. Fylkeskommunen skal styrja nynorsk fordi han er under press.

Særleg underkapittelet «8.1.2.1 Nynorsk språk» handlar om statusen nynorsk har i Sogn og Fjordane, og fylket si rolle for nynorsk nasjonalt (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. 15–16). Fylkeskommunen trekkjer fram nynorske og nynorskbrukande institusjonar som NRK Nynorsk mediesenter, Nynorsk avissenter, NRK Sogn og Fjordane, avisene i fylket og Sogn og Fjordane Teater.

Fylkeskommunen har mange konkrete tiltak i dette underkapittelet, som å vidareføra nettverket Nynorskfylket, få fram gode nynorske produksjonar i Den kulturelle skulesekken (DKS), og bruka eiga marknadsmakt til å få digitale resursar på nynorsk. To tiltak som er særleg interessante i denne samanhengen, er at «[f]ylkesbiblioteket har formidling av nynorsk språk og litteratur, særleg til barn og unge, som sentralt mål», og det skal «[s]ikre produksjon og formidling av nynorsk litteratur gjennom m.a. Sogn og Fjordane teater, biblioteka, DKS og kulturskulane» (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. 15–16).

I motsetjing til Hordaland fylkeskommune har ikkje Sogn og Fjordane formulert eit overordna mål for nynorskarbeidet sitt. Dei har fleire grunngjevingar for kvifor dei skal prioritera og arbeida med nynorsk: Alle kommunane har nynorsk tenestespråk, nesten alle elevane har nynorsk som opplæringsspråk, elevane i fylket får betre resultat på skulen, og dette kan ha samanheng med at dei har ein tospråksfordel av å vera nynorskbrukarar, og nynorsk er under press i Noreg sjølv om det dominerer i Sogn og Fjordane (sst.).

#### Argument 3

Belegg: Nynorsk er det dominerande kommunespråket i Sogn og Fjordane.

Heimel: (Dersom) ein skal fremja språket som vert mest brukt kommunalt,

Påstand: (so) skal Sogn og Fjordane fylkeskommune sikra produksjon og formidling av nynorsk litteratur.

Heimelen er styringskonsekvensalistisk.

#### Argument 4

Belegg: Nynorsk er det dominerande opplæringsspråket i Sogn og Fjordane.

Heimel: (Dersom) ein skal fremja språket som vert mest brukt i skulen,

Påstand: (so) skal Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane ha formidling av nynorsk språk og litteratur, særleg til barn og unge, som sentralt mål.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensalistisk.

Argument 5

Belegg: Elevane i Sogn og Fjordane får truleg betre skuleresultat gjennom ein tospråksfordel ved å ha nynorsk som opplæringspråk.

Heimel: (Dersom) fylkeskommunen skal bidra til at elevar får best mogleg skuleresultat,

Påstand: (so) skal Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane ha formidling av nynorsk språk og litteratur, særleg til barn og unge, som sentralt mål.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensalistisk.

Argument 6

Belegg: Nynorsk er under press i Noreg, sjølv om det dominerer i Sogn og Fjordane.

Heimel: (Dersom) ein skal fremja dette språket som er under press nasjonalt,

Påstand: (so) skal Sogn og Fjordane fylkeskommune sikra produksjon og formidling av nynorsk litteratur.

Heimelen er prosedural.

Underkapittelet «8.1.1.3 Bibliotek» tek føre seg bibliotek og bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane og nokre konkrete tiltak som handlar om nynorsk (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. 13). Overordna slår planen fast at «[b]iblioteka er sentrale i arbeidet med å fremje nynorsk språk» (sst.), og nemner tiltak som dei nynorske barnebokbiblioteka på dagsturhyttene som vert sette opp kringom i fylket, og lesegledarordninga, der dei gjev kurs til ressurspersonar som kan leigast inn av skular og andre for å få føredrag om nynorsk litteratur.

Underkapittelet «8.1.3.5 Litteratur» handlar om litteratur og litteraturformidling i Sogn og Fjordane, og nynorsk vert teke inn på ulike måtar (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. 25–26). Dei trekker fram fleire nynorske og nynorskbrukande institusjonar, som forлага Skald og Selja, Nynorske litteraturdagar i Aurland, Jakob Sande-selskapet, Bokbyen i Fjærland og det desentraliserte litteraturhuset Rom for ord, som mellom anna har til føremål «å leggje grunnlag for meir formidling av nynorsk litteratur» (sst.). Av konkrete tiltak finn me at fylkeskommunen vil «[s]timulere til produksjon av nynorsk litteratur for barn og vaksne og arbeide for støtte til nynorskspråklege magasin, bøker, filmar, video, m.m.» (sst.).

Det er ikkje eigne argument for desse nynorsktiltaka i underkapitla «8.1.1.3 Bibliotek» og «8.1.3.5 Litteratur». Difor kan me gå attende til argumenta me finn i andre underkapittel. I «8.1.4 Kulturelle kraftsenter» finn me dette avsnittet:

Ein heilt sentral del av identiteten vår i Sogn og Fjordane er språket vårt. Nynorsk språk er grunnleggande for tilhørsle og samkjensle, det er ein demokratisk rett og avgjerande for å kunne delta og bidra i samfunnet. Å sikre nynorsk som språk i offentlegeita krev medveten innsats frå offentlege institusjonar, skulane, barnehagane og biblioteka, media, organisasjonane og næringslivet. For Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg nynorsk til grunn for alt arbeid på kulturfeltet. Fylkesbiblioteket har nynorsk litteratur, med vekt på formidling til barn og unge, som særleg satsingsområde, og Den kulturelle skulesekken står for nynorskproduksjonar til skulane. Festivalar og kulturaktørar bidreg til formidling av nynorsk språk gjennom song og litteratur. Nynorsk er gjennom intensjonsavtalen mellom Hordaland og Sogn og Fjordane vedteke som administrasjonsspråk i det nye fylket. (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018, s. 26)

Om me skal samanfatta dei argumenta me ikkje har teke føre oss før, kan me setja dei opp slik:

#### Argument 7a

Belegg: Nynorsk er grunnleggjande for identiteten i Sogn og Fjordane.

Heimel: (Dersom) ein skal stø opp om språk som er viktige for den regionale identiteten,

Påstand: (so) skal Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomføre tiltak som nynorske barnebokbibliotek på dagsturhytter og lesegledarordninga.

Heimelen er ein prosedural: det er verdien for den regionale identiteten, ikkje nynorsk i seg sjølv, som gjer språket viktig. Men det går an å formulera dette annleis:

#### Argument 7b

Belegg: Nynorsk er grunnleggjande for identiteten i Sogn og Fjordane.

Heimel: (Dersom) nynorsk er viktig fordi det er grunnleggjande for den regionale identiteten,

Påstand: (so) skal Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomføra tiltak som nynorske barnebokbibliotek på dagsturhytter og lesegledarordninga.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

#### Argument 8

Belegg: Innbyggjarane i Sogn og Fjordane har ein demokratisk rett til nynorsk.

Heimel: (Dersom) ein skal oppfylla demokratiske rettar,

Påstand: (so) skal Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomføra tiltak som nynorske barnebokbibliotek på dagsturhytter og lesegledarordninga.

Heimelen er prosedural.

#### Argument 9

Belegg: Nynorsk er bruka av viktige institusjonar i Sogn og Fjordane.

Heimel: (Dersom) ein skal stø opp om språk der det er bruka av viktige institusjonar,

Påstand: (so) skal Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomføra tiltak som nynorske barnebokbibliotek på dagsturhytter og lesegledarordninga.

Heimelen er prosedural.

#### Argument 10

Belegg: Nynorsk skal vera administrasjonsspråk i nye Vestland fylkeskommune.

Heimel: (Dersom) ein skal stø eit språk som er vedteke brukt i framtida,

Påstand: (so) skal Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomføra tiltak som nynorske barnebokbibliotek på dagsturhytter og lesegledarordninga.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

#### *5.2.9 Vestland fylkeskommune. Handlingsplan 2021. Avdeling kultur, idrett og inkludering*

Vestland fylkeskommune sin handlingsplan for kultur, idrett og inkludering vart vedteken i samband med budsjettprosessen for 2021. Denne planen byggjer på kulturplanane til dei tidlegare fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane og er dei konkrete tiltaka Vestland fylkeskommune skal gjera i budsjettåret.

Nynorsk er nemnt 11 gongar i handlingsplanen, og nynorsk har eit eige kapittel. Der er det eit mål som er uteidd frå kulturplanane til dei tidlegare fylka: «Nynorsk er eit berande element i vestlandskulturen. Vi ønsker å styrke nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk» (Vestland fylkeskommune, 2020, s. 9).

Det er fem tiltak, og eitt av desse set nynorsk og bibliotek indirekte i samanheng, ved at dei nemner nynorsk litteratur og tiltak for mellom anna formidling av denne: «Initiere og vidareføre samarbeid og tiltak som gjeld produksjon og formidling av nynorsk litteratur, med særleg vekt på formidling til barn og unge» (sst.) Eit anna, som ikkje nemner nynorsk eksplisitt, handlar om lesedugleiken til unge i fylket: «Gjennomføre tiltak som aukar lesedugleiken til barn og unge, og særleg guitar» (sst.).

#### Argument 1a

Belegg: Nynorsk er eit berande element i vestlandskulturen.

Heimel: (Dersom) ein skal stø språk som er eit berande element i den regionale kulturen,

Påstand: (so) skal Vestland fylkeskommune initiera og vidareføra samarbeid og tiltak som gjeld produksjon og formidling av nynorsk litteratur, med særleg vekt på formidling til barn og unge.

Heimelen er prosedural: Ein skal styrkja språk som er viktige for den regionale kulturen.

#### Argument 1b

Belegg: Nynorsk er eit berande element i vestlandskulturen.

Heimel: (Dersom) nynorsk er viktig fordi det er eit berande element i den regionale kulturen,

Påstand: (so) skal Vestland fylkeskommune initiera og vidareføra samarbeid og tiltak som gjeld produksjon og formidling av nynorsk litteratur, med særleg vekt på formidling til barn og unge

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

## Argument 2

Belegg: Vestland fylkeskommune ynskjer å styrkja nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.

Heimel: (Dersom) biblioteka skal bidra til å nå dei språkpolitiske måla til fylkeskommunen,

Påstand: (so) skal Vestland fylkeskommune initiera og vidareføra samarbeid og tiltak som gjeld produksjon og formidling av nynorsk litteratur, med særleg vekt på formidling til barn og unge.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

**TABELL 2: OVERSYN OVER TYPAR HEIMLAR FRÅ FYLKESKOMMUNALE OG KOMMUNALE DOKUMENT**

Dokument	Type heimel	Tal
Målbruksplan Kvinnherad kommune (2016)	Dialektkonsekvensialistisk Eigenverdiheimel Styringskonsekvensialistisk	1 2 1
Språkbruksplan for Herøy kommune (2017)	Styringskonsekvensialistisk Dialektkonsekvensialistisk Integrasjonskonsekvensialistisk	1 1 1
Målbruksplan for Ål kommune (2019)	Styringskonsekvensialistisk Pedagogisk-konsekvensialistisk Deliberasjonskonsekvensialistisk Prosedural Eigenverdiheimel	3 1 1 2 2
Sula kommune. Vedtatt handlingsplan 2021	Styringskonsekvensialistisk Eigenverdiheimel Prosedural Mangfaldkonsekvensialistisk	1 1 1 1
Bibliotekplan for Askvoll kommune 2021–2024	Eigenverdiheimel Integrasjonskonsekvensialistisk Pedagogisk-konsekvensialistisk	2 2 1
Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025	Prosedural Eigenverdiheimel Dialektkonsekvensialistisk Styringskonsekvensialistisk	4 4 1 1
Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027	Eigenverdiheimel Prosedural Styringskonsekvensialistisk Pedagogisk-konsekvensialistisk Styringskonsekvensialistisk	2 5 2 2 1
Vestland fylkeskommune. Handlingsplan 2021. Avdeling kultur, idrett og inkludering	Prosedural Eigenverdiheimel Styringskonsekvensialistisk	1 1 1
Alle, oppsummering	Dialektkonsekvensialistisk Eigenverdiheimel Styringskonsekvensialistisk Integrasjonskonsekvensialistisk Pedagogisk-konsekvensialistisk Deliberasjonskonsekvensialistisk Prosedural Mangfaldkonsekvensialistisk	3 14 9 3 4 1 13 1

### 5.3 Oppsummering: analysen av dokumenta

Går me gjennom dei ulike dokumenta, kan me setja opp eit oversyn over kva typar heimlar me finn i dei ulike argumentasjonsrekjkjene. Å telja opp kvar enkelt heimeltype er ei

krevjande øving, og som me har sett, er det fleire argumentasjonsrekker som kan setjast opp med meir enn éin heimel. Om me likevel gjer det, ser me at eigenverdiheimlar, prosedurale heimlar og styringskonsekvensialistiske heimlar er dei mest utbreidde i argumentasjonsrekjkjene eg har sett opp. Det er ingen tydelege skilnadar mellom kommunale og fylkeskommunale dokument.

Dei heimeltypane som Bjørhusdal (2014) har funne i materialet sitt, og som eg ikkje har funne i mitt, er økonomisk-konsekvensialistiske og lingvistisk-konsekvensialistiske heimlar.

## **6. Kvantitativ analyse med data frå spørjeskjema**

Svara på spørjeundersøkinga var den andre delen av datamaterialet i denne granskingsa. Fyrst vert kjenneteikn ved respondentane og svara deira presenterte, so går eg gjennom dei viktigaste funna frå spørjeundersøkinga.<sup>35</sup>

### **6.1 Respondentane og svara deira**

I dette underkapittelet vert respondentane og svara deira presenterte.

#### *6.1.1 Kort om svara*

Spørjeskjemaet vart som tidlegare nemnt sendt ut til e-postadressene til 469 folkebibliotek. Det kom 192 svar (40,9 prosent). Svara på spørjeskjemaet vart samla inn i perioden frå 4. mai til 13. september 2021. Eg har i hovudsak nytta 187 av svara (39,9 prosent), og grunnlaget for denne avgrensinga går eg gjennom i underkapittel 6.1.2.

#### *6.1.2 Personvern*

Spørsmål 33 til 37 handla om personvern og kva rettar eg fekk til å bruka svara til respondentane. Kort oppsummert var det fem svar eg ikkje kunne bruka, sidan dei hadde svara nei på om eg kunne bruka svaret, og eg ikkje hadde kontaktinformasjonen deira. Eg har also sett på 187 svar i denne gjennomgangen. Unntaket er dei fire personvernsspørsmåla, nummer 33–37, der eg såg på alle 192 svara.

I spørsmål 33 bad eg respondentane om løyve til å bruka svara i oppgåva. 184 svara ja på at eg kunne bruka svaret deira saman med eventuelle personopplysingar (96 prosent). 8 respondentar har svara nei (4 prosent).

Nokre av dei sistnemnde valde eg likevel å bruka. Då eg gjekk gjennom svara, var nei-svara vanskelege å tolka som noko anna enn ei feiltasting eller ei misforståing. Respondentane har svara so utførleg på spørsmåla at det var vanskeleg å tru at dette var protestsvar eller tilsvarande som tilsa att dei ikkje ynskte at eg skulle bruka svara. Mange hadde òg svara ja på alle eller mange av dei andre personvernspørsmåla. Difor våga eg å senda ein oppklarande e-post til dei to eg hadde e-postadressa til,<sup>36</sup> og høyra om eg likevel kunne bruka svara deira (sjå

---

<sup>35</sup> Av plassomsyn hadde eg ikkje høve til å presentera alle delane av datamaterialet frå spørjeundersøkinga. Noko av det som ikkje vart prioritert, er å finna i *Vedlegg C*.

<sup>36</sup> Respondentane eg har kontakta om slike spørsmål, har gjeve meg e-postadressa si, sidan dei ynskte å få tilsendt oppgåva når ho var ferdig.

vedlegg D.5). Eg fekk løyve frå respondent 13949445 (personleg kommunikasjon, 5. april 2022) og respondent 14850212 (personleg kommunikasjon, 22. april 2022).

Respondent 14808746 hadde svara ja på spørsmål 37. Dette spørsmålet handlar om løyve til indirekte identifisering, noko som går vidare frå spørsmål 33. Difor har eg valt å tolka nei-et i spørsmål 33 som ein feil og bruka dette svaret i oppgåva mi.

Dei fem andre svara har eg valt å fjerna, sidan eg ikkje hadde nokon måte å kontakta dei på for å finna ut om det var ein feil eller ei misforståing.

I spørsmål 34 spør eg om løyve til å dela svara med rettleiaren min, og i spørsmål 35 spør eg om å få oppbevara og lagra svara medan eg arbeider med oppgåva. På begge hadde 191 svara ja, og éin svara nei. Eg tolka desse svara frå denne respondenten på same måte som med respondentane som svara nei på spørsmål 33. Eg våga difor å spørja per e-post om det var ei misforståing eller ikkje, og fekk løyve frå respondent 14809225 (personleg kommunikasjon, 9. april 2022) og respondent 13958807 (personleg kommunikasjon, 26. april 2022).

I spørsmål 36 ber eg respondentane om løyve til å oppbevara og lagra svara etter eg er ferdig med oppgåva. 170 har svara ja, medan 22 respondentar har svara nei. Svara frå desse respondentane vert sletta når oppgåva er ferdig vurdert.

I spørsmål 37 ber eg respondentane om løyve til å bruka svara slik at respondentane kunne identifiserast indirekte. 140 har svara ja, medan 52 respondentar har svara nei.

Sidan eg fekk so mange nei på dette spørsmålet, valde eg å handsama alle svara endå meir varsamt enn eg hadde tenkt. Eit grep eg gjorde, var å ikkje kopla fritekstsvar med annan informasjon enn svarnummeret. Til dømes kunne det vera interessant og oppklarande å nemna fylke, tenestespråk eller tilsvarande i parentesen med svarnummeret. Det valde eg å unngå, for å gjera det vanskelegare å kopla svara til respondentane. Sameleis har eg prøvd å gjera eventuelle sekkekategoriar større. Eg valde i hovudsak å analysera landsdelar i staden for fylke om det var mogleg å sjå kva enkeltrespondentar har svara. Målet var å unngå problematikken som dukkar opp i Viken, fordi der det er nokre få nynorskkommunar som kan vera mogleg å kjenna att om dei vart handsama for seg.

#### *6.1.3 Kva kjenneteiknar biblioteka og kommunane dei ligg i*

Fyrst skal eg gå gjennom nokre av spørsmåla som kan seia noko om kva som kjenneteiknar folkebiblioteka som har svara på undersøkinga, og kommunane dei ligg i. Samanliknar me

respondentane mine (det endelige talet svar) med folkebibliotek i utvalet mitt og kommunane i Noreg, kan kjenneteikna oppsummerast slik:

Det er større del folkebibliotek i nynorskkommunar som har svara.

Det er større del folkebibliotek i kommunar med nynorskelevar som har svara.

Det er større del folkebibliotek i dei tre vestlandsfylka og dei andre fylka med nynorsk i skulen som har svara.

Elles har eg spurt biblioteka om innbyggjartalet i kommunen, om kommunen har språkplan eller kulturplan, i kva grad dei har ressursar til å kjøpa inn materiale, og kva som styrer språkbruken på biblioteket. I desse kategoriene er det anten vanskeleg å jamføra med andre tal, eller so skil ikkje biblioteka i utvalet seg nemneverdig ut, og eg går difor ikkje nærmare inn på dette her.<sup>37</sup>

Spørsmål 22 er eit avkryssingsspørsmål som er med for å få respondentane til å svara på kva språkvedtak kommunen har, nærmare bestemt kva tenestespråk kommunen har avgjort at staten skal bruka der.

I svara på spørsmål 22 ser me at eit fleirtal på 75 av respondentane rapporterer at folkebiblioteket deira ligg i ein kommune med bokmål som tenestespråk (40 prosent), 66 svarar at dei høyrer til i ein kommune nynorsk tenestespråk (35 prosent), 30 respondentar seier at biblioteket deira ligg i ein språknøytral kommune (16 prosent), og 16 respondentar har svara at dei ikkje veit kva tenestespråk kommunen har vedteke (9 prosent).



FIGUR 1: ALLE RESPONDENTAR SINE SVAR OM TENESTESPRÅKET I KOMMUNEN, PROSENTVIS, SPØRSMÅL 22

Desse tala kan me jamføra med statistikk om språkvedtaka til kommunane. Grepstad summerer opp at etter kommunesamanslåingane i perioden 2014–2019 hadde 148 kommunar

<sup>37</sup> Sjå elles underkapitla 17, 23/24, 25, 26 og 27/28 i vedlegg C.

vedteke bokmål som statleg skriftspråk, 90 kommunar hadde valt nynorsk, og 118 kommunar hadde vedteke å vera språknøytrale (2020b, s. 272). Prosentvis vert dette ei fordeling på 42 prosent bokmål, 25 prosent nynorsk og 33 prosent språknøytrale (Grepstad, 2020a, tabell 3.6.1).

I utvalet mitt var det 138 folkebibliotek i bokmålskommunar (29 prosent), 106 folkebibliotek i nynorskkommunar (23 prosent) og 225 folkebibliotek i språknøytrale kommunar (48 prosent). Ei forklaring på at prosenten folkebibliotek i språknøytrale kommunar er so mykje større enn prosenten språknøytrale kommunar, er at store språknøytrale kommunar som Bergen, Trondheim og Oslo har mange bibliotekavdelingar.

TABELL 3: PROSENT STATLEG SKRIFTSPRÅK FOR KOMMUNAR OG FOLKEBIBLIOTEK (UTVAL OG SVARA)

Statleg skriftspråk (tenestespråk)	Kommunar (N=356)	Folkebibliotek (utval, N=469)	Folkebibliotek (svara, N=187)
Nynorsk	42 %	23 %	35 %
Bokmål	25 %	29 %	40 %
Språkleg nøytral	33 %	48 %	16 %
Veit ikkje	-	-	9 %
Totalt	100 %	100 %	100 %
Kommunetala er henta frå Grepstad (2020a, tabell 3.6.1).			

Ser me desse tala i samanheng, er det for mange folkebibliotek i kommunar med nynorsk og bokmål som statleg skriftsspråk som har svara, og for få frå språkleg nøytrale kommunar, samanlikna med prosenten av bibliotek i slike kommunar.

Ei forklaring på avvika som gjeld nynorsk, er at spørjeundersøkinga kan ha verka relevant for fleire folkebibliotek i nynorskkommunar enn i kommunar med andre språkvedtak. Avviket mellom folkebibliotek i språknøytrale kommunar og bokmålskommunar kjem kanskje av at respondentane har blanda i hop statleg tenestespråk og kommunalt administrasjonsspråk, eller at det er bokmål som dominerer i kommunen. Det er truleg fleire folkebibliotek i språknøytrale kommunar som har svara at dei er i ein bokmålskommune. Dette må me ta høgde for når me ser på resultata frå spørjeundersøkinga.

Sjølv med slike avvik i datamaterialet har dataa ein anna funksjon som ikkje vert svekt av slike feil: Dei syner kva språkvedtak dei tilsette i kommunen *oppfattar* at kommunen har. Det kan vera ein viktig motivasjon og forklaring for vala og praksisane ute i biblioteka, som i seg sjølv er nyttig å få fram.

I spørsmål 20 vert sju påstandar om språk i skulen presenterte, og respondentane vert bedne om å kryssa av på dei som høver for deira bibliotek. I tabellen står det totale talet på kor mange og kor stor prosentdel av respondentane som meiner at påstandane passar for kommunen deira.

**TABELL 4: ALLE RESPONDENTAR SINE SVAR OM SPRÅK I SKULEN, SPØRSMÅL 20**

Nr.	Påstandar	Totalt	Prosent
20.A	Det er nynorskskular eller skular med nynorskelevar i kommunen min.	86	46,0 %
20.B	Det er fleirtal av bokmålselevar i kommunen min.	59	31,6 %
20.C	Det er berre bokmålselevar i kommunen min.	52	27,8 %
20.D	Det er skular med samiskspråklege elevar i kommunen min.	12	6,4 %
20.E	Det er skular med kvenskspråklege elevar i kommunen min.	3	1,6 %
20.F	Det er opplæringssenter for vaksne og/eller unge innvandrarar i kommunen min.	89	47,6 %
20.G	Usikker på ein eller fleire av påstandane.	19	10,2 %
Totalt tal av varianten i utvalet mitt		187	

I fritekstsvara skriv seks av respondentane at dei er usikre på kva språk som finst i skulane i kommunen. Svaret frå denne respondenten er typisk, sjølv om hen er den einaste som nemner samisk her: «Usikker på om det er nynorskskoler/nynorskelever og samiskspråklige elever i kommunen» (15140499). Eg hadde ikkje venta eller bede om at respondentane skulle sjekka ut Grunnskolens informasjonssystem (GSI), der data om språklege minoritetar og skriftspråk er tilgjengeleg attende til 1992 (Utdanningsdirektoratet, 2021).

Desse tala går an å samanlikna med tala for korleis desse realitetane fordeler seg per kommune, sjølv om det ikkje er eit ein-til-ein-tilhøve mellom talet på kommunar og talet på bibliotek som kunne ha svara. I tala frå GSI ser me at det var nynorskelevar i 127 av 356 kommunar i skuleåret 2021–2022 (35,6 prosent). Fylgjeleg var det berre 229 kommunar med berre bokmålselevar (64,3 prosent).<sup>38</sup> I 263 kommunar var over helvta av elevane bokmålselevar (73,8 prosent).<sup>39</sup>

<sup>38</sup> Merk at det er elevar med samisk, kvensk og andre morsmål i desse kommunane.

<sup>39</sup> Eg har ikkje funne tilsvarende tal om kommunar med samiskspråklege elevar, elevar med kvensk/finsk som språk, opplæringssenter for vaksne eller unge innvandrarar eller talet på elevar med romani og romanes som språk.

**TABELL 5: PROSENT SPRÅK I SKULEN, FORDELT PÅ KOMMUNAR OG UTVALET I UNDERSØKINGA**


Språk i skulen	Kommunar (N=356)	Folkebibliotek (svar, N=187)
Nynorskelevar	35,6 %	46,0 %
Fleirtal av bokmålselevar	73,8 %	31,6 %
Berre bokmålselevar*	64,3 %	27,8 %
Samiskspråklege elevar	-	6,4 %
Kvenskspråklege elevar	-	1,6 %
Opplæringssenter	-	47,6 %

\*Det er elevar med samisk, kvensk eller andre morsmål i mange av desse kommunane.

Me ser at det er prosentvis fleire folkebibliotek som har svara at dei ligg i ein kommune med nynorskelevar, enn prosenten kommunar med nynorskelevar. I utgangspunktet ser det veldig skeivt ut når det gjeld fleirtal av og berre bokmålselevar, men her er det verdt å merka seg at det var valfritt å kryssa av på desse påstandane. Ein annan måte å rekna dette på er å sjå på respondentane som *ikkje* har kryssa av på at kommunen deira har nynorskelevar eller nynorskular. Det er 54 prosent. Det er nærmare talet kommunar med berre bokmålselevar (64,3 prosent) enn dei respondentane som har haka av på at det berre er bokmålselevar i kommunen deira (27,8 prosent).

Det er verdt å merka seg at det dette spørsmålet eigentleg seier noko om, er kva den tilsette som svarar på spørsmålet, *veit* eller *trur* om språkstoda i kommunen. Og i neste omgang korleis desse oppfatningane av fakta påverkar synet deira på folkebiblioteka si rolle i språkpolitikken.

I spørsmål 19 skal respondentane velja kva fylke biblioteket deira ligg i.



**FIGUR 2: RESPONDENTANE FORDELT PÅ FYLKE, SPØRSMÅL 19**

Det er kome svar frå respondentar frå alle fylke. Flest i Vestland og færrest i Oslo.

**TABELL 6: RESPONDENTANE FORDELT PÅ FYLKE I TOTALE TAL OG PROSENT, SPØRSMÅL 19**

	Tal	Prosent av svara
Oslo	6	3,2 %
Troms og Finnmark	9	4,8 %
Vestfold og Telemark	12	6,4 %
Nordland	12	6,4 %
Trøndelag	13	7,0 %
Agder	15	8,0 %
Rogaland	16	8,6 %
Innlandet	19	10,2 %
Møre og Romsdal	20	10,7 %
Viken	28	15,0 %
Vestland	37	19,8 %
Totalt	187	100 %

Om me set opp ein tabell der me samanliknar kor mange av dei faktiske respondentane som har kryssa av for kvart fylke, opp mot kor mange moglege respondentar i utvalet er i fylket deira, ser me store variasjonar frå fylke til fylke. Det er eit spenn frå ein svarprosent på 21 i Troms og Finnmark, til Møre og Romsdal, der heile 64 prosent har svara. Det er størst prosentdel i dei tre vestlandsfylka som har svara, og etter dei kjem dei fire fylka på Austlandet og Agder med nynorske skulekrinsar og nynorskommunar.

TABELL 7: SVARPROSENTEN, FORDELT PÅ FYLKE


Fylkesnamn	Totalt tal bibliotek i utvalet	Totalt tal svar	Prosent svar i frå utvalet
Troms og Finnmark	42	9	21 %
Trøndelag	51	13	25 %
Nordland	41	12	29 %
Oslo	20	6	30 %
Viken	78	28	36 %
Vestfold og Telemark	32	12	38 %
Innlandet	47	19	40 %
Agder	31	15	48 %
Rogaland	29	16	55 %
Vestland	63	37	59 %
Møre og Romsdal	33	20	61 %
Totalt	467	187	40 %

#### 6.1.4 Kva kjenneteiknar dei som svarar på vegner av biblioteka

Det er prosentvis fleire av dei som har svara på spørjeundersøkinga, som brukar nynorsk privat, anten heile tida eller vekslande mellom nynorsk og bokmål, enn i folket generelt sett. Eit fleirtal av dei som har svara på vegner av folkebiblioteket sitt, er tilsette i biblioteksjefstillingar, og berre ein firedel av respondentane drøfta spørsmåla med andre tilsette. Eg har òg spurte respondentane om dei har drøfta spørsmåla med andre, og kva stilling dei har. I desse kategoriane er det anten vanskeleg å jamføra med andre tal eller so skil ikkje biblioteka i utvalet seg nemneverdig ut. Eg går difor ikkje nærmare inn på dette her.<sup>40</sup>

Spørsmål 31 er eit avkryssingsspørsmål der respondentane vert spurde om kva språk dei brukar privat.

TABELL 8: ALLE RESPONDENTAR SINE SVAR OM PRIVAT SPRÅKBRUK, SPØRSMÅL 31



<sup>40</sup> Sjå elles underkapitla 29 og 30 i vedlegg C.

111 respondentar svara at dei brukar bokmål privat (59 prosent), 39 respondentar svara nynorsk (21 prosent), 35 respondentar svara at dei vekslar mellom nynorsk og bokmål (19 prosent), og 2 respondentar svara at dei brukar eit anna språk (1 prosent).

Eg har ikkje funne nokon undersøkingar av språkbruken til tilsette i folkebiblioteka. Det finst heller ikkje nokon offisiell statistikk over kva skriftspråk eller språk vaksne innbyggjarar i Noreg reknar som sitt morsmål eller hovudspråk, slik som til dømes Finland har.<sup>41</sup>

I *Språkfakta 2020* er det samla ei rekke undersøkingar og relevante statistikkar som kan seia noko om privat språkbruk (Grepstad, 2020a). I nokre samanhengar vert det synt til kor mange som leverer skattemelding på nynorsk eller bokmål. I 2019 var det 9,8 prosent av skatteyarane som leverte skattemelding på nynorsk (Grepstad, 2020a, tabell 7.3.1). Dessutan har det vore gjennomført spørjeundersøkingar om privat bruk av nynorsk og bokmål. I 2015 svara 8 prosent at dei brukar nynorsk privat, 86 prosent at dei brukar bokmål, og fem prosent at dei brukar begge skriftspråka i ei spørjeundersøking gjennomført av TNS Gallup (Grepstad, 2020a, tabell 7.2.15).

Som begge desse døma syner, er det stor skilnad mellom dei andre tala me har for privat språkbruk, og tala frå respondentane mine. Det er for mange som brukar nynorsk, anten dei brukar nynorsk heile tida eller vekslar mellom skriftspråka. Ein nærliggjande grunn til dette er at det er ein overrepresentasjon av folkebibliotek i nynorskkommunar og på Vestlandet i mellom respondentane. Dessutan er det teikn i fritekstsvara på at det i nokre tilfelle er ein nynorskbrukande tilsett på folkebiblioteket som har fått ansvar for å svara på undersøkinga eller har prioritert det. Ei mogleg tolking av dette er at undersøkinga verka mest aktuell eller interessant for tilsette som brukar eller var interesserte i nynorsk.

## 6.2 Funn frå spørjeundersøkinga

Dette underkapittelet handlar om funna frå analysen av svara på spørjeundersøkinga. Eg har plukka ut nokre av dei viktigaste funna (sjå elles vedlegg C).

### *6.2.1 Skal nynorsk prioriterast i folkebiblioteka? Påstandar og signifikante skilnadar*


I dette underkapittelet går eg gjennom korleis folkebiblioteka samla og i ulike underkategoriar stiller seg til nokre påstandar om i kva grad nynorskformidling skal prioriterast nasjonalt og lokalt.

---

<sup>41</sup> I Finland kan innbyggjarane registera morsmål og kontaktspråk (finsk eller svensk) i befolkningsdatasystemet (Myndigheten för digitalisering och befolkningsdata, u.å.).


I starten av spørjeskjemaet bed eg biblioteka ta stilling til i kva grad dei er samde eller usamde i fire påstandar. Det er desse påstandane eg har nytta til å granska om det er signifikante skilnadar mellom svara frå ulike typar respondentar.

I svara på spørsmål 1 var eit stort fleirtal anten heilt eller ganske samde (38,5 og 39,6 prosent) i at «[d]et bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å formidla materiale på nynorsk». Få var ganske eller heilt usamde (4,3 og 1,1 prosent). 16,6 prosent var korkje samde eller usamde.



**FIGUR 3: ALLE RESPONDENTAR SINE SVAR PÅ PÅSTAND 1**


I svara på spørsmål 2 var eit fleirtal anten heilt eller ganske samde (29,9 og 33,2 prosent) i at «[d]et bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å ha arrangement og utstillingar om til dømes litteratur på nynorsk». Få var ganske eller heilt usamde (4,8 og 1,1 prosent). Heile 31 prosent var korkje samde eller usamde.



**FIGUR 4: ALLE RESPONDENTAR SINE SVAR PÅ PÅSTAND 2**

I svara på spørsmål 3 var eit stort fleirtal anten heilt eller ganske samde (49,2 og 26,7 prosent) i at «[d]et er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å ha eit godt utval materiale på nynorsk». Få var ganske eller heilt usamde (7 og 1,1 prosent). 16 prosent var korkje samde eller usamde.


3. Det er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å ha eit godt utval materiale på nynorsk.



FIGUR 5: ALLE RESPONDENTAR SINE SVAR PÅ PÅSTAND 3

I svara på spørsmål 4 var eit litt mindre fleirtal anten heilt eller ganske samde (27,1 og 28,6 prosent) i at «[d]et er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å formidla litteratur og kultur på nynorsk gjennom arrangement og utstillingar». Få var ganske eller heilt usamde (9,9 og 3,6 prosent). 30,7 prosent var korkje samde eller usamde.

4. Det er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å formidla litteratur og kultur på nynorsk gjennom arrangement og utstillingar.



FIGUR 6: ALLE RESPONDENTAR SINE SVAR PÅ PÅSTAND 4

Påstand 1 og 3 handla om materiellet og formidlinga av det, medan påstand 2 og 4 handlar om ein annan del av ansvarsområdet til folkebiblioteka: arrangement. Det er ein tydeleg skilnad i svara. Klart fleire meinte at formidling av materiell på nynorsk bør vera ei prioritert oppgåve, enn dei som meinte at arrangement som formidlar litteratur og kultur på nynorsk, skal vera prioritert. Vesentleg fleire svara at dei var «Korkje samd eller usamd» i at nynorskarrangement er ei prioritert oppgåve.

Når det gjeld om nynorsk er eit ansvar *alle* folkebibliotek skal kjenna på, versus om det er eit ansvar for *deira* folkebibliotek, ser me nokre fellestrek og skilnadar. Nesten like mange (146 versus 144) er anten ganske eller heilt samde i at formidling av materiell på nynorsk er ei prioritert oppgåve for alle folkebibliotek, som dei som er dei same kategoriane når det gjeld om det er prioritert av deira bibliotek. Det er ein litt større skilnad når det er snakk om arrangement. 118 versus 107 har svara at dei er ganske eller heilt samde i påstand 2 og 4.

Når me skal sjå på signifikante skilnadar mellom ulike typar respondentar, skal me gå attende til spørsmåla me såg på i kapittel 6.1, og nokre andre spørsmål som kan hjelpe oss å skilja mellom ulike grupper respondentar. For å finna fram til eventuelle signifikante skilnadar (P-verdi under 0,050) har eg nytta programmet SPSS til å bruka einvegs anova-testar (One-Way ANOVA) og t-testar (Independent Samples T Test).

Dei fyrste svargruppene me skal sjå på, er folkebibliotek i kommunar med ulike vedtak om statleg skriftspråk (tenestespråk). Det er signifikante skilnadar mellom nynorsk- og bokmålskommunar på alle fire påstandane, og nynorskkommunane ligg over i snitt.

TABELL 9: SIGNIFIKANTE SKILNADAR TENESTESPRÅK, NYNORSK VERSUS BOKMÅL

Variabel	Nynorsk tenestespråk	SD	Bokmål tenestespråk	SD	P-verdi
Påstand 1.	4,45	0,727	3,91	0,975	0,001
Påstand 2.	4,15	0,881	3,68	1,016	0,015
Påstand 3.	4,79	0,481	3,67	1,070	< 0,001
Påstand 4.	4,42	0,703	3,17	1,057	< 0,001
	N=66		N=75		

Det er signifikante skilnadar på påstand 1, 3 og 4 mellom folkebiblioteka i kommunane med nynorsk tenestespråk og dei biblioteka som har svara at dei held til i språknøytrale kommunar. Dei språknøytrale kommunane ligg under i snitt.

TABELL 10: SIGNIFIKANTE SKILNADAR TENESTESPRÅK, NYNORSK VERSUS SPRÅKNØYTRAL

Variabel	Nynorsk tenestespråk	SD	Språknøytral tenestespråk	SD	P-verdi
Påstand 1.	4,45	0,727	3,93	0,740	0,035
Påstand 2.	4,15	0,881	3,80	0,714	0,310
Påstand 3.	4,79	0,481	4,20	0,961	0,014
Påstand 4.	4,42	0,703	3,70	0,837	0,002
	N=66		N=30		Raudt tyder ikkje signifikant.

Det er signifikante skilnadar på påstand 3 og 4 mellom folkebiblioteka i kommunane med nynorsk tenestespråk og dei biblioteka som har svara at dei ikkje veit kva tenestespråk kommunen deira har. Veit ikkje-folkebiblioteka ligg under i snitt.<sup>42</sup>

<sup>42</sup> Merk at det er eit lite utval som har kryssa av på veit ikkje (N=16).

TABELL 11: SIGNIFIKANTE SKILNADAR TENESTESPRÅK, NYNORSK VERSUS VEIT IKKJE

Variabel	Nynorsk tenestespråk	SD	Veit ikkje	SD	P-verdi
Påstand 1.	4,45	0,727	3,88	1,088	0,082
Påstand 2.	4,15	0,881	3,63	0,957	0,173
Påstand 3.	4,79	0,481	3,81	0,981	< 0,001
Påstand 4.	4,42	0,703	3,00	1,079	< 0,001
	N=66		N=16		Raudt tyder ikkje signifikant.

Det er signifikante skilnadar på påstand 3 og 4 mellom folkebiblioteka i kommunane med bokmål som tenestespråk og dei biblioteka som har svara at kommunen dei held til i, er språknøytral. Bokmålskommunane ligg under i snitt.

TABELL 12: SIGNIFIKANTE SKILNADAR TENESTESPRÅK, BOKMÅL VERSUS SPRÅKNØYTRAL

Variabel	Bokmål tenestespråk	SD	Språknøytral tenestespråk	SD	P-verdi
Påstand 1.	3,91	0,975	3,93	0,740	0,999
Påstand 2.	3,68	1,016	3,80	0,714	0,310
Påstand 3.	3,67	1,070	4,20	0,961	0,014
Påstand 4.	3,17	1,057	3,70	0,837	0,041
	N=75		N=30		Raudt tyder ikkje signifikant.

Skilnadane mellom folkebiblioteka i kommunar med ulike tenestespråk kan tyda på at meiningane om kor mykje nynorsk skal prioriterast i folkebiblioteka, heng saman med kva stilling nynorsk og bokmål har i kommunen.

Det er interessante skilnadar mellom biblioteka i kommunar med ulike språk i skulen (spørsmål 20). Særleg mellom dei som har kryssa av for at dei har nynorskelevar i kommunen, dei som har svara at det er fleirtal av bokmålsbrukarar, dei som har svara at det er berre bokmålselevar, og dei som ikkje har kryssa av på desse svaralternativa.

Når det gjeld dei som har svara at dei er i ein kommune med nynorskelevar, og dei som ikkje har kryssa av på alternativet, er det signifikante skilnadar på alle påstandane. Dei respondentane som har svara at dei har nynorskelevar, ligg over gjennomsnittet.

TABELL 13: SIGNIFIKANTE SKILNADAR SPRÅK I SKULEN, NYNORSKELEVAR VERSUS RESTEN

Variabel	Veit om nynorsk i skulen	SD	Ikkje nynorsk i skulen	SD	P-verdi
Påstand 1.	4,35	0,748	3,89	0,969	< 0,001
Påstand 2.	4,08	0,857	3,67	0,097	0,001
Påstand 3.	4,70	0,615	3,70	1,044	< 0,001
Påstand 4.	4,27	0,818	3,19	1,027	< 0,001
	N=86		N=101		

Mellom respondentane som har svara at dei er i ein kommune med fleirtal av bokmålselevar, og dei som ikkje har gjort det, er det signifikante skilnadar på påstand 3 og 4. Dei respondentane som har svara at dei har fleirtal av bokmålselevar, ligg under gjennomsnittet.

TABELL 14: SIGNIFIKANTE SKILNADAR SPRÅK I SKULEN , FLEIRTAL BOKMÅLSELEVAR VERSUS RESTEN

Variabel	Veit om fleirtal av bokmål i skulen	SD	Ikkje fleirtal av bokmål i skulen	SD	P-verdi
Påstand 1.	3,95	0,879	4,17	0,906	0,058
Påstand 2.	3,81	0,900	3,88	0,961	0,320
Påstand 3.	3,90	0,959	4,28	1,003	0,007
Påstand 4.	3,47	1,006	3,78	1,101	0,035
	N=59		N=128		Raudt tyder ikkje signifikant.

Mellom respondentane som har svara at dei er i ein kommune med berre bokmålselevar, og dei som ikkje har gjort det, er det signifikante skilnadar på alle påstandane. Dei respondentane som har svara at det berre er bokmålselevar, ligg under gjennomsnittet.

TABELL 15: SIGNIFIKANTE SKILNADAR SPRÅK I SKULEN, BERRE BOKMÅLSELEVAR VERSUS RESTEN

Variabel	Veit om berre bokmål i skulen	SD	Ikkje berre bokmål i skulen	SD	P-verdi
Påstand 1.	3,88	1,060	4,19	0,821	0,020
Påstand 2.	3,60	1,071	3,96	0,867	0,008
Påstand 3.	3,63	1,121	4,36	0,878	< 0,001
Påstand 4.	3,04	1,084	3,93	0,971	< 0,001
	N=52		N=135		

Desse funna kan tyda på at det er ein samanheng mellom kor mykje nynorsk er brukta i skulen, og kor høgt folkebiblioteka meiner at nynorsk skal prioriterast.

Eg har funne signifikante skilnadar når det gjeld privat språkbruk (spørsmål 31). Det er signifikante skilnadar mellom nokre av utvala på alle påstandane.

Det er signifikante skilnadar mellom dei som har svara at dei skriv nynorsk privat, og dei som har svara at dei brukar bokmål privat, på alle påstandane. Nynorskbrukarane ligg over i snitt.

**TABELL 16: SIGNIFIKANTE SKILNADAR PRIVAT SPRÅKBRUK, NYNORSK VERSUS BOKMÅL**

Variabel	Nynorsk privat	SD	Bokmål privat	SD	P-verdi
Påstand 1.	4,44	0,821	3,89	0,084	0,004
Påstand 2.	4,18	0,885	3,64	0,902	0,006
Påstand 3.	4,82	0,451	3,85	1,020	< 0,001
Påstand 4.	4,38	0,747	3,36	1,034	< 0,001
	N=39		N=111		

Sameleis er det signifikante skilnadar mellom dei som har svara at dei vekslar mellom nynorsk og bokmål, og dei som har svara at dei brukar bokmål privat, på alle påstandane. Dei som vekslar mellom språka, ligg over i snitt.

**TABELL 17: SIGNIFIKANTE SKILNADAR PRIVAT SPRÅKBRUK, VEKSLAR VERSUS BOKMÅL**

Variabel	Vekslar privat	SD	Bokmål privat	SD	P-verdi
Påstand 1.	4,49	0,658	3,89	0,084	0,002
Påstand 2.	4,31	0,758	3,64	0,902	< 0,001
Påstand 3.	4,51	0,818	3,85	1,020	0,001
Påstand 4.	4,00	1,079	3,36	1,034	0,006
	N=35		N=111		

Privat språkbruk ser altso ut til å ha påverka kor positive respondentane har vore til påstandane.

Når det gjeld korleis desse påstandane vert vurderte av folkebibliotek i ulike fylke (spørsmål 19), er det nokre få skilnadar som er verde å merka seg. På påstand 1 og 2 var det ingen signifikante skilnadar mellom svara. På påstand 3 var det signifikante skilnadar mellom folkebiblioteka i Vestland og fylka Viken, Trøndelag, Innlandet og Vestfold og Telemark.

**TABELL 18: SIGNIFIKANTE SKILNADAR MELLOM FYLKE, VESTLAND VERSUS VIKEN**

Variabel	Vestland	SD	Viken	SD	P-verdi
Påstand 3.	4,81	0,462	3,68	1,249	< 0,001
Påstand 4.	4,43	0,765	3,11	1,079	< 0,001
	N=37		N=28		

På påstand 4 var det signifikante skilnadar mellom folkebiblioteka i Vestland og dei i Viken, Oslo og Vestfold og Telemark, og mellom folkebiblioteka i Møre og Romsdal, Viken og Oslo.<sup>43</sup>

TABELL 19: SIGNIFIKANTE SKILNADAR MELLOM FYLKE, MØRE OG ROMSDAL VERSUS VIKEN

Variabel	Møre og Romsdal	SD	Viken	SD	P-verdi
Påstand 3.	4,50	0,688	3,68	1,249	0,092
Påstand 4.	4,25	0,798	3,11	1,079	0,004
N=20		N=28		Raudt tyder ikkje signifikant	

Sams for påstand 3 og 4 er at både to handlar om i kva grad deira bibliotek prioriterer nynorsk sjølv i arbeidet sitt. Soleis kan desse skilnadane tolkast til at folkebiblioteka i Vestland og Møre og Romsdal prioriterer dette arbeidet høgare enn biblioteka i fylka det var signifikante skilnadar med.

Når det gjeld kva som styrer språkbruken til biblioteka (spørsmål 17), finst det signifikante skilnadar i påstand 3 og 4 mellom dei respondentane som svarar at det er vedtak i kommunestyret som avgjer, og dei som svarar at dei tilsette vel sjølve. Dei som har svara at vedtak i kommunestyret avgjer språkbruken til folkebiblioteket, ligg over i snitt.

TABELL 20: SIGNIFIKANTE SKILNADAR, KOMMUNESTYRET AVGJER VERSUS TILSETTE VEL SJØLVE

Variabel	Vedtak i kommunestyret	SD	Tilsette vel sjølve	SD	P-verdi
Påstand 3.	4,51	0,842	3,94	0,998	0,003
Påstand 4.	4,03	0,969	3,36	1,093	< 0,001
N=78		N=67			

Dette funnet kan tyda på at i kommunar der det er gjort vedtak, er folkebiblioteka meir positive til påstandane som gjeld eigen praksis på biblioteket.

Dette kan koma av at det er fleire respondentar i nynorskkommunar som har haka av for dette alternativet, der språkpolitikk kanskje er eit større debattema enn i språknøytrale kommunar eller bokmålskommunar. Funnet kan vera eit teikn på at når språkpraksisen er legitimert gjennom vedtak i demokratiske organ, fører det til større prioritering av nynorsk. Eller

<sup>43</sup> Det er verdt å merka seg at svarguppene Oslo (N=6), Trøndelag (N=13) og Vestfold og Telemark (N=12) er små. Eg valde å syna til Vestland og Viken attåt Møre og Romsdal og Viken her i oppgåva. Tala frå dei andre fylka med signifikante skilnadar finst i vedlegg C., kap. 19.

omvendt: Der respondentane meiner at nynorsk skal prioriterast, finst det i større grad demokratiske vedtak om språkbruken i kommunen.

Mellom respondentane som har svara ja og dei som har svara nei på om dei fremjar nynorsk (spørsmål 8), er det signifikante skilnadar på alle fire påstandane. Dei som har svara ja, ligg over snittet. Denne skilnaden kan tyda på at der ein samanheng mellom om respondentane er samde i at nynorsk skal prioriterast, og om folkebiblioteka faktisk gjer tiltak for å fremja nynorsk.

TABELL 21: SIGNIFIKANTE SKILNADAR MELLOM JA/NEI TIL Å FREMJA NYNORSK

Variabel	Ja, fremjar nynorsk	SD	Nei, fremjar ikkje nynorsk	SD	P-verdi
Påstand 1.	4,31	0,774	3,67	0,995	< 0,001
Påstand 2.	4,06	0,856	3,44	0,975	< 0,001
Påstand 3.	4,41	0,842	3,64	1,111	< 0,001
Påstand 4.	3,96	0,983	3,11	1,050	< 0,001
	N=126		N=61		

Det er skilnadar mellom nokre av dei ulike svargruppene frå spørsmåla om språkplan (spørsmål 23 og 24). Det er signifikante skilnadar mellom dei som har svara at dei har ein språkplan, og dei som har svara at dei ikkje veit om dei har ein språkplan, på både påstand 3 og påstand 4. Dei som har svara at kommunen deira har ein språkplan, ligg over i snitt.

TABELL 22: SIGNIFIKANTE SKILNADAR, SPRÅKPLAN, HAR DET VERSUS VEIT IKKJE

Variabel	Har språkplan	SD	Veit ikkje	SD	P-verdi
Påstand 3.	4,79	0,499	4,02	1,038	< 0,001
Påstand 4.	4,50	0,638	3,48	1,105	< 0,001
	N=28		N=129		

Det er signifikante skilnadar mellom dei som har svara at dei har ein språkplan, og dei som har svara at dei ikkje har ein språkplan, på påstand 4, og dei som har ein slik plan, ligg over i snitt.

TABELL 23: SIGNIFIKANTE SKILNADAR, SPRÅKPLAN, HAR DET VERSUS HAR IKKJE DET

Variabel	Har språkplan	SD	Har ikkje språkplan	SD	P-verdi
Påstand 3.	4,79	0,499	4,20	0,997	0,059
Påstand 4.	4,50	0,638	3,80	0,925	0,027
	N=28		N=30		Raudt tyder ikkje signifikant

Funnet kan vera eit teikn på at når språkpraksisen er legitimert i ein språkplan (språkbruksplan, språkprofil eller liknande), er det større støtte til å prioritera nynorsk i folkebiblioteka. Eller omvendt at der respondentane meiner at nynorsk skal prioriterast, finst det i større grad språkplanar.

Desse skilnadane er ekstra interessante fordi det ikkje er signifikante skilnadar mellom dei som har eller ikkje har bibliotek- eller kulturplan (spørsmål 27 og 28). Funna tyder altso på at det ikkje samanheng mellom kulturpolitisk planverk og meiningar om prioritering av nynorsk, men at eksplisitt språkpolitiske planar slår positivt ut

Ein kunne sett føre seg at til dømes store kommunar var meir negative til nynorsk, sidan det er færre store nynorskkommunar, eller at bibliotek som opplever at dei har små ressursar, prioriterer vekk nynorsk. Det sistnemnde fanst det døme på i fritekstsvara (sjå underkapittel 5.2.2). Men det er ikkje signifikante skilnadar mellom kva biblioteka meiner om sin eigen ressurssituasjon (spørsmål 25), og storleiken på kommunen (spørsmål 26), og kor positive dei var til påstandane.


Oppsummert tyder funna i dette kapittelet på at folkebiblioteka i stort er positive til at nynorskformidling skal prioriterast. Støtta er størst når det er snakk om det nasjonale ansvaret alle bibliotek har, og mindre når det er snakk om i kva grad dette er noko deira bibliotek skal prioritera. Det er signifikante skilnadar mellom ulike underkategoriar av folkebibliotek. Det verkar som at folkebiblioteka vert meir positive til påstandane dersom det er meir nynorsk i lokalsamfunnet dei opererer i, eller dersom dei brukar nynorsk sjølve. Det verkar òg som det er ein samanheng mellom haldningane dei har til desse fire påstandane, og om dei har svara at dei fremjar nynorsk (spørsmål 8). Det er signifikante skilnadar mellom nokre av svargruppene når det gjeld språkplanar, men ikkje når det gjeld kommunestorleik, kulturplan eller eigen opplevd ressurssituasjon.

### *6.2.2 Fremjar folkebiblioteka nynorsk? Grunnar, tiltak og dult?*

Spørsmål 8–12 krinsar kring om og på kva grunnlag biblioteka meiner dei fremjar eller ikkje fremjar nynorsk. I denne delen skal me gå gjennom desse spørsmåla: Korleis stiller folkebiblioteka seg til å fremja nynorsk? Korleis grunngjev biblioteka vala dei gjer? Kva tiltak gjer biblioteka, og finst det språkpolitiske dult mellom desse?

Spørsmål 8 er eit ja/nei-spørsmål der respondentane vert spurde om dei gjer tiltak for å fremja nynorsk. 126 respondentar (67 prosent) svara ja, 61 respondentar (33 prosent) svara nei. Altso

er det eit fleirtal på to tredelar av folkebiblioteka som har svara at dei gjer tiltak for å fremja nynorsk. Ein tredel svara at dei ikkje gjer det.



**FIGUR 7: SVARA FRÅ ALLE RESPONDENTANE PÅ SPØRSMÅL 8**

Eg har gått gjennom fritekstsvara på dei fire fylgjande spørsmåla og freista å systematisera liknande tiltak og grunngjevingar. Same respondent kom ofte med fleire tiltak og grunnar.

Dei som har svara at dei ikkje fremjar nynorsk, har ofte likevel kome med nokre konkrete tiltak dei gjer for å formidla materiell på nynorsk. Eit fleirtal formidlar nynorsk- og bokmållitteratur likt (59 prosent), nokre framsnakkar nynorsk litteratur (18 prosent) og formidlar nynorsk litteratur til elevar (14,8 prosent) eller bidreg til sidemålsundervisinga (6,6 prosent). Om lag ein tredel har anten ikkje kome med nokon konkrete tiltak eller gjeve uttrykk for at det ville vera feil å fremja nynorsk. Fleire gjer eit poeng av at dei ikkje nedprioriterer nynorsk litteratur, men heller ikkje gjer noko ekstra for å fremja han.

TABELL 24: TILTAK GJORDE AV FOLKEBIBLIOTEK SOM IKKJE FREMJAR NYNORSK

Tiltak for å formidla materiell på nynorsk	Tal	Prosent
Formidlar nynorsk- og bokmåls litteratur likt	36	59,0 %
Nei	20	32,8 %
Framsnakkar nynorsk litteratur	11	18,0 %
Merkar ikkje nynorskbøker og har ikkje nynorskhyller	10	16,4 %
Formidlar nynorskbøker til elevar	9	14,8 %
Litterær kvalitet veg tyngst, ikkje språk	8	13,1 %
Tema, aktualitet og innhald veg tyngst, ikkje språk	8	13,1 %
Bidreg til sidemålsundervisinga	4	6,6 %
Eigne nynorskhyller	4	6,6 %
Merkar nynorskbøker	2	3,3 %
Har nynorskbøker av lokale forfattarar	2	3,3 %
Har utstillingar frå andre på nynorsk	2	3,3 %
Å fremja nynorsk er å diskriminera	1	1,6 %
Ikkje naudsynt	1	1,6 %
Tilskipingar om nynorsk litteratur	1	1,6 %
<b>N = 61</b>		

TABELL 25: TILTAK GJORDE AV FOLKEBIBLIOTEK SOM FREMJAR NYNORSK

Tiltak for å fremja nynorsk	Tal	Prosent
Merkar nynorsk litteratur	68	54,0 %
Formidlar/framsnakkar nynorsk litteratur	46	36,5 %
Formidlar og kjøper inn uavhengig av skriftspråk	30	23,8 %
Stiller ut nynorske bøker	23	18,3 %
Samarbeid med nynorskinstitusjonar	21	16,7 %
Prioriterer innkjøp av nynorsk litteratur	19	15,1 %
Har eigne hyller med nynorsk litteratur	19	15,1 %
Eksplisitte nynorskprosjekt/nynorskarrangement	18	14,3 %
Brukar nynorsk på ymse vis	14	11,1 %
Prioriterer nynorskforfattarar til arrangement	13	10,3 %
Har utstillingar frå andre på nynorsk	12	9,5 %
Arrangement om nynorsk litteratur	11	8,7 %
Har ikkje nynorsk litteratur på eigne hyller og merkar ikkje	10	7,9 %
Freistar å få skeptiske lånarar til å prøve nynorsk litteratur	7	6,3 %
Har lettlesne nynorskbøker lett tilgjengeleg	8	5,6 %
Fremjar nynorsk litteratur	6	4,8 %
Legg vekt på nynorsk litteratur i formidlinga til barn og unge	5	4,0 %
Har mål om meir nynorsk (formidling/materiale)	2	1,6 %
Drøftar nynorsk internt	2	1,6 %
Les høgt på nynorsk	1	0,8 %
Har katalog på begge språk	1	0,8 %
Syner fram lokal dialekt	1	0,8 %
<b>N = 126</b>		

Folkebiblioteka som svarar at dei fremjar nynorsk, kjem med fleire ulike konkrete tiltak. Merking av nynorsk er det mest utbreidde tiltaket (54 prosent). Sidan kjem ulike formidlingstiltak for nynorsk litteratur, til dømes informasjon i nyheitsbrev, fronting i bokstativ og formidling på nett (36,5 prosent). Dette overlappar til dels med dei som stiller ut nynorske bøker (18,3 prosent).

Ein god del samarbeider med nynorskinstitusjonar (16,7 prosent), som lokale nynorske litteraturfestivalar, lokale mållag (særleg om tilskipingar), eller Nynorsk kultursentrum (om til dømes Litteraturhus i Møre og Romsdal). Nynorsk kultursentrum er dessutan ein av aktørane som tilbyr utstillingar på nynorsk til biblioteka, noko som ein del nyttar seg av (9,5 prosent). Nokre (15,1 prosent) prioriterer nynorsk når dei kjøper inn litteratur utover det dei får frå innkjøpsordningane, og ein del prioriterer nynorskforfattarar til arrangement (10,3 prosent).

Ein del (14,3 prosent) gjennomfører sjølv eller samarbeider med andre om eksplisitte nynorskprosjekt eller -arrangement, som ei nynorskveke i kommunen, årlege bokutstillingar, har nynorsk minibibliotek på dagsturhytte, nyttar seg av eller har sjølv nynorske lesegledarar og tilsvarande.

Tiltak som nynorske utstillingar frå andre og formidling av nynorsk litteratur til skulen, gjer både dei som har svara ja, og dei som har svara nei på spørsmål 8.

Mellom grunngjevingane for å gjera tiltaka er praktiske omsyn, til dømes at nynorskbøkene vert lettare tilgjengelege for lånarar og bibliotekarar, mest utbreidde (38,9 prosent). Elles er det at biblioteket ligg i eit område med mykje nynorsk (27 prosent), eller at nynorsk vert bruka i skulen anten som sidemål (25,4 prosent) eller hovudmål (19,8 prosent).

Ein god del meiner på ulike vis at nynorsk er viktig (16,7 prosent), eller har som mål å gjera tiltak for å motverka negative syn på nynorsk (14,3 prosent). Dessutan er personleg engasjement hjå tilsette ei utbreidd grunngjeving (13,5 prosent), og omtrent like mange får ynske om nynorsk litteratur frå brukarane (12,7 prosent).

TABELL 26: GRUNNGJEVINGAR FRÅ FOLKEBIBLIOTEK SOM FREMJAR NYNORSK

Grunnar for å fremja nynorsk	Tal	Prosent
Praktiske omsyn	49	38,9 %
Nynorskområde	34	27,0 %
Bokmålselevar skal lære nynorsk (sidemål)	32	25,4 %
Nynorskelevar i området	25	19,8 %
Nynorsk er viktig	21	16,7 %
Motverka negativt syn på nynorsk	18	14,3 %
Personleg engasjement hjå tilsette	17	13,5 %
Brukbarar vil ha nynorsk litteratur	16	12,7 %
Kvaliteten på nynorsk litteratur	14	11,1 %
Kvalitet veg tyngst, ikkje språk	12	9,5 %
Meir nynorsklesing	11	8,7 %
Samfunnsoppdraget	8	6,3 %
Aktualitet veg tyngst, ikkje språk	7	5,6 %
Likestilling	7	5,6 %
Motverka bokmålspress	6	4,8 %
Lokale tilhøve	6	4,8 %
Usikker eller ikkje-svar	5	4,0 %
Tradisjon	3	2,4 %
Nynorsk og dialekt heng saman	2	1,6 %
Kommunesamanslåing	2	1,6 %
Gje høve til eit informert val	1	0,8 %
Nord-Noreg	1	0,8 %
Innkjøpsordninga	1	0,8 %
Tilbod frå ekstern aktør	1	0,8 %
Få lokale nynorskforfattarar	1	0,8 %
Brukar nynorsk om nynorsk litteratur	1	0,8 %
<b>N = 126</b>		

Ser me på grunngjevingane frå dei som ikkje fremjar nynorsk, argumenterer dei delvis for å ikkje ha tiltak og delvis for dei tiltaka dei likevel har for å formidla nynorsk litteratur. Dei viktigaste grunnane var at det ikkje var prioritert (26,2 prosent), lite etterspurnad frå lånarane (24,6 prosent), få ressursar som må prioriterast (24,6 prosent), lite nynorsk i området (19,7 prosent), dei meiner at litteratur på nynorsk og bokmål skal handsamast likt (19,7 prosent), at høvesvis aktualitet (18 prosent) eller kvalitet (16,4 prosent) skal vega tyngre enn språket boka er skriven på.

TABELL 27: GRUNNGJEVINGAR FRÅ FOLKEBIBLIOTEK SOM IKKJE FREMJAR NYNORSK

Grunngjevingar frå dei som ikkje fremjar nynorsk	Tal	Prosent
Ikkje prioritert	16	26,2 %
Lite etterspurnad etter nynorsk litteratur	15	24,6 %
Ressursmangel	15	24,6 %
Lite nynorsk i området	12	19,7 %
Formidlar nynorsk på lik line med bokmål	12	19,7 %
Tema, aktualitet og innhald veg tyngst, ikkje språk	11	18,0 %
Kvalitet veg tyngst, ikkje språk	10	16,4 %
Usikker	7	11,5 %
Nynorskområde	6	9,8 %
Må prioritera andre språk	5	8,2 %
Nynorskmotstand frå lånarar	5	8,2 %
Sidemålsordninga	2	3,3 %
Nynorskhyller er uheldig	2	3,3 %
Nynorskmotstand frå tilsette	2	3,3 %
Liten nynorskkompetanse hjå tilsette	2	3,3 %
Brukbar med andre morsmål	2	3,3 %
Lånarar kan lesa begge språk	1	1,6 %
Lite reklame frå nynorskaktørar	1	1,6 %
Språknøytral kommune	1	1,6 %
Nynorskformidling er krevjande	1	1,6 %
Å fremja nynorsk er diskriminering	1	1,6 %
<b>N = 61</b>		

Går me nøyare inn på fritekstsvara der biblioteka skildrar kva tiltak dei gjennomfører, er det gode grunnar til drøfta dette store fleirtalet som har svara ja på spørsmål 8.

For det fyrste er det mange både blant dei som har svara ja og blant dei som har svara nei på spørsmål 8, som anten handsamar litteratur på nynorsk og bokmål likt eller legg meir vekt på kvalitet eller aktualitet enn på språk. Eit døme er at mellom dei som har svara at dei fremjar nynorsk, er det 23,8 prosent som har fritekstsvar som tyder på at dei formidlar nynorsk likt med bokmål. Mellom dei som har svara at dei ikkje fremjar nynorsk, gjeld dette 59 prosent.

Sjølv om det prosentvis er fleire som handsamar språka likt, mellom dei som har svara nei, er mange av fritekstsvara mellom gruppene ganske like. Ein respondent som har svara nei, skriv til dømes: «Formidler nynorsk litteratur på samme måte som litteratur på bokmål» (14849734). Ei tilsvarande haldning finn me hjå ein av respondentane som har svara ja: «Vi fremmer både bokmål og nynorsk. Begge målformer er en naturlig del av samlingen vår, og det er viktigere at bøkene er aktuelle, relevante, godt skrevet etc. enn hvilken målform de er på» (13974834).

Ei slik likehandsaming kan tolkast på fleire måtar. Ein måte er at nynorsk ikkje vert diskriminert eller valt vekk. Desse tre nei-respondentane sine svar kan vera døme på det:

Jeg prioriterer målformene likt. Om jeg skal ha et arrangement med en forfatter ville ikke målformen vært et hinder. (14856806)

Vi diskriminerer ikke på målføre i vår formidling av materiale. (13953516)

Vi gør inget mer med nynorskbøkene än vad vi gör med bokmålbøkene, de behandlas på lik linje. (14078507)

På den andre sida er det færre nynorske utgjevingar og færre nynorskbrukarar, og nynorsk er eit språk med mindretalsutfordingar. Å handsama nynorsk likt med storebroren bokmål kan føra til at nynorsk i realitetten vert nedprioritert, sjølv om det ikkje var intensjonen. Ein respondent som har svara nei på spørsmål 8, skriv noko som kan tyda på at det skjer: «Det er nok samansette årsaker i dette tilfellet, som ikkje har å gjere med haldninga til målform i seg sjølv, meir med økonomi/tid/ressursar» (13967457). Ein annan respondent skriv noko som kan tyda på at problemstillinga er lite diskutert: «Ikke tenkt over – eller: Alle bøker behandles likt, uavhengig av målform» (13966147).

Om folkebiblioteka skal prioritera språk over andre omsyn, som aktualitet eller kvalitet, er sjølvsagt eit diskusjonsspørsmål. Det som er viktig her, er at ein del svar kan tyda på at ein god del respondentar som ikkje gjer noko ekstra for nynorsk, likevel har svara at dei fremjar nynorsk berre fordi dei ikkje handsamar nynorsk därlegare enn bokmål.

Ein annan grunn til å stilla spørsmål ved det store ja-fleirtalet i svara på spørsmål 8, er at måten spørsmålet var formulert på, kan ha gjort at nokre som kanskje burde svara nei, har svara ja. Og sameleis at nokre som burde svara ja, har svara nei. Under spørsmålet sette eg inn ei forklaring på kva eg meinte med *tiltak å fremja nynorsk*: «Med tiltak meiner eg alt frå arrangement, innleigde utstillingar, eigne hyller for nynorskbøker, merking av nynorskbøkene eller liknande.»

I nokre av svara verkar det som respondentane har sett på denne vesle opplistinga av moglege tiltak og kryssa av for ja om dei gjer ein av delane, sjølv om grunngjavinga for å gjera det ikkje var nynorskfremjande. Medan nokre respondentar er imot tiltaka eg nemner, og difor har kryssa av på nei sjølv om dei gjer ei rekkje andre nynorskfremjande tiltak.

Dette gjeld særleg eigne nynorskhyller og merking av nynorskbøker. Desse tiltaka ser det ut til å vera ein debatt om i Bibliotek-Noreg, og debatten manifesterer seg i datamaterialet mitt.

Ein respondent har svara nei på spørsmål 8, sidan dei ikkje merkar «nynorskbøker og har dei heller ikkje på eiga hylle» (13955300). Men i neste setning kjem respondenten med eit tiltak dei gjer, som fremjar ein type nynorsk litteratur: «Lettlesbøker frå Leseland, Leseløve og slike har vi eksponert betre enn tilsvarande bøker på bokmål» (13955300). Her går det an å diskutera om respondenten like godt kunne svara ja, men svara nei på grunn av eigen praksis kring merking og nynorskhyller.

Tilsvarande er det mange respondentar som har svara ja, utan at dei nemner andre nynorskfremjande tiltak enn at dei anten merkar nynorskbøkene eller har eigne nynorskhyller. Ein av desse kjem med ei grunngjeving som stikk seg ut: «Merking av nynorskbøker. [...] Det er flere som velger bort boka dersom det er nynorsk. Vi ønsker at lånere skal være informert før de tar et valg om å låne boka» (13954824). Ei nærliggjande tolking av dette svaret er at dei merkar nynorskbøkene slik at lånarane ikkje låner dei utan å veta at boka er på nynorsk. Det er vanskeleg å sjå dette som ein nynorskfremjande argumentasjon, og det ville ikkje vere overraskande om respondenten like gjerne svara nei.

Det er fleire som har svara ja, som kjenner trong til å markera at dei ikkje likar eigne nynorskhyller. Fleire meiner at eigne nynorskhyller kan gjera at nynorskbøkene ikkje vert lesne: «Det er forferdeleg trist å høyra at i andre delar av landet plasserer bibliotekarar nynorskbøker for born i eigne hyller, det er jamgoda med å sette merkelappen IKKJE LES DETTE på dei» (13950550). Ein annan respondent har eit lengre resonnement om kvifor hen er imot merking av nynorskbøker.

Jeg ønsker ikke å merke bøker med NN, fordi NN bør bli oppfatta som like nøytralt som BM (som heller ikke merkes). Dette kan også få folk til å styre unna bøker de kanskje heller hadde kommet til å lånt om det ikke hadde vært for merking "NN". Merking av bøker på nynorsk kan virke mot sin hensikt, altså at folk dermed styrer unna disse. Det blir som å skrive Obs! Denne boka er på nynorsk. Du er herved advart (satt på spissen ...). For de som faktisk ønsker å låne bøker på NN, ville merking vært praktisk for å raskt kunne finne fram til bøker på sitt foretrukne mål. Men, etter å ha jobbet noen år i ulike bibliotek er min oppfatning at det er flere brukere (og noen bibliotekansatte) som aktivt styrer unna NN og sier at de ikke leser bøker på nynorsk. Og de jeg har møtt som har sagt dette er stort sett godt voksne etnisk norske, med norsk som morsmål. (13951365)

På den andre sida er det mange av respondentane som merkar bøker og har eigne nynorskhyller. Av dei 126 som har svara at dei fremjar nynorsk, er det som sagt 54 prosent som har svara at dei merkar nynorsk litteratur, 15,1 prosent har eigne hyller med nynorsk litteratur, og berre 7,9 prosent har ikkje nynorsk litteratur på eigne hyller og merkar ikkje nynorskbøkene.

Ogso mellom dei 61 som har svara at dei ikkje fremjar nynorsk, er det nokre som har eigne nynorskhyller (6,6 prosent), og nokre merkjer nynorskbøkene (3,3 prosent). Men her er det 16,4 prosent som ikkje har nynorskhyller og ikkje merkjer nynorskbøker, og nemner det som eit tiltak dei gjer for å formidla materiell på nynorsk.

Det er verdt å merka seg at dette oftast er snakk om barne- og ungdomslitteratur eller lettlesne bøker på nynorsk. Det er fleire som skriv at dei ikkje set vaksenbøker på eigne hyller, slik som denne respondenten: «Vi har egne hyller for nynorsk litteratur for ungdom. Ikke for barn og voksne» (14859283). Dette er òg eit døme på at det varier om det er ungdomsbøker, barnebøker eller lettlesne bøker eller alle tre typane bøker som vert merkte eller sette på eigne hyller.

Å merkja nynorsk litteratur er det einaste tiltaket som over helvta av dei som fremjar nynorsk gjer. Når eit tiltak er so utbreidd, er det interessant å høyra korleis det vert grunngjeve.

Praktiske omsyn er ein mykje brukta grunn for eigne nynorskhyller eller merking av nynorskbøker, ofte knytt til at elevane i skulen skal læra nynorsk. Nokre stadar svarar folkebiblioteket på trongen elevane har for å læra nynorsk som sidemål, slik som hjå desse tre respondentane:

Vi merker nynorskbøkene for barn og unge slik at de skal være lettere å finne på hyllene. Brukes til språktrening her på tjukkest Østlandet. [...] (14365725)

Nynorske ungdomsbøker blir merka og satt på egne hyller for å gjøre dem mer tilgjengelig, spesielt med tanke på nynorskundervisningen i ungdomsskolen. (14228234)

Barnebøker merkes med "N" på ryggen når det er nynorsk. Dette for at det skal være enklere å se om det er nynorsk eller bokmål. Lesinga for skolebarn er jo blant annet for å bli flinkere til å skrive det skriftspråket de lærer på skolen. For de minste barna så kan det derfor være ok at de ser om det er nynorsk eller bokmål. Når de kommer lengre opp i grunnskolen skal de ha sidemål og skal dermed også lese sidemålet. Derfor er det greit å lett kunne se om det er bokmål eller nynorsk. (14176793)

Sistnemnde har òg omtanke for at barneskuleeleverne i området fyrst bør verta flinke til å lesa hovudmålet sitt, som i deira område ser ut til å vera bokmål. Slike omsyn finn me òg der dei har nynorskelevar: «Vi har en del nynorskbrukere og vil ta vare på disse. Vi har også noen nynorskskoler i kommunen og trenger bøker til disse elevene» (14077840).

Nokre folkebibliotek anten er eller samarbeider med skulebibliotek og er medvitne om skriftspråk i det arbeidet:

I tillegg til at folkebiblioteket ynskjer tilbyde god og aktuell litteratur på nynorsk, oppmodar vi alle skulebiblioteka til å ha bøker på både målformer, uavhengig av hovudmålform i skulen. Spesielt viktig meiner vi dette er i barneskulane. (13949097)

vi har alltid for få nynorske barnebøker til å bruke i bokkasser til skular. praktisk å kunne plukke ut nynorske bøker frå hylla kjapt. (13953358)

Me er eit kombinasjonsbibliotek i ein nynorsk-kommune. Skuleelevar får ofte beskjed om at dei skal låna seg ei bok på nynorsk. Lærarar er også ofte ute etter bøker på nynorsk. (14086977)

Det ser ut til at nokre bibliotek har bytt praksis når det gjeld eigne hyller og merking i nyare tid. Nokre har teke til med det, andre har slutta:

Nynorskbøker i ungdomsavd. har blitt skilt ut i en egen hylle. Tidligere ble det tenkt at vi skulle la stå eksistere side om side med bokmål for ikke å skape inntrykk av at nynorsk litteratur er noe annet enn vanlig god litteratur. (14078335)

Det har vore ein praksis med å merka nynorskbøker for barne- og ungdomstrinnet, slik at dei lettare skal finna ei bok på nynorsk når dei har fått i skuleoppgåve å gjera dette. Men det er ein praksis vi er i ferd med å forlata, på same måte som vi ikkje merkar bøker med for ekse[m]pel LHBTQI-tematikk. Vi kan dra dei ut og laga temautstillingar når vi ønskjer det, men vi har meir tru på å lata mangfaldet bløma i hyllene, og at du ikkje skal velja vakk ei bok fordi ho er nynorsk eller har ein tematikk du tenkjer du ikkje liker før du allereie har kikka på den, og det kanskje er for seint fordi interessa er vekt. (14200882)

Nokre respondentar ser ut å vera dregne mellom det praktiske omsynet at det skal vera lett for unge lånarar å finna nynorskbøker til skuleoppgåver, og frykta for at nynorskmerkinga kan skremma vakk nokre lånarar:

For å gjøre det lettere for barn og unge å plukke ut bøker på nynorsk dersom de f eks har skoleoppgave hvor de skal lese på nynorsk. Samtidig er det stigmatiserende å merke bøker, for for mange virker denne merkingen mer til skrekks og advarsel enn til informasjon. (13957086)

Denne respondenten kan vera eit døme på det som verkar som eit ganske klart ynske om å fremja nynorsk litteratur. Eller at «dei gode nynorskbøkene er lett å elska litt ekstra», som dei skriv:

Innkjøp av ekstra mange eksemplar av dei gode barnebøkene på nynorsk, spesielt lettlesbøkene. Merking av alle nynorske biletbøker, barnebøker og ungdomsbøker. Eiga, raud hylle for nynorske biletbøker - den første du kjem til. Eiga hylle for lettlesbøkene på nynorsk. Bøker for vaksne er ikkje merka.

[...] Medvit om nynorsken sin ståstad i vår kommune (vi er midt i nynorsk-land!), tydeleg engasjement frå lokallaget av Noregs mållag, ynskje frå lærarar og føresette om lett å kunne finne fram til nynorske bøker, sameleis frå opplæringsenteret for innvandrarar. Her står nynorsken sterkt!

[...] Her er nynorsk ein sjølvsagt ting, kvalitet avgjer kva som vert satsa på uavhengig av målform. Likevel har vi stor kjærleik til nynorsk, så dei gode nynorskbøkene er lett å elska litt ekstra <3 (14277201)

Denne oppgåva skal ikkje svara på om eigne hyller og merking av nynorskbøker er rett eller feil. Men meiningane om desse spørsmåla er altso varierande mellom ulike bibliotek, og det har ført til at nokre respondentar har svara nei eller ja ut frå dette og ikkje alltid ut frå heilskapen av arbeidet deira.

Fleire respondentar dreg fram ein faktor for kor lett det er å fremja nynorsk: tilgangen på nynorsk litteratur i ulike sjangrar og for ulike målgrupper. 13 respondentar skriv eksplisitt om ynsket sitt om meir tilgjengeleg litteratur på nynorsk, og éin nemner eksplisitt nynorske lydbøker. Ein respondent skriv dette om utfordringa:

Her er vi ihuga nynorsktihengarar, men ser også at den norske litteraturen er stor og brei. Kjøtvekta er på bokmål, også av omsett litteratur. Så det vert litt snevert å fronte nynorsk litteratur åleine, då går brukarane glipp av mykje bra! Det er elles eit stort minus når vaksne vil ha noko lettlese, at det fins så få underhaldningsromanar og krim på nynorsk. Så vi ynskjer oss det! Meir enn Ferrante. Forelska nynorskdamer med ryggen til! Blod og gørr på nynorsk! (14277201)

To respondentar dreg i tvil om det folkebiblioteka kan gjera eller ikkje gjera, endrar so mykje på stoda, når det ikkje finst fleire bøker på nynorsk:

Ta eit søk på ein digital bokhandel på bokmålsbøker som er i salg og eit søk på nynorskbøker som er i salg. Resultatet er ikkje bra for nynorsk sin del. Det står ikkje på biblioteka. Vi kjøper inn mange ex av alle nynorskbøker, men vi treng bedre utvalg. Det burde ikkje være så vanskeleg å få utgitt fleire bøker på nynorsk. Det er vilja det står på. Kva med å premiere digitale nynorskutgivelser med ekstra Kulturfond? (14106386)

[...] here's the deal, for å seia det på godt nynorsk: Me skulle gjerne sett at det fanns meir litteratur på nynorsk. Me kjøper ikkje inn bøker på nynorsk kun på grunnlag av at dei er skrivne på nynorsk. Dei må i tillegg ha ein viss appell, vera interessante for lånarane våre med tanke på tema, sjanger etc. (14086977)

Dette er uttrykk for ein frustrasjon i biblioteka: dei treng meir og meir variert litteratur på nynorsk. Samstundes er det jo slik at all den tid det berre finst ei handfull nynorskforlag og nynorsk er i mindretal, er det vanskeleg å sjå føre seg at det skal vera *like* mykje litteratur på nynorsk som på bokmål.

Som ein kontrast til dette er det fleire respondentar som trekkjer fram nettopp at det er kome so mykje meir populær og god litteratur på nynorsk, som ein grunn til at dei ikkje treng å prioritera nynorsk:

Det er ikke spesielt prioritert å anskaffe eller løfte nynorsk litteratur spesielt, men bøker på nynorsk blir fremhevet på lik linje med andre bøker. En del av de mest populære bøkene her har også vært på nynorsk i de siste par årene, f.eks Hoem, Ferrante og Ravatn m.fl. [...] (14078335)

Som sagt, så er det innholdet som teller her. Når skolelever får i oppgave å lese noe på nynorsk og spør oss, hjelper vi til med å finne det. Som eksempel på innhold er f.eks. bøkene til Edvard Hoem og Elena Ferrante populære bøker. (13984151)

Nynorskterskelen er tilsynelatende høy blant en del av våre lånere. Jeg anbefaler ofte bøker på nynorsk, men forteller ikke at de er på nynorsk. Vi ser også at omtalte/gode bøker på nynorsk kan få like lange venteliste som bøker på bokmål, jfr. Anna Gavalda og Elena Ferrante. Jeg anser at folk 'tror' de ikke kan lese nynorsk, og velger derfor å anbefale bøker uavhengig av språk når jeg snakker med lånere. Mange 'oppdager' at det faktisk ikke er så 'farlig' på den måten. (14081812)

Tilgangen på litteratur på nynorsk er altso noko som vert nytta både som eit argument for at det er grenser for kor mykje folkebiblioteka kan gjera for å fremja nynorsk, og som eit argument for at dei ikkje treng å gjera det.

Oppsummert er det eit stort fleirtal av folkebiblioteka som har svara, som tilsynelatande er positive til å fremja nynorsk og gjer tiltak for å fremja nynorsk. Når me ser nærmare på fritekstsvara, er det mange både av dei som svara at dei fremjar nynorsk, og dei som svarar at dei ikkje fremjar nynorsk, som anten er for å handsama skriftspråka likt, eller meiner at til dømes aktualitet eller kvalitet må vega tyngre enn skriftspråk. Men innanfor ramma av likestilling, aktualitet og/eller kvalitet er det mange som er opne for å gjera tiltak som fremjar nynorsk, same kva dei har svara på spørsmål 8.


Vala biblioteka gjer, er i stort grunngjeve ut frå praktiske omsyn og den språkpolitiske stoda i lokalsamfunnet dei høyrer til. Det er òg dei som ynskjer å fremja nynorsk fordi dei ser at nynorsk er under press, fordi dei ikkje vil diskriminere nynorsk, fordi dei meiner nynorsk er viktig, eller fordi dei ser at nynorsk og nynorskbrukarane er i mindretal og treng støtte. Mange av respondentane peika på at dette ikkje er noko dei gjer i eit vakuum. Tilgangen på nynorsk litteratur i ulike sjangrar, førespurnadar frå skular eller lånarar og eventuell motstand frå lånarar eller tilsette på folkebiblioteket påverkar i kva grad dei kan gjera nynorskfremjande tiltak.

Mellom tiltaka er merking av nynorskbøker og eigne nynorskhyller mest utbreidde – og mest omstridde. Nokre meiner at desse tiltaka kan dulta lånarane vekk frå å låna materiale på nynorsk, nokre få gjer slike tiltak for å setja opp ein terskel, medan andre brukar det for å gjera nynorsk litteratur lettare tilgjengeleg og meir innbydande. Elles er det relativt utbreitt med eksplisitte nynorsktiltak, prioritering av nynorske innkjøp og arrangement og samarbeid med nynorskinstitusjonar. Dei siste tiltaka kan fungera som språkpolitiske dult for å velja nynorsk, altso val biblioteka har gjort som gjer materiale på nynorsk lettare tilgjengeleg, utan at det er pålagt å velja.

#### *6.2.3 Kva språkbruk finn me i folkebiblioteka? Ulike lokale språksituasjonar*

Spørsmål 15 og 16 handlar om språkbruken til folkebiblioteka, og i dette underkapittelet skal me sjå korleis på korleis dette varierer mellom folkebibliotek i ulike språklege situasjonar. Målet er å vurdera om det er samanheng mellom språkstoda i kommunen og kva språk biblioteka vel å nytta.

I svara på spørsmål 15 svara over helvta at dei nytta berre bokmål på hyllesignaturar, skilt og oppslag (97 respondentar, 51,9 prosent), 31 prosent nytta berre nynorsk (58 respondentar), 12,8 prosent veksla mellom nynorsk og bokmål (24 respondentar), og 4,3 prosent brukte andre språk (8 respondentar).



**FIGUR 8: SVARA FRÅ ALLE BIBLIOTEK PÅ SPØRSMÅL 15**

Vert desse tala sette i samanheng med det statlege tenestespråket i kommunane, kan me sjå at var samanheng mellom språkvedtaket og språkbruken til biblioteka. Det var eit overveldande fleirtal som nytta bokmål i bokmålskommunar og nynorsk i nynorskkommunar. I språknøytrale kommunar nytta over helvta berre bokmål, og i underkant av ein tredel veksla mellom skriftsspråka. Mellom folkebiblioteka som ikkje visste kva statleg skriftspråk kommunen hadde valt, var det eit stort fleirtal som berre nytta bokmål.

Om me ser på språk i skulen, var det skilnadar mellom folkebiblioteka som ligg i kommunar med nynorskelevar, og dei som ikkje gjorde det. I kommunane med nynorskelevar var det eit fleirtal på 67,4 prosent som brukte berre nynorsk, ein femdel som veksla mellom skriftsspråka, og 10 prosent som brukte berre bokmål. Mellom folkebiblioteka i kommunar utan nynorskelevar brukte eit stort fleirtal på 87,1 prosent berre bokmål. Det var fleire som brukte andre språk (6,9 prosent), enn dei som veksla mellom nynorsk og bokmål (5,9 prosent). Det var ingen folkebibliotek som svara på spørjeundersøkinga mi som brukte berre nynorsk om det ikkje var nynorsk i skulen.

TABELL 28: SPRÅK PÅ HYLLESIGNATURAR, OPPSLAG OG LIKNANDE: ULIKE TENESTESPRÅK


	Tal	Prosent
<b>Biblioteket mitt ligg i ein bokmålskommune.</b>	<b>75</b>	<b>100,0 %</b>
Andre språk (engelsk, samisk, anna)	4	5,3 %
Berre bokmål	66	88,0 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	5	6,7 %
<b>Biblioteket mitt ligg i ein nynorskkommune.</b>	<b>66</b>	<b>100,0 %</b>
Andre språk (engelsk, samisk, anna)	1	1,5 %
Berre bokmål	1	1,5 %
Berre nynorsk	55	83,3 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	9	13,6 %
<b>Biblioteket mitt ligg i ein språknøytral kommune.</b>	<b>30</b>	<b>100,0 %</b>
Andre språk (engelsk, samisk, anna)	2	6,7 %
Berre bokmål	17	56,7 %
Berre nynorsk	2	6,7 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	9	30,0 %
<b>Veit ikkje.</b>	<b>16</b>	<b>100,0 %</b>
Andre språk (engelsk, samisk, anna)	1	6,3 %
Berre bokmål	13	81,3 %
Berre nynorsk	1	6,3 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	1	6,3 %
<b>Totalt</b>	<b>187</b>	

TABELL 29: SPRÅK PÅ HYLLESIGNATURAR, OPPSLAG OG LIKNANDE: NYNORSKELEVAR ELLER IKKJE

	Tal	Prosent
<b>Det er nynorskskular eller skular med nynorskelevar i kommunen min.</b>	<b>86</b>	<b>100,0 %</b>
Andre språk (engelsk, samisk, anna)	1	1,2 %
Berre bokmål	9	10,5 %
Berre nynorsk	58	67,4 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	18	20,9 %
<b>Det er ikkje nynorskelevar i kommunen min.</b>	<b>101</b>	<b>100,0 %</b>
Andre språk (engelsk, samisk, anna)	7	6,9 %
Berre bokmål	88	87,1 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	6	5,9 %
<b>Totalt</b>	<b>187</b>	

I svara på spørsmål 16 kan me sjå at over helvta brukar berre bokmål på sosiale medium (95 respondentar, 50,8 prosent), 31 prosent brukar berre nynorsk (58 respondentar), og 18,2 prosent veksler mellom nynorsk og bokmål (34 respondentar). Ingen har svara at dei nyttar andre språk (engelsk, samisk, anna), og ingen av respondentane svara at dei ikkje nyttar sosiale medium, som var dei to andre svaralternativa.

## 16. Kva språk brukar de på sosiale medium?



FIGUR 9: SVARA FRÅ ALLE BIBLIOTEK PÅ SPØRSMÅL 16

I fritekstsvara under spørsmål 18 har nokre av respondentane utdjupa språkvala folkebiblioteka deira gjer på sosiale medium. Ein respondent på eit bibliotek i ein nynorskkommune forklarte at bokmål vert nytta på sosiale medium sidan vedkommande meiner at dei då når betre ut: «Har tatt meg fridom på SoMe, sidan (sorry) b[ø]kmål har ein breiare appell» (13952216). Eit anna tilfelle der eit bibliotek i ein nynorskkommune nytta bokmål på sosiale medium, grunngjev den aktuelle respondenten med at dei får informasjon eller innhald frå eksterne aktørar, og at dei ikkje ynskte å blanda skriftspråka: «[P]å sosiale medium[ ]fokuserar vi på nynorsk men det hender at vi bruker bokmål i nokre ti[ll]feller der vi inkorporerer ekstern innformasjon på bokmål for ikkje å blande formane» (14809160).

Nokre bibliotek i bokmålsområda nemner konkret sosiale medium som eit domene der dei kan vera opne for å lata nynorskbrukande tilsette skriva nynorsk. Det verkar som denne respondenten ikkje er aleine om denne innstillinga: «Får vi en som har nynorsk som hovedmål vil han eller hun kunne skrive nynorsk i sosiale medier og lignende» (14085242).

Ein respondent svara at det som avgjorde kva språkvariant hen vel på sosiale medium, var kor formell situasjonen var: «formelt på sosiale media brukar eg nynorsk, dialekt hvis uformelt» (15112360).

Samanhengen mellom tenestespråket i kommunane og språkbruken på til dømes hyllesignaturar, fann me òg når det gjeld språkbruken på sosiale medium. Ogso her nytta over 80 prosent bokmål i bokmålskommunar og nynorsk i nynorskkommunar. Men det fanst òg folkebibliotek i nynorskkommunar som berre brukar bokmål. Tilsvarande fanst ikkje mellom folkebiblioteka i bokmålskommunane.

I språknøytrale kommunar er det ganske jamt mellom dei som veksle mellom skriftsspråka på sosiale medium (46,7 prosent), og dei som brukar berre bokmål (43,3 prosent). Dette skil seg frå hyllesignaturar og oppslag, der eit fleirtal (56,7 prosent) brukar berre bokmål. Det kan vera eit teikn på at det i språknøytrale kommunar var større rom for nynorskbruk på sosiale medium enn på faste skilt.

Over 80 prosent av folkebiblioteka som ikkje visste kva statleg skriftspråk kommunen har valt, brukar berre bokmål på sosiale medium.

**TABELL 30: SPRÅK PÅ SOSIALE MEDIUM: ULIKE TENESTESPRÅK**

	Tal	Prosent
<b>Biblioteket mitt ligg i ein bokmålskommune.</b>	<b>75</b>	<b>100,0 %</b>
Berre bokmål	66	88,0 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	9	12,0 %
<b>Biblioteket mitt ligg i ein nynorskkommune.</b>	<b>66</b>	<b>100,0 %</b>
Berre bokmål	3	4,5 %
Berre nynorsk	54	81,8 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	9	13,6 %
<b>Biblioteket mitt ligg i ein språknøytral kommune.</b>	<b>30</b>	<b>100,0 %</b>
Berre bokmål	13	43,3 %
Berre nynorsk	3	10,0 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	14	46,7 %
<b>Veit ikkje.</b>	<b>16</b>	<b>100,0 %</b>
Berre bokmål	13	81,3 %
Berre nynorsk	1	6,3 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	2	12,5 %
<b>Totalt</b>	<b>187</b>	

Ogso på sosiale medium skil folkebiblioteka som ligg i kommunar med nynorskelevar seg frå dei som ikkje har det. Svara var so godt som identiske med språkbruken på hyllesignaturar, skilt og oppslag. Skilnadane frå svara på førre spørsmål var at ingen har svara at dei brukar andre språk på sosiale medium, det var eitt bibliotek meir som skreiv berre bokmål i nynorskkommunar, og det var litt fleire folkebibliotek i kommunar utan nynorskelevar som veksle mellom skriftspråka (15,8 prosent mot 5,9 prosent).

TABELL 31: SPRÅK PÅ SOSIALE MEDIUM: NYNORSKELEVAR ELLER IKKJE

	Tal	Prosent
<b>Det er nynorskskular eller skular med nynorskelevar i kommunen min.</b>	<b>86</b>	<b>100,0 %</b>
Berre bokmål	10	11,6 %
Berre nynorsk	58	67,4 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	18	20,9 %
<b>Det er ikkje nynorskelevar i kommunen min.</b>	<b>101</b>	<b>100,0 %</b>
Berre bokmål	85	84,2 %
Vekslar mellom nynorsk og bokmål	16	15,8 %
<b>Totalt</b>	<b>187</b>	

Oppsummert var det råd å sjå samanheng mellom språkstoda i kommunen og kva skriftsspråk folkebiblioteka nytta i oppslag og på sosiale medium. Om folkebiblioteket held til i ein kommune med nynorsk tenestespråk eller nynorskelevar, var det større sjanse for at dei nytta nynorsk. Medan det i bokmålskommunar og kommunar utan nynorskelevar var stor sjanse for at folkebiblioteka berre nytta bokmål, var det ikkje nødvendigvis berre nynorsk i nynorskområda. Mange av dei veksla mellom skriftspråka, og nokre brukte berre bokmål. Ingen bibliotek i utvalet mitt brukte berre nynorsk i bokmålsområda. Men det var eit rom for å veksla mellom nynorsk og bokmål, særleg på sosiale medium.

#### *6.2.4 Kva motiverer vala til folkebiblioteka? Mål, meininger og motivasjonar*

I dette underkapittelet skal me sjå på korleis respondentane i utvalet stilte seg til nokre mål, meininger og motivasjonar kring språkpolitikken til folkebiblioteka. Kva mål, meininger og motivasjonar stødde folkebiblioteka opp om, og kva var dei usamde i? Kva kan påverka vala dei gjer?

I dette underkapittelet er spørsmål 6 og 13 mest relevant. Dette er påstandspørsmål der respondentane vart bedne om å kryssa av på so mange påstandar dei ville.

I spørsmål 6 var elleve påstandar om språk i folkebiblioteka presenterte, og respondentane vart bedne om å kryssa av på dei som høvde for deira bibliotek.

Over helvta av respondentane har kryssa av på to påstandar. 67,4 prosent var samde i at det ikkje er viktig om ei bok er på nynorsk eller bokmål so lenge ho var godt skriven og/eller hadde eit relevant tema (påstand 6.I). Dette kan tolkast på minst to måtar. På den eine sida kan det vera uttrykk for at det ikkje er nokon uvilje mot å formidla eller kjøpa inn bøker på nynorsk. På den andre kan det vera eit teikn på at det heller ikkje er nokon sterkt vilje til å formidla nynorskbøker berre fordi dei var på nynorsk, men at til dømes kvaliteten eller aktualiteten avgjer. To fritekstsvar kan vera med på å utdjupa desse tendensane:

«Nynorsk har høg prioritet, likevel er det alltid til sjuande og sist viktigast av alt å finne rett bok til rett barn, uavhengig av målform.» (13950550)

«Meir utlån på nynorsk: Vi har allereie bra utlån av bøker på nynorsk, men vil prøve å auke det enda meir. [...]. Målform er viktig, men litterær kvalitet er enda viktigare. Når vi har bokpresentasjon for ungar, brukar vi også gode bøker på bokmål som vi meiner vil fenge og vera viktige for målgruppa. Vi har med bøker på begge målformer.» (14174322)

Heile 62,6 prosent har opplevd brukarar som ikkje vil låna bøker som var på nynorsk (påstand 6.G). Dette seier ikkje noko om kor ofte dei har opplevd dette. Det er sjølv sagt ein skilnad på om dette skjer ofte med fleire lånarar eller berre har hendt éin gong med éin lånar. Men det er råd å sjå føre seg at ein slik opplevd motstand mot materiale på nynorsk kan føra til anten at ein tok opp kampen mot haldninga, eller at ein ikkje prioriterer materiell på nynorsk like høgt.

Fleire fritekstsvar kan tyda på at eldre lånarar i bokmålsområda er dei som er mest skeptiske til å låna nynorsk litteratur: «En eldre dame leverte tilbake en [Elena] Ferrante bok en gang, og uttrykket seg som ‘sjokkert! Den er jo på landsmål!’» (14086451).

Dette var òg stoda hjå desse respondentane, som freista å motverka desse haldningane:

Biblioteket er i en av *[kommunens]* tyngste bokmålsbastioner. Til tross for dette er det faktisk ikke så altfor ofte at lånerene kritiserer at vi har bøker på *[nynorsk]* (sjøl om det hender). Noen, spesielt eldre kan spørre om vi har eksempelvis Fløgstad eller Fosse på bokmål (!), men det går jo ikke. Det er da opp til de ansatte å forklare dette på en grei måte. Vi som jobber her anbefaler litteratur på både bokmål og nynorsk. Jeg ser det også om et viktig tiltak at vi passer på å sette anbefalingslapper i bøker på nynorsk. (14832102)

Vi ønsker å formidle[] nynorsk språk uten å "dytte" noe på folk. Svært lite forståelse blant voksne i kommunen for nynorsk. Mange storlesere låner fremdeles ikke nynorske bøker, antageligvis av prinsipp, så her er mange fordommer som må til livs. Men flere og flere store forfattere oversettes nå til nynorsk, så dette er i forandring. (14283056)

Sjølv om det ikkje alltid er sagt i klartekst, kan det verka som nokre respondentar opplevde at unge lånarar kan vera vel so skeptiske til å låna nynorsk litteratur. Ein respondent grunngav at folkebiblioteket «[f]remjar nynorske bøker ved klassebesøk» ved å peika på at «[e]levane er uvante med å lese nynorsk og trur at det er vanskeleg. Mange gode bøker som fortjen[er] å bli lese, vert valgt bort om ingen promoterer dei» (13959234).

Det er fleire påstandar som mange respondentar kjende seg att i. 39,6 prosent av biblioteka svara at dei hadde som mål å få til meir utlån og bruk av materiale på nynorsk (påstand 6.B). 25,1 prosent av biblioteka var samde i at det er viktigare å ha bøker på nynorsk for born og unge enn for voksne (påstand 6.H). 17,6 prosent svara at dei hadde kjøpt inn meir materiale på nynorsk om dei hadde hatt meir midlar (6.J).

TABELL 32: TOTALT TAL SVAR OG PROSENTVIS PÅ PÅSTANDANE I SPØRSMÅL 6

Nr.	Påstandar	Totalt	Prosent
6.A	Det er viktigare for biblioteket mitt å ha eit rikt utval litteratur på engelsk enn på nynorsk.	12	6,4
6.B	Biblioteket mitt har som mål å få til meir utlån og bruk av materiale på nynorsk.	74	39,6
6.C	Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på nyare innvandrarspråk (t.d. arabisk, somali, polsk).	74	39,6
6.D	Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på samiske språk.	33	17,6
6.E	Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på kvensk.	7	3,7
6.F	Til forfattararrangement spør biblioteket mitt heller ein bokmålsforfattar enn ein nynorskforfattar om me kan velja.	7	3,7
6.G	Biblioteket mitt har opplevd at brukarar ikkje vil låna bøker som er på nynorsk.	117	62,6
6.H	Det er viktigare å ha bøker på nynorsk for born og unge enn for vaksne.	47	25,1
6.I	Det er ikkje viktig om boka er på nynorsk eller bokmål so lenge ho er godt skiven og/eller har eit relevant tema.	126	67,4
6.J	Biblioteket mitt hadde kjøpt inn meir materiale på nynorsk om me hadde hatt meir midlar.	33	17,6
6.K	Ingen av desse påstandane passar for biblioteket mitt.	2	1,1
Totalt tal av varianten i utvalet mitt		187	

Det er dessutan få som har haka av dei mest «nynorsknegative» påstandane. Berre 6,4 prosent av biblioteka meinte at det var viktigare å ha eit rikt utval litteratur på engelsk enn på nynorsk (påstand 6.A), og berre 3,7 prosent spør heller ein bokmålsforfattar enn ein som skriv nynorsk til forfattararrangement om dei kunne velja (påstand 6.F).

Når det gjeld å ha litteratur på engelsk, kom fleire med utdjupande kommentarar. Fleire respondentar tykte det var viktig å ha litteratur på engelsk, men ikkje at det ar viktigare enn å ha litteratur på nynorsk. Ein respondent sa det rett fram: «Vi er også opptatt av å ha et godt tilbud av engelsk litteratur, men dette er ikke viktigere enn å ha litteratur på nynorsk» (15140499). Ein annan går meir i djupna, og peika ut lesegleda som målet: «[D]et er ikke viktigere men veldig viktig med engelskbøker på bibliotekene. precis som det er med bokmål, nynorsk och andra språk som gör att lesegleden stimuleres hos den enskilda læsaren» (14078507). Kjernen i dette og mange andre svar var at språket ikkje er eller ikkje skal vera viktig, men at det er eit middel for å nå andre mål som leseglede, aktualitet og kvalitet.

Ein respondent grunngav ynsket om å ha materiale på engelsk slik: «Vi synes også det er viktig med bøker på engelsk. Det er det fremmedspråket som mange behersker, og har et ønske om å lese» (13984151).

Når det gjeld samisk, er det 17,2 prosent som hadde som mål å ha tilgjengeleg materiale på desse språka. Dette sto i kontrast til kvensk, der berre 3,6 prosent hadde som mål å ha tilgjengeleg materiale på språket. Få kommenterte omsynet til samisk og kvensk i fritekstfelta, noko som kan tyda på at desse problemstillingane ikkje var mykje drøfta kringom i biblioteka.<sup>44</sup> Ein av få som nemner samisk og kvensk, gjorde det i ei grunngjeving for kvifor folkebiblioteket ikkje prioriterte nynorsk: «Vi mangler plass og ressurser, og i vår kommune er det allerede et stort behov for litteratur på samisk, kvensk og litauisk» (13954146).

39,6 prosent gav uttrykk for at det var eit mål å ha tilgjengeleg materiale på nyare innvandrarspråk (påstand 6.C). Ut frå fritekstkommentarane verkar det som det er støtte til at det er viktig å ha tilgjengeleg materiale på slike språk, og fleire utdjupa korleis dei arbeidde med dette. Ein respondent skildra prosessen med å ha tilgjengeleg materiale slik:

Når det gjelder nyere innvandrerspråk så låner vi for det meste inn. Det varierer hvilke språk de som kommer her har og det varierer hvor mye de låner. Vi har verken midler eller plass til å ha noen særlig samling på ulike innvandrerspråk. (14176793)

Mangel på ressursar, både pengar og plass på hyller og i magasin, var eit hinder for at biblioteket skal ha større samlingar på desse språka. Det same var at det er uføreseieleg for biblioteket kva språk lånarar ynskjer materiale på. For nokre bibliotek var det å kunna låna inn materiale på desse språka ei god løysing, og kanskje avgjerande for at dei skal kunna gje desse lånarar eit tilbod.

Det var ikkje sagt i klartekst i det førre svaret, men Det fleirspråklege bibliotek ved Nasjonalbiblioteket er truleg aktøren dei låner frå. Fleire andre respondentar peika direkte eller indirekte på denne aktøren når det var snakk om materiale på nyare innvandrarspråk: «Vi vil også tilby literatur på nyare innvandrarspråk viss det er behov, men da låner vi inn depot frå Det flerspråklige bibliotek» (14174322).

I spørsmål 13 var det elleve påstandar om kva faktorar som spelar inn på om folkebiblioteka kjøpte inn materiale på nynorsk eller har arrangement som formidla litteratur og kultur på

---

<sup>44</sup> Ingen kommenterer dei andre nasjonale minoritetsspråka, romani og romanes, og ingen nemner norsk teiknspråk.

nynorsk. Her òg vart respondentane bedne om å kryssa av på påstandane som høvde for deira bibliotek.

**TABELL 33: SVARA FRÅ ALLE RESPONDENTANE PÅ SPØRSMÅL 13**

Nr.	Påstandar	Totalt	Prosent
13.A	Brukane ber om det.	71	38,0
13.B	Det vert prioritert i støtteordningar me kan søkja midlar frå. Det vert laga meir materiale (t.d. bøker) som me meiner er relevant	38	20,3
13.C	og godt nok for brukarane. Det kjem tydelege nasjonale, politiske føringar, til dømes i ein bibliotekstrategi, øyremerkte midlar eller andre politiske vedtak	74	39,6
13.D	nasjonalt. Me får/har ein tilsett som engasjerer seg for å få meir materiale på	33	17,6
13.E	nynorsk.	32	17,1
13.F	Kultursjef/kommunestyret/tilsvarande ber om det. Det vert eit tema i samarbeid med bibliotek me samarbeider med	21	11,2
13.G	eller fylkesbiblioteket. Me får tilbod om gode arrangement eller utstillingar frå eksterne aktørar.	32	17,1
13.H	114	61,0	
13.I	At bibliotekleiaren tek ansvar for å setje nynorsk på dagsordenen.	50	26,7
13.J	At einskildtilsette har ei meir positiv haldning til nynorsk litteratur	37	19,8
13.K	Ingen av desse påstandane passar for biblioteket mitt.	24	12,8
Totalt tal av varianten i utvalet mitt		187	

Den einaste påstanden som fekk over 50 prosent oppslutning, var at dei får tilbod om gode arrangement eller utstillingar frå eksterne aktørar (61 prosent, påstand 13.H). Det er 39,6 prosent som svara at det viktige var at det vart laga meir godt og relevant materiale på nynorsk (påstand 13.C). På tredje plass kom førespurnadar frå brukarane (38 prosent, påstand 13.A). Berre to andre påstandar fekk støtte frå meir enn 20 prosent av respondentane: at bibliotekleiaren set nynorsk på dagsordenen (26,7 prosent, påstand 13.J), og at det vert prioritert i støtteordningar (20,3 prosent, påstand 13.B).

Tydelege nasjonale føringar, engasjerte tilsette, kultursjefen, kommunestyret og samarbeid med fylkesbiblioteket vurderte folkebiblioteka sjølve til å ha liten påverknad.

Nokre viktige punkt frå dette underkapittelet er at folkebiblioteka gav uttrykk for å stønynorskpositive meininger, men som i underkapittel 6.2.2 la mange vekt på kvalitet og aktualitet framfor språket boka var skriven på. Mange har opplevd motstand mot nynorsk litteratur frå lånarar. Det er vanskeleg å seia kor omfattande dette er for den enkelte, men om fritekstsvara er representative, verkar det som det stort sett førte til eit ynske om å kjempa mot motstanden.

Tilbod om utstillingar og materiale på nynorsk, meir materiale på nynorsk og støtteordningar som prioriterer nynorsk, var faktorar andre aktørar kan påverka som folkebiblioteka sjølve har mest tru på kan medverka til at dei gjorde meir for å fremja nynorsk. Lokalt var det særleg brukarane og biblioteksjefen som vart vurderte til å ha mest påverknad.

## **7. Drøfting: svar på forskingsspørsmåla og oppsummering**

I dette kapittelet vert trådane trekte mellom teorien og datamaterialet, forskingsspørsmål for forskingsspørsmål. Til slutt vert oppgåva oppsummert, nokre innvendingar og etterhald presenterte saman med nokre moglege emne for vidare forsking.

### 7.1 Svar på forskingsspørsmåla

Målet med forskingsspørsmåla var å gje eit bilet av kva folkebiblioteka vert venta å gjera språkpolitisk, og kva dei faktisk gjer som er eksplisitt språkpolitisk for nynorsk. I dette underkapittelet freista eg å leggja grunnlaget for å gje eit svar på problemstillinga ved å gå gjennom forskingsspørsmåla, teorien og datamaterialet.

#### *7.1.1 Forskingsspørsmål 1 (F1): Kva språkpolitiske føringer legg sentrale og eit utval regionale og lokale styresmakter på folkebiblioteka?*

I kapittel 2.1.4 og 5.1 gjekk eg gjennom statlege, fylkeskommunale og lokale kultur- og språkpolitiske dokument for å sjå i kva grad dei tematiserte nynorsk og folkebiblioteka i samanheng, og kva relevante tiltak eg fann der. I 5.2 analyserte eg kva heimlar eg fann i eit utval kommunale og fylkeskommunale språk-, kultur- og bibliotekpolitiske dokument, for å koma nærmare korleis tiltaka i desse dokumenta var grunngjevne.

Føremålet med gjennomgangane og dei tilhøyrande analysane var å finna svar på forskingsspørsmål F1, og slik seia noko om kva språkpolitiske føringer sentrale, regionale og lokale styresmakter legg på folkebiblioteka. Her tek eg føre meg offentlege reguleringar (Johnson, 2013, s. 9), strukturen kring aktørskapen til folkebiblioteka (Bouchard & Glasgow, 2018, s. 31), kva språkpolitikk som er utarbeidd av styresmaktene (Johnson & Johnson, 2015, s. 223), og om det finst språkpolitiske valarkitekturar frå styresmaktene retta mot folkebiblioteka for å få dei til å prioritera nynorsk (Sunstein og Thaler, 2008/2019, s. 13).

Oppsummert kan me seia at sentrale, regionale og lokale styresmakter legg få språkföringar på folkebiblioteka når det gjeld nynorsk. Norsk språk vert rett nok ofte tematisert direkte eller indirekte kultur- og språkpolitisk og jamvel sett opp som ein av dei viktigaste grunnane til å ha ein norsk kulturpolitikk (Meld. St. 8 (2018–2019), s. 37). Men dette er ikkje alltid eksplisitt uttala og konkretisert, og i statlege dokument er nynorsk og eventuelle nynorskfremjande tiltak sjeldan konkretiserte heilt ned til folkebibliotekfeltet.

Når det gjeld dei statlege dokumenta, er ikkje dei analyserte etter heimlar. Dels fordi det var ei høveleg avgrensing, dels fordi få av desse dokumenta har mykje eksplisitt politikk om nynorsk og bibliotek i samanheng. Eg har likevel nokre funn:

Eit av dei sentrale statlege bibliotekpolitiske dokumenta er bibliotekstrategien *Rom for demokrati og dannelse. Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023* (Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet, 2019). Denne tek føre seg språkpolitikk overordna, men dokumentet tematiserer språkpolitikken kring nynorsk. Ordet nynorsk er berre nemnt i samband med eit konkret prosjekt med nynorsk i tittelen som har fått støtte (sst., s. 28). Språkpolitikk er fråverande i bibliotekstrategien frå 2015 (Kulturdepartementet) og lovproposisjonen med endringar i folkebiblioteklova frå 2013 (Prop. 135 L (2012–2013)). Det er eit viktig funn at desse sentrale bibliotekpolitiske dokumenta ikkje tek føre seg nynorsk. Det finst heller ikkje nokon eksplisitte språkpolitiske tiltak frå statleg hald for å få folkebiblioteka til å fremja nynorsk.

Eit anna interessant funn er at utgreiingane kring Bibliotekreform 2014 og bibliotekstrategiane heller ikkje tek føre seg nynorsk. Desse dokumenta vart berre handsama i direktorat og departement og skulle ikkje seinare innom Stortinget. Dette skil seg frå dei fleste språkpolitiske stortingsmeldingane og lovproposisjonane, der nynorsk og bibliotekpolitikk er tematisert.

Denne kontrasten er særleg påfallande om me samanliknar bibliotekstrategiane med to styrande kulturpolitiske dokument som framleis var gjeldande då desse strategiane var lagde fram: Den siste bibliotekmeldinga (St. meld. nr. 23 (2008–2009)) og språkmeldinga *Mål og mening* (St.meld. nr. 35 (2007–2008)). Dei to tek føre seg nynorsk og bibliotekpolitikk i samanheng, rett nok i overordna ordelag. Dei to bibliotekstrategiane tek i liten grad føre seg anna enn overordna språkpolitikk, og ikkje språkpolitikken som gjeld nynorsk. Det siste er interessant, særleg sidan, den rett nok gamle, bibliotekmeldinga hadde mål om at «[b]åde det samiske og det nynorske perspektivet skal inkluderast i satsingane» både i meldinga og seinare (St.meld. nr. 23 (2008–2009), s. 12).

Fleirtalet av dei stortingshandsama dokumenta eg har granska, tek i liten grad føre seg nynorsk og bibliotek i samanheng, og kjem med få konkrete tiltak for nynorsk eller andre mindre brukte språk i litteraturpolitikken. Når slike tiltak kjem, er det ofte dei same som går att i alle dokumenta, slik som statsstøtta til Det Norske Samlaget når det gjeld nynorsk, og bibliotektenestene til Sametinget når det gjeld samiske språk.

Det nyaste statlege dokumentet, *Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge* (Meld. St. 18 (2020–2021)), er kanskje eit unntak – eller eit mogleg frampeik.

Kulturdepartementet tek her føre seg nynorsk og litteraturpolitikk i samanheng og varslar nye tiltak ved at det vil «vurdere korleis det kan leggjast til rette for at det blir produsert og formidla meir litteratur på nynorsk» (Meld. St. 18 (2020–2021), s. 120). Dette er den fyrste stortingsmeldinga på kulturfeltet som kom etter at språklova vart vedteken, med eit krav om å fremja nynorsk (§1). Ettersom dette dokumentet var ferdig handsama på Stortinget 8. juni 2021, om lag midt i svarperioden for spørjeundersøkinga mi, mellom 4. mai og 13. september 2021, er det lite truleg at korkje det eller språklova har noko påverknad på datamaterialet eg har samla inn.

Når det gjeld dei fylkeskommunale dokumenta, er det ein tendens at jo meir nynorsk det er i eit fylke, jo meir eksplisitt språkpolitikk om nynorsk og bibliotek finn eg i dokumenta. Vestland fylkeskommune og forgengarane er dei tydelegaste døma. Ein god del fylke med nynorskelever og nynorskområde har likevel ingen formuleringar om nynorsk i dei dokumenta eg har sett på. Dette gjeld Møre og Romsdal, dei tidlegare agderfylka og Rogaland, sjølv om nynorsk er nemnt i nokre av roglandsdokumenta. Sameleis har nynorsk hatt lang tradisjon i Trøndelag. Den dag i dag brukar mange sentrale trønderforfattarar nynorsk, utan at det skin gjennom i dokumenta eg granska.

Få av dei språk-, bibliotek- og kulturpolitiske dokumenta frå kommunane tek føre seg statusplanlegging kring nynorsk i det heile. Dei som gjer det, er anten nynorskkommunar eller språknøytrale kommunar med ein del nynorsk. Eit interessant funn er skilnadane mellom dei ulike dokumenttypane. Medan *språkprofilane* mest berre tek føre seg korpusplanlegging, tek *språkbruksplanane* oftast føre seg både korpus-, opplærings- og statusplanlegging. Samarbeidsavtalane mellom kommunane og Sametinget handlar om opplærings- og statusplanlegging, og so godt som alle tek føre seg bibliotek og samisk i samanheng. Dei om lag 50 prosentane av kultur- og bibliotekplanane som tek føre seg språkpolitikk i det heile, handlar om opplærings- og statusplanlegging. Berre nokre få av desse tek føre seg nynorsk, men nesten alle som tek føre seg språkpolitikk, handsamar nyare innvandrarspråk, norskopplæring for minoritetsspråklege og tilsvarande tema.

Eg analyserte dei fleste lokale og regionale dokumenta som tok føre seg nynorsk og bibliotek i samanheng, og jamvel nokre tvilstilfelle der koplinga mellom formuleringa i teksten og konkrete tiltak ikkje er heilt tydeleg. Alle dokumenta kjem frå nynorskkommunar og fylke med nynorskkommunar. Frå nesten alle dokumenta er det råd å setja opp

argumentasjonsrekker med heimlar som argumenterer ut frå eigenverdien til nynorsk og/eller nynorskbrukarane, men også andre heimeltypar som prosedurale og styringskonsekvensialistiske heimlar. Det er i liten grad språkleg nøytralitet som vert lagt vekt på, men snarare lokale språktihøve og politiske mål om å styrkja nynorsk, lokal dialekt, ynske om å forbetra skrivinga i kommuneadministrasjonen og lokal identitet.

I dei offentlege reguleringane finst det altså få føringar om å fremja nynorsk frå lokale, regionale og statlege styresmakter, sjølv om norsk språkpolitikk er ein sentral del av den norske kulturpolitikken. Det kan tyda på at språkpolitikken i folkebiblioteka i stor mon kjem nedanfrå og opp. På den andre sida er det lite i desse dokumenta som hindrar biblioteka i å ta initiativ til slike tiltak sjølve, slik at det er råd å seia at det er lite i strukturen kring folkebiblioteka som hindrar dei i å utøva ein aktørskap i språkpolitikken kring nynorsk. Men det er andre moment enn dei offentlege reguleringane som må utløysa det. Det finst i liten grad nokon språkpolitisk valarkitektur frå styresmaktene for å dulta biblioteka til å fremja nynorsk. Det er til dømes ikkje sett opp nokon støtteordningar for nynorskformidling i biblioteka. Men i dei stortingsmeldingane som har kome etter språklova, og i kravet om å fremja nynorsk (2021, §1), finst det eit rom for å utvikla slike tiltak.

#### *7.1.2 Forskingsspørsmål 2 (F2).: I kva grad ser folkebiblioteka på seg sjølve som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk?*

I kapittel 6.2.1 og 6.2.2 gjekk eg gjennom i kva grad folkebiblioteka er samde i at folkebibliotek generelt og deira folkebibliotek spesielt skal prioritera nynorsk (spørsmål 1 til 4), og om dei er samde i at dei gjer tiltak for å fremja nynorsk (spørsmål 8).

Føremålet med gjennomgangane var å svara på forskingsspørsmål F2 og slik kunne seia noko om i kva grad folkebiblioteka ser på seg sjølve som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk. Her er me inne på dei delane av språkpolitikken som Johnson kallar mekanismar kopla til meininger om språk og språkpraksis på til dømes ein arbeidsplass og prosessen fram til ein politikk (2013, s. 9), og i kva grad folkebiblioteka utarbeider ein språkpolitikk sjølve, eller om dei berre tolkar og approprierer han (Johnson & Johnson, 2015, s. 223). Eit anna spørsmål er om språkpolitikken kring nynorsk i biblioteka kjem nedanfrå og opp og er ein *de facto* språkpolitikk «i praksis», eller om han kjem ovanfrå og ned og er prega av det som står *de jure* – offisielt uttrykt i skrift (Johnson, 2013, s. 10). Dessutan er det interessant å freista å seia noko om folkebiblioteka er aktørar eller normsetjarar i denne samanhengen (Thingnes, 2020, s. 72).

Oppsummert er folkebiblioteka i stort positive til at nynorskformidling skal prioriterast. Støtta er størst når det er snakk om det nasjonale ansvaret alle bibliotek har, og noko mindre når eg spør om i kva grad dette er noko deira bibliotek skal prioritera. Sameleis er det eit stort fleirtal av folkebiblioteka i utvalet som stiller seg positivt til å fremja nynorsk og svarar at dei gjer tiltak for det.

Om me kastar eit blikk på tidlegare granskingar, er funna i hovudsak i tråd med det eg har kome fram til. Folkebiblioteka har ei positiv haldning til å fremja nynorsk, noko som samsvarar med det både Svåsand (2019) og Framtida/Pirion fann i sine granskingar (Langåker, 2019, 10. desember). Men ser me nærmare på funna, er det tydeleg at det er skilnadar mellom folkebibliotek i ulike språklege situasjonar, og at det er nokre viktige atterhald til denne i utgangspunktet tydelege oppsummeringa.

Som me såg i underkapittel 5.2.1 er det signifikante skilnadar mellom ulike underkategoriar av folkebibliotek. Det verkar som folkebiblioteka vert meir positive til påstandane om dei har meir nynorsk i lokalsamfunnet sine, eller om dei som har svara på vegner av folkebiblioteket, brukar nynorsk sjølv. Dessutan var det signifikante skilnadar mellom dei som hadde ein språkplan, og dei som ikkje hadde det, medan det ikkje var ein slik samanheng i spørsmålet om bibliotek- og kulturplan. Dette kan tyda på at nynorskbruken i lokalsamfunnet og i kva grad språkpolitikk er tematisert i ein eigen eksplisitt språkpolitisk plan (som dei tilsette i kommunen kjenner til), påverkar i kva grad folkebiblioteka meiner at dei har ein aktørskap for å for å fremja nynorsk.

Dette har ein parallel til gjennomgangen av kommunale og fylkeskommunale dokument, der dei dokumenta som tematiserte nynorsk, var frå område med nynorsk. Dessutan var folkebiblioteka i Vestland, som har den mest utfyllande språkpolitikken for nynorsk og bibliotek på regionalt nivå, signifikantert meir positive til påstandane i spørsmål 3 og 4. Desse påstandane handlar om i kva grad folkebiblioteka er samde i at dei sjølv skal prioritera nynorsk. Det er sjølvsagt vanskeleg å seia sikkert i kva grad dette er eit teikn på at språkpolitikk *de jure*, i teksten, i dette fylket påverkar språkpolitikken *de facto*, i praksis. Andre faktorar, som at dette fylket dekkjer mange regionar der nynorsk står sterkt, kan sjølvsagt vera viktigare. Men at det kan vera noko som er verdt å granska i seinare studiar.

Når det gjeld om dei sjølv gjer tiltak for å fremja nynorsk, er det fleire moment som gjer at me bør stilla spørsmål ved om oppslutninga er so stor som svara på spørsmål 8 gjev uttrykk for. For det fyrste er det mange av respondentane som ikkje gjer andre tiltak enn å ha eigne

hyller for nynorske barne- og ungdomsbøker og/eller å merka slike bøker. Dette er eit omstridt tiltak og at det var nemnt i spørsmålsteiksten var kanskje leiande for nokre respondentar. Som tidlegare nemnt er det fleire respondentar som har svara nei, sjølv om dei har fleire nynorsktiltak på lista si. Nokre har svara ja fordi dei gjer desse tiltaka, men anten ikkje gjer andre tiltak eller ikkje grunngjev tiltaket med eit ynske om å fremja nynorsk. Mange respondentane, sjølv dei som gjer mange nynorskfremjande tiltak, grunngjev det anten ut frå at litteratur på nynorsk er ein del av norsk litteratur som skal fremjast om han er aktuelle eller har god kvalitet, eller eit ynske om å handsame litteratur på dei to språka likt.

Mellom respondentane er ein (for) stor del frå nynorskkommunar, kommunar med nynorskelevar og fylke med nynorsk i grunnskulen. Samstundes er det eit tydeleg fleirtal av respondentar frå bokmåls- og språknøytrale kommunar, slik at svara vonleg ikkje er eit heilt skeivt bilete av stoda i norske folkebibliotek.

Når me har gått gjennom mekanismane knytte til språk og språkpraksis i folkebiblioteka og vegn fram til ein språkpolitikk og koplar det med det me såg i førre underkapittel om offentlege reguleringar, er det mykje som tyder på at språkpolitikken kring nynorsk i folkebiblioteka kjem nedanfrå og opp og er ein språkpolitikk i praksis. Folkebiblioteka og dei tilsette der utarbeider stort sett sjølve språkpolitikken dei utøver. Men skilnadane mellom folkebibliotek i kommunar med og utan språkplanar og mellom folkebibliotek i ulike fylke kan tyda på at ein språkpolitikk i tekst kan gjera biblioteka meir positive til å fremja nynorsk. Sidan so få kommunar og fylke gjer prøvar å styra språkpolitikk, er det ikkje urimeleg å tenkja seg at folkebiblioteka har so stor aktørskap at dei oftast bør reknast som normsetjarar heller enn aktørar.

Det er elles ingen som ser det som ein del av rolla si aktivt å gjera tiltak for å ikkje fremja eller motarbeida nynorsk. Dei som har dei mest negative svara på påstandane i spørsmål 1 til 4 eller har svara at dei ikkje fremjar nynorsk i spørsmål 8, er anten usamde i at folkebibliotek har som oppgåve å fremja nynorsk, er opptekne av å likehandsame litteratur på nynorsk og bokmål, eller meiner sjølve at dei må prioritera andre oppgåver.

#### *7.1.3 Forskingsspørsmål 3 (F3): Kva språkpolitiske val og tiltak for å fremja eller ikkje fremja nynorsk finn me i norske folkebibliotek?*

I underkapittel 6.2.2 gjekk eg gjennom svara på dei spørsmåla i spørjeundersøkinga som kanskje er mest relevante for dette forskingsspørsmålet: kva tiltak biblioteka gjer for å fremja

nynorsk eller for å formidla materiell på nynorsk (spørsmål 9 og 11), og korleis dei grunngjev tiltaka (spørsmål 10 og 12).

Føremålet med gjennomgangane var å svara på dette forskingsspørsmålet, og slik kunne seiā noko om kva språkpolitiske val og tiltak for å fremja eller ikkje fremja nynorsk norske folkebibliotek gjer. Dei konkrete tiltaka er gått nøyne gjennom i kapittel 6.2.2, og eg kjem difor ikkje til å gå gjennom alle kategoriane som er lista opp der. Poenget i denne samanhengen er å peika på dei tydeleg språkpolitiske tiltaka for å fremja nynorsk, og drøfta i kva grad dette kan kallast språkpolitiske dult frå folkebiblioteka (Sunstein og Thaler, 2008/2019, s. 13).

Som tidlegare nemnt er det mange respondentar som grunngjev tiltaka dei gjer, med mål om å handsama skriftspråka likt eller meiner at til dømes aktualitet eller kvalitet må vega tyngre enn skriftspråk. Det verkar dessutan som at praktiske omsyn er viktig for mange.

Eit døme på eit nynorskfremjande tiltak fleire av slike respondentar gjer, er å freista å få nynorskskeptiske lånarar til å lesa nynorsk litteratur. Fleire respondentar fortel at dei møter ein «nynorskterskel» hjå nokre lånarar. Det kan verka som det finst ei oppfatning hjå nokre lånarar om at dei ikkje kan eller ikkje vil lesa nynorsk. Nokre bibliotek gjev uttrykk for eit ynske om å motverka dette:

Nynorskterskelen er tilsynelatende høy blant en del av våre lånere. Jeg anbefaler ofte bøker på nynorsk, men forteller ikke at de er på nynorsk. Vi ser også at omtalte/gode bøker på nynorsk kan få like lange venteliste som bøker på bokmål, jfr. Anna Gavalda og Elena Ferrante. Jeg anser at folk 'tror' de ikke kan lese nynorsk, og velger derfor å anbefale bøker uavhengig av språk når jeg snakker med lånere. Mange 'oppdager' at det faktisk ikke er så 'farlig' på den måten. (14081812)

Strategien verkar å vera at bibliotekarane ikkje lèt seg hindra av lånaren sine uttrykte meininger, men i staden har som mål å lata lånarane sjølve oppleva at dei får til å lesa nynorsk. Om det kjem opp at ei bok er på nynorsk, er det nokre av respondentane som freistar å velja sine ord med omhug, ogso til eigne kollegaer: «Vi formidler de på lik linje med annen litteratur. Noen ønsker ikke nynorsk. Prøver å overtale kollegaer til at bøkene er 'på deilig nynorsk' ikke 'men den er nynorsk'» (14086451). Dette er ein heilt tydeleg dult frå respondentane til å låna ut nynorsk, og noko som kan bidra til at lånarar som elles ikkje ville ha lese ei nynorskbok, gjer det.

Elles er det ei rekkje tiltak som klart kan kallast språkpolitiske dult. Eit døme er dei som kjøper inn ekstra sett med nynorskbøker. Då vert meir nynorsk litteratur tilgjengeleg for lånarane, og fleire kan låna same boka samstundes om det er interesse for det. Eit anna er respondentane som legg vekt på nynorsk litteratur i formidlinga til born og unge, og dei som

prioriterer å ha arrangement om nynorsk litteratur. Desse tiltaka bidreg til å gjera nynorsk litteratur kjend og tilgjengeleg for ulike målgrupper.

Ein god del av respondentane samarbeider med nynorskinstitusjonar som lokale mållag, Nynorsk kultursentrum og lokale litteraturfestivalar som legg vekt på nynorsk. Samarbeida handlar mykje om arrangement. Dessutan er det fleire som samarbeider med skulane om å formidla nynorskbøker til biblioteka og med bibliotek i nabokommunane om å senda ut nynorske lesegledarar til skulane. Eit anna tiltak er å velja nynorske utstillingar frå andre, som ymse organisjonar, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalbiblioteket, når det er tilgjengeleg. Desse tiltaka er på den eine sida dultar som får nynorsk litteratur ut til lånarane, på den andre ein del av strukturen kring biblioteka som gjer at dei handlar på ein nynorskfremjande måte.

Fleire bibliotek har eigne nynorsktiltak, som nynorskveke, årleg nynorsk bokutstilling, nynorske barnebøker på utebibliotek eller dagsturhytter. Alle desse tiltaka er klårt nynorskfremjande.

I underkapittel 6.2.2 gjekk eg gjennom dei ulike syna på merking av nynorskbøker og eigne nynorskhyller som respondentane kom med i materialet mitt. Spennet går frå folkebiblioteka som gjer det fordi lånarar ikkje skal slumpa til å ta ei nynorskbok utan å veta det, til dei som gjer det av praktiske grunnar slik at bøkene er enkle å finna for elevar og lærarar i samband med skuleoppgåver, og dei som har bøkene på dei lettast tilgjengelege og mest innbydande hyllene for å auka utlånet av nynorsk litteratur. Der det fyrstnemnde er noko av det nærmeste me kjem eit tiltak for å ikkje fremja nynorsk, og det andre kanskje helst har ei nøytral grunngjeving, er det tredje eit døme på eit nynorskfremjande tiltak. Målet her er ikkje å koma med den endelege konklusjonen i den tydelegvis kvasse debatten om merking av nynorskbøker og eigne nynorskhyller, men eg vil argumentera for at både tiltaka har potensial for å vera både nynorskfremjande og ikkje nynorskfremjande. Målet med å gjera tiltaka og måten eit bibliotek gjer dei på, er kanskje det avgjerande. Det trengst meir forsking for å seia om det å ha slike hyller og merking fører til meir utlån og lesing av nynorsk litteratur, eller om andre tiltak er meir effektive.

#### *7.1.4 Forskingsspørsmål 4 (F4): Kva motiverer desse vala i norske folkebibliotek?*

I underkapitla 6.2.2, 6.2.3 og 6.2.4 gjekk eg gjennom svara på spørsmåla i spørjeundersøkinga som er mest relevante for dette forskingsspørsmålet: Korleis grunngjev folkebiblioteka tiltaka sine (spørsmål 9 og 11), kva eigen språkbruk me finn i biblioteka (spørsmål 15 og 16), korleis

stiller dei seg til nokre påstandar om eigne praksisar og mål (spørsmål 6), og kva meiner biblioteka sjølve motiverer vala dei gjer (spørsmål 13).

Føremålet med gjennomgangane var å svara på dette forskingsspørsmålet og slik kunne seia noko om kva som motiverer språkpolitiske val i norske folkebibliotek. Som i førre spørsmål er me her inne på dei delane av språkpolitikken som Johnson kallar mekanismar kopla til meininger om språk og språkpraksis på til dømes ein arbeidsplass (2013, s. 9). Målet har vore å sjå på korleis folkebiblioteka utarbeider, tolkar og approprierer språkpolitikken sin (Johnson & Johnson, 2015, s. 223), korleis dei vert påverka av strukturen kring språkpolitikken sin, og om det finst måtar å dulta norske folkebibliotek til å fremja nynorsk på (Sunstein og Thaler, 2008/2019, s. 13).

I underkapittel 6.2.4 gjekk eg gjennom dei ulike motivasjonane og meiningsane biblioteka uttrykte i svara på spørsmål 13 og 6.

Oppsummerer me svara på spørsmål 13, kan me seia at tilbod om gode utstillingar og godt materiale på nynorsk, meir materiale på nynorsk og støtteordningar som prioriterer nynorsk, er faktorar andre aktørar kan påverka, som folkebiblioteka sjølve har mest tru på kan medverka til at dei gjer meir for å fremja nynorsk. Lokalt er det særleg brukarane og biblioteksjefen som ein meiner har mest påverknad. Desse er altso delane av strukturen kring folkebiblioteka som dei sjølve identifiserer som sentrale.

Folkebiblioteka meiner sjølve at tydelege nasjonale føringar, engasjerte tilsette, kultursjefen, kommunestyret og samarbeid med fylkesbiblioteket vil ha liten påverknad. Dette står som kontrast til funna av signifikante skilnadar kring språkplan i underkapittel 6.2.1. Dei respondentane som (veit at dei) har ei form for språkplan, verkar signifikant meir positive til dei to siste påstandane, som gjeld om eige bibliotek skal prioritera nynorsk, enn dei andre gruppene. Sjølv om biblioteka kanskje ikkje likar ei eventuell innsnevring av eige handlingsrom, eller aktørskap, kan funna tyda på at i alle fall ein lokalt vedteken språkpolitikk kan føra til ei meir positiv haldning og dermed fleire nynorskpositive handlingar.

Oppsummerer me svara på spørsmål 6, er det stor semje om at det ikkje er viktig om ei bok er på nynorsk eller bokmål so lenge ho er godt skriven og/eller har eit relevant tema (påstand 6.I), mange har som mål å få til meir utlån og bruk av materiale på nynorsk (påstand 6.B), og ein god del meiner at det er viktigare å ha bøker på nynorsk for born og unge enn bøker for vaksne (påstand 6.H). Det er dessutan få som har haka av dei mest «nynorsknegative» påstandane.

Det fyrste funnet her styrkjer tanken som har kome til overflata i andre delar av oppgåva, at det jamnast ikkje er eit mål å styrkja eit skriftspråk i seg sjølv, men at kvalitet eller aktualitet og praktiske omsyn veg tyngre. Det er ei jamt over dominerande nynorskpositiv haldning mellom respondentane mine, noko som kjem fram både ved at mange har kryssa av på påstand 6.B, og ved at få har svara positivt på dei mest nynorsknegative påstandane. Det kan opne for spekulasjonar om at dei mest nynorsknegative potensielle respondentane ikkje har svara på undersøkinga, men det er vanskeleg å seia noko om. Vektlegginga av born og unge noko me òg finn i svara på andre spørsmål, gjerne knytte til språkopplæringa i skulen.

So mange som 62,6 prosent har opplevd brukarar som ikkje vil låna bøker som er på nynorsk (påstand 6.G), og det verkar som det motiverer til å motarbeida dei därlege haldningane. Dette ser ut til å gjelda i alle fall dei av respondentane som har kommentert denne tematikken.

Nokre viktige punkt frå dette underkapittelet er at folkebiblioteka gjev uttrykk for å stø nynorskpositive meininger, men som me nemnde i underkapittel 6.2.2 legg fleirtalet større vekt på kvalitet og aktualitet enn på språket boka er skiven på. Mange har opplevd motstand mot nynorsk litteratur frå lånarar. Det er vanskeleg å seia kor omfattande dette er for den enkelte, men om fritekstsvara er representative, verkar det som det stort sett fører til eit ynske om å arbeida for å motarbeida motstanden.

I oppsummeringa av funna frå svara på spørsmål 15 og 16 såg me at språkstoda i kommunen påverkar kva skriftspråk folkebiblioteka brukar i oppslag og på sosiale medium. Om folkebiblioteket held til i ein kommune med nynorsk tenestespråk eller nynorskelevar, er det større sjanse for at dei brukar nynorsk. Medan det i bokmålskommunar og kommunar utan nynorskelevar er stor sjanse for at folkebiblioteka berre brukar bokmål, er det ikkje nødvendigvis berre nynorsk på biblioteka i nynorskområda. Mange av dei vekslar mellom skriftspråka, og nokre brukar berre bokmål. Ingen bibliotek i utvalet mitt brukar berre nynorsk i område utan nynorskelevar. Men det er rom for å veksla mellom nynorsk og bokmål, særleg på sosiale medium.

I fritekstsvara, mellom anna under spørsmål 18, kjem det fram fleire syn på og verdiar respondentane gjev dei ulike språka. Ei side av dette er førestillinga om kva språk som er naturleg eller vanleg, både personleg og i området folkebiblioteket ligg i. Ein respondent som skriv at biblioteket deira ligg «øverst i landet», forklarar at dei «kommuniserer på bokmål da dette er vår regions/kulturs naturlige skrift- og talespråk» (14091721). Her er førestillinga at bokmål er det naturlege, i tydinga vanlege og sjølvsagde, klårt framme. Svaret til ein anna

respondent syner at denne haldninga er til stades i nynorskområda òg: «Mogeleg det har vore vedtak i kommunestyret, men det veit eg ikkje. Uansett er det ikkje noko spørsmål om det sidan vi ligg i kjerneområdet for nynorsk og det er det einaste naturlege» (13953093). Ein respondent legg vekt på kva som er naturleg, og difor lettare for seg sjølv: «Som bokmålsbruker selv så er det svært unaturlig og også tidkrevende å skulle skrive på nynorsk. Det blir heller ikke noe godt språk, da jeg er vant til setningsoppbygginga på bokmål. [...]» (14176793).

Fleire enn denne respondenten peikar på at språkkompetansen til dei tilsette er styrande for kva språk som vert nytta av biblioteket. Ein respondent skriv at «[s]iden jeg er biblioteksjefen har det ikke vært en uttalt bestemmelse, men det at formidlingsevnen min er best på bokmål» (14003668). Ein annan respondent svarar på eit vis som kan tyda på at vantande nynorskkompetanse fører til at biblioteket ikkje fylgjer språkvedtaket i kommunen: «Kommunen har nynorsk, men ikkje alle tilsette er like flink til å bruke nynorsk» (14023370). Svaret er rett nok ikkje eintydig. Me kan lesa det anten som at dei tilsette ikkje kan nynorsk, eller at dei ikkje er flinke til å fylgja språkvedtaket i kommunen.

Ein respondent frå eit bibliotek som eigentleg brukar bokmål, skriv at dei kan opna for nynorsk om ein tilsett ynskjer det, men at for hen personleg er det mest rett å fylgja språkvedtaket til kommunen: «om ansatte ønsket å bruke nynorsk ville det ikke blitt nektet, men for min egen del har jeg alltid valgt å kommunisere med befolkningen på kommunens offisielle målform» (14856806). Ein annan opnar jamvel for at dei vil sleppa til nynorskbruk sjølv om det bryt med språkplanen til kommunen:

Jeg veit at de ansatte kan bruke den målforma som passer dem best (sjøl bruker jeg radikalt bokmål). Når det er sagt har vi nylig fått en språkstrategi som vi bes følge. Den tar utgangspunkt i *[lokal dialekt]*. Men utover det er det ingenting som hindrer de ansatte å skrive på nynorsk (14832102).

Det vert altso opna for nynorsk sjølv om det bryt med språkpolitikken i kommunen. I alle fall i prinsippet, sidan desse svara ikkje tyder på at dette skjer i dag. Ein respondent fortel at i biblioteket deira, som vanlegvis brukar bokmål, vert det opna for nynorsk internt, medan bokmål vert brukt i den delen av jobbkvardagen som synest utetter: «Vi har bare en ansatt som konsekvent skriver på nynorsk (i e-poster, referater etc.), men *[hen]* skriver på bokmål på plakater og andre oppslag» (14175859). Respondenten har elles svara at dei tilsette vel sjølve kva språk dei brukar på dette biblioteket, noko som kan tyda på at den tilsette sjølv ynskjer å fylgja kommunen sitt språkvedtak utetter.

Ein respondent nemner at biblioteket ikkje fylgjer språkvedtaket i kommunen når dei vender seg mot brukargrupper dei ventar ikkje kan nynorsk. I deira tilfelle er det vaksne som skal læra norsk: «Me brukar berre bokmål i kommunikasjon til framandspråklege som skal lære norsk. Vaksenopplæringa er dessverre på bokmål» (14088302). Dette kan vera eit døme på at andre språkpolitiske vedtak i nynorskkommunar undergrev nynorskkommunen sitt eige høve til å bruka nynorsk.

Nokre av respondentane kjem med utfyllande kommentarar om språkarbeidet til kommunen. Ein respondent knyter språkbruken i kommunen opp mot klarspråkarbeid: «Kommunen vår har fokus på Klart språk i tillegg til å vera nynorskkommune» (13956152). Ein respondent skriv at dei har «noen oppslag med informasjon på engelsk» (13984151).

Ein av respondentane kommenterer eit språkbruksområde som eg ikkje spør om i skjemaet: kva språk som er brukt i bibliotek sine katalogar, som tilsette og brukarar nyttar til å finna bøker og anna materiale. Denne respondenten skriv at dei «bruker emneord på bokmål og nynorsk i vår katalog» (14712193), noko som gjer at brukarane finn fatt i dei same bøkene same kva skriftsspråk dei skriv når dei søker.

## 7.2 Oppsummering

I dette underkapittelet vert trådane trekte frå forskingsspørsmåla til problemstillinga for å freista å svara på denne: I kva grad opererer dei norske folkebiblioteka som språkpolitiske aktørar for å fremja eller ikkje fremja nynorsk, kva tiltak tek dei i bruk, og kva styrer vala deira?

### *7.2.1 Oppsummering*

Som det kjem fram av svara på forskingsspørsmåla ovanfor, har folkebiblioteka i relativt stor grad ein språkpolitisk aktørskap, og dei er i mange tilfelle er normsetjarar heller enn aktørar. Dei har mange overordna føringar om språkpolitikk og nynorsk frå statlege, fylkeskommunale og kommunale dokument, men desse vert sjeldan konkretiserte i tiltak og mål som gjeld nynorsk i folkebiblioteka. Dette bidreg både til at folkebiblioteka får større rom for å utøva aktørskap ved å utarbeida sin eigen språkpolitikk, og til at språkpolitikken kring nynorsk i mindre grad enn han kanskje burde, vert teken med i strukturen kring folkebiblioteka. Mykje tyder på at språkpolitikken kring nynorsk i folkebiblioteka kjem nedanfrå og opp og er ein språkpolitikk i praksis, ikkje ovanfrå og ned og i tekst.

Det er ein god del av folkebiblioteka som utøver språkpolitisk aktørskap for å fremja nynorsk, og nærest ingen som gjer noko tilsvarende for aktivt ikkje å fremja nynorsk. Det finst fleire språkpolitiske tiltak som fungerer som språkpolitiske dult for å fremja nynorsk i folkebiblioteka. Nokre døme er å prioritera ekstra innkjøp av nynorskbøker, å leggja vekt på nynorsk litteratur i formidlinga til born og unge, å samarbeida med nynorskinstitusjonar om arrangement, å ha spesifikke nynorskprosjekt som nynorske utebibliotek og å freista å overtala skeptiske lånarar til å låna bøker på nynorsk. Nokre tiltak, som merking av nynorskbøker og eigne nynorskhyller, har potensial for å vera nynorskfremjande om dei vert gjorde på rett måte og på rett grunnlag.

Folkebiblioteka rapporterer sjølve at det er gulrøter som kan bidra til at dei prioriterer nynorsktiltak høgare. Døme på dette er tilbod om nynorskmateriell og -arrangement, høve til å søkja tilskotsordningar for formidling av nynorsk litteratur og meir materiale på nynorsk. Andre funn i undersøkinga tyder på at om nynorsk og bibliotek vert tematisert i samanheng i bibliotek-, kultur- og språkpolitiske dokument, kan det påverka folkebiblioteka. Særleg lokale språkplanar ser ut til å ha positiv effekt på i kva grad folkebiblioteka meiner dei skal prioritera nynorsk i eigna formidling og eigne arrangement. Dessutan er det tydelege funn som tyder på at den lokale språkstoda, som om folkebiblioteka held til i ein nynorskkommune, om det er nynorsk i skulen og tilsvarande, påverkar i kva grad folkebiblioteka prioriterer nynorsk. Strukturen kring folkebiblioteka påverkar altso korleis aktørskapen deira vert utøvd.

### *7.2.2 Innvendingar og etterhald*

Av innvendingar kan eg nemna at dokumenta kunne vore gått gjennom og analysert med eit anna metodisk rammeverk, og at spørjeundersøkinga kunne vore spissare utforma. Det fyrste kunne kanskje medverka til at eg hadde funne fleire koplingar mellom dokument på ulike nivå. Det andre kunne kanskje ført til fleire svar frå mindre nynorskinteresserte respondentar. Når eg likevel har fått gått gjennom og analysert ei rekkje dokument, gjev måten min å gje det på eit nokso utfyllande bilet av stoda. Og når det gjeld spørjeundersøkinga, gjev det at eg har fått eit fleirtal av svar frå folkebibliotek i bokmålskommunar og språknøytrale kommunar, grunnlag for å rekna med at svara og gjennomgangen av dei kan gje eit nokolunde rett bilet av stoda i dei norske folkebiblioteka.

### *7.2.3 Vidare forsking*

Denne oppgåva bidreg til forskarfellesskapen ved at ho er ei av få som granskar språkpolitikken i og kring folkebiblioteka, og truleg den fyrste som granskar folkebiblioteka si rolle i språkpolitikken kring nynorsk. Dessutan er ho ei av få som ser på kommunal og

fylkeskommunal språkpolitikk, mellom anna ved ein gjennomgang av ei rekkje regionale og lokale språkpolitiske dokument. Av interessante teoretiske aspekt, testar eg ut omgrepa språkpolitisk dulting og valarkitektur innan statusplanlegginga.

Som tidlegare nemnt, er språkpolitikk og bibliotek forska lite på i norsk samanheng og mest ikkje i det heile når det gjeld nynorsk. Det er òg lite forsking på rolla til den breiare kulturpolitikken, med forlag, musikkindustrien, dataspelprodusentar og anna, i språkpolitikken. Med denne bakgrunnen var det vanskeleg å veta kvar eg skulle starta, samanlikna med om eg skulle skriva om språkopplæring i skulen, statleg språkbruk eller rettskrivingsspørsmål der det finst meir forsking å byggja på. Eit delmål med oppgåva var å gjera jobben til dei som kjem etter meg lettare, og eit ynske om at det vert lettare for seinare studentar og forskrarar å ta tak i dei mange spanande emna som finst i grenselandet mellom den spesifikke språkpolitikken og den generelle kulturpolitikken.

Hadde eg hatt uavgrensa med tid og ressursar til å gjennomføra denne oppgåva, hadde eg vilja gjennomføra ho med å bruka mange metodar: først ei kvalitativ innhaltsanalyse av flest mogleg relevante språkpolitiske og bibliotekpolitiske dokument, so ei kvantitativ spørjeundersøking til alle eller flest mogleg av dei norske folkebiblioteka – og til sist kvalitative, semi-strukturerte intervju med tilsette ved eit utval folkebibliotek. Eg valde å gjera to av tre, i meir avgrensa omfang. Semi-strukturerte intervju med bibliotekarar, og gjerne andre aktørar som bibliotekbrukarar og kultursjefar, kan bidra til å kasta lys over dei same spørsmåla eg har sett på. Kanskje særleg spørsmåla om korleis tiltaka eg har identifisert i materialet fungerer i praksis, og kva påverknad språkpolitiske dokument har. Dessutan vil det vera nytting å gjennomføra ei tilsvarande, men spissare, spørjeundersøking om nokre år for å avdekkja eventuelle utviklingstrekk.

Det same gjeld dokumentanalysane og -gjennomgangane, som kan gjerast om att om nokre år. Det kan òg tenkjast at andre retoriske analysemetodar vil kunne kasta nytt ljos over det same materialet og få tydelegare fram samanhengane mellom dei. Dessutan er det forska lite på språkpolitikken i kommunar, fylkeskommunar, interkommunale samarbeid og tilsvarande organ. Ein del av dette er det kommunale administrasjonsspråket i kommunane, og i kva grad dette er slege fast i språkbruksplanar og språkprofilar. Om og eventuelt korleis slike planar vert nytta i praksis i kommunane og fylkeskommunane, er eit anna tema som er lite granska.

Går me attende til biblioteksektoren, er det råd å gjera tilsvarande granskinger av skulebiblioteka, fag- og forskingsbiblioteka, fylkesbiblioteka og rolla Nasjonalbiblioteket

spelar i norsk språkpolitikk. I kva grad bibliotekutdanningane tek føre seg språkpolitikk, er eit anna emne. Det same er bokhandlarane, som er ein viktig aktør i norsk litteraturpolitikk og språkpolitikk.

I innsamlinga av materiale til denne oppgåva var målet i utgangspunktet å samla inn mest mogleg om språkpolitikken til biblioteka og ikkje berre om nynorsk. I praksis var det føremålstenleg å konsentrera seg mest om nynorsk både i skrivinga og innsamlinga. Det gjer at det er mykje ugjort når det gjeld dei andre språka Noreg har eit særleg ansvar for gjennom språklova: bokmål, samiske språk, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk. Tilsvarande hadde det vore interessant å sjå fleire studiar av folkebiblioteka sitt arbeid med nyare innvandrarspråk.

## **8. Litteraturliste for masteroppgåva og vedlegg C.**

Ahearn, L.M. (2001). Language and agency. *Annual Review of Anthropology*, 3, 109–137.

<https://doi.org/10.1146/annurev.anthro.30.1.109>

Askheim, S., Thorsnæs, G. & Helleve, E. (2022). Forsand (tidlegare kommune). I *Store norske leksikon*. [https://snl.no/Forsand\\_-\\_tidlegare\\_kommune](https://snl.no/Forsand_-_tidlegare_kommune)

Askvoll kommune. (2020). *Bibliotekplan for Askvoll kommune 2021–2024. Vedteken i Askvoll kommunestyre 19.11.2020*. Askvoll.kommune.no.

[https://www.askvoll.kommune.no/\\_f/p1/i7bdf902a-496f-4472-8a48-eb49e136a525/bibliotekplan.pdf](https://www.askvoll.kommune.no/_f/p1/i7bdf902a-496f-4472-8a48-eb49e136a525/bibliotekplan.pdf)

Berge, M.G. (2015). *Den kommunale bibliotekpolitikken: Hvordan samhandler biblioteksjef med nærmeste politiske leder?* (Masteroppgåve, Høgskolen i Oslo og Akershus). Oda. <https://hdl.handle.net/10642/2731>

Bergem, R. & Båtevik, F.O. (2010). *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk. Evaluering av eit prosjekt ved Volda ungdomsskule.* (Rapport nr. 8). Høgskulen i Volda & Møreforsking Volda. <https://www.moreforsk.no/om-oss/nyhetsarkiv/samfunn/sjolvsagt-les-og-skriv-vi-nynorsk--/1118/665/>

Biblioteka i Nordhordland og LNK. (2012). *Nye tider – nynorsk! Prosjekt for å fremje lesing av nynorsk litteratur i Nordhordlands kommunane*. [https://lnk.no/wp-content/uploads/2012/09/images\\_doc\\_Prosjektrapport\\_NYE\\_TIDER\\_NYNORSK\\_1.pdf](https://lnk.no/wp-content/uploads/2012/09/images_doc_Prosjektrapport_NYE_TIDER_NYNORSK_1.pdf)

Bibliotekslag. (2013). *Bibliotekslag.* (SFS 2013:801). Sveriges riksdag. [https://www.riksdagen.se/sv/dokument-lagar/dokument/svensk-forfattningssamling/bibliotekslag-2013801\\_sfs-2013-801](https://www.riksdagen.se/sv/dokument-lagar/dokument/svensk-forfattningssamling/bibliotekslag-2013801_sfs-2013-801)

Bjørhusdal, E. (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885–2005.* (Doktoravhandling, Universitetet i Oslo). Brage. <https://hvopen.brage.unit.no/hvopen-xmlui/handle/11250/220171?show=full>

Bjørhusdal, E. & Budal, I.B. (2017). Språk og nynorsk – kva er planen? Ein analyse av årssplanar i barnehagar på Vestlandet. I E. Bjørhusdal og I.B. Budal (red.). *Nynorsk med dei minste* (s. 41–65). Samlaget.

Bouchard, J., & Glasgow, G.P. (2019). Agency in language policy and planning: A theoretical model. I J. Bouchard & G.P. Glasgow (red.), *Agency in language policy and planning: Critical inquiries* (s. 22–76). Routledge.

Bærum Mållag. (u.å.). *Om oss.* Henta 16. april 2022 frå <http://www.baerummaallag.com/161298083>

Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora. (2016). *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi.* Dei nasjonale forskingsetiske komiteane.

Direktoratet for forvaltning og IKT. (2019). *Innbyggerundersøkelsen 2019. Hva mener innbyggerne?* (Difi-rapport 2019:8). <https://www.difi.no/rapporter-og-statistikk/undersokelser/innbyggerundersokelsen-2019>

Eiksund, H.T. (2010). *Med nynorsk på leselista. Ein komparativ studie av lesevanar blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag* (Masteroppgåve, Høgskulen i Volda). Bravo. <http://hdl.handle.net/11250/2585378>

Falturiltu. (u.å.). *Om festivalen*. <https://www.falturiltu.no/om/>

Firda vidaregåande skule. (u.å.). Biblioteket. Gloppen folkebibliotek. Henta 15. april 2022 frå <https://www.firda.vgs.no/elevar-og-foresette/praktisk-info/biblioteket/>

Fog, Jette (1996). Begrundelsernes koreografi. Om kvalitativ ikke-statistisk repræsentativitet. I: H. Holter og R. Kalleberg (red). 1996. *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Universitetsforlaget.

Folkebiblioteklova. (1985). *Lov om folkebibliotek* [LOV-2013-06-21-95]. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108>

Goundar, P.R. (2017). The Characteristics of Language Policy and Planning Research: An overview. I Xiaoming Jiang (red.) *Sociolinguistics. Interdisciplinary Perspectives*. DOI: 10.5772/intechopen.68152

Gatland, J.O. (2018). *Ein driftig djevel i Bergen. Historia om Mons Litleré*. Samlaget.

Grepstad, J. (2019, 7. august). Administrasjonsspråket. I *Allkunne.no*. <https://www.allkunne.no/framside/sprak/omgrep/administrasjonsspraket/67/1194/>

Grepstad, O. (2020a). *Språkfakta 2020. Tabellane. Bonusidene*. Grepstad skriveri.

Grepstad, O. (2020b). *Språkfakta 2020. Tala. Forteljingane. Dokumenta. Languages in Norway: A story by numbers*. Grepstad skriveri.

Grepstad, O. (2016). *Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt*. (2. utg.). Nynorsk kultursentrum.

Grønmo, S. (1996). *Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærmingar i samfunnsforskningen*. Universitetsforlaget.

Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget.

Haraldsen, G. (1999). *Spørreskjemametodikk. Etter kokebokmetoden*. Ad Notam Gyldendal.

Heggheim, S. (2016, 12. januar). Nynorske barnebøker mest pop på biblioteket. *Firda*. <https://www.firda.no/nyheiter/kultur/bibliotek/nynorske-barneboker-mest-pop-pa-biblioteket/s/5-15-159315>

Herøy kommune. (2017). *Språkbruksplan for Herøy kommune*. <https://www.heroy.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/styringsdokument/planar/kommunikasjon/spakbruksplan/>

Hjalmarsson, L. (2017, 20. februar). Nynorsk vant folkeavstemningen på Høle. *Stavanger Aftenblad*. <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/blGVg/nynorsk-vant-folkeavstemningen-paa-hoole>

Hopland, M. (2021). *Folkebibliotekene et år etter kommunereformen. En kvantitativ studie av folkebibliotekstatistikk* (Masteroppgåve, OsloMet – Storbyuniversitetet). Oda.  
<https://hdl.handle.net/11250/2788912>

Hordaland fylkeskommune. (2014). Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025. <https://www.vestlandfylke.no/kultur/planar-og-strategiar-for-kultursektoren/>

Hornberger, N.H. (2002). Multilingual Language Policies and the Continua of Biliteracy: An Ecological Approach. *Language Policy*, 1 (1), 27–51.  
<http://dx.doi.org/10.1023/A:1014548611951>

Hornberger, N.H. (2005a). Frameworks and Models in Language Policy and Planning. In T. Ricento (red.), *An Introduction to Language Policy. Theory and Method* (s. 24–41). John Wiley & Sons, Incorporated.

Hornberger, N. H. (2005b). Opening and Filling up Implementational and Ideological Spaces in Heritage Language Education. *Modern Language Journal*, 89 (4), 605-609.  
<http://dx.doi.org/10.1111/j.1540-4781.2005.00331.x>

Høgskulen i Volda (u.å.). *Forskingsetiske retningslinjer for HVO*. Hivolda.no  
<https://www.hivolda.no/forsking/forskingsetikk-og-personvern/forskingsetiske-retningslinjer-hvo>

Jacobsen, D.I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Cappelen Damm akademisk.

Jamne, E.T. (2017). *Russisk og polsk i norske folkebibliotek*. (Masteroppgåve, Høgskolen i Oslo og Akershus). Oda. <https://hdl.handle.net/20.500.12199/1035>

Johnson, D.C. (2003). *Language Policy*. Palgrave Macmillian.

Johnson, D.C. & Johnson, E.J. (2015). Power and agency in language policy appropriation. *Language Policy*, 14, 221–243. Doi: 10.1007/s10993-014933-z

Innst. 258 S (2018–2019). *Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*. Familie- og kulturkomiteen. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2018-2019/inns-201819-258s/?all=true>

Innst. S. nr. 320 (2008–2009). *Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen om Bibliotek Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*. Familie- og kulturkomiteen. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2008-2009/inns-200809-320/2/>

Kjeldsen, J.E. (2006). *Retorikk i vår tid. En innføring i moderne retorisk teori*. Spartacus forlag.

Kommunal- og distriktsdepartementet. (2019, 14. mai). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2019). *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023. Vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019*.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2020, 3. januar). *Fakta om kommunereformen.* <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/kommunereform/id2548377/>

Kulturdepartementet. (2015). *Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018. Statens oppgaver og ansvar for utvikling av folkebibliotekene.*

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-bibliotekstrategi-2015-2018/id2429329/>

Kulturdepartementet & Kunnskapsdepartementet. (2019). *Rom for demokrati og dannelses.* *Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023.* <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-bibliotekstrategi-2020-2023---rom-for-demokrati-og-dannelse/id2667015/>

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2017, 9. november). *Bibliotek.* Regjeringa.no <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/arkiv-bibliotek-og-museum/innsiktsartikler/bibliotek/id115235/>

Kvinnherad kommune. (2016). *Målbruksplan Kvinnherad kommune. Vedteken av kommunestyret 26.05.2016. Sak: 15/3304.*

<https://kvinnherad.custompublish.com/maalbruksplan.502623.nn.html>

Kydland, M. (2015, 16. desember). *130 år som nynorskkommune.* Sunnhordland. <https://www.sunnhordland.no/nyhende/130-ar-som-nynorskkommune/>

Langåker, S.O.B. (2019, 30. september). Ny undersøking: Fleire skulebibliotek har auka innkjøpet av nynorske bøker. *Framtida.* <https://framtida.no/2019/09/25/ny-undersoking-fleire-skulebibliotek-kjoper-inn-nynorske-boker>

Langåker, S.O.B. (2019, 10. desember). Biblioteka opplever meir positive haldningar til nynorsk. *Framtida.* <https://framtida.no/2019/12/05/folkebibliotek-i-ny-undersoking-fleire-er-positive-til-a-lesta-nynorsk-litteratur>

Larsen, A.K. (2008). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskingsmetode.* Fagbokforlaget.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). (2021a, 27. september). *Handlingsplan 2021–2022.* <https://lnk.no/nyhende/handlingsplan-2021-2022/>

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). (2021b). *Årsmelding 2019–2020.* <https://lnk.no/om-lnk/>

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). (2016, 12. august). *Språkbruksplanar.* <https://lnk.no/nyhende/malbruksplanar/>

Lilleholt, K. & Kihl, J. (2014). *Rapport om kommunereforma – frå Askvoll til Åseral.* Noregs Mållag.

Meld. St. 8 (2018–2019). *Kulturens kraft: Kulturpolitikk for framtidia.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/>

Meld. St. 18 (2020–2021). *Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge.* Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/>

Moseid, T.E., Redse, T. & Gjersdal, A. (2018, 18. oktober). Folkebibliotek. I *Store norske leksikon* <https://snl.no/folkebibliotek>

Myndigheten för digitalisering och befolkningsdata. (u.å.). *Personuppgifter i befolkningsdatasystemet*. Henta 29. april 2022 frå <https://dvv.fi/sv/personuppgifter-i-befolkningsdatasystemet>

Nasjonalbiblioteket. (2021a). *Nasjonal bibliotekutvikling*. <https://bibliotekutvikling.no/nasjonal-bibliotekutvikling/>

Nasjonalbiblioteket. (2021b). *Rådata 2020*. [Bibliotekutvikling.no](https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/). <https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/>

Nasjonalbiblioteket. (2021c). *Statistikk for folkebibliotek*. [Bibliotekutvikling.no](https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/). <https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/>

Nasjonalbiblioteket. (2021d). *Ressurser 2020*. [Bibliotekutvikling.no](https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/ressurser-2020/). <https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/ressurser-2020/>

Nes, B. (2009). *Biblioteket og de nasjonale minoritetene rom og romanifolket*. (Masteroppgåve, Høgskolen i Oslo). Oda. <https://hdl.handle.net/10642/314>

Noregs Mållag. (1967). *Målreising 1967. Eit debattopplegg. Tiltråding frå ei målpolitisk programmemnd i Noregs Mållag*. Samlaget.

Nylenna, M. (2017, 19. januar). Nudging på norsk: dulting. *Tidsskrift for Den norske legeforening*. doi: 10.4045/tidsskr.16.1088

Nynor克斯enteret. (u.å.). *Nynorske lesegledarar*. Nynor克斯enteret.no. <https://nynor克斯enteret.no/kurs-og-foredrag/nynorske-lesegledarar>

Nynorsk kultursentrum. (2021a). *Fem utvalde blir nynorske pilotbibliotek*. Nynorsk.no. <https://www.nynorsk.no/fem-utvalde-blir-nynorske-pilotbibliotek/>

Nynorsk kultursentrum. (2021b). *Litteraturhus i Møre og Romsdal*. Nynorsk.no. <https://www.nynorsk.no/litteraturhus-i-more-og-romsdal/>

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa*. (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61>

Oslo kommune & Sametinget. (2016). *Samarbeidserklæring mellom Oslo kommune og Sametinget*. Sametinget.no. <https://sametinget.no/politikk/samarbeidsavtaler/byavtaler/>

Oxford Research. (2021). *Kulturfeltet i kommunenesektoren. En fri, mangfoldig og samfunnsbyggende kraft* (2021/06). <https://oxfordresearch.no/publications/kulturfeltet-i-kommunesektoren/>

Plan- og bygningslova. (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling*. (LOV-2008-06-27-71). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/>

- Prop. 108 L (2019–2020). *Lov om språk (språklova)*. Kulturdepartementet.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/?ch=1>
- Ricento, T.K. & Hornberger, N.H. (1996). Unpeeling the Onion: Language Planning and Policy and the ELT Professional. *TESOL Quarterly*, 30 (3), s. 401–427. DOI: 10.2307/3587691
- Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. (4. utg.). Fagbokforlaget.
- Rogaland fylkeskommune. (2013). *Regional bibliotekplan for Rogaland 2014–2017. Vedteken i Rogaland fylkesting 10.–11. desember 2013 i sak 82/13*. Rogaland.fylkeskommune.no.  
<https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/kultur/regionalplan-for-bibliotek-2014-2017/>
- Roos, J. (2015). *Baltic and nordic university libraries marketing in Facebook* (Masteroppgåve, Høgskulen i Oslo og Akershus). Oda. <https://hdl.handle.net/10642/3378>
- Ryfylkebiblioteket. (u.å.). *Bibliotekfilialer i Suldal*. Henta 18. april 2022 frå <https://ryfylkebiblioteket.no/bibliotekfilialer-i-suldal/>
- Sandal, P. (1990). *150 år med bøker. Gloppen folkebibliotek 1840–1990*. Gloppen folkebibliotek.
- Sælen, K.T. (1993a). Bibliotek. I *Norsk samfunnsleksikon* (ny utgåve 1993). Pax Forlag.
- Sælen, K.T. (1993b). Folkebibliotek. I *Norsk samfunnsleksikon* (ny utgåve 1993). Pax Forlag.
- Språklova. (2021). *Lov om språk*. (LOV-2021-05-21-42). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>
- Sogndal kommune. (2021). *Språkbruksplan. Vedteken i kommunestyret 17.06.2021, sak 56/21*. <https://www.sogndal.kommune.no/temaplanar.529545.nn.html>
- Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2018). *Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027*. <https://www.sjf.no/regional-plan-for-kultur.422941.nn.html>
- Språkrådet, KS og Digitaliseringsdirektoratet. (u.å.). *Kommunale språkprofiler*. Henta 25. mars 2022 frå <https://www.sprakradet.no/klarsprak/arbeidsmetoder/kommunale-sprakprofiler/>
- Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar & Nynorsk kultursentrum. (2011). *Undersøking om målbruken i nynorskkommunar. Rapport*. <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/rapporter-og-undersokelser/>
- Statistisk sentralbyrå. (2016). *Standard for klassifisering av kommunar etter innbyggjartal*. <https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/115>
- St.meld. nr. 23 (2008–2009). *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*. Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-23-2008-2009-/id555516/>
- St.meld. nr. 35 (2007–2008). *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/>

St.meld. nr. 48 (2002–2003). *Kulturpolitikk fram mot 2014*. Kulturdepartementet.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-48-2002-2003-/id432632/>

Sula kommune. (2020). *Vedtatt handlingsplan 2021*. Upublisert.

Sula kommune. (2017a). *Språkbruksplan*. <https://www.sula.kommune.no/tenester/politikk-planar-og-dokumentinnsyn/planar/overordna-planar-og-styringsdokument/andre-planar-rapportar/>

Sula kommune. (2017b). *Kulturplan 2017–2021*.

<https://www.sula.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/planar/>

Stord kommune. (2020). *Stord folkebibliotek. Møtestad for menneske, kultur og kunnskap. Bibliotekplan 2021–2025*. Stord.kommune.no <https://www.stord.kommune.no/overordna-planar-under-arbeid.454223.nn.html>

Sørbø, J.I. (2018). *Nynorsk litteraturhistorie*. Samlaget.

Svåsand, M.P. (2019, 19. september). Akterutsegla nynorskforakt. *Bok og bibliotek*.  
<https://www.bokogbibliotek.no/news-page/news-bok/akterutsegla-nynorskforakt>

Sunstein, C.R. & Thaler, R.H. (2019). *Nudge. Hvordan ta bedre valg om helse, penger og lykke*. Dreyers forlag. (Opprinneleg utgjeve i 2008)

The International Federation of Library Associations and Institutions (IFLA). (1994). *IFLA/UNESCO Public Library Manifesto 1994*. <https://www.ifla.org/wp-content/uploads/2019/05/assets/public-libraries/publications/PL-manifesto/pl-manifesto-en.pdf>

The International Federation of Library Associations and Institutions (IFLA). (2022). *Norway [Infografikk]*. IFLA Library Map of the World.

<https://librarymap.ifla.org/map/Metric/Number-of-libraries/LibraryType/National-Libraries,Academic-Libraries,Public-Libraries,Community-Libraries,School-Libraries,Other-Libraries/Country/Norway/Weight/Totals-by-Country>

Thingnes, J.S. (2020). *Å velje minoriserte språk. Språkpolitikk og språkval i akademia* (Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo). <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-83724>

Thingnes, J.S. (2019). Making linguistic choices at a Sámi University: negotiating visions and demands. *Current Issues in Language Planning. ISSN 1466-4208*. doi: 10.1080/14664208.2019.1671712

Thingnes, J.S. (2015). *Skriftmangfold på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo).  
<https://www.duo.uio.no/handle/10852/45800>

Time kommune. (2019). *Kulturplan 2019–2027. Vedtatt av Time kommunestyre 19.02.2019*. Time.kommune.no. <https://www.time.kommune.no/tenester/kultur/planar/>

Toulmin, S. (2003). *The uses of argument* (oppdatert utgåve). Cambridge University Press.

Universitets- og høgskulelova. (2005). Lov om universitet og høyskoler. (Lov-2005-04-01-15). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2005-04-01-15>

Universitetet i Oslo. (2021). *Hva er nettskjema*. Uio.no. <https://www.uio.no/tjenester/it/adm-app/nettskjema/mer-om/>

Utdanningsdirektoratet. (2021). *Grunnskole - F. Målform - andel pr. målform* [Statistikk]. <https://gsi.udir.no/app/#!/view/reports/collectionset/1/collection/97/unit/1/report/10/> <https://gsi.udir.no/informasjon/>

Vadstein, A.M.V. (2018). *Skriftkultur i barnehøgd. Den vaksne som tilretteleggar for nynorsk språkstimulering i barnehagen*. (Masteroppgåve, Høgskulen i Volda). Bravo. <http://hdl.handle.net/11250/2581016>

Vadsø bibliotek. (u.å.). *Om oss. Biblioteket*. Vadsø bibliotek. Henta 15. april 2022 frå <https://vadsobibliotek.no/ombiblioteket/>

Valdresbiblioteka. (2013). *Regional bibliotekplan for Valdres 2013–2017. Med biblioteket inn i fremtiden. Et møte mellom mennesker i den digitale verden*. [https://www.nordaurdal.kommune.no/\\_f/p-1/iac79fc41-7a84-4639-ae08-9b32f53627d5/regional\\_bibliotekplan-2017.pdf](https://www.nordaurdal.kommune.no/_f/p-1/iac79fc41-7a84-4639-ae08-9b32f53627d5/regional_bibliotekplan-2017.pdf)

Vestfold og Telemark fylkeskommune. (2021). *Vestfold og Telemark – der menneske møtest. Kulturstrategi 2021–2024*. vtfk.no. <https://www.vtfk.no/meny/tjenester/kultur/kulturstrategi/>

Vestland fylkeskommune. (2020). *Handlingsplan 2021. Avdeling kultur, idrett og inkludering*. <https://www.vestlandfylke.no/kultur/planar-og-strategiar-for-kultursektoren/>

Vestland fylkeskommune. (u.å.). *Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv*. [vestlandfylke.no](https://vestlandfylke.no). Henta 10. mai 2022 frå <https://www.vestlandfylke.no/kultur/planar-og-strategiar-for-kultursektoren/>

Vikør, L. (2017). Er nynorsk eit språk eller ei målform? I K.E. Karlsen, D. Rødningen, & H. Tangen, (red.), *I teneste for nynorsken. Heidersskrift til Olaf Almenning 70 år* (s. 181–188). Novus Forlag.

Vikør, L. (2007). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Novus forlag

Vinje kommune. (2012). *Kommunedelplan for kultur i Vinje kommune 2012-2021. Del I, Visjon, Verksemråde, Særlege satsingar*. <https://www.vinje.kommune.no/andre-vedtekne-planar.499001.nn.html>

Ål kommune. (2019). *Målbruksplan for Ål kommune*. Upublisert.

## **9. Figurar**

Figur 1: Alle respondentar sine svar om tenestespråket i kommunen, prosentvis, spørsmål 22 .....	70
Figur 2: Respondentane fordelt på fylke, spørsmål 19.....	74
Figur 3: Alle respondentar sine svar på påstand 1.....	77
Figur 4: Alle respondentar sine svar på påstand 2.....	77
Figur 5: Alle respondentar sine svar på påstand 3.....	78
Figur 6: Alle respondentar sine svar på påstand 4.....	78
Figur 7: Svara frå alle respondentane på spørsmål 8.....	86
Figur 8: Svara frå alle bibliotek på spørsmål 15 .....	97
Figur 9: Svara frå alle bibliotek på spørsmål 16 .....	99

## 10. Tabellar

Tabell 1: Johnsons oppsummering av ulike typar språkpolitikk .....	21
Tabell 2: Oversyn over typar heimlar frå fylkeskommunale og kommunale dokument .....	66
Tabell 3: Prosent statleg skriftspråk for kommunar og folkebibliotek (Utval og svara) .....	71
Tabell 4: Alle respondentar sine svar om språk i skulen, spørsmål 20 .....	72
Tabell 5: Prosent språk i skulen, fordelt på kommunar og utvalet i undersøkinga.....	73
Tabell 6: Respondentane fordelt på fylke i totale tal og prosent, spørsmål 19.....	74
Tabell 7: Svarprosenten, fordelt på fylke .....	75
Tabell 8: Alle respondentar sine svar om Privat språkbruk, spørsmål 31 .....	75
Tabell 9: Signifikante skilnadar tenestespråk, nynorsk versus bokmål .....	79
Tabell 10: Signifikante skilnadar tenestespråk, nynorsk versus språknøytral.....	79
Tabell 11: Signifikante skilnadar tenestespråk, nynorsk versus veit ikkje .....	80
Tabell 12: Signifikante skilnadar tenestespråk, bokmål versus språknøytral.....	80
Tabell 13: Signifikante skilnadar språk i skulen, nynorskelevar versus resten .....	80
Tabell 14: Signifikante skilnadar språk i skulen , fleirtal bokmålselevar versus resten .....	81
Tabell 15: Signifikante skilnadar språk i skulen, berre bokmålselevar versus resten .....	81
Tabell 16: Signifikante skilnadar privat språkbruk, nynorsk versus bokmål .....	82
Tabell 17: Signifikante skilnadar privat språkbruk, vekslar versus bokmål.....	82
Tabell 18: Signifikante skilnadar mellom fylke, Vestland versus Viken .....	82
Tabell 19: Signifikante skilnadar mellom fylke, Møre og Romsdal versus Viken.....	83
Tabell 20: Signifikante skilnadar, kommunestyret avgjer versus tilsette vel sjølve.....	83
Tabell 21: Signifikante skilnadar mellom ja/nei til å fremja nynorsk .....	84
Tabell 22: Signifikante skilnadar, språkplan, har det versus veit ikkje .....	84
Tabell 23: Signifikante skilnadar, språkplan, har det versus har ikkje det .....	84
Tabell 24: Tiltak gjorde av folkebibliotek som ikkje fremjar nynorsk.....	87
Tabell 25: Tiltak gjorde av folkebibliotek som fremjar nynorsk.....	87
Tabell 26: Grunngjevingar frå folkebibliotek som fremjar nynorsk .....	89
Tabell 27: Grunngjevingar frå folkebibliotek som ikkje fremjar nynorsk .....	90
Tabell 28: Språk på hyllesignaturar, oppslag og liknande: ulike tenestespråk .....	98
Tabell 29: Språk på hyllesignaturar, oppslag og liknande: nynorskelevar eller ikkje .....	98
Tabell 30: Språk på sosiale medium: ulike tenestespråk .....	100
Tabell 31: Språk på sosiale medium: nynorskelevar eller ikkje .....	101
Tabell 32: Totalt tal svar og prosentvis på påstandane i spørsmål 6 .....	103
Tabell 33: Svara frå alle respondentane på spørsmål 13 .....	105

## **11. Vedlegg til masteroppgåva**

### Vedlegg A. Spørjeskjema om språk og språkval i folkebiblioteka

#### **Om spørjeundersøkinga**

Dette er ei spørjeundersøking om meininger og praksisar rundt språk i folkebiblioteka i Noreg. Eg er student ved Høgskulen i Volda og tek mastergraden i nynorsk skriftkultur. Denne spørjeundersøkinga er ein del av masteroppgåva mi.

Eg vil gjerne at du svarar på vegner av biblioteket ditt. Det er fint om du drøftar spørsmåla med andre tilsette på biblioteket om du har tid og høve til det.

Spørjeundersøkinga og svara til denne vert handsama konfidensielt. Svara kjem til å liggja som vedlegg til masteroppgåva, og kan soleis verta brukt av både meg sjølv og andre til seinare studiar. Ingen som svarar på skjemaet vert direkte identifiserte i oppgåva eller vedlegga.

Det vil vera viktig for forskinga mi at nettopp du tek deg tid til å svara på skjemaet, slik at eg får eit best mogleg bilet av kva folkebiblioteka meiner, gjer og tenkjer om språk. Det tek om lag ti til femten minutt å svara på spørjeundersøkinga.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål! E-postadressa mi er fredrhop@stud.hivolda.no.

Beste helsing  
Fredrik Hope

-----  
1. Ta stilling til påstanden: Det bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å formidla materiale på nynorsk (til dømes litteratur).

Vel eitt av alternativa. Med materiale meiner eg her alt av bøker, dataspel, musikk, tidsskrift og liknande.

Heilt samd.

Ganske samd.

Korkje samd eller usamd.

Ganske usamd.

Heilt usamd.

2. Ta stilling til påstanden: Det bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å ha arrangement og utstillingar om til dømes litteratur på nynorsk.

Vel eitt av alternativa.

Heilt samd.

Ganske samd.

Korkje samd eller usamd.

Ganske usamd.

Heilt usamd.

3. Ta stilling til påstanden: Det er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å ha eit godt utval materiale på nynorsk.

Vel eitt av alternativa.

Heilt samd.

Ganske samd.

Korkje samd eller usamd.

Ganske usamd.

Heilt usamd.

4. Ta stilling til påstanden: Det er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å formidla litteratur og kultur på nynorsk gjennom arrangement og utstillingar.

Vel eitt av alternativa.

Heilt samd.

Ganske samd.

Korkje samd eller usamd.

Ganske usamd.

Heilt usamd.

5. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.

Dette er valfritt.

6. Kryss av påstandane du meiner passar best for biblioteket ditt.

Kryss av på éin eller fleire av desse påstandane.

Du må velje minst eitt svaralternativ.

Det er viktigare for biblioteket mitt å ha eit rikt utval litteratur på engelsk enn på nynorsk.

Biblioteket mitt har som mål å få til meir utlån og bruk av materiale på nynorsk.

- Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på nyare innvandrarspråk (t.d. arabisk, somali, polsk).
- Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på samiske språk.
- Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på kvensk.
- Til forfattararrangement spør biblioteket mitt heller ein bokmålsforfattar enn ein nynorskforfattar om me kan velja.
- Biblioteket mitt har opplevd at brukarar ikkje vil låna bøker som er på nynorsk.
- Det er viktigare å ha bøker på nynorsk for born og unge enn for vaksne.
- Det er ikkje viktig om boka er på nynorsk eller bokmål so lenge ho er godt skriven og/eller har eit relevant tema.
- Biblioteket mitt hadde kjøpt inn meir materiale på nynorsk om me hadde hatt meir midlar.
- Ingen av desse påstandane passar for biblioteket mitt.

7. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir utfyllande her.

Dette er valfritt.

8. Gjer biblioteket ditt tiltak for å fremja nynorsk?

Med tiltak meiner eg alt frå arrangement, innleigde utstillingar, eigne hyller for nynorskbøker, merking av nynorskbøkene eller liknande.

Nei.

Ja.

9. Viss ja, kva gjer biblioteket ditt for å fremja nynorsk?

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Ja.» er valt i spørsmålet «Gjer biblioteket ditt tiltak for å fremja nynorsk?»

Skriv gjerne om kva de eventuelt gjer og korleis de gjer det.

10. Viss nei, gjer biblioteket ditt likevel tiltak for å formidla materiale på nynorsk?

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Nei.» er valt i spørsmålet «Gjer biblioteket ditt tiltak for å fremja nynorsk?»

Skriv gjerne om kva de eventuelt gjer og korleis de gjer det.

11. Viss ja, kva trur de er grunnen til dette?

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Ja.» er valt i spørsmålet «Gjer biblioteket ditt tiltak for å fremja nynorsk?»

12. Viss nei, kva trur de er grunnen til dette?

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Nei.» er valt i spørsmålet «Gjer biblioteket ditt tiltak for å fremja nynorsk?»

13. Kva faktorar spelar inn for om de kjøper inn materiale på nynorsk eller har arrangement som formidlar litteratur og kultur på nynorsk?

Kryss av ein eller fleire av påstandane.

Du må velje minst eitt svaralternativ.

- Brukarane ber om det.
- Det vert prioritert i støtteordningar me kan søkja midlar frå.
- Det vert laga meir materiale (t.d. bøker) som me meiner er relevant og godt nok for brukarane.
- Det kjem tydelege nasjonale, politiske føringar, til dømes i ein bibliotekstrategi, øyremerkte midlar eller andre politiske vedtak nasjonalt.

- Me får/har ein tilsett som engasjerer seg for å få meir materiale på nynorsk.
- Kultursjef/kommunestyret/tilsvarande ber om det.
- Det vert eit tema i samarbeid med bibliotek de samarbeider med eller fylkesbiblioteket.
- Me får tilbod om gode arrangement eller utstillingar frå eksterne aktørar.
- At bibliotekleiaren tek ansvar for å setje nynorsk på dagsordenen.
- At einskildtilsette har ei meir positiv haldning til nynorsk litteratur.
- Ingen av desse påstandane passar biblioteket mitt.

14. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir her.

Dette er valfritt.

15. Kva språk brukar de på hyllesignaturar, skilt og oppslag i biblioteket?

Vel eitt av alternativa.

- Berre nynorsk.
- Berre bokmål.
- Vekslar mellom nynorsk og bokmål.
- Andre språk (engelsk, samisk, anna).

16. Kva språk brukar de på sosiale medium?

Vel eitt av alternativa.

- Berre nynorsk.
- Berre bokmål.
- Vekslar mellom nynorsk og bokmål.
- Andre språk (engelsk, samisk, anna).
- Biblioteket mitt brukar ikkje sosiale medium.

17. Kva styrer kva språk biblioteket brukar?

Kryss av på det alternativet som passar best for dykk.

Vedtak i kommunestyret.

Dei tilsette vel sjølve.

Biblioteksjefen avgjer.

Anna.

18. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.

Dette er valfritt. Viss svaralternativa over ikkje passar for dykk, er det fint om du kommenterer det her.

19. Kva fylke ligg biblioteket ditt i?

Vel eitt av alternativa.

(Merknad: Nedtreksliste der respondentane må velja mellom *Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag, Innlandet, Viken, Oslo, Vestfold og Telemark, Møre og Romsdal, Vestland, Rogaland eller Agder*.)

20. Kva språk finst i skulen i kommunen din?

Kryss av ein eller fleire av desse påstandane.

Du må velje minst eitt svaralternativ.

Det er nynorskskular eller skular med nynorskelevar i kommunen min.

Det er fleirtal av bokmålselevar i kommunen min.

Det er berre bokmålselevar i kommunen min.

Det er skular med samiskspråklege elevar i kommunen min.

Det er skular med kvenskspråklege elevar i kommunen min.

Det er opplæringsenter for vaksne og/eller unge innvandrarar i kommunen min.

Usikker på ein eller fleire av påstandane.

21. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir her.

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Usikker på ein eller fleire av påstandane.» er valt i spørsmålet «Kva språk finst i skulen i kommunen din?»

Dette er valfritt. Viss du var usikker på ein eller fleire av påstandane over, er det fint om du kommenterer det her.

22. Kva språkvedtak har kommunen din?

Vel eitt av alternativa. Dette spørsmålet handlar om kva skriftspråk kommunen krev at staten skal bruka i kommunikasjon med kommunen (nynorsk eller bokmål).



Biblioteket mitt ligg i ein nynorskkommune.



Biblioteket mitt ligg i ein bokmålskommune.



Biblioteket mitt ligg i ein språknøytral kommune.



Veit ikkje.

23. Har kommunen din ein språkbruksplan, målbruksplan eller tilsvarende politisk dokument som styrer språkbruken i kommuneadministrasjonen?



Ja.



Nei.



Veit ikkje.

24. Kan du leggja ved dokumentet?

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Ja.» er valt i spørsmålet «Har kommunen din ein språkbruksplan, målbruksplan eller tilsvarende politisk dokument som styrer språkbruken i kommuneadministrasjonen?»

Dette er valfritt. Du kan eventuelt senda det på e-post til fredrhop@stud.hivolda.no i etterkant. Dokumentet vert lagra for seg, og vert brukt som ein del av ei dokumentanalyse der eg undersøkjer kva slike dokument seier om språk og bibliotek.

Vel fil Maks 30 MB

25. Har biblioteket ditt ressursar til å gjera eigne innkjøp av materiell utover det de får frå innkjøpsordningane?

Vel eitt av alternativa.



I stor grad.



I noko grad.

I liten grad.

Ikkje i det heile.

26. Kor mange bur det i kommunen din?

Vel eitt av alternativa.

Vel ...



(Merknad: Nedtreksliste der respondentane må velja mellom *Under 2000 innbyggjarar, 2000 til 4999 innbyggjarar, 5000 til 9999 innbyggjarar, 10 000 til 19 999 innbyggjarar, 20 000 til 49 999 innbyggjarar eller 50 000 eller fleire innbyggjarar*)

27. Har kommunen din ein kulturplan, bibliotekplan eller tilsvarande lokalt dokument som styrer arbeidet i biblioteket?

Vel eitt av alternativa.

Ja.

Nei.

Veit ikkje.

28. Kan du leggja ved dokumentet?

Dette er valfritt. Du kan eventuelt senda det på e-post til fredrhop@stud.hivolda.no i etterkant. Dokumentet vert lagra for seg, og vert brukt som ein del av ei dokumentanalyse der eg undersøkjer kva slike dokument seier om språk og språkpolitikk.

Vel fil Maks 30 MB

29. Kva type stilling har du på biblioteket ditt?

Vel eitt av alternativa.

Biblioteksjef.

Bibliotekar.

Anna stilling på biblioteket.

30. Har du drøfta desse spørsmåla med andre tilsette på biblioteket ditt?

Vel eitt av alternativa.

Ja.

Nei.

31. Kva skriftspråk brukar du sjølv privat?

Vel eitt av alternativa.

Nynorsk.

Bokmål.

Vekslar mellom nynorsk og bokmål.

Anna.

32. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.

Dette er valfritt. Viss svaralternativa over ikkje passar for deg, er det fint om du kommenterer det her.

### Om personvern og anna informasjon

Svara eg samlar inn i denne spørjeundersøkinga brukar eg i masteroppgåva eg skriv som ein del av mastergraden i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda. Svara kjem til å vera vedlegg til masteroppgåva, og kan soleis verta brukt av både meg sjølv og andre til seinare studiar. Eg kjem til å handsama personopplysingane i svara konfidensielt. Eg skal til dømes ta vekk eventuelle e-postadresser, kommunenamn, eventuelle vedlegg eller tilsvarande i svara som kan leia lesarane av oppgåva direkte til kvart enkelt biblioteket. Eg kan likevel ikkje garantera at svara ikkje indirekte kan sporast attende til dykk. De kan seinare endra eller sletta svara dykkar.

Eg treng samtykk frå deg for å bruka svaret ditt i oppgåva mi, særleg sidan svara kan innehalda personopplysingar. So lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta personopplysingar om deg,
- å få sletta personopplysningane om deg, og
- å senda klage til Datatilsynet om handsaminga av dine personopplysingar.

Masterprosjektet og spørjeskjemaet har vore vurdert av Norsk senter for forskningsdata (NSD). Viss du har spørsmål om NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med dei på e-post personverntjenester@nsd.no eller på telefon 55 58 21 17.

Viss du har spørsmål om oppgåva kan du kontakte meg eller rettleiaren min Anders Aanes (anders.aanes@hivolda.no). Personvernombodet ved Høgskulen i Volda er Cecilie Røeggen (cecilie.roeggen@hivolda.no).

33. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert brukt i masteroppgåva?

Ja.

Nei.

34. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, kan delast med rettleiaren min?

Ja.

Nei.

35. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert lagra og oppbevart medan eg arbeider med oppgåva?

Ja.

Nei.

36. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert lagra og oppbevart etter at eg er ferdig med oppgåva?

Svara vert lagra som vedlegg til masteroppgåva, utan personopplysingar som direkte kan identifisera kven som har svara.

Ja.

Nei.

37. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert brukt, lagra og framstilt i oppgåva slik at det kan identifisera deg indirekte?

Svara vert lagra som vedlegg til masteroppgåva, utan personopplysingar som direkte kan identifisera kven som har svara. Eg kan likevel ikkje garantera at svara ikkje indirekte kan sporast attende til dykk, til dømes ved at nokon med mykje kunnskap om temaet krysskoplar opplysingar (stillingstittel, fylke, eigen språkbruk, detaljar i svara).

Ja.

Nei.

Vil du ha tilsendt oppgåva når ho er ferdig?

Ja.

Nei.

38. Viss ja, kva e-postadresse du vil ha oppgåva sendt til?

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Ja.» er valt i spørsmålet «Vil du ha tilsendt oppgåva når ho er ferdig?»

Denne e-postadressa vert sletta når oppgåva er sendt ut.

[rediger]

Merknad: Nummeringa er sett inn i etterkant for å gjera det lettare å skriva om skjemaet i oppgåva. Respondentane har soleis ikkje sett nummereringa.

## Vedlegg B. Oversyn over dokument

### Vedlegg B.1 Oversyn over språkbruksplanar

<b>Vedlegg B.1 Oversyn over språkbruksplanar.</b>				<b>Språkvedtak (statleg skriftspråk)</b>	<b>Nemner bibliotek?</b>	<b>Omfang (sidetal)</b>
<b>Nr.</b>	<b>Vedteken år</b>	<b>Herad eller fylkeskommune</b>	<b>Tittel</b>			
1	1998	Os kommune (Bjørnafjorden)	Målbruksplan for Os kommune	Nynorsk	Nei	1
2	1998	Aurland kommune	Målbruksplan for Aurland kommune	Nynorsk	Nei	4
3	1998	Samnanger kommune	Målbruksplan Samnanger kommune	Nynorsk	Nei	11
4	2005	Nord-Fron kommune	Målbruk i Nord-Fron kommune	Nynorsk	Nei	7
5	2007	Hemsedal kommune	Målbruksplan for Hemsedal kommune	Nynorsk	Nei	2
6	2011	Vinje kommune	Målbruksplan for Vinje kommune	Nynorsk	Nei	3
7	2012	Radøy kommune (Alver)	Målbruksplan Radøy kommune	Nynorsk	Ja	4
8	2014	Suldal kommune	Målbruksplan for Suldal kommune	Nynorsk	Nei	3
9	2014	Hareid kommune	Målbruksplan for Hareid kommune	Nynorsk	Nei	2
10	2016	Kvinnherad kommune	Målbruksplan Kvinnherad kommune	Nynorsk	Ja	6
11	2017	Sula kommune	Språkbruksplan	Nynorsk	Nei	4
12	2017	Norddal kommune (Fjord)	Språkbruksplan for Norddal kommune	Nynorsk	Nei	3
13	2017	Herøy kommune	Språkbruksplan for Herøy kommune	Nynorsk	Ja	4
14	2019	Øygarden kommune*	Språkbruksplan Øygarden kommune	Nynorsk	Nei	4
15	2019	Midt-Telemark kommune*	Målbruksdokument Midt-Telemark kommune	Nynorsk	Nei	13
16	2019	Ål kommune	Målbruksplan Ål kommune	Nynorsk	Ja	7
17	2019	Gloppen kommune	Språkbruksplan for Gloppen kommune	Nynorsk	Ja	3
18	2020	Ålesund kommune*	Språkbruksplan	Nynorsk	Nei	11
19	2020	Vestfold og Telemark fylkeskommune*	Språkbruksplan 2021–2022 Vestfold og Telemark fylkeskommune	Språknøytral	Nei	12
20	2021	Sogndal kommune*	Språkbruksplan Sogndal kommune	Nynorsk	Ja	5
Utarbeidd av Fredrik Hope, sist endra 25. mars 2022.			* Samansleger i 2020.			

**Vedlegg B.2  
Oversyn over  
språkprofilar**

<b>Vedlegg B.2 Oversyn over språkprofilar</b>				<b>Språkvedta k (statleg skriftspråk)</b>	<b>Nemner nynorsk / bokmål?</b>	<b>Nemner bibliotek?</b>	<b>Omfang (sida tal</b>
<b>Nr.</b>	<b>Vedteke n år</b>	<b>Herad</b>	<b>Tittel</b>				
1	2019?	Asker kommune***	Språkprofil for Asker kommune	Nøytral	Nei	Nei	21
2	2018	Askøy kommune	Språkprofil	Nøytral	Ja	Nei	Digital
3	2017	Birkenes kommune	Språkprofil Birkenes kommune	Nøytral	Ja	Nei	19
4	U.å.	Bjørnafjorden kommune***	Slik skriv vi i Bjørnafjorden kommune	Nynorsk	Ja	Nei	Digital
5	2015?	Bodø kommune	Språkprofil Bodø kommune	Nøytral	Nei	Nei	16
6	2013	Bærum kommune	Klart språk i Bærum kommune	Bokmål	Ja	Nei	32
7	2015	Fredrikstad kommune	Språkprofil Fredrikstad kommune	Bokmål	Ja	Nei	28
8	2017	Gran kommune	Språkprofil Gran kommune	Bokmål	Ja	Nei	36
9	2014	Grimstad kommune	Klarspråk i Grimstad kommune. Språkveileder	Bokmål	Ja	Nei	27
10	2017	Haugesund kommune	Haugesund kommune Språkprofil	Bokmål	Ja	Nei	28
11	2016	Hå kommune	Språkprofil Hå kommune	Nøytral	Ja	Nei	24
12	2014	Kongsberg kommune	Klart språk. Språkprofil for Kongsberg kommune	Bokmål	Ja	Nei	21
13	2016	Lunner kommune	Språkprofil for Lunner kommune	Bokmål	ja	Nei	22
14	2017	Meløy kommune	Språkprofil Meløy kommune	Bokmål	Nei	Nei	17
15	2019	Oslo kommune	Språkprofil for Oslo kommune. Slik skriver vi i Oslo kommune. Prinsipper for klart språk	Nøytral	Ja	Nei	20
16	U.å.	Oslo kommune, Deichman	Deichman Språkprofil	Nøytral	Ja	Nei	42
17	2014	Oslo kommune, Plan- og bygningsetaten	Språkprofil for Plan- og bygningsetaten	Nøytral	Ja	Nei	36
18	2018	Rennebu kommune	Klartspråk. Språkprofil for Rennebu kommune	Nøytral	Nei	Nei	28
19	2018	Røros kommune	Språkprofil Røros kommune	Nøytral	Nei	Nei	19
20	2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Språkprofil. Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nynorsk	Ja	Nei	36
21	2012	Stavanger kommune****	Språkprofil Stavanger kommune	Bokmål*	Ja	Nei	40
22	2022	Stavanger kommune***	Språkprofil. Slik skriv me i Stavanger kommune (finst på både nn og bm)	Nøytral	Ja	Nei	52
23	2015	Steinkjer kommune	Språkprofil Steinkjer kommune	Nøytral	Ja	Nei	28
24	2019	Sunnfjord kommune***	Språkprofil Sunnfjord kommune	Nynorsk	Ja	Nei	35
25	2015	Trondheim kommune ****	Språkprofil Trondheim kommune	Nøytral**	Ja	Nei	48
26	U.å.	Tønsberg kommune****	Språkprofilen — vi skriver med omsorg for innbyggerne.	Nøytral**	Nei	Nei	28
27	2022	Vestland fylkeskommune	Retningslinjer for klart språk og god nynorsk. Vestland fylkeskommune	Nynorsk	Ja	Nei	26
28	2019	Voss herad***	Språkprofil Voss herad	Nynorsk	Ja	Nei	17
Utarbeidd av Fredrik Hope, sist endra 25. mars 2022							
* Språkvedtak og plan frå før samanslåing. **Plan frå før samanslåing, språkvedtak per 25.mars 2022. *** Samanslengen kommune i 2020. **** Frå før kommunereforma.							

*Vedlegg B.3 Oversyn over avtalar mellom kommunar, fylkeskommunar og Sametinget*

<b>Vedlegg B.3 Oversyn over avtalar mellom kommunar, fylkeskommunar og Sametinget</b>				<b>Språkvedtak (statleg skriftspråk)</b>	<b>Med i forvaltningsområdet for samisk språk?</b>	<b>Nemner bibliotek ?</b>	<b>Omfang (sidetal)</b>
<b>Nr.</b>	<b>År</b>	<b>Herad</b>	<b>Tittel</b>				
1	2019	Alta kommune	Samarbeidsavtale mellom Alta kommune og Sametinget	Bokmål	Nei	1	1
2	2021	Tromsø kommune	Avtale om samarbeid mellom Sametinget og Tromsø kommune	Nøytral	Nei	1	7***
3	2015	Bodø kommune	Avtale mellom Bodø kommune og Sametinget	Nøytral	Nei	1	4
4	2016	Oslo kommune	Samarbeidserklæring mellom Oslo kommune og Sametinget	Nøytral	Nei		3***
5	2018	Finnmark fylkeskommune	Samarbeidsavtale mellom Sametinget og Finnmark fylkeskommune 2018-2020	Nøytral*	Ja**	1	11
6	2019	Troms fylkeskommune	Samarbeidsavtale mellom Sametinget og Troms fylkeskommune 2019-2020	Nøytral*	Ja**	1	8
7	2018	Nordland fylkeskommune	Samarbeidsavtale mellom Sametinget og Nordland fylkeskommune	Nøytral	Ja	1	10
8	2018	Trøndelag fylkeskommune	Samarbeidsavtale mellom Sametinget og Trøndelag fylkeskommune 2019- 2022	Nøytral	Ja	1	19
9	2021	Innlandet fylkeskommune	Samarbeidsavtale mellom Sametinget og Innlandet fylkeskommune gjeldende fra 2022	Nøytral	Nei	1	10
10	2022	Trondheim kommune	Samarbeidsavtale me Trondheim kommune	Nøytral	Nei	1	4
						<b>Sum</b>	
						9	
						<b>Prosent</b>	
						90	

Utarbeidd av Fredrik Hope, sist endra 8. mai 2022

\* Språkvedtak og plan frå før samanslåing. \*\*Plan frå før samanslåing, vedtak per 26.mars 2022.

\*\*\*Lengt på norsk utgåve, finst og på samisk språk i same dokumentet.

## Vedlegg B.4 Oversyn over kommunale bibliotekplanar og kulturplanar

Vedlegg B.4 Oversyn over kommunale bibliotekplanar og kulturplanar				Tematiserer planen...									
Gjeldande Nr. år	Språkvedtak (statleg språk)	Herad	Tittel	Bibliotek/kultur	Nynorsk	Bokmål	Norsk språk / målomr / skriftspråk / skriftkultur	Språkopplering for innvandrere / bruk av nyare innvandratspråk	Nasjonale minoritetsspråk	Norsk teksnisspråk	Samiske språk	Ingen av delene	
1?	Nynorsk	Hjelmeland kommune	Kommuneplan Hjelmeland kulturdel m bibliotek	Kultur									1
2 2004-2007	Nynorsk	Kvam herad	Bibliotekplan for Kvam 2004-2007	Bibliotek									1
3 2009-2019	Nøytral	Sunndal kommune	Sunndal kommune Kulturplan 2009-2019	Kultur									1
4 2010-2015	Nynorsk	Tysnes kommune	Bibliotekplan 2010-2015	Bibliotek									1
5 2010-2020	Nynorsk	Lindås kommune (no: Alver kommune)	Kulturplan 2010-2020 Ein strategisk handlingsplan for utviklinga av kultur i Lindås kommune	Kultur									1
6 2010-2020	Bokmål	Ullensaker kommune	BIBLIOTEKPLAN 2010 – 2020 Temaplan for Ullensaker bibliotek	Bibliotek							1		
7 2012-2021	Nynorsk	Vinje kommune	Kommunedelplan for kultur i Vinje kommune 2012-2021	Kultur	1								
8 2013-2017	Nynorsk og nøytral	Dovre, Lesja, Lom, Sel, Skjåk og Vågå	Bibliotekplan for Nord-Gudbrandsdal 2013-2017	Bibliotek									1
9 2013-2017	Nøytral	Inderøy kommune	Bibliotekplan 2013-2017	Bibliotek									1
10 2013-2017	Nynorsk og nøytral	Nord-Aurdal, Sør-Aurdal, Øystre Slidre, Vestre Slidre, Vang og Etnedal kommune	Bibliotekplan for Valdres 2013-2017	Bibliotek									1
11 2013-2017	Nynorsk og nøytral	Ringerø, Sør-Fron og Nord-Fron kommune	Bibliotekplan for Midt-Gudbrandsdalen 2013-2017	Bibliotek					1				
12 2013-2017	Nøytral**	Kristiansand kommune (tidligare kommune)	Bibliotekplan for Kristiansand folkebibliotek 2013-2017	Bibliotek									1
13 2014-2017	Nøytral*	Molde kommune (tidligare kommunen)	Kulturplan for Molde 2014 – 2017	Kultur					1				
14 2014-2020	Bokmål og nøytral	Ibestad, Salangen, Lavangen og Gratangen	Regional bibliotekplan for Astafjordbibliotekene 2014-2020	Bibliotek									1
15 2014-2024	Bokmål	Trysil kommune	Kulturplan for Trysil kommune 2014-2024	Kultur					1				

16	2015-2019	Nøytral*	Songdalen kommune (no: Kristiansand)	Bibliotekplan Songdalen kommune 2015-2019	Bibliotek								1
17	2016-2020	Nøytral	Risør kommune	Kultrplan 2016-2020 Risør kommune	Kultur				1				
18	2016-2025	Nøytral	Karmøy kommune	Kommunedelplan kultur 2016-25	Kultur				1				
19	2017-2020	Nøytral	Bamble kommune	Bibliotekplan 2017-2020	Bibliotek				1				
20	2017-2020	Nøytral	Tingvoll kommune	Bibliotekplan Tingvoll bibliotek 2017-2020	Bibliotek				1				
21	2017-2021	Nøytral	Lørenskog kommune	Kunnskap forandrer! Bibliotekplan 2017-2021 Lørenskog bibliotek	Bibliotek								1
22	2018-2020	Bokmål*	Mandal kommune (Lindesnes)	Bibliotekplan Mandal kommune 2018-2020	Bibliotek								1
				Saman om ei positiv utvikling! Bibliotekplan Hægebostad kommune 2018-2022									
23	2018-2022	Nynorsk	Hægebostad kommune		Bibliotek				1				
24	2018-2022	Nøytral	Sør-Fron kommune	Sør-Fron bibliotek. Plan 2018-2022	Bibliotek								1
25	2018-2030	Nynorsk	Gloppen kommune	Kommunedelplanen sin samfunnssdel Gloppen kommune 2018-2030	Kultur								1
26	2019-?	Nøytral	Rana kommune	Mål og strategier 2019	Bibliotek				1	1			
27	2019-2022	Bokmål	Flekkefjord kommune	Bibliotekplan 2019-2022	Bibliotek				1				
28	2019-2022	Nøytral	Oslo kommune	Bibliotekplan for Oslo kommune 2019-2022	Bibliotek				1				
29	2019-2023	Bokmål	Nannestad kommune	Temaplan for kultur 2019-2023. Nannestad kommune	Kultur				1				
30	2019-2027	Nynorsk	Time kommune	Kulturplan 2019-2027	Kultur				1				
31	2019-2031	Bokmål	Sandefjord kommune (samanslepen kommune,	Strategisk kultur-, idrett- og fritidsplan 2019-2031	Kultur								1
32	2019-2023	Nøytral	Askøy kommune	Askøy folkebibliotek. Handlingsplan	Bibliotek				1				
33	2020-2023	Bokmål	Sandefjord kommune	Bibliotekplan 2020-2023 Sandefjordbibliotekene	Bibliotek				1				
34	2020-2024	Bokmål	Horten kommune	Kulturplan Horten kommune 2020-2024	Kultur				1				
				Bibliotekplan 2021-2025. Biblioteket - Synlig for alle. Karmøy folkebibliotek									1
35	2020-2025	Nøytral	Karmøy kommune		Bibliotek								
36	2020-2025	bokmål	Hurdal kommune	Bibliotekplan 2020-2025 Hurdal bibliotek	Bibliotek								
				Kommunedelplan Kultur, Idrett, friluftsliv og frivillighet Skien kommune 2020-2029									1
37	2020-2029	Nøytral	Skien kommune		Kultur								
38	2021-?	Bokmål	Meråker kommune	Reglement Meråker bibliotek 2021	Bibliotek								1
39	2021-?	Nynorsk	Sula kommune	Sula kommune Vedtatt handlingsplan 2021	Bibliotek	1			1				
40	2021-2024	Nynorsk	Askvoll kommune	Bibliotekplan for Askvoll kommune 2021-2024	Bibliotek	1							
				Stord folkebibliotek Møtestad for menneske, kultur og kunnskap									
41	2021-2025	Nynorsk	Stord kommune	Bibliotekplan 2021-2025	Bibliotek				1				
						Sum							
						3	0	0	20	1	0	0	19
						Prosent							
						7	0	0	49	2	0	0	46

## Vedlegg B.5 Oversyn over fylkeskommunale bibliotekplanar og kulturplanar

Vedlegg B.5 Oversyn over fylkeskommunale bibliotekplanar og kulturplanar

Nr.	Gjeldende år	Språkvedtak (statleg skriftspråk)	Fylkeskommune	Tittel	Bibliotek / Kultur	Tematiserer planen...		Norsk språk / målform / skriftspråk / skriftkultur	Språkopplæring for innvandrarar / bruk av nyare innvandrarspråk	Samiske språk	Nasjonale minoritetsspråk	Ingen av delane
						Nynorsk	Bokmål					
1	2012-2020	Nøytral	Aust-Agder fylkeskommune	Enkelt, nært og gratis. Strategisk plan for bibliotekutvikling i Aust-Agder 2017-2020	Bibliotek					1		
2	2013-2020	Nynorsk	Hordaland fylkeskommune	Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	Kultur	1			1	1		
3	2015-2025	Nynorsk	Møre og Romsdal fylkeskommune	Fagplan bibliotek 2017-2020	Bibliotek					1		
4	2015-2025	Nøytral	Nordland fylkeskommune	Regional plan for bibliotek i Nordland 2015-2025. Inkluderende møteplasser for kunnskap, kulturopplevelser og debatt	Bibliotek					1	1	1
5	2015-2025	Nøytral	Rogaland fylkeskommune	Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025. Handlingsplan for 2021	Kultur							1
6	2017-2020	Nøytral	Rogaland fylkeskommune	Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025.	Kultur	1	1				1	
7	2017-2020, 2021-2024	Nøytral	Rogaland fylkeskommune	Regional bibliotekplan 2014-2017	Bibliotek	1				1		
8	2017-2020	Nynorsk	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027	Kultur	1	1	1	1	1		
9	2017-2028	Nøytral	Sør-Trøndelag fylkeskommune	Bibliotek - kunnskap, kultur & knutepunkt. Strategi og handlingsprogram. Bibliotekene i Sør-Trøndelag 2015-2019.	Bibliotek					1	1	
10	2019-2022	Nøytral	Troms fylkeskommune	Handlingsplan 2017-2020. Regional bibliotekplan for Troms 2017-2028	Bibliotek				1		1	1
11	2019-2027	Nøytral	Troms fylkeskommune	Regional bibliotekplan for Troms 2017-2028	Bibliotek				1	1	1	1
12	2019-2022	Nøytral	Trøndelag fylkeskommune	Balansekunst. Kulturstrategi for Trøndelag 2019-2022	Kultur						1	
13	2015-2019	Nøytral	Vest-Agder fylkeskommune	Strategisk handlingsplan for folkebibliotek i Vest-Agder	Bibliotek				1	1		
14	2019-2022	Nøytral	Vest-Agder fylkeskommune	Strategisk handlingsplan for bibliotek i videregående skole i Vest-Agder	Bibliotek					1		
15	2018-2021	Bokmål og nøytral	Vestfold fylkeskommune + kommunane	Bibliotekplan Vestfold 2019-2022	Bibliotek					1		1
16	2021-2024	Nøytral	Vestfold og Telemark fylkeskommune	Vestfold og Telemark – der menneske møtest. Kulturstrategi 2021–2024	Kultur	1						
17	2021	Nynorsk	Vestland fylkeskommune	Handlingsplan 2021. Avdeling kultur, idrett og inkludering	Kultur	1				1		
						<b>Sum</b>	<b>Sum</b>	<b>Sum</b>	<b>Sum</b>	<b>Sum</b>	<b>Sum</b>	<b>Sum</b>
Utarbeidd av Fredrik Hope, sist endra 14. april 2022.						6	2	6	12	6	2	2
* Språkvedtak og plan frå før samanslåing. **Plan frå før samanslåing, språkvedtak per 25.mars 2022						<b>Prosent</b>	<b>Prosent</b>	<b>Prosent</b>	<b>Prosent</b>	<b>Prosent</b>	<b>Prosent</b>	<b>Prosent</b>
						35	12	35	71	35	12	12

## Vedlegg B.6 Oversyn over fylkeskommunale bibliotekplanar og kulturplanar

Vedlegg B.6 Oversyn over statlige bibliotek-, kultur- og språkpolitiske dokument				Tematiserer planen...										
Nr.	Vedteke år	Departement eller liknande	Tittel	Dokumenttype	Bibliotek / kultur / språk	Nynorsk	Bokmål	Skriftspråk / skriftkultur	Norsk språk / målform / for innvandrarser / bruk av nyare innvandrarspråk	Samiske språk	Norsk tekinspråk	Nasjonale minoritetsspråk	Ingen av språka	Folkebibliotek
1	2002	Kulturdepartementet	Kulturpolitikk fram mot 2014 (St.meld. nr. 48 (2002–2003))	Stortingsmelding	Kultur	1	1	1	1	1	1	1	1	1
2	2006	ABM-utvikling	Bibliotekreform 2014. Del I. Strategi og tiltak	Utgreiing	Bibliotek				1	1			1	1
3	2006	ABM-utvikling	Bibliotekreform 2014. Del II. Norgesbiblioteket - Nettverk for kunnskap og kultur	Utgreiing	Bibliotek			1	1	1	1	1	1	1
4	2007	Kulturdepartementet	Ot.prp. nr. 50 (2006–2007). Om lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemid (kulturova)	Lovproposisjon	Kultur			1		1		1		1
5	2008	Kulturdepartementet	Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid. (St.meld. nr. 23 (2008–2009))	Stortingsmelding	Bibliotek	1	1	1	1	1	1	1	1	1
6	2008	Kulturdepartementet	Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. (St.meld. nr. 35 (2007–2008))	Stortingsmelding	Språk	1	1	1	1	1	1	1	1	1
7	2013	Kulturdepartementet	Prop. 135 L (2012–2013). Endringer i lov om folkebibliotek	Lovproposisjon	Bibliotek								1	1
8	2013	Kulturdepartementet	Prop. 144 L (2012–2013). Lov om omsetning av bøker (bokloven)	Lovproposisjon	Kultur	1	1	1						1
9	2015	Kulturdepartementet	Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018. Statens oppgaver og ansvar for utvikling av folkebibliotekene.	Strategi	Bibliotek				1	1				1
10	2018	Kulturdepartementet	Kulturens kraft: Kulturpolitikk for framtida. (Meld. St. 8 (2018–2019)).	Stortingsmelding	Kultur	1	1	1	1	1	1	1	1	1
11	2019	Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet	Rom for demokrati og dannelsje. Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023.	Strategi	Bibliotek			1	1	1	1			1
12	2020	Kulturdepartementet	Lov om språk (språklova). (Prop. 108 L (2019–2020)).	Lovproposisjon og stortingsmelding	Språk	1	1	1	1	1	1	1	1	1
13	2021	Kulturdepartementet	Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge. (Meld. St. 18 (2020–2021))	Stortingsmelding	Kultur	1	1	1	1	1	1	1	1	1
					Sum	Sum	Sum	Sum	Sum	Sum	Sum	Sum	Sum	Sum
					7	7	10	10	11	7	9	1		13
					Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent
					54	54	77	77	85	54	69	8		100

Utarbeidd av Fredrik Hope, sist endra 02. april 2022

## Vedlegg C. Gjennomgang av svar på Spørjeskjema om språk og språkval i folkebiblioteka

### *Innleiing: Bakgrunn, tal svar og fritekstsvar*

Denne spørjeundersøkinga gjorde eg som ein del av masteroppgåva mi i nynorsk skriftkultur som vart levert i mai 2022. Svara på spørjeskjemaet vart samla inn i perioden 4. mai til 13. september 2021.

Skjemaet vart sendt ut til 469 folkebibliotek sine e-postadresser<sup>45</sup>. Det kom 192 svar (40,9 prosent). Det var fem svar eg ikkje kunne bruka, sidan dei hadde svart nei på spørsmål 33.<sup>46</sup> Eg har altsot sett på 187 svar (39,9 prosent) i masteroppgåva og denne gjennomgangen<sup>47</sup>.

Fredrik Hope

Volda, 28. april 2022

### *Spørsmål 1 til 5: Ta stilling til påstandane*

I starten av spørjeskjemaet bed eg biblioteka ta stilling til i kva grad dei er samde eller usamde i fire påstandar, og etter desse let eg dei koma med utfyllande kommentarar:

1. Ta stilling til påstanden: Det bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å formidla materiale på nynorsk (til dømes litteratur).
2. Ta stilling til påstanden: Det bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å ha arrangement og utstillingar om til dømes litteratur på nynorsk.
3. Ta stilling til påstanden: Det er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å ha eit godt utval materiale på nynorsk.
4. Ta stilling til påstanden: Det er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å formidla litteratur og kultur på nynorsk gjennom arrangement og utstillingar.


5. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.

Det er desse fire påstandane me skal bruka til å syna om det er signifikante skilnadar mellom svara frå ulike typar respondentar.

1

I svara på spørsmål 1 ser me at eit stort fleirtal var anten heilt eller ganske samde (38,5 og 39,6 prosent) i at «[d]et bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å formidla materiale på nynorsk». Få var ganske eller heilt usamde (4,3 og 1,1 prosent). 16,6 prosent var korkje samde eller usamde.

*Figur 1. Alle sine svar på påstand 1.*



<sup>45</sup> Det totale talet vart til slutt 480 e-postadresser. Det skuldast stort sett at eg oppdagat nokre e-postadresser ikkje fungerte, og at eg fekk tilbakemelding frå nokre respondentar om at dei ikkje hadde fått spørjeundersøkinga og fekk andre e-postadresser frå desse.


<sup>46</sup> Spørsmål 33. «Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert brukt i masteroppgåva?

<sup>47</sup> Unntaket er dei fire personvernsspørsmåla, nummer 33.–37., der eg såg på alle 192 svara.

2

I svara på spørsmål 2 ser me at eit fleirtal var anten heilt eller ganske samde (29,9 og 33,2 prosent) i at «[d]et bør vera ei prioritert oppgåve for norske folkebibliotek å ha arrangement og utstillingar om til dømes litteratur på nynorsk». Få var ganske eller heilt usamde (4,8 og 1,1 prosent). Heile 31 prosent var korkje samde eller usamde.


Figur 2. Alle sine svar på påstand 2.



3

I svara på spørsmål 3 ser me at eit stort fleirtal var anten heilt eller ganske samde (49,2 og 26,7 prosent) i at «[d]et er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å ha eit godt utval materiale på nynorsk». Få var ganske eller heilt usamde (7 og 1,1 prosent). 16 prosent er korkje samde eller usamde.


Figur 3. Alle sine svar på påstand 3.



4

I svara på spørsmål 4 ser me at eit litt mindre fleirtal anten var heilt eller ganske samde i at «[d]et er ei prioritert oppgåve for biblioteket mitt å formidla litteratur og kultur på nynorsk gjennom arrangement og utstillingar» (27,1 og 28,6 prosent). Få var ganske eller heilt usamde (9,9 og 3,6 prosent). 30,7 prosent var korkje samde eller usamde.

Figur 4. Alle sine svar på påstand 4.



Spørsmål 1 og 3 handlar om materiellet og formidlinga av det, medan spørsmål 2 og 4 handlar om ein annan del av ansvarsområdet til folkebiblioteka – arrangement. Det er ein tydeleg skilnad i svara. Klart fleire meiner at formidling av materiell på nynorsk bør vera ei prioritert oppgåve enn det er som meiner at arrangement som formidlar litteratur og kultur på nynorsk skal vera det, og det er vesentleg fleire som meiner svarar «Korkje samd eller usamd».

Når det kjem til om ansvaret for nynorsk er eit ansvar alle folkebibliotek bør kjenna på versus om det er eit ansvar for deira folkebibliotek ser me nokre fellestrekks og skilnadar. Eit interessant trekk er at 148 er anten ganske eller heilt samde at det bør vera eit ansvar for alle folkebibliotek, medan 144 er i same kategori når det gjeld om det bør prioriterast av deira bibliotek. Det er ein litt større skilnad når det er snakk om arrangement. 119 versus 107 har svara at dei ganske eller heilt samde på påstand 2 og 4.

5

*5. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.*

Under spørsmål 5 fekk respondentane høve til å koma med fleire kommenturar.

31 av 187 valde å gjera det (16,5 prosent).

*Spørsmål 6 til 7: Avkryssing på påstandar om språkpolitiske meininger og mål*

Dei to neste spørsmåla er eit nytt påstandsspørsmål og et ope friviljug spørsmål der respondentane kan koma med utfyllande kommentarar.

6

*6. Kryss av påstandane du meiner passar best for biblioteket ditt. Kryss av på éin eller fleire av desse påstandane.*

I spørsmål 6 vert elleve påstandar presentert og respondentane bedne om å kryssa av på dei som høver for deira bibliotek.

*Tabell 1. Totalt tal svar og prosentvis på påstandane i spørsmål 6*

Nr.	Påstandar	Totalt	Prosent
6.A	Det er viktigare for biblioteket mitt å ha eit rikt utval litteratur på engelsk enn på nynorsk.	12	6,4
6.B	Biblioteket mitt har som mål å få til meir utlån og bruk av materiale på nynorsk.	74	39,6
6.C	Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på nyare innvandrarspråk (t.d. arabisk, somali, polsk).	74	39,6
6.D	Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på samiske språk.	33	17,6
6.E	Biblioteket mitt har som mål å ha tilgjengeleg materiale på kvensk.	7	3,7
6.F	Til forfattararrangement spør biblioteket mitt heller ein bokmålsforfattar enn ein nynorskforfattar om me kan velja.	7	3,7
6.G	Biblioteket mitt har opplevd at brukarar ikkje vil låna bøker som er på nynorsk.	117	62,6
6.H	Det er viktigare å ha bøker på nynorsk for born og unge enn for vaksne.	47	25,1
6.I	Det er ikkje viktig om boka er på nynorsk eller bokmål so lenge ho er godt skiven og/eller har eit relevant tema.	126	67,4
6.J	Biblioteket mitt hadde kjøpt inn meir materiale på nynorsk om me hadde hatt meir midlar.	33	17,6
6.K	Ingen av desse påstandane passar for biblioteket mitt.	2	1,1
Totalt tal av varianten i utvalet mitt		187	

7

*7. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir utfyllande her.*

Under spørsmål 7. fekk respondentane høve til å koma med fleire kommentarar.

24 av 187 valde å gjera det (12,8 prosent).

#### *Spørsmål 8 til 12: Å fremja nynorsk eller ikkje*

Spørsmål 8 til 12 krinsar kring om og på kva grunnlag biblioteka meiner dei fremjar eller ikkje fremjar nynorsk. Spørsmål 8 er eit «ja eller nei»-spørsmål. Spørsmål 9 og 11 er opne spørsmål til dei som svara ja på spørsmål 8, medan spørsmål 10 og 12 tilsvarende til dei som svar nei. Dette er opne, obligatoriske spørsmål der respondentane kan koma med utfyllande kommentarar.

##### 8. Gjer biblioteket ditt tiltak for å fremja nynorsk?

Med tiltak meiner eg alt frå arrangement, innleigde utstillingar, eigne hyller for nynorskbøker, merking av nynorskbøkene eller liknande.

##### 9. Viss ja, kva gjer biblioteket ditt for å fremja nynorsk?

Skriv gjerne om kva de eventuelt gjer og korleis de gjer det.

##### 10. Viss nei, gjer biblioteket ditt likevel tiltak for å formidla materiale på nynorsk?

Skriv gjerne om kva de eventuelt gjer og korleis de gjer det


##### 11. Viss ja, kva trur de er grunnen til dette?

##### 12. Viss nei, kva trur de er grunnen til dette?

8

#### *8. Gjer biblioteket ditt tiltak for å fremja nynorsk?*

*Figur 5. Alle respondentar sitt svar på spørsmål 8.*



126 respondentar (67 prosent) svara ja, 61 respondentar (33 respondentar) svara nei.

Det er gjort ein t-test (Independent Samples T Test) i programmet SPSS på svargrupsene. Det er signifikante skilnadar mellom svargrupsene på alle fire påstandane, der dei som har svara ja ligg over snittet. Denne skilnaden kan tyda på at der ein samanheng mellom om respondentane er samde i at nynorsk skal prioriterast og om folkebiblioteka faktisk gjer tiltak for å fremja nynorsk.

*Tabell 2. Signifikante skilnadar mellom ja/nei til å fremja nynorsk*

Variabel	Ja, fremjar nynorsk	SD	Nei, fremjar ikkje nynorsk	SD2	P-verdi
Påstand 1.	4,31	0,774	3,67	0,995	< 0,001
Påstand 2.	4,06	0,856	3,44	0,975	< 0,001
Påstand 3.	4,41	0,842	3,64	1,111	< 0,001
Påstand 4.	3,96	0,983	3,11	1,050	< 0,001
	N=126			N=61	

9

*9. Viss ja, kva gjer biblioteket ditt for å fremja nynorsk?  
Skriv gjerne om kva de eventuelt gjer og korleis de gjer det.*

Under spørsmål 9 måtte respondentane koma med fleire kommentarar.

126 respondentar.

10

*10. Viss nei, gjer biblioteket ditt likevel tiltak for å formidla materiale på nynorsk?  
Skriv gjerne om kva de eventuelt gjer og korleis de gjer det.*

Under spørsmål 10 måtte respondentane koma med fleire kommentarar.

61 respondentar.

11

*11. Viss ja, kva trur de er grunnen til dette?*

Under spørsmål 11 måtte respondentane koma med fleire kommentarar.

126 respondentar.

12

*12. Viss nei, kva trur de er grunnen til dette?*

Under spørsmål 12. måtte respondentane koma med fleire kommentarar.

61 respondentar.

*Spørsmål 13 til 14: Kva motivasjonar finst?*

Dei to neste spørsmåla er eit nytt påstandsspørsmål og et ope friviljug spørsmål der respondentane kan koma med utfyllande kommentarar.

13

*13. Kva faktorar spelar inn for om de kjøper inn materiale på nynorsk eller har arrangement som formidlar litteratur og kultur på nynorsk?*

I spørsmål 13 vert elleve påstandar presentert og respondentane bedne om å kryssa av på dei som høver for deira bibliotek. I spørsmål 14 får respondentane høve til å koma med utfyllande innspel og kommentarar.

*Tabell 3. Alle respondentar sitt svar på spørsmål 13.*

Nr.	Påstandar	Totalt	Prosent
13.A	Brukarane ber om det.	71	38,0
13.B	Det vert prioritert i støtteordningar me kan søkja midlar frå.	38	20,3
13.C	Det vert laga meir materiale (t.d. bøker) som me meiner er relevant og godt nok for brukarane.	74	39,6
13.D	Det kjem tydelege nasjonale, politiske føringar, til dømes i ein bibliotekstrategi, øyremerkte midlar eller andre politiske vedtak nasjonalt.	33	17,6
13.E	Me får/har ein tilsett som engasjerer seg for å få meir materiale på nynorsk.	32	17,1
13.F	Kultursjef/kommunestyret/tilsvarande ber om det.	21	11,2
13.G	Det vert eit tema i samarbeid med bibliotek de samarbeider med eller fylkesbiblioteket.	32	17,1
13.H	Me får tilbod om gode arrangement eller utstillingar frå eksterne aktørar.	114	61,0
13.I	At bibliotekleiaaren tek ansvar for å setje nynorsk på dagsordenen.	50	26,7
13.J	At einskildtilsette har ei meir positiv haldning til nynorsk litteratur	37	19,8
13.K	Ingen av desse påstandane passar for biblioteket mitt.	24	12,8
Totalt tal av varianten i utvalet mitt		187	

14

*14. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir her.*

I spørsmål 14 får respondentane høve til å koma med utfyllande innspel og kommentarar.

23 av 187 valde å gjera det (12,2 prosent).

#### *Spørsmål 15 til 18: Biblioteka sin eigen språkbruk*


Spørsmål 15 til 18 krinsar kring folkebiblioteka sin eigen språkbruk. Spørsmål 15, 16 og 17 er avkryssingsspørsmål der respondentane kan velja eit alternativ. I spørsmål 18 får respondentane høve til å koma med utfyllande innspel og kommentarar.

15. Kva språk brukar de på hyllesignaturar, skilt og oppslag i biblioteket?
16. Kva språk brukar de på sosiale medium?
17. Kva styrer kva språk biblioteket brukar?
18. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.

15

*Figur 6. Alle bibliotek sitt svar på spørsmål 15.*

#### **15. Kva språk brukar de på hyllesignaturar, skilt og oppslag i biblioteket?**




I svara på spørsmål 15. ser me at over helvta berre brukar bokmål på hyllesignaturar, skilt og oppslag (97 respondentar, 51,9 prosent), 31 prosent brukar berre nynorsk (58 respondentar), 12,8 prosent veksler mellom nynorsk og bokmål (24 respondentar) og 4,3 prosent brukar andre språk (8 respondentar).

16.

*Figur 7. Alle bibliotek sitt svar på spørsmål 16.*

#### **16. Kva språk brukar de på sosiale medium?**



I svara på spørsmål 16. ser me at over helvta berre brukar bokmål på sosiale medium (95 respondentar, 50,8 prosent), 31 prosent brukar berre nynorsk (58 respondentar) og 18,2 prosent veksler mellom nynorsk og bokmål

(34 respondentar). Ingen har svara at dei brukar andre språk (engelsk, samisk, anna) og ingen av respondentane svarar at dei ikkje brukar sosiale medium, som var dei to andre svaralternativa.

17.

*Figur 8. Alle respondentar sine svar på spørsmål 17.*



I svara på spørsmål 17. i spørjeskjemaet svarar eit fleirtal av biblioteka at dei tilsette sjølve vel kva språk biblioteket brukar (78 respondentar, 41,7 prosent), medan det er eit stort mindretal på 35,8 prosent svarar at det er vedtak i kommunestyret som avgjer dette (67 respondentar). Nokre få svarar at det er biblioteksjefen som avgjer (12 respondentar, 6,4 prosent), medan det er betydeleg del av biblioteka som svarar at det er andre grunnar som avgjer dette (30 respondentar, 16 prosent).

Det er gjort ein einvegs anova-test i programmet SPSS på desse svargrappene. Her finst det også signifikante skilnader på påstand 3. og 4. mellom dei respondentane som svarar at det er vedtak i kommunestyret som avgjer og dei som svarar at dei tilsette vel sjølve. Dei som har svara at vedtak i kommunestyret avgjer språkbruken til folkebiblioteket, ligg over i snitt.

*Tabell 3. Signifikante skilnadar, kva styrer språkbruken: Kommunestyret / Tilsette vel sjølv*

Variabel	Vedtak i kommunestyret	SD	Tilsette vel sjølve	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,51	0,842	3,94	0,998	0,003
Påstand 4.	4,03	0,969	3,36	1,093	< 0,001
N=78					N=67

18.

*18. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir her.*

I spørsmål 18. får respondentane høve til å koma med utfyllande innspel og kommentarar. 37 av 187 valde å gjera det (19,7 prosent).

*Spørsmål 19 til 28: Fylket, kommunen, skulane, biblioteket og språka*


Dei neste elleve spørsmåla har det til felles at dei er med for å avdekkja informasjon om tilhøva kring folkebiblioteket som har svara.

19. Kva fylke ligg biblioteket ditt i?
20. Kva språk finst i skulen i kommunen din?
- Kryss av ein eller fleire av desse påstandane. Du må velje minst eitt svaralternativ.
21. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir her.
22. Kva språkvedtak har kommunen din?
23. Har kommunen din ein språkbruksplan, målbruksplan eller tilsvarende politisk dokument som styrer språkbruken i kommuneadministrasjonen?
24. Kan du leggja ved dokumentet?
25. Har biblioteket ditt ressursar til å gjera eigne innkjøp av materiell utover det de får frå innkjøpsordningane?
26. Kor mange bur det i kommunen din?
27. Har kommunen din ein kulturplan, bibliotekplan eller tilsvarende lokalt dokument som styrer arbeidet i biblioteket?
28. Kan du leggja ved dokumentet?

19

I spørsmål 19 skal respondentane velja kva fylke biblioteket deira ligg i.

*Figur 9. Respondentane fordelt på fylke, spørsmål 19.*



Tabell 4. Respondentane fordelt på fylke i totale tal og prosent, spørsmål 19.

Kva fylke ligg biblioteket ditt i?	Prosent	
Oslo	6	3,2 %
Troms og Finnmark	9	4,8 %
Vestfold og Telemark	12	6,4 %
Nordland	12	6,4 %
Trøndelag	13	7,0 %
Agder	15	8,0 %
Rogaland	16	8,6 %
Innlandet	19	10,2 %
Møre og Romsdal	20	10,7 %
Viken	28	15,0 %
Vestland	37	19,8 %
<b>Totalt</b>	<b>187</b>	<b>100 %</b>

Det er kome svar frå respondentar frå alle fylke. Flest i Vestland og færrest i Oslo.

Om me set opp ein tabell der me samanliknar kor mange som har kryssa av for kvart fylke opp mot kor mange potensielle respondentar det er i fylket deira, ser me at det varierer mykje frå fylke til fylke kor mange som har svara. Det er eit spenn frå ein svarprosent på 21 prosent i Troms og Finnmark, og Møre og Romsdal der heile 64 prosent har svara. Det er størst prosentdel i dei tre vestlandsfylka som har svara, og etter dei kjem dei fire fylka på Austlandet og Agder med nynorske skulekrinsar og nynorskommunar.

Tabell 5. Svarprosenten, fordelt på fylke

Fylkesnamn	Totalt tal bibliotek i populasjonen	Totalt tal svar	Prosent svar i fylket
Troms og Finnmark	42	9	21 %
Trøndelag	51	13	25 %
Nordland	41	12	29 %
Oslo	20	6	30 %
Viken	78	28	36 %
Vestfold og Telemark	32	12	38 %
Innlandet	47	19	40 %
Agder	31	15	48 %
Rogaland	29	16	55 %
Vestland	63	37	59 %
Møre og Romsdal	33	20	61 %
<b>Totalt</b>	<b>467</b>	<b>187</b>	<b>40 %</b>

Her ser me at det er av respondentane som har svara i dei tre vestlandsfylka Møre og Romsdal (61 prosent), Vestland (59 prosent), Rogaland (55 prosent). Dei fire neste på lista er dei andre fylka som har nynorske skulekrinsar og nynorskommunar Agder (48 prosent), Innlandet (40 prosent), Vestfold og Telemark (38 prosent) og Viken (36 prosent). Dei fire siste er Oslo (30 prosent), Nordland (29 prosent), Trøndelag (25 prosent) og Troms og Finnmark (21 prosent).

Det er gjort ein vegs anova-test i programmet SPSS på desse svargruppene. På påstand 1. og 2. var det ingen signifikante skilnadar mellom svara. På påstand 3. var det signifikante skilnadar (P-verdi under 0,050) mellom folkebiblioteka i Vestland og dei fylka Viken, Trøndelag, Innlandet og Vestfold og Telemark. På påstand 4 var det signifikante skilnadar mellom folkebiblioteka i Vestland og dei i Viken, Oslo og Vestfold og Telemark, og i mellom folkebiblioteka i Møre og Romsdal, Viken og Oslo. Det er verdt å merkja seg at svargruppene Oslo (N=6), Trøndelag (N=13) og Vestfold og Telemark (N=12) er små. Sams for påstand 3 og 4 er at både to handlar

om deira bibliotek prioriterer nynorsk sjølv i arbeidet sitt. Soleis kan desse skilnadane tolkast til at folkebiblioteka i Vestland og Møre og Romsdal prioriterer dette arbeidet høgare enn biblioteka i fylka det var signifikante skilnadar med.

*Tabell 6. Signifikante skilnadar fylke: Vestland / Viken*

Variabel	Vestland	SD	Viken	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,81	0,462	3,68	1,249	< 0,001
Påstand 4.	4,43	0,765	3,11	1,079	< 0,001
N=37		N=28			

*Tabell 7. Signifikante skilnadar fylke: Vestland / Trøndelag*

Variabel	Vestland	SD	Trøndelag	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,81	0,462	3,69	1,109	0,010
Påstand 4.	4,43	0,765	3,93	0,971	0,259
N=37		N=13			

*Tabell 8. Signifikante skilnadar fylke: Vestland / Innlandet*

Variabel	Vestland	SD	Innlandet	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,81	0,462	3,95	0,911	0,043
Påstand 4.	4,43	0,765	3,58	0,961	0,079
N=37		N=19			

*Tabell 9. Signifikante skilnadar fylke: Vestland / Vestfold og Telemark*

Variabel	Vestland	SD	Vestfold og Telemark	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,81	0,462	3,58	1,240	0,004
Påstand 4.	4,43	0,765	3,93	0,971	0,015
N=37		N=12			

*Tabell 10. Signifikante skilnadar fylke: Vestland / Oslo*

Variabel	Vestland	SD	Oslo	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,81	0,462	3,67	0,816	0,161
Påstand 4.	4,43	0,765	2,50	1,049	< 0,001
N=37		N=6			

*Tabell 11. Signifikante skilnadar fylke: Møre og Romsdal / Viken*

Variabel	Møre og Romsdal	SD	Viken	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,50	0,688	3,68	1,249	0,092
Påstand 4.	4,25	0,798	3,11	1,079	0,004
N=20		N=28			

Tabell 12. Signifikante skilnadar fylke: Møre og Romsdal / Oslo

Variabel	Møre og Romsdal	SD	Oslo	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,50	0,688	3,67	0,816	0,691
Påstand 4.	4,25	0,798	2,50	1,049	0,007
N=20		N=6			

Dei to neste spørsmåla er eit nytt påstandsspørsmål og et ope friviljug spørsmål der respondentane kan koma med utfyllande kommentarar.

20

I spørsmål 20 vert sju påstandar presentert og respondentane bedne om å kryssa av på dei som høver for deira bibliotek. I tabellen ser me totale tal på kor mange og kor stor prosentdel av respondentane som meiner at påstandane passar for kommunen deira.

Tabell 13. Alle respondentar sine svar om språk i skulen, spørsmål 20.

Nr.	Påstandar	Totalt	Prosent
20.A	Det er nynorskskular eller skular med nynorskelevar i kommunen min.	86	46,0 %
20.B	Det er fleirtal av bokmålselevar i kommunen min.	59	31,6 %
20.C	Det er berre bokmålselevar i kommunen min.	52	27,8 %
20.D	Det er skular med samiskspråklege elevar i kommunen min.	12	6,4 %
20.E	Det er skular med kvenskspråklege elevar i kommunen min.	3	1,6 %
20.F	Det er opplæringssenter for vaksne og/eller unge innvandrarar i kommunen min.	89	47,6 %
20.G	Usikker på ein eller fleire av påstandane.	19	10,2 %
Totalt tal av varianten i utvalet mitt		187	

Me kan jamføra dei med tala for nynorsk i skulen i dei ulike kommunane. I frå Grunnskolens informasjonssystem (Utdanningsdirektoratet, 2021) kan me henta ut at det var nynorskelevar i 127 av 356 kommunar i skuleåret 2021–2022 (35,6 prosent). Fylgjeleg var det berre 229 kommunar med berre bokmålselevar (64,3 prosent)<sup>48</sup>. I 263 kommunar var over helvta av elevane bokmålselevar (73,8 prosent).<sup>49</sup>

Tabell 14. Prosent språk i skulen fordelt på kommunar og utvalet i undersøkinga

Språk i skulen	Kommunar (N=356)	Folkebibliotek (utval, N=187)
Nynorskelevar	35,6 %	46,0 %
Fleirtal av bokmålselevar	64,3 %	31,6 %
Berre bokmålselevar*	73,8 %	27,8 %
Samiskspråklege elevar	-	6,4 %
Kvenskspråklege elevar	-	1,6 %
Opplæringssenter	-	47,6 %

\*Det er elevar med samisk, kvensk eller andre morsmål i mange av desse kommunane.

Me ser at det er prosentvis fleire folkebibliotek i kommunar med nynorskelevar som har svara, enn prosenten kommunar med nynorskelevar. I utgangspunktet ser det veldig skeivt ut når det gjeld fleirtal av og berre bokmålselevar, men her er det verdt å merka seg at det ikkje var obligatorisk å kryssa av på desse påstandane. Ein annan måte å rekna på dette er å sjå på respondentane som ikkje har kryssa av på at det er nynorskelevar eller

<sup>48</sup> Merk at det er elevar med samisk, kvensk og andre morsmål i desse kommunane.

<sup>49</sup> Eg har ikkje funne tilsvarande tal om kommunar med samiskspråklege elevar, elevar med kvensk/finsk som språk, opplæringssenter for vaksne eller unge innvandrarar eller tal elevar med romani og romaness som språk.

nynorskskular, som er 54 prosent. Det er nærmere talet kommunar med berre bokmålselevar (73,8 prosent) enn dei respondentane som har haka av på at det berre er bokmålselevar i kommunen deira (27,8 prosent).

Det er verdt å merka seg at det dette spørsmålet eigentleg seier noko om er kva den tilsette som svarar på spørsmålet *veit* eller *trur* om språkstoda i kommunen. Og i neste omgang korleis desse oppfatningane av fakta påverkar synet deira på folkebiblioteka si rolle i språkpolitikken.

Det er gjort ein t-test (Independent Samples T Test) i programmet SPSS på svargrupperne 20.A (nynorskelevar), 20.B (fleirtal bokmålselevar), 20.C (berre bokmålselevar), 20.D (samiskspråklege elevar) og 20.E (kvenskspråklege elevar).

Dei to siste svargrupperne er særsmå (N=12 og N=3), og det gjer at me må ta visse etterhald. Testen syner at var ingen signifikante skilnadar på nokon av påstandane mellom som hadde kvenskspråklege elevar og dei som ikkje hadde det, og at når det gjeld samisk var det berre signifikante skilnadar på påstand 3.

Når det gjeld 20.A (nynorskelevar), er det signifikante skilnadar på alle påstandane. Dei respondentane som har svara at dei har nynorskelevar ligg over gjennomsnittet.

*Tabell 15. Signifikante skilnadar språk i skulen: Nynorskelevar versus resten*

Variabel	Veit om nynorsk i skulen	SD	Ikkje nynorsk i skulen	SD2	P-verdi
Påstand 1.	4,35	0,748	3,89	0,969	< 0,001
Påstand 2.	4,08	0,857	3,67	0,097	0,001
Påstand 3.	4,70	0,615	3,70	1,044	< 0,001
Påstand 4.	4,27	0,818	3,19	1,027	< 0,001
	N=86		N=101		

Når det gjeld 20.B (fleirtal av bokmålselevar), er det signifikante skilnadar på påstand 3. og 4. Dei respondentane med som har svara at dei har fleirtal av bokmålselevar ligg under gjennomsnittet.

*Tabell 16.; Signifikante skilnadar språk i skulen: Fleirtal bokmål versus resten*

Variabel	Veit om fleirtal av bokmål i skulen	SD	Ikkje fleirtal av bokmål i skulen	SD2	P-verdi
Påstand 1.	3,95	0,879	4,17	0,906	0,058
Påstand 2.	3,81	0,900	3,88	0,961	0,320
Påstand 3.	3,90	0,959	4,28	1,003	0,007
Påstand 4.	3,47	1,006	3,78	1,101	0,035
	N=59		N=128		

Når det gjeld 20.C (berre bokmålselevar), er det signifikante skilnadar på alle påstandane, ekstra tydeleg på dei fire siste, og der dei respondentane med som har svara at dei berre har bokmål i skulen ligg under gjennomsnittet.

*Tabell 17. Signifikante skilnadar språk i skulen: Berre bokmål versus resten*

Variabel	Veit om berre bokmål i skulen	SD	Ikkje berre bokmål i skulen	SD2	P-verdi
Påstand 1.	3,88	1,060	4,19	0,821	0,020
Påstand 2.	3,60	1,071	3,96	0,867	0,008
Påstand 3.	3,63	1,121	4,36	0,878	< 0,001
Påstand 4.	3,04	1,084	3,93	0,971	< 0,001
	N=52		N=135		


*21. Har du fleire tankar rundt desse påstandane? Skriv gjerne meir her.*

Dette elementet visest berre dersom alternativet «Usikker på ein eller fleire av påstandane.» er valt i spørsmålet «Kva språk finst i skulen i kommunen din?»

I spørsmål 21 får respondentane som kryssa av på påstand 20.G høve til å koma med utfyllande innspel og kommentarar. Fire av dei 19 som kryssa av på alternativet kom med utfyllande kommentarar (21,0 prosent av desse og 0,02 prosent av alle svara).

22

*Figur 10. Alle respondentar sine svar om tenestespråket i kommunen, spørsmål 22.*



Spørsmål 22 er eit avkryssingsspørsmål som er med for å få respondentane til å svara kva språkvedtak kommunen har, nærmare bestemt kva tenestespråk kommunen har avgjort at staten skal bruka der.

I svara på spørsmål 22 ser me at eit fleirtal på 75 av respondentane rapporterer at folkebiblioteket deira ligg i ein kommune med bokmål som tenestespråk (40 prosent), 66 svarar at dei høyrer til i ein kommune nynorsk tenestespråk (35 prosent), 30 respondentar seier at biblioteket deira ligg i ein språknøytral kommune (16 prosent) og 16 respondentar har svara at dei ikkje veit kva tenestespråk kommunen har vedteke (9 prosent).

*Figur 11. Alle respondentar sine svar om tenestespråket i kommunen prosentvis, spørsmål 22*



Desse tala kan me jamføra med statestikk om språkvedtaka til kommunane. Grepstad summerer opp at etter kommunenesamanslåingane i perioden 2014–2019, hadde 148 kommunar vedteke at bokmål som statleg skriftspråk, 90 kommunar nynorsk og 118 kommunar hadde vedteke å vera språknøytrale (Grepstad, 2020b, s.

272). Prosentvis vert dette ei fordeling på 42 prosent bokmål, 25 prosent nynorsk og 33 prosent språknøytrale (Grepstad, 2020a, tabell 3.6.1).

I populasjonen min var det 138 folkebibliotek i bokmålskommunar (29 prosent), 106 folkebibliotek i nynorskkommunar (23 prosent) og 225 folkebibliotek i språknøytrale kommunar (48 prosent). Ei forklaring på prosenten folkebibliotek i språknøytrale kommunar er so mykke større enn prosenten språknøytrale kommunar, er at mange store kommunar som Bergen, Trondheim og Oslo har mange bibliotekavdelingar.

*Tabell 18. Prosent statleg skriftspråk for kommunar og folkebibliotek (populasjon og utval)*

Statleg skriftspråk (tenestespråk)	Kommunar (N=356)	Folkebibliotek (utval, N=469)	Folkebibliotek (svar, N=187)
Nynorsk	42 %	23 %	35 %
Bokmål	25 %	29 %	40 %
Språkleg nøytral	33 %	48 %	16 %
Veit ikkje			9 %
Totalt	100 %	100 %	100 %

Kommunetala er henta frå Grepstad (2020a, tabell 3.6.1).

Ser me desse tala i samanheng, er det for mange folkebibliotek i kommunar med nynorsk og bokmål som statleg skriftsspråk, og for få frå språkleg nøytrale kommunar.

Avvika som gjeld nynorsk syner at det er tydeleg fleire bibliotek i nynorskkommunar som har svara på spørjeskjemaet. Ei forklaring er at spørjeundersøkinga har vore verka relevant for fleire folkebibliotek i nynorskkommunar enn i kommunar med andre språkvedtak. Uansett er dette noko me må ta høgde for når me drøftar resultata frå spørjeundersøkinga.

Avviket mellom folkebibliotek i språknøytrale kommunar og bokmålskommunar, skuldast truleg at respondentane har blanda i hop statleg tenestespråk og kommunalt administrasjonsspråk<sup>50</sup>, eller det språket som dominerer i kommunen. Det er truleg at det er fleire folkebibliotek i språknøytrale kommunar som har svara at dei var i ein bokmålskommune.

Sjølv om det truleg er fleire slike avvik i datamaterialet, har dataa ein anna funksjon som ikkje vert svekka av slike feil: Dei syner kva språkvedtak dei tilsette i kommunen *oppfattar* at kommunen har. Det kan vera ei viktig motivasjon og forklaring for vala og praksisane ute i biblioteka, som i seg sjølv er nyttig å få fram.

Det er gjort ein einvegs anova-test i programmet SPSS på desse svargruppene. Her finst det også signifikante skilnader mellom dei fleste utvala på fire påstandane.

Det er signifikante skilnader mellom nynorsk- og bokmålskommunar på alle fire påstandane, der nynorskkommunane ligg over i snitt.

*Tabell 19. Signifikante skilnadar tenestespråk: Nynorsk versus bokmål*

Variabel	Nynorsk tenestespråk	SD	Bokmål tenestespråk	SD2	P-verdi
Påstand 1.	4,45	0,727	3,91	0,975	0,001
Påstand 2.	4,15	0,881	3,68	1,016	0,015
Påstand 3.	4,79	0,481	3,67	1,070	< 0,001
Påstand 4.	4,42	0,703	3,17	1,057	< 0,001
	N=66		N=75		

Det er signifikante skilnadar på påstand 1, 3 og 4 mellom folkebiblioteka i kommunane med nynorsk tenestespråk og dei biblioteka som har svara som har svara at dei held til i språknøytrale kommunar. Dei språknøytrale kommunane ligg under i snitt.

<sup>50</sup> Under spørsmål 18. er eit fritekstspørsmål som kjem rett etter spørsmålet om kva som styrer språkbruken til biblioteket, er det fleire som kommenterer administrasjonsspråket til kommunen sin (kommunalt språk).

Tabell 20. Signifikante skilnadar tenestespråk: Nynorsk versus språknøytral

Variabel	Nynorsk tenestespråk	SD	Språknøytral tenestespråk	SD2	P-verdi
Påstand 1.	4,45	0,727	3,93	0,740	0,035
Påstand 2.	4,15	0,881	3,80	0,714	0,310
Påstand 3.	4,79	0,481	4,20	0,961	0,014
Påstand 4.	4,42	0,703	3,70	0,837	0,002
	N=66		N=30		

Det er signifikante skilnadar på påstand 3 og 4 mellom folkebiblioteka i kommunane med nynorsk tenestespråk og dei biblioteka som har svara som har svara at dei ikkje veit kva tenestespråk kommunen deira har. Merk at det er eit lite utval på veit ikkje (N=16). Veit ikkje-folkebiblioteka ligg under i snitt.

Tabell 21. Signifikante skilnadar tenestespråk: Nynorsk versus veit ikkje

Variabel	Nynorsk tenestespråk	SD	Veit ikkje	SD2	P-verdi
Påstand 1.	4,45	0,727	3,88	1,088	0,082
Påstand 2.	4,15	0,881	3,63	0,957	0,173
Påstand 3.	4,79	0,481	3,81	0,981	< 0,001
Påstand 4.	4,42	0,703	3,00	1,079	< 0,001
	N=66		N=16		

Det er signifikante skilnadar på påstand 3 og 4 mellom folkebiblioteka i kommunane med bokmål som tenestespråk og dei biblioteka som har svara som har svara at kommunen dei held til i er språknøytral. Bokmålskommunane ligg under i snitt.

Tabell 22. Signifikante skilnadar tenestespråk: Bokmål versus språknøytral


Variabel	Bokmål tenestespråk	SD	Språknøytral tenestespråk	SD2	P-verdi
Påstand 1.	3,91	0,975	3,93	0,740	0,999
Påstand 2.	3,68	1,016	3,80	0,714	0,310
Påstand 3.	3,67	1,070	4,20	0,961	0,014
Påstand 4.	3,17	1,057	3,70	0,837	0,041
	N=75		N=30		

Dei to neste spørsmåla er eit ja- eller nei-spørsmål og et ope friviljug spørsmål der respondentane kan leggja ved ei fil.

#### 23 OG 24

I spørsmål 23 og 24 vert respondentane spurta om kommunen deira har ein språkbruksplan, og får høve til å leggja ved fila.

Figur 12. Alle respondentar sine svar om språkbruksplan, spørsmål 23.



129 respondentar visste ikkje om kommunen deira hadde ein plan for kommunal språkbruk (69 prosent). 28 respondentar svara at kommunen deira hadde ein slik plan (15 prosent), og 30 svara at kommunen deira ikkje hadde det (16 prosent).

I spørsmål 22 får respondentane som kryssa av på at dei har ein språkbruksplan høve til å leggja ved denne. Fem av 28 leverte planen sin i skjemaet, og to lenkja til planen i fritekstsvara.

Av dei 28 respondentane som seier at dei har ein slik plan er det 23 bibliotek i nynorskkommunar (82,1 prosent), to i bokmålskommunar (7,1 prosent) og tre i språknøytrale kommunar (10,7 prosent). Alle desse respondentane kva tenestespråk kommunen hadde. Det finst ikkje nokon statistikk over kva kommunar som har slike planar.

Det er gjort ein einvegs anova-test i programmet SPSS på desse svargrupsene. Her finst det også signifikante skilnader mellom nokre av utvala på påstand 3 og 4.

Det er signifikante skilnader mellom dei har svara at dei har ein språkplan og dei som har svara at dei ikkje veit om dei har ein språkplan på både 3 og 4, og dei som har ein slik plan ligg over i snitt.

Tabell 23. Signifikante skilnadar språkbruksplan: Har / Veit ikkje

Variabel	Har språkplan	SD	Veit ikkje	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,79	0,499	4,02	1,038	< 0,001
Påstand 4.	4,50	0,638	3,48	1,105	< 0,001
N=28					N=129


Det er signifikante skilnader mellom dei har svara at dei har ein språkplan og dei som har svara at dei ikkje har ein språkplan på påstand 4., og dei som har ein slik plan ligg over i snitt.

Tabell 24. Signifikante skilnadar språkbruksplan: Har / har ikkje

Variabel	Har språkplan	SD	Har ikkje språkplan	SD2	P-verdi
Påstand 3.	4,79	0,499	4,20	0,997	0,059
Påstand 4.	4,50	0,638	3,80	0,925	0,027
N=28					N=30

I spørsmål 25 kryssa respondentane av på i kva grad om dei meiner om folkebiblioteket deira har ressursar til å gjera eigne innkjøp av materiell utover det dei får frå innkjøpsordningane.

*Figur 13. Alle respondentar sine svar om ressursar, spørsmål 25.*



68 respondentar svara at dei i stor grad hadde eigene ressursar (36 prosent), 104 respondentar svarar at dei i nokon grad hadde ressursar (56 prosent), 13 respondentar svara at dei i liten grad hadde ressursar (7 prosent) medan berre to svara at dei ikkje i det heile hadde eigene ressursar (1 prosent).


Desse tala har eg ikkje funne nokon relevante tal å samanlikna med. Eg kunne ha sett på tala under Personale og økonomi i bibliotekstatistikken for 2020, til dømes kategoriane *Utgifter til kjøp av medier* eller *Medieutgifter pr. innbygger* (Nasjonalbiblioteket, 2021d). Dette er likevel ikkje so aktuelt sidan spørsmålet mitt handlar meir om biblioteka si sjølvoppfatting enn kva dei faktisk har av midlar til medie og materiell.

Det er gjort ein einvegs anova-test i programmet SPSS på desse svartgruppene, og det var ikkje signifikante skilnadar.

26

I spørsmål 26 skulle respondentane svara på kor mange som budde i kommunen deira. Respondentane fortalte seg slik: 30 respondentar held til i kommunar med 50 000 eller fleire innbyggjarar, 30 held til i kommunar med mellom 20 000 til 49 999 innbyggjarar, 28 held til i kommunar med mellom 10 000 til 19 999 innbyggjarar, 31 held til i kommunar med mellom 5000 til 9999 innbyggjarar, 41 held til i kommunar med mellom 2000 til 4999 innbyggjarar og 27 held til i kommunar med under 2000 innbyggjarar. Det er veldig jamt mellom dei ulike kommunestorleiksgruppene.

*Figur 14. Alle respondentar sine svar om innbyggjartal, spørsmål 26.*



Eg har ikkje fått laga tal som syner kor mange bibliotek det er per kvar kategori av innbyggjarstorleik. Om me jamfører med kommunetalet får me ein peikepinn, med det store atterhaldet at det i populasjonen min er mange kommunar som har fleire folkebibliotekavdelingar.

Det er gjort ein einvegs anova-test i programmet SPSS på desse svargrappene, og det var ikkje signifikante skilnadar.

*Tabell 25. Prosent og tal kommunar etter innbyggjartal per 2022*


Prosent og tal kommunar etter innbyggjartal	Tal	Prosent
50 000 eller fleire innbyggjarar.	19	5 %
20 000 til 49 999 innbyggjarar.	43	12 %
10 000 til 19 999 innbyggjarar.	50	14 %
5000 til 9999 innbyggjarar.	70	20 %
2000 til 4999 innbyggjarar.	97	27 %
Under 2000 innbyggjarar.	77	22 %
Totalt	356	100 %

27 OG 28

I spørsmål 27 og 28 vert respondentane spurta om kommunen deira har ein kultur- eller bibliotekplan, og får høve til å leggja ved fila.

*Figur 15. Alle respondentar sine svar om bibliotekplanar, spørsmål 27.*

**27. Har kommunen din ein kulturplan, bibliotekplan eller tilsvarende lokalt dokument som styrer arbeidet i biblioteket?**



98 respondentar at kommunen deira har ein kultur- eller bibliotekplan (53 prosent), 64 svarar at kommunen deira ikkje har ein slik plan (34 prosent), og 25 svara at dei ikkje veit (13 prosent).

I spørsmål 28 får respondentane som kryssa av på at dei har ein kultur- eller bibliotekplan høve til å leggja ved denne. Sju av 98 leverte planen sin i skjemaet og to la inn lenkjer til slike planar i eit av fritekstfelta.

Fem av dei som har slike planar har anten lenkja til ho i fritekstsvara eller kommentert kvifor dei ikkje legg ved dokumenta. Nokre respondentar har eldre dokument som dei ynskjer å revidera, andre arbeider i kommunar som har vorte samanslegne og nokre legg ikkje ved sidan planane ikkje seier noko om språk.

Av dei 98 respondentane som seier at dei har ein slik plan er det 35 bibliotek i nynorskkommunar (35,7 prosent), 43 i bokmålskommunar (43,9 prosent), 14 i språknøytrale kommunar (14,3 prosent) og 6 bibliotek visste ikkje kva tenestespråk kommunen hadde (6,1 prosent).

I kva grad er tala mine representative? I perioden november 2020 til juni 2021 gjennomførte Oxford Research, i samarbeid med Proba Samfunnsanalyse, studien *Kulturfeltet i kommunesektoren. En fri, mangfoldig og samfunnsbyggende kraft* som såg på kulturpolitikken i kommunane. Som ein del av dette sende dei ut ei spørjeundersøking der dei mellom anna spurde om utbreiinga av kulturplanar. Mellom dei 213 kommunane som

svara, vert planverket på kulturfellet skildra slik: «38 prosent av kommunene har en egen kulturplan. I 57 prosent av kommunene er kulturfellet å finne i kommunens samfunnsdelplan» (Oxford Research, 2021, s. 2).

Når 53 prosent av respondentane mine har svara at dei har ein kulturplan, har dei delt mange slags dokument: bibliotekplanar, kulturplanar, handlingsplanar til kommunens samfunnsdelplan. Slik er ikkje avviket frå det den andre granskinga skildrar spesielt stort.

Det er gjort ein einvegs anova-test i programmet SPSS på desse svargruppene, og det var ikkje signifikante skilnadar.

*Spørsmål 29 til 32: Dei som har svart på vegner av biblioteket sitt*

Dei neste fire spørsmåla handlar om dei personane som svarar på vegner av sitt folkebibliotek.

29. Kva type stilling har du på biblioteket ditt?
30. Har du drøfta desse spørsmåla med andre tilsette på biblioteket ditt?
31. Kva skriftspråk brukar du sjølv privat?
32. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.

29

Spørsmål 29 er eit spørsmål om kva stilling dei som svarar har på folkebiblioteket.

*Figur 16. Alle respondentar sine svar om stilling, spørsmål 29.*



Det store fleirtalet, 110 respondentar (59 prosent) har biblioteksjefstillingar. 61 respondentar (33 prosent) er bibliotekarar og 16 respondentar (9 prosent) har ei anna stilling på folkebiblioteket.

*Tabell 26. Tal og prosent kva tilsette som har svart på spørjeundersøkinga*

Tilsette i folkebibliotek som har svart	Tal	Prosent
Biblioteksjef.	110	59 %
Bibliotekar.	61	33 %
Anna stilling på biblioteket.	16	9 %
Tal tilsette i folkebiblioteka som har svart	187	100 %

I kva grad er dette representativt for tilsette i norske folkebibliotek? I Rådata 2020 frå Nasjonalbiblioteket finn me at det er 2460 tilsette i folkebiblioteka, fordelt på 1843 årsverk (Nasjonalbiblioteket, 2021b). Om me held oss til tal stillingar, er dette det nærmeste eg har funne som går an å samanlikna med mine tal. Det er 275 fagutdanna biblioteksjefar. Det er 822 andre fagutdanna bibliotekarar (totalt 1097 minus dei 275 fagutdanna biblioteksjefane). Til sist er det 1363 tilsette utan bibliotekutdanning (674 tilsette med anna høgare utdanning, 561 tanna fag-/kontorpersonale og 128 andre tilsette). I denne siste kategorien er det opp mot, men truleg færre enn, 81 biblioteksjefar utan bibliotekutdanning og fleire andre tilsette i bibliotekarstillingar utan bibliotekutdanning.

Tabell 27. Tal og prosent i ulike stillingar i norske folkebibliotek

Tilsette i folkebiblioteka i Noreg	Tal	Prosent
Fagutdanna biblioteksjef	275	11 %
Fagutdanna bibliotekar	822	33 %
Andre tilsette	1363	55 %
<b>Tal tilsette i folkebiblioteka</b>	<b>2460</b>	<b>100 %</b>


Desse tala som utgreiinga over syner ikkje heilt samanliknande, i og med at tala frå Rådata 2020 fyrst og fremst syner kva utdanning dei tilsette har og mine handlar om stillingstittel. I mangel av betre tal kan me jamføra med tala frå undersøkinga mi. Det er mange fleire biblioteksjefar samanlikna med talet me har frå Nasjonalbiblioteket, og tilsvarande få med andre typar stillingar. Det er so godt som likt mellom bibliotekarar. Hadde målet med undersøkinga vore å gje eit innblikk i kva tilsette i biblioteka meiner om temaet eg granskar, ville utvalet eg sit att med vore skeivt. Sidan målet er å seia noko om kva biblioteka som institusjonar meiner, er det mindre alvorleg. Her er det ikkje gjennomført ei undersøking av signifikans.

30

Spørsmål 30 er eit ja-/nei-spørsmål om respondentane har drøfta spørsmåla i spørjeundersøkinga med andre tilsette på folkebiblioteket.

Figur 17. Alle respondentar sine svar om dei har drøfta spørsmåla med andre, spørsmål 30.

**30. Har du drøfta desse spørsmåla med andre tilsette på biblioteket ditt?**



46 respondentar har svara ja (25 prosent) og 141 respondentar har svara nei (75 prosent).

Fleire respondentar skriv at grunnen til at dei ikkje har drøfta saka med andre er at dei rett og slett ikkje er fleire som arbeider på biblioteket. Ein respondent skriv at «grunnen til at eg ikkje har drøfta desse spørsmåla med andre er at eg er einaste tilsette i biblioteket [...]» (14809160). Nokre verkar for å vera mellombels aleine på biblioteket: «Vi er for tida ein på jobb, men vi har klare tankar om språk på biblioteket.» (14084927).


I nokre bibliotek er nynorskbruk ofte eit tema internt, men akkurat denne undersøkinga er ikkje diskutert: «Vi snakkar mykje om bruk av nynorsk på personalmøter osb., men eg har ikkje drøfta denne undersøkinga.» (14171241). Tidspunktet eg sende ut spørjeundersøkinga påverka òg nokre sitt høve til å drøfta ho med andre «Sidan det er ferietid har det ikkje vore mogleg å drøfte desse spørsmåla med kollegaer» (15172195).

Her er det ikkje gjennomført ei undersøking av signifikans.

31

Spørsmål 31 er eit avkryssingsspørsmål der respondentane vert spurde om kva språk dei brukar privat.

Figur 18. Alle respondentar sine svar om eigen språkbruk, spørsmål 31.



111 respondentar svara at dei brukar bokmål privat (59 prosent), 39 respondentar har svara nynorsk (21 prosent), 35 respondentar svarar at dei veksler mellom nynorsk og bokmål (19 prosent), og 2 respondentar svarar at dei brukar eit anna språk privat (1 prosent).

Nokre av respondentane har utdjupa eigen språkbruk i fritekstsvara. Ein respondent har eit ynske om å bruka nynorsk, men kjenner seg usikker i språket: «Velger nynorsk innimellom, men er da ofte livredd for å skrive feil.» (14086451). Andre veksler mellom språka sjølv om dei har eit føretrekt skriftspråk: «Eg prøver å skrjive nynorsk privat, men det hender at eg veksler.» (14171241).

Ein respondent ynskjer å presiserer den private språkbruken sin, og tek med eit alternativ eg ikkje har nemnt: «Privat vil eg seie at eg veksler mellom nynorsk, bokmål og dialekt avhengig av kven eg skriv til.» (14088302).

I kva grad er språkbruken til respondentane representativ? Eg har ikkje funne nokon undersøkingar av språkbruken til tilsette i folkebiblioteka. Det finst heller ikkje nokon offisiell statistikk over kva skriftspråk eller språk vaksne innbyggjarar i Noreg reknar som sitt morsmål eller hovudsspråk, slik som til dømes Finland har<sup>51</sup>.

I *Språkfakta 2020* er det samla ei rekke undersøkingar og relevante statistikkar som kan seiia noko om privat språkbruk (Grepstad, 2020a). Stundom vert det synt til kor mange som leverer skattemelding på nynorsk eller bokmål. I 2019 var det 9,8 prosent av skatteytarane som leverte skattemelding på nynorsk (Grepstad, 2020a, tabell 7.3.1). Dessutan har det vore gjennomført spørjeundersøkingar om privat bruk av nynorsk og bokmål. I 2015 svara 8 prosent at dei brukar nynorsk privat, 86 prosent at dei brukar bokmål og fem prosent at dei brukar begge skriftspråka i ei spørjeundersøking gjennomført av TNS Gallup (Grepstad, 2020a, tabell 7.2.15).

Som begge desse døma syner, er det stor skilnad mellom dei andre tala me har for privat språkbruk og tala frå respondentane mine sine svar. Det er for mange som brukar nynorsk, anten dei brukar nynorsk heile tida eller veksler mellom språka. Den mest nærliggjande grunnen til dette er at det er ein overrepresentasjon av folkebibliotek i nynorskommunar og på Vestlandet i utvalet eg sit att med. Dessutan er det teikn i fritekstsvara på at det i nokon tilfelle er ein nynorskbrukande tilsett på folkebiblioteket som har fått i ansvar å svara på undersøkinga, eller har prioritert det. Ei mogleg tolking av dette er at undersøkinga verka mest aktuell eller interessant for tilsette som brukte eller var interessert i nynorsk. Det er ikkje råd å seia om det statistisk sett jobbar fleire nynorskbrukarar på folkebiblioteka enn det er nynorskbrukarar i folket elles.

Det er gjort ein einvegs anova-test i programmet SPSS på desse svartgruppene. Her finst det også signifikante skilnader mellom nokre av utvala alle påstandane. Respondentane som har eit anna privat språk har var so få at eg har sett bort i frå dei (N=2).

<sup>51</sup> I Finland kan innbyggjarane registera morsmål og kontaktspråk (finsk eller svensk) i Befolkningsdatasystemet (Myndigheten för digitalisering och befolkningsdata, u.å.).

Det er signifikante skilnader mellom dei har svara at dei som har svara at dei skriv nynorsk privat og dei som har svara at dei brukar bokmål privat på alle påstandane, og nynorskbrukarane ligg over i snitt.

*Tabell 28. Signifikante skilnadar privat språkbruk: Nynorsk versus bokmål*

Variabel	Nynorsk privat	SD	Bokmål privat	SD2	P-verdi
Påstand 1.	4,44	0,821	3,89	0,084	0,004
Påstand 2.	4,18	0,885	3,64	0,902	0,006
Påstand 3.	4,82	0,451	3,85	1,020	< 0,001
Påstand 4.	4,38	0,747	3,36	1,034	< 0,001
N=39		N=111			

Sameleis er det signifikante skilnader mellom dei har svara at dei som har svara at dei vekslar mellom nynorsk og bokmål og dei som har svara at dei brukar bokmål privat på alle påstandane. Dei som vekslar ligg over i snitt.

*Tabell 29. Signifikante skilnadar privat språkbruk: Vekslar versus bokmål*

Variabel	Vekslar privat	SD	Bokmål privat	SD2	P-verdi
Påstand 1.	4,49	0,658	3,89	0,084	0,002
Påstand 2.	4,31	0,758	3,64	0,902	< 0,001
Påstand 3.	4,51	0,818	3,85	1,020	0,001
Påstand 4.	4,00	1,079	3,36	1,034	0,006
N=35		N=111			

Privat språkbruk verkar altsø for å ha påverka kor positive respondentane har vore til påstandane.

32

*32. Har du fleire tankar rundt desse spørsmåla? Skriv gjerne meir her.*

Under spørsmål 32 fekk respondentane høve til å koma med fleire kommentarar.

31 av 187 valde å gjera det (16,6 prosent).

### *Spørsmål 33 til 38: Personvern*


Spørsmål 33 til 37 er spørsmål om personvern. Her tek eg føre meg alle 192 respondentane som leverte svar.

33. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert brukt i masteroppgåva?
34. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, kan delast med rettleiaren min?
35. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert lagra og oppbevart medan eg arbeider med oppgåva?
36. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert lagra og oppbevart etter at eg er ferdig med oppgåva?
37. Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert brukt, lagra og framstilt i oppgåva slik at det kan identifisera deg indirekte?
38. Vil du ha tilsendt oppgåva når ho er ferdig?
39. Viss ja, kva e-postadresse du vil ha oppgåva sendt til?

33

I spørsmål 33 spør eg respondentane om løyve til å bruka svara i oppgåva.

*Figur 19. Alle respondentar sine på spørsmål 33., om personvern*



184 har svara ja på at eg kan bruka svaret deira saman med eventuelle personopplysingar i masteroppgåva (96 prosent). 8 respondentar har svara nei (4 prosent).

Nokre av dei sistnemnde valde eg likevel å bruka. Eg gjekk gjennom desse og dei andre svara, og det var vanskeleg å tolka dette som noko anna enn ei feiltasting eller ei misforståing. Når eg las svara opp att var det vanskeleg å forstå at dei skulle ha svara so utførleg på svara utan at dei ynskja at eg skulle bruka svara. Eg klarte ikkje å forstå at dette skulle vere protestsvar eller noko anna dei skulle ha gjort for å seia meg noko eg ikkje kunne bruka i oppgåva. Mange hadde òg svara ja på alle eller mange av dei andre personvernspørsmåla. Difor våga eg å senda ein oppklarande e-post til dei to eg hadde e-postadressa til<sup>52</sup>, og høyra om eg likevel kunne bruka svara deira.<sup>53</sup> Eg fekk løyve frå respondent 13949445 (personleg kommunikasjon, 5. april 2022) og respondent 14850212 (personleg kommunikasjon, 22. april 2022).

Eit anna kasus var 14808746, som hadde svara nei på dette spørsmålet men ja på spørsmål 37. Som me skal sjå seinare, spør spørsmål 37 vidare løyve enn spørsmål 33 (indirekte identifisering). Difor har eg vald å bruka dette svaret i oppgåva mi, og tolka nei-et i spørsmål 33 som ein feil.

Dei andre svara har eg valt å fjerna, sidan dei har svara nei og eg ikkje hadde nokon måte å kontakta dei for å finna ut om det var ein feil eller ei misforståing.


<sup>52</sup> 13949445 og 14850212 hadde gjeve meg e-postadressa si sidan dei ynskte å få tilsendt oppgåva når eg var ferdig med ho.

<sup>53</sup> Sjå Vedlegg B.5. Døme på e-post til respondentar om å få bruka svar 1. april 2022.

34

I spørsmål 34 spør eg respondentane om løyve til å dela svara med rettleiaren min.

Figur 20. Alle respondentar sine på spørsmål 34., om personvern




191 har svara ja på at eg kan dela svaret deira saman med eventuelle personopplysingar med rettleiaren min. Ein respondent har svara nei.

Eg tolka det til å vera med var med denne respondenten som med respondentane som svara nei på spørsmål 33. Det verka for å vera ei misforståing eller ein feil. Eg våga difor å senda ein e-post for å høyra om det var ei misforståing eller ikkje, og fekk løyve frå respondenten (14809225) i starten av april (personleg kommunikasjon, 9. april 2022)<sup>54</sup>.

35

I spørsmål 35 spør eg respondentane om løyve til å oppbevara og lagra svara medan eg arbeider med oppgåva.

Figur 21. Alle respondentar sine på spørsmål 35., om personvern



191 har svara ja på at eg kan oppbevara svaret deira saman med eventuelle personopplysingar medan eg arbeider med masteroppgåva. Ein respondent har svara nei. Eg tolka det til å vera med var med denne respondenten som med respondentane som svara nei på spørsmål 33. og 34. Eg våga difor å senda ein e-post for å høyra om det var

<sup>54</sup> Denne respondenten (14809225) hadde òg gjeve meg e-postadressa si sidan dei ville ha tilsendt oppgåva mi når ho var ferdig.

ei misforståing eller ikkje, og fekk løyve frå respondenten (13958807) i slutten av april (personleg kommunikasjon, 26. april 2022)<sup>55</sup>.

36

I spørsmål 36 spør eg respondentane om løyve til å oppbevara og lagra svara etter eg er ferdig med oppgåva.

Figur 22. Alle respondentar sine på spørsmål 36, om personvern




170 har svara ja på at eg kan oppbevara svaret deira saman med eventuelle personopplysingar etter at eg er ferdig med masteroppgåva. 22 respondentar har svara nei. Svara frå desse respondentane slettar eg når oppgåva er ferdig og vurdert.

37

I spørsmål 37 spør eg respondentane om løyve til å bruka svara slik at respondentane kunne identifiserast indirekte.

Figur 23. Alle respondentar sine på spørsmål 37, om personvern



140 har svara ja på at svaret deira saman med eventuelle personopplysingar vert brukta, lagra og framstilt i masteroppgåva slik at det kan identifisera dei indirekte. 52 respondentar har svara nei.

Sidan eg fekk so mange nei på dette spørsmålet valde eg å handsama alle svara endå meir varsamt enn eg hadde tenkt. Eit grep eg gjorde var å ikkje kopla fritekstsvar med anna informasjon enn svarnummeret, anna enn i særskilde tilfelle. Eg hadde eigentleg tenkt at det kunne vera interessant og oppklarande å nemne fylke,

<sup>55</sup> Denne respondenten (13958807) hadde òg gjeve meg e-postadressa si sidan dei ville ha tilsendt oppgåva mi når ho var ferdig.

tenestespråk eller tilsvarande i paratensen med svarnummeret. Det valde eg å unngå, for å gjera det vanskelegare å kopla svara til respondentane. Sameleis har eg prøvd å gjera eventuelle sekkekategoriar større. Til dømes valde eg å analysera landsdelar i staden for fylke, sidan nokre fylke hadde få respondentar – og for å unngå Viken-problematikken (der det er nokre få nynorskkommunar som kan vera lett å kjenna att om dei vart handsama for seg).

### 38 OG 39

I spørsmål 38 og 39 får respondentane spørsmål om dei vil ha tilsendt oppgåva når ho er ferdig, og høve til å gje meg e-postadressa deira for å senda dei oppgåva.

91 har svara at dei vil ha tilsendt oppgåva når ho er ferdig. 101 respondentar har svara nei. E-postadressene frå respondentane som har svara ja, slettar eg når oppgåva er levert, vurdert og dei har fått ho tilsendt.

### *Svartida*

Svartida varierte mellom *3 minutt 20 sekund* og *7 timer 28 minutt 28 sekund*. 79 av 187 respondentar brukte meir enn 15 minutt på spørjeundersøkinga (42,2 prosent). 38 av respondentane brukte meir enn 30 minutt på spørjeundersøkinga (20,3 prosent). 15 av respondentane brukte meir enn ein time (8 prosent).

Vedlegg D. Ymse e-postar og meldingar til biblioteka i samband med spørjeundersøkinga

*Vedlegg D.1 E-post sendt 4. mai 2021 med informasjon om spørjeundersøkinga*

Emnefelt: Spørjeundersøking om språk i folkebiblioteka

Hei,

Eg er student ved Høgskulen i Volda og tek mastergraden i nynorsk skriftkultur. I samband med dette har eg sendt biblioteket dykkar ei innbyding til å svare på ei spørjeundersøking om meiningar og praksisar rundt språk i folkebiblioteka i Noreg. Viss innbydinga ikkje er komen fram, er det fint om du sjekkar søppelpost-mappa di. Og skulle ikkje ho liggja der heller, er det fint om du seier i frå.

Det er sjølv sagt valfritt å svara på spørjeundersøkinga. Eg håpar likevel de tek dykk tida til å svara på vegner av biblioteket dykkar. Det vil vere til stor hjelp for arbeidet med masteroppgåva mi og for forskinga mi at nettopp du tek deg tid til å svara på skjemaet, slik at eg får eit best mogleg bilet av kva folkebiblioteka meiner, gjer og tenkjer om språk.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål! E-postadressa mi er [fredrhop@stud.hivolda.no](mailto:fredrhop@stud.hivolda.no).

Beste helsing  
Fredrik Hope  
student, Høgskulen i Volda

*Vedlegg D.2 Påminningsmelding sendt fra nettskjema.no 29. juni og 2. august 2021*

Hei!

Her kjem ei påminning om ei spørjeundersøking om språk og språkval i folkebiblioteka. Denne er ein del av masteroppgåva mi ved Høgskulen i Volda.

Å få svar frå biblioteket dykkar vil vera til stor hjelp for forskinga mi og gje meg eit meir fullstendig bilet av situasjonen ved norske folkebibliotek. Eg er difor takksam om de tek dykk tid til dette i ein travel kvardag. Å svara tek ti til femten minutt.

Viss de har spørsmål eller innspel, kan de kontakta meg på fredrhop(a)stud.hivolda.no.

Ha ein fin dag vidare!

Beste helsing  
Fredrik Hope  
student, Høgskulen i Volda

*Vedlegg D.3 E-post sendt til Deichmanbiblioteka i Oslo 18. juni 2021*

Emnefelt: Spørjeundersøking om språk i folkebiblioteka

Gode bibliotek i Oslo!

Eg held som før varsla på med eit spørjeundersøking om språk i folkebiblioteka (sjå e-posten under), og har deretter ikkje fått nokon svar frå biblioteka i Oslo. Truleg skuldast dette at programmet eg brukar (nettskjema.no) ikkje fungerer so godt saman med e-postadressa til biblioteka i Oslo. Dei tilbakemeldingane eg har fått tyder på at eg treng den personlege jobbe-e-postadressa til den som skal svare ved kvart enkelt bibliotek.

Eg lurer difor på om de kan sende e-postadressa til den ved dykkar bibliotek som de vil skal svare. Det hadde vore veldig nyttig for meg og forskinga mi å få svar frå biblioteka i Oslo, difor vågar eg meg på ei lita oppmodig i håp om at nokre av dykk kan ta seg tida i ein travel kvardag.

Ha ein fin dag vidare!

Beste helsing  
Fredrik Hope  
student, Høgskulen i Volda

*Vedlegg D.4 E-post send til alle fylkesbiblioteka 30. mars 2021, om bibliotekplanar*

Emnefelt: Bibliotekplanar i fylket dykkar

Hei,

Eg er student ved Høgskulen i Volda sin master i nynorsk skriftkultur. I mastergraden skal eg mellom anna granske kva som står i kommunale og regionale bibliotekplanar om språk og språkpolitikk. Det er interessant å vite kor utbreidd slike planar er her i Noreg. Eg vart tipsa av Nasjonalbiblioteket sin seksjon for bibliotekutvikling at de i fylkesbiblioteka kanskje kunna ha informasjon om utbreiinga av slike planar i dykkar område.

Veit de om det finst noko statistikk/oversyn over kor mange kommunar i dykkar område som har eigne bibliotekplanar/-strategiar? Er desse samla nokon stad? Har de til dømes tilgang til slike?

Dei eg har funne til no ligg ope ute på nettsidene til biblioteka/kommunane, men kan vere fleire som ligg meir skjult.

Og so kan det jo vere at krav til kommunane er regulert i kulturplanar, språkbruksplanar eller tilsvarande.

Orsak om eg sender dette til feil person/e-postadresse hjå dykk, vonar i so fall de kan sende vidare til den rette vedkommande hjå dykk.

Ha ein fin dag vidare, og ei god påsketid!

Beste helsing  
Fredrik Hope  
student, Høgskulen i Volda

Vedlegg D.5 Døme på e-post til respondentar om å få bruka svar 1. april 2022

Emnefelt: Vs: Spørjeundersøking om språk i folkebiblioteka

Gode KOMMUNENAMN bibliotek,

I fjar sende eg dykk ei spørjeundersøking om språk i folkebiblioteka som eg er veldig glad for at de svarte på.

Eg nærmar eg innspurten på oppgåva mi. Når eg går gjennom svara eg har fått, ser eg at de har svara på eit personvernspørsmål at eg ikkje får lov til å bruke svaret dykkar i oppgåva mi. Det er sjølvsagt heilt greitt om det stemmer, men eg byrja å lure på om det kunne vere ein feil sidan det ikkje hang so godt saman med resten av svara dykkar og at de har svara utførleg på heile spørjeundersøkinga.

Eg vågar difor å spørje: Kan eg få lov til å bruke svaret dykkar i masteroppgåva mi?

Viss ikkje er det sjølvsagt heilt greitt, og då skal eg slette svaret.

Eg legg ved svaret de sende meg, sidan det er ei stund sidan de svarte på undersøkinga.

Beste helsing

Fredrik Hope

Student, Høgskulen i Volda

----

Det som gjer at eg ikkje kan bruke svaret dykkar, er at de svara nei på dette spørsmålet:

- Samtykkjer du i at svaret ditt, med eventuelle personopplysingar, vert brukt i masteroppgåva? \*

o Nei.